


# Detaljregulering for Røysaneset industribase - Høylandsbygd - 202/140 m. fl. Kvinnherad kommune

PlanID 20230002

Plandokument: 07.04.2026

Konsekvensutgreiing



## Innhald

<b>1</b>	<b>INNLEIING OG METODE</b>	<b>5</b>
1.1	METODE	6
1.1.1	<i>Kunnskapsgrunnlag og usikkerheit</i>	6
1.2	ALTERNATIV SOM SKAL UTGREIAST	7
1.2.1	<i>Alternativ lokalisering utanfor planområdet</i>	7
1.2.2	<i>Forhold til 0-alternativet i konsekvensutgreiinga</i>	7
1.2.3	<i>Planalternativ</i>	8
<b>2</b>	<b>NATURMANGFALD (LAND OG SJØ) OG VASSMILJØ</b>	<b>11</b>
2.1	METODE OG DATAGRUNNLAG	11
2.2	DAGENS SITUASJON	11
2.3	UTGREIINGSOMRÅDE OG INNDELING I DELOMRÅDE	11
2.4	VERDI	12
2.5	VERKNAD AV TILTAKA	13
2.6	AVBØTANDE TILTAK	13
2.7	KONSEKVENNS	14
2.7.1	<i>Konsekvens for delområda</i>	14
2.7.2	<i>Samla belastning</i>	14
2.7.3	<i>Samanstilt konsekvens for heile influensområdet</i>	14
2.8	USIKKERHEIT	14
<b>3</b>	<b>KONSEKVENNSUTGREIING NATURRESSURSAR I SJØ (FISKERI)</b>	<b>15</b>
3.1	METODE OG DATAGRUNNLAG	15
3.2	DAGENS SITUASJON	15
3.3	UTGREIINGSOMRÅDE OG INNDELING I DELOMRÅDE	15
3.4	VERDI	15
3.5	VERKNAD AV TILTAKA	17
3.6	AVBØTANDE TILTAK	17
3.7	KONSEKVENNS	18
3.7.1	<i>Konsekvensgrad for delområde</i>	18
3.7.2	<i>Samla konsekvens</i>	18
3.8	USIKKERHEIT	18
<b>4</b>	<b>KONSEKVENNSUTGREIING NATURRESSURSAR PÅ LAND - LANDBRUK</b>	<b>19</b>
4.1	METODE OG DATAGRUNNLAG	19
4.2	DAGENS SITUASJON	19
4.3	UTGREIINGSOMRÅDE OG INNDELING I DELOMRÅDE	20
4.4	VERDI	21
4.4.1	<i>Delområde 1 – Slettanesvegen sørvest</i>	21
4.4.2	<i>Delområde 2 – Slettanesvegen aust</i>	22
4.4.3	<i>Delområde 3 – Slettanesvegen midtre</i>	23
4.4.4	<i>Delområde 4 – Slettanesvegen nordaust</i>	23
4.4.5	<i>Samla verdivurdering</i>	24
4.5	VERKNAD	24
4.5.1	<i>Delområde 1 – Slettanesvegen sørvest</i>	24
4.5.2	<i>Delområde 2 – Slettanesvegen søraust</i>	25
4.5.3	<i>Delområde 3 – Slettanesvegen midtre</i>	26
4.5.4	<i>Delområde 4 – Slettanesvegen nordaust</i>	26
4.6	AVBØTANDE TILTAK	27
4.7	KONSEKVENNS	27
4.8	USIKKERHEIT	28

<b>5</b>	<b>KONSEKVENsutGREIING LANDSKAP .....</b>	<b>29</b>
5.1	METODE OG DATAGRUNNLAG .....	29
5.2	DAGENS SITUASJON .....	29
5.3	UTGREIINGSOMRÅDE OG INNDELING I DELOMRÅDE .....	34
5.4	VERDI .....	35
5.4.1	<i>Delområde 1 - Del av Høylandsbygd, areala nærast planområdet, inkludert nordleg del av planområdet på land</i>	35
5.4.2	<i>Delområde 2 - Del av Høylandsbygd, jordbruks- og bustadområde, inkludert vegareal i planområdet...</i>	37
5.4.3	<i>Delområde 3 - Utmarksområde Høylandsbygd.....</i>	40
5.4.4	<i>Delområde 4 - Landområde Tofte, Toftåsen aust og Toftøya .....</i>	44
5.4.5	<i>Delområde 5 - Sjøområda Høylandssundet, inkludert sjødelen av planområdet .....</i>	48
5.4.6	<i>Delområde 6 - Landsida fastlandet .....</i>	51
5.4.7	<i>Samla verdivurdering .....</i>	54
5.5	VERKNAD .....	55
5.5.1	<i>Delområde 1 - Del av Høylandsbygd, areala nærast planområdet, inkludert nordleg del av planområdet på land</i>	72
5.5.2	<i>Delområde 2 - Del av Høylandsbygd, jordbruks- og bustadområde, inkludert vegareal i planområdet...</i>	73
5.5.3	<i>Delområde 3 - Utmarksområde Høylandsbygd.....</i>	74
5.5.4	<i>Delområde 4 - Landområde Tofte, Toftåsen aust og Toftøya .....</i>	76
5.5.5	<i>Delområde 5 - Sjøområda Høylandssundet, inkludert sjødelen av planområdet .....</i>	77
5.5.6	<i>Delområde 6 - Landsida fastlandet .....</i>	78
5.6	AVBØTANDE TILTAK .....	79
5.7	KONSEKVENs .....	80
5.8	USIKKERHEIT .....	81
<b>6</b>	<b>KONSEKVENsutGREIING STRANDSONE.....</b>	<b>82</b>
6.1	METODE OG DATAGRUNNLAG .....	82
6.2	DAGENS SITUASJON .....	83
6.2.1	<i>Kartlegging av funksjonell strandsone frå 2019 .....</i>	84
6.3	KONSEKVENs .....	85
6.4	OVERORDNA FØRINGAR FOR STRANDSONA.....	87
<b>7</b>	<b>KONSEKVENsutGREIING FRILUFTSLIV.....</b>	<b>90</b>
7.1	METODE OG DATAGRUNNLAG .....	90
7.2	DAGENS SITUASJON .....	91
7.3	UTGREIINGSOMRÅDE OG INNDELING I DELOMRÅDE .....	92
7.4	VERDI .....	93
7.4.1	<i>Delområde 1 – Slettaneset (id: FK00010656/FS00001581) .....</i>	94
7.4.2	<i>Delområde 2 - Hillestadholmen (id: FK00010933) .....</i>	95
7.4.3	<i>Delområde 3 - Langaneset (id: FK00010659).....</i>	96
7.4.4	<i>Delområde 4 – Høylandsbygd båthamn .....</i>	96
7.4.5	<i>Delområde 5 - Leikeplass Høylandsbygd.....</i>	97
7.4.6	<i>Delområde 6 - Friluftslivsområde sør (id: FK00010950, FK00010687, FK00011068, FK00010664, FK00010747, FK00010954, FK00010727) .....</i>	97
7.4.7	<i>Delområde 7 - Toftøya og Toftevågstranda (id: FK00010884, FK00011034).....</i>	98
7.4.8	<i>Delområde 8 - Litla og store Lauvøya jensaneset (id: FK00010722/FS00001578 og FK00010885) .....</i>	99
7.4.9	<i>Delområde 9 - Ytre og indre Valeøya (id: FK00010702/FS99000975 og FK00011033).....</i>	99
7.4.10	<i>Delområde 10 - Friluftslivsområde nordaust for Høylandssundet (id: FK00011027, FK00010734, FK00010763, FK00010892, FK00010881, FK00010996, FK00010997, FK00010870, FK00010753, FK00011066, FK00010721, FK00010929, FK00011051, FK00010797, FK00010712) .....</i>	100
7.4.11	<i>Samla verdivurdering .....</i>	102
7.5	VERKNAD .....	104
7.5.1	<i>Delområde 1 – Slettaneset (id: FK00010656/FS00001581) .....</i>	104
7.5.2	<i>Delområde 2 - Hillestadholmen (id: FK00010933) .....</i>	106
7.5.3	<i>Delområde 3 - Langaneset (id: FK00010659).....</i>	106
7.5.4	<i>Delområde 4 – Høylandsbygd båthamn .....</i>	107

7.5.5	Delområde 5 - Leikeplass Høylandsbygd.....	107
7.5.6	Delområde 6 - Friluftslivsområde sør (id: FK00010950, FK00010687, FK00011068, FK00010664, FK00010747, FK00010954, FK00010727).....	108
7.5.7	Delområde 7 - Toftøya og Toftevågstranda (id: FK00010884, FK00011034).....	108
7.5.8	Delområde 8 - Litla og store Lauvøya jensaneset (id: FK00010722/FS00001578 og FK00010885).....	109
7.5.9	Delområde 9 - Ytre og indre Valeøya (id: FK00010702/FS99000975 og FK00011033).....	110
7.5.10	Delområde 10 - Friluftslivsområde nordaust for Høylandssundet (id: FK00011027, FK00010734, FK00010763, FK00010892, FK00010881, FK00010996, FK00010997, FK00010870, FK00010753, FK00011066, FK00010721, FK00010929, FK00011051, FK00010797, FK00010712).....	111
7.6	AVBØTANDE TILTAK.....	112
7.7	KONSEKVENS.....	112
7.8	USIKKERHEIT.....	114
<b>8</b>	<b>KONSEKVENSUTGREIING TRANSPORT - VEGTRAFIKK.....</b>	<b>115</b>
8.1	METODE OG DATAGRUNNLAG.....	115
8.2	DAGENS SITUASJON.....	116
8.3	FORVENTA TRAFIKKMENGD.....	118
8.3.1	Forventa trafikkmengd – Bygg- og anleggsfase.....	118
8.3.2	Forventa trafikkmengd - driftsfase.....	119
8.4	VEGLØYSINGAR I PLANOMRÅDET.....	120
8.4.1	Tilkomstvegar i planområdet.....	120
8.4.2	Byggegrenser.....	123
8.4.3	Parkering.....	123
8.4.4	Fortau.....	123
8.4.5	Kollektivtilbod.....	124
8.5	AVBØTANDE TILTAK.....	124
8.6	KONSEKVENS.....	125
8.7	USIKKERHEIT.....	129
<b>9</b>	<b>KONSEKVENSUTGREIING TRANSPORT – FERDSEL PÅ SJØ.....</b>	<b>131</b>
9.1	METODE OG DATAGRUNNLAG.....	131
9.2	DAGENS SITUASJON.....	131
9.3	UTGREIINGSOMRÅDE OG INNDELING I DELOMRÅDE.....	134
9.4	VERDI.....	135
9.4.1	Delområde 1 – Bilei Høylandssundet med tilhøyrande farleiareal.....	135
9.4.2	Delområde 2 - Ankringsområde og naudhamn Høylandsbygd.....	138
9.4.3	Delområde 3 - Farleiareal Hillestadvågen.....	140
9.4.4	Samla verdivurdering.....	141
9.5	VERKNAD AV TILTAKA.....	141
9.5.1	Delområde 1 – Bilei Høylandssundet med tilhøyrande farleiareal.....	142
9.5.2	Delområde 2 - Ankringsområde og naudhamn Høylandsbygd.....	145
9.5.3	Delområde 3 - Farleiareal Hillestadvågen.....	147
9.6	AVBØTANDE TILTAK.....	148
9.7	KONSEKVENS.....	148
9.8	USIKKERHEIT.....	150
<b>10</b>	<b>KONSEKVENSUTGREIING KLIMAGASSUTSLEPP.....</b>	<b>151</b>
10.1	INFLUENSOMRÅDE OG SYSTEMGRENSER.....	151
10.2	BEREKNINGAR AV KLIMAGASSUTSLEPP.....	151
10.3	AVBØTANDE TILTAK.....	152
10.4	KONSEKVENS.....	153
10.5	SAMLA VERKNADER I KOMMUNE/FYLKE/NASJONALT.....	153
10.6	USIKKERHEIT.....	153
<b>11</b>	<b>KONSEKVENSUTGREIING STØY.....</b>	<b>154</b>
11.1	METODE OG DATAGRUNNLAG.....	154
11.2	GRENSEVERDIAR.....	154

11.3	UTGREIINGSOMRÅDE OG INNDELING I DELOMRÅDE.....	155
11.4	VERDI.....	155
11.5	VERKNAD .....	156
11.5.1	<i>Berekening av støy – industri.....</i>	<i>156</i>
11.5.2	<i>Berekening av støy – vegtrafikk.....</i>	<i>157</i>
11.5.3	<i>Støynivå bygg – anleggsfase.....</i>	<i>158</i>
11.6	AVBØTANDE TILTAK – FORSLAG TIL REGULERINGSFØRESEGNER .....	158
11.7	KONSEKVENNS .....	159
11.8	USIKKERHEIT .....	160
11.8.1	<i>Usikkerheit industri .....</i>	<i>160</i>
11.8.2	<i>Usikkerheit vegtrafikk .....</i>	<i>160</i>
<b>12</b>	<b>KONSEKVENNSUTGREIING KULTURMINNE OG KULTURMILJØ .....</b>	<b>161</b>
12.1	METODE OG DATAGRUNNLAG .....	161
12.2	DAGENS SITUASJON .....	161
12.3	UTGREIINGSOMRÅDE OG INNDELING I DELOMRÅDE.....	164
12.4	VERDI.....	165
12.4.1	<i>Delområde 1: Automatisk freda kulturminne i planområdet (id. 324029) .....</i>	<i>165</i>
12.4.2	<i>Delområde 2: Automatisk freda kulturminne på Slettaneset - Gravfelt .....</i>	<i>166</i>
12.4.3	<i>Delområde 3: Bygnings- og gardsmiljø - Høylandsbygd .....</i>	<i>169</i>
12.4.4	<i>Delområde 4: Bygnings- og gardsmiljø – Sandvoll inkl. automatisk freda kulturminne Skarveland (id. 110772) og registrerte kulturminne (id. 326944, 327316 og 327264).....</i>	<i>175</i>
12.4.5	<i>Delområde 5: Bygnings- og gardsmiljø – Ersland, inkl. registrerte kulturminne (id. 326942, 326943 og 328241) .....</i>	<i>178</i>
12.5	VERKNAD AV TILTAKA.....	180
12.5.1	<i>Delområde 1: Automatisk freda kulturminne i planområdet (id. 324029) .....</i>	<i>180</i>
12.5.2	<i>Delområde 2: Automatisk freda kulturminne på Slettaneset - Gravfelt .....</i>	<i>182</i>
12.5.3	<i>Delområde 3: Bygnings- og gardsmiljø - Høylandsbygd.....</i>	<i>185</i>
12.5.4	<i>Delområde 4: Bygnings- og gardsmiljø – Sandvoll inkl. automatisk freda kulturminne Skarveland (id. 110772) og registrerte kulturminne (id. 326944, 327316 og 327264).....</i>	<i>186</i>
12.5.5	<i>Delområde 5: Bygnings- og gardsmiljø – Ersland, inkl. registrerte kulturminne (id. 326942, 326943 og 328241) .....</i>	<i>187</i>
12.6	AVBØTANDE TILTAK.....	188
12.7	KONSEKVENNS .....	189
12.8	USIKKERHEIT .....	191
<b>13</b>	<b>OPPSUMMERING KONSEKVENNSUTGREIING.....</b>	<b>192</b>

## 1 Innleiing og metode

Føremålet med konsekvensutgreiinga er å syna konsekvensane planframlegget vil ha på definerte utgreiingstema som ligg i planprogrammet. Vedtak av planprogrammet vart gjort i Kvinnherad kommunestyre 20.06.2024. Vedteke planprogram ligg som vedlegg. Planprogrammet gir at følgjande tema skal konsekvensutgreiast.

- Naturmangfald (land og sjø), vassmiljø
- Naturressursar sjø: Fiskeri
- Naturressursar land: Jordbruk
- Landskap
- Strandsone og friluftsliv
- Transport – Vegtrafikk
- Transport - Ferdsel på sjø
- Forureina grunn
- Klimagassutslepp
- Støy

Vi har i ettertid funne det hensiktsmessig å endre litt på inndelinga og trekkje ut enkelte tema som eigne utgreiingstema. I tillegg til temaa definert i planprogrammet, har ein vald å ta inn kulturminne og kulturmiljø som eige utgreiingstema, då det er gjort funn av automatisk freda kulturminne innanfor planområdet etter vedtak av planprogrammet. KU-rettleiaren M-1941 viser korleis dei ulike klima- og miljøtemaa skal kartleggjast i ei konsekvensutgreiing av reguleringsplanar og tiltak.

I rettleiaren står følgjande innleiingsvis under fagtema *forureina grunn*:

*«Opprydding av forurenset grunn er som oftest dekket av forurensningsforskriften kapittel 2, og håndteres da i forbindelse med/samtidig med byggesaken. Det er kun et fåtall områder og lokaliteter hvor forurensningen er så krevende at forurenset grunn skal konsekvensutredes i planfasen.*

*Forurenset grunn konsekvensutredes i de tilfellene hvor forurensningen er så krevende å håndtere at det er behov for å avklare om forurensningssituasjonen kan håndteres på en akseptabel måte, om oppryddingen vil kreve særlige føringer eller om det er så store tekniske utfordringer at det ikke er realistisk å rydde opp til et akseptabelt nivå av restforurensning i slike områder».*

Ut i frå dagens forureiningssituasjon innanfor planområdet, har vi vurdert at planforslaget ikkje gir grunnlag for at fagtema *forureina grunn* må konsekvensutgreiast i planfasen. Temaet er likevel vurdert i planomtalen og ROS-analysen, og det er utarbeidd risikovurdering av forureina sediment i samband med planarbeidet. Risikovurderinga er utført i høve til rettleiar om risikovurdering av forureina sediment (M-409:2015) og baserer seg på tidlegare utarbeidde tilstandsvurderingar av forureina sediment i området.

Følgjande tema vert konsekvensutgreidd i planen:

- Naturmangfald (land og sjø), vassmiljø
- Naturressursar sjø: Fiskeri
- Naturressursar land: Jordbruk
- Landskap
- Strandsone
- Friluftsliv
- Transport - Vegtrafikk
- Transport - Ferdsel på sjø
- Klimagassutslepp
- Støy
- Kulturminne og kulturmiljø

Andre aktuelle tema som ikkje er omtala i konsekvensutgreiinga er vurdert i planomtalen. ROS-analyse er ikkje ein del av konsekvensutgreiinga, men ligg i planomtalen.

Alle temaa er samla i denne rapporten. Konsekvensutgreiing for naturmangfald (land og sjø), vassmiljø, naturressursar i sjø, klimagassutslepp og støy ligg som vedlegg, og er summert opp i denne rapporten. Konsekvensutgreiinga er utforma i eit eige dokument/vedlegg til saka og oppsummeringa er innarbeidd i planomtalen.

Når det gjeld skildring av dagens situasjon i planområdet, og skildring av planframlegget, med føremål, valde løysingar, avbøtande tiltak etc. vert det vist til planomtalen, samt plankart og føresegner til planframlegget. Ein del av det som er mest relevant i planframlegget for dei enkelte deltemaa er gjengjeve under kvart delkapittel i konsekvensutgreiinga. For å få det heile biletet må ein likevel lesa dokumenta i samanheng.

## 1.1 Metode

For å kunne analysere fordelar og ulemper av eit tiltak er det nødvendig å vite kva konsekvensar tiltaket gir. Ein føresetnad for konsekvensanalysar er at samanhengar mellom årsak og verknad kan klarleggast. Gjennom kunnskap om desse samanhengane kan konsekvensane av eit tiltak eller ein plan synleggjerast.

Konsekvensvurderinga er sluttproduktet av ein gjennomgang, der konsekvens er resultatet av vurdering av utgreiingstemaet sin verdi i forhold til tiltaket sitt omfang. Ei konsekvensutgreiing må basere seg på fagleg skjøn, subjektive vurderingar og på grunnlag av objektive kriterium. Dette gjeld både fastsetting av området sin verdi, tiltaket sitt omfang og verknadane av dette i det råka området og ved vurdering av konsekvens. Konsekvensutgreiinga har, så langt det er hensiktsmessig, basert seg på metodikken i Miljødirektoratet sin rettleiar M-1941 (versjon sist oppdatert 11.04.2025). Miljødirektoratet sin rettleiar M-1941 er nytta for å vurdere planframlegget for tema naturmangfald, vassmiljø, landskap, friluftsliv, klimagassutslepp, støy og kulturminne/-miljø. For dei andre tema som rettleiaren ikkje omfattar, er metodikken tilpassa til det enkelte fagtema. For tema naturressursar har ein teke utgangspunkt i metodikken i Statens Vegvesen sin rettleiar for konsekvensanalysar (V712). Det er nemnd under kvart delkapittel kva for metode som er nytta.

Ut frå ei samla vurdering av mellom anna funksjon, kvalitet, kvantitet, viktighet og omfang er konsekvensen av planframlegget analysert. Viser til rettleiaren M-1941 for skildring av dei ulike stega og definisjonar av verdi, verknad, konsekvens og konsekvensgrad. Hovudstega i utgreiinga er:

- 1) Kartfesting og verdisetting av delområde
- 2) Vurdere verknad for delområda
- 3) Vurdere avbøtande tiltak
- 4) Vurdere konsekvensgrad for delområda med grunnlag i konsekvensvifta og ei samanstilling for fagtemaet.

### 1.1.1 Kunnskapsgrunnlag og usikkerheit

Det må i kvart enkelt prosjekt vurderast kva som er tilstrekkeleg kunnskapsnivå for å sikre eit godt nok grunnlag for avgjerder. Kunnskapsnivået må stå i høve til sannsyn for og alvorsheten av endringane. Konsekvensutgreiinga er basert på eksisterande kunnskapsgrunnlag i tillegg til nye kartleggingar knytt til naturmangfald på land og i sjø, kartlegging av kulturminne og tilstandsvurderingar av ureina sediment. Informasjon om analysar og utgreiingar knytt til planarbeidet er lista opp punktvis her under. Utover desse spesifikke rapportane er dei ulike tema utgreidd med grunnlag i tilgjengeleg informasjon frå offentlege databasar og rapportar, samt Nordplan Stord AS sine eigne synfaringar.

Følgjande undersøkingar og rapportar er utarbeidd som kunnskapsgrunnlag i KU;

- Kartlegging av kulturminne, Vestland fylkeskommune. Arkeologiske registreringar, rapport 39 - 2024
- Konsekvensutredning for naturmangfold, vannmiljø og fiskeri. Biota Naturkompetanse, 21.01.2026

- Situasjonsplan, snitt og illustrasjonar av mogleg utforming av næringsområda. Nordplan Stord AS.
- Vegteikningar. Nordplan Stord AS
- VA-rammeplan. Nordplan Stord AS
- Røysaneset industriområde, Halsnøy – Støyutredning reguleringsplan. Brekke & Strand Akustikk, 04.03.2026
- KU Klimagassutslepp, Nordplan AS, 19.12.2025

Utgreiingane og kartleggingane er utarbeidd av

- Naturmangfald (land og sjø) og vassmiljø: Biota Naturkompetanse AS
- Naturressursar i sjø (fiskeri): Biota Naturkompetanse AS
- Naturressursar på land (jordbruk): Nordplan Stord AS
- Landskap: Nordplan Stord AS
- Strandsone: Nordplan Stord AS
- Friluftsliv: Nordplan Stord AS
- Transport – Vegtrafikk: Nordplan Stord AS
- Transport - Ferdsel på sjø: Nordplan Stord AS
- Klimagassutslepp: Nordplan AS
- Støy: Brekke & Strand Akustikk
- Kulturminne og kulturmiljø: Nordplan Stord AS

## 1.2 Alternativ som skal utgreiast

Konsekvensutgreiingsforskrifta gir m.a. at konsekvensutgreiinga skal gjere greie for dei alternativa til lokalisering som er vurdert, og ei utgreiing av relevante og realistiske alternativ. Dette er òg i tråd med kapittel 10.3 i Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen, som gir at alternative plasseringar bør vurderast og veljast dersom det er mogeleg. Tilrådd alternativ skal grunngjevast.

### 1.2.1 Alternativ lokalisering utanfor planområdet

Store deler av området er avsett til næring i gjeldande reguleringsplan og kommuneplan, og det er såleis allereie gjort ei vurdering av alternativ lokalisering på kommunalt nivå i overordna plan. Planforslaget vil vera ei regulering av eksisterande næringsområde for vidare utvikling og drift. Det er ikkje andre større næringsområde i nærleiken som kan nyttast til den aktiviteten som er på området i dag. Flytting av aktiviteten er difor ikkje reelt. Ein har følgjeleg ikkje sett på alternative lokaliseringar utover planområdet i konsekvensutgreiinga.

### Konklusjon

I følge rettleiar M-1941 skal det skildrast *relevante og realistiske alternativ*. Det er presisert at i planar og tiltak der det ikkje finst relevante og realistiske alternativ er det berre planen eller tiltaket som vert konsekvensutgreidd og vurdert opp mot nullalternativet. Det er ingen andre relevante og realistiske eigna næringsområde i aktuelle kommunar i nærleiken eller i kommunen. Deler av føremålet med planarbeidet er å oppdatere gjeldande plan slik at næringsområdet skal kunne nyttast og utviklast vidare, og lokaliseringa er såleis på mange måtar gitt. Planområdet er i bruk til næringsverksemd, og lokaliseringa er god med omsyn til direkte sjøtilkomst og etablerte verksemdar. Med bakgrunn i dette er det vurdert at det ikkje er planalternativ utanfor planområdet.

### 1.2.2 Forhold til 0-alternativet i konsekvensutgreiinga

Tiltaka i reguleringsplanen skal vurderast opp mot eit 0-alternativ som er ei skildring av den framtidige utviklinga for området dersom reguleringsplanen ikkje vert gjennomført. 0-alternativet er ein målestokk for vurderinga av planen sine forventa konsekvensar.

0-alternativet i denne saka er dagens situasjon og gjeldande kommuneplan og reguleringsplan sine rammer. Då dagens reguleringsplan er gamal og Kvinnherad kommune har signalisert at denne bør opphevast/

oppdaterast, vil 0-alternativet i hovudsak vera dagens situasjon, og vi viser til kap. 4 i planomtalen som skildrar dagens situasjon.


### 1.2.3 Planalternativ

Hovudmålsettinga for planarbeidet er å legge til rette for vidare utvikling av eksisterande maritimt industriområde. Utstrekning av næringsføremålet, hamn, storleik på utfylling i sjø, løysing for kommunal veg/fortau og kryssløysing til fylkesvegen er faktorar som er vurdert i planarbeidet. I prosessen fram mot planframlegget har ein vurdert ulike plasseringar av tiltak og utforming (høgde/volum), samt omfang av utfyllings- og næringsareal i sjø. Løysingane ein har kome fram til er skildra i kap. 5 i planomtalen, og er lagt til grunn for planalternativet. Ein har ikkje sett det som aktuelt å utgreie eit alternativ med så stort omfang av nytt næringsareal i sjø og dermed utfylling/tiltak i sjø som ligg inne i forslag til ny kommuneplanen (høyringsforslag per januar 2024).

I det vedtekne planprogrammet datert: 03.06.2024 er det gjeve følgjande alternative utbyggingsalternativ/utforming av planområdet:

- a) Utvikling av næringsområde i tråd med reguleringsplan og KPA, utan omdisponering av friluftsområde søraust for dagens næringsområde
- b) Utvikling av næringsområde i tråd med reguleringsplan og KPA på høyring, inkl. omdisponering av friluftsområde søraust for dagens næringsområde


I etterkant har ein vurdert at det er ynskjeleg å omdisponere noko av friluftsområdet søraust for dagens næringsområde. Bakgrunnen for dette er for å oppnå ynskja funksjonalitet, lokalisering av ny stor dokk, intern transport- og manøvreringsareal, samt generell utnytting av næringsområdet. I tillegg er det ynskjeleg å ta omsyn til naboskap/nærmiljø og innsyn frå friluft- og badeområdet Slettaneset. Dette utbyggingsalternativet er difor ein slags mellomting mellom utbyggingsalternativa som er definert i planprogrammet, som delvis inneber ei omdisponering av friluftsområde til næringsformål (om lag 1,1 daa) og delvis ei omdisponering av avsett næringsføremål til friluftsområde/vegetasjonsskjerm (om lag 1,4 daa).



Figur 1: Kartutsnitt som viser planlagt avgrensning av næringsføremålet (lilla linje) med gjeldande reguleringsplan i bakgrunnen.

Skilnaden mellom det planlagde utbyggingsalternativet og dei to utbyggingsalternativa som var skildra i planprogrammet er svært avgrensa. Vi vurderer at det ikkje vil vere hensiktsmessig for dei aktuelle fagtemaa som skal utgreiast i konsekvensutgreiinga å dele inn i ulike utbyggingsalternativ for omfang i søraust, då inndeling i dei tre alternativona ikkje vil medføre vesentleg utslag i vurderingane og konsekvensen for nokre av temaa.





Figur 3: Plankart.

## 2 Naturmangfald (land og sjø) og vassmiljø

Biota Naturkompetanse har gjennomført konsekvensutgreiing for naturmangfald på land og i sjø og vassmiljø i samband med reguleringsarbeidet. I dette kapittelet er tekst frå deira kartlegging og konsekvensutgreiing for naturmangfaldet i området gjeve att i korte trekk. Full versjon av rapporten ligg vedlagd.

### 2.1 Metode og datagrunnlag

Planprogrammet gir følgjande føringar for utgreiingstemaet:

Utgreiingstema	Eksisterande kunnskapsgrunnlag (ikkje uttømmande)	Nye kartleggingar for å auke kunnskapsgrunnlaget
Naturmangfald	Naturbase Artskart/Artsdatabanken Vannportalen Kystnære fiskeridata, Fiskeridirektoratet Lokalkunnskap Grunnforhold (forureining)	Naturtypekartleggingar på land og sjø gjennomført av Biota Naturkompetanse Vurdering av vassmiljø basert på kjent kunnskap, gjennomført av Biota Naturkompetanse Støykartlegging

Konsekvensutgreiinga for tema naturmangfald og vassmiljø tek utgangspunkt i metodikken i rettleiar M-1941. Metodikk nytta inndeling av delområde, verdisetting og vurdering av konsekvens er omtala i rapporten. Det går fram av rapporten kva datagrunnlag og kjelder som er nytta for vurderingane. Det er gjennomført undersøkingar som har styrka kunnskapen naturmangfaldet i området.

For tema naturmangfald og vassmiljø tek nullalternativet utgangspunkt i dagens situasjon, sjølv om arealet er avsett til næringsområde og område for ferdsel i gjeldande reguleringsplan og kommuneplan.

### 2.2 Dagens situasjon

Viser til vedlagd konsekvensutgreiing for skildring av dagens situasjon.

### 2.3 Utgreiingsområde og inndeling i delområde

Utdrag frå KU-rapporten:

«Det ble avgrenset 7 delområder med verdi innenfor influensområdet (Tabell 8): Fire delområder for naturtyper i sjø (delområde 1-4), et delområde for andre naturområder (delområde 5) og to delområder for vannforekomster i sjø (delområde 6 og 7)».

- 1) Delområde 1: Høylandsbygda, Halsnøya: Naturtype, Bløtbunnsområde i strandsona
- 2) Delområde 2: Høylandsbygda, Slettanesstranda: Naturtype, Ålegrassamfunn
- 3) Delområde 3: Høylandsbygda, Sirihola: Naturtype, Ålegrassamfunn
- 4) Delområde 4: Høylandssundet N: Sårbart bunndyrsamfunn, sjøfjær
- 5) Delområde 5: Andre naturområde: Funksjonsområde for vanlege artar i influensområdet (land og sjø)
- 6) Delområde 6: Halsnøysundet nord: Vassførekomst
- 7) Delområde 7: Høylandssundet sør: Vassførekomst


Det er ikkje registrert naturtypar på landsida. Areal som i dag består av natur/skog er del av delområde 5, «andre naturområder». Viser til vedlagd konsekvensutgreiing for nærare skildring og grunngjeving for avgrensingane.

## 2.4 Verdi


Dei ulike delområda og verdiane deira er summert opp i Tabell 1 og kartfesta i Figur 4. Sjå vedlagd konsekvensutgreiing for grunngjeving for verdisettinga.

Tabell 1. Registrerte delområde med verdi for naturmangfald. Biota Naturkompetanse, 2026.

Delområde	Lok.navn	Type	Verdi
1	Høylandsbygda, Halsnøya	Naturtype, Bløtbunnsområder i strandsonen	Noe
2	Høylandsbygda, Slettanesstranda	Naturtype, Ålegrassamfunn	Middels
3	Høylandsbygda, Sirihola	Naturtype, Ålegrassamfunn	Middels
4	Høylandssundet N	Sårbart bunndyrsamfunn, sjøfjær	Middels
5	Andre naturområder	Funksjonsområde for vanlige arter i influensområdet (land og sjø)	Noe
6	Høylandssundet nord	Vannforekomst	Stor
7	Høylandssundet sør	Vannforekomst	Stor



Figur 4. Verdikart for registrert naturmangfald i utgreiingsområdet. Biota Naturkompetanse, 2026.



Figur 5: Verdikart for vassmiljø. Biota Naturkompetanse, 2026.

## 2.5 Verknad av tiltaka

Utdrag frå KU-rapporten som omhandlar delområda som er definert for tiltaks- og influensområdet:

«Tiltaket vil medføre permanente arealbeslag i sjøfjærsamfunnet i delområde 4, samt at nedslamming under anleggsarbeidet kan medføre langvarige skader på naturtypen nær utfyllingsområdet. Også i andre naturområder på land og i sjø (delområde 5) vil tiltaket føre til arealbeslag. Ellers er det vurdert å bli negative virkningar på naturmangfold på grunn av potensiell spredning av miljøgifter og økte tilførsler av miljøgifter fra driften på verftet, i tillegg til økt skipstrafikk. Det er vurdert at tiltaket vil medføre noe forringelse for naturtypene i sjø i delområde 2 og 4, og for vannforekomstene (delområde 5 og 6)».

Sjå vedlagd konsekvensutgreiing for nærare skildring av påverknad innanfor dei definerte delområda.

## 2.6 Avbøtande tiltak

Utdrag frå KU-rapporten:

«Det er utarbeidet en trinn 1 og 2 risikovurdering av forurensete sedimenter (Haveland 2025), som inkluderte resultater fra undersøkelser i 2018, 2022 og 2024. I risikovurderingen er det anbefalt avbøtende tiltak som tildekking av forurenset sediment med et minst 10 cm tykt lag av sand før utfylling i sjø og/eller bruk av siltgardin for å hindre spredning av forurensete sedimenter. Det anbefales at det utarbeides en detaljert tiltaksplan som i detalj beskriver avbøtende tiltak og et opplegg for overvåking av partikkelspredning under og etter anleggsarbeidet».

Føresegnene set krav om at det skal gjennomførast tiltak i samband med utfylling og mudring i sjø for å hindre ureining og at finpartikulært materiale vert spreidd i vassførekomsten. Påvist forureina sjøbotn skal isolerast. Teknisk utforming og type tiltak skal vurderast i samband med detaljprosjektering av tiltak. Søknad om utfylling og mudring i sjø skal sendast Statsforvaltaren i Vestland for handsaming etter forureiningslova, i tillegg til

handsaming etter pbl. Tiltaks- og utfyllingsplan med plassering av fyllingsfot og opplysningar om miljøtilhøva i utfyllingsområda skal leggjast ved søknaden.

## 2.7 Konsekvens

### 2.7.1 Konsekvens for delområda

Samanstilling av verdi og påverknad i konsekvensvifta gir noko konsekvens for delområde 2, 4, 6 og 7, ubetydeleg konsekvens for delområde 1, 3 og 5.

### 2.7.2 Samla belastning

Utdrag frå KU-rapporten:

«Det er ikke kjent at det er andre prosjekter i nærområdet som vil påvirke land- eller sjøområder.

*Tiltaket vil ikke ha påvirkning på fredete arter, prioriterte arter eller rødlistearter, men naturområder på land vil gå tapt og naturtyper i sjø vil bli påvirket. Ingen av artene som er registrert regnes som nøkkelarter som er spesielt viktige for økosystemets funksjon, struktur og sammensetning. Det forventes ikke at den samlede belastningen på økosystemet generelt vil øke betydelig, forutsatt at en forhindrer spredning av miljøgifter under utfylling i sjø. Spredning av miljøgifter under anleggsarbeid og fra driften på planlagt verft kan bidra til økt samlet belastning på vannmiljøet».*

### 2.7.3 Samanstilt konsekvens for heile influensområdet

Utdrag frå KU-rapporten:

«Ved etablering av Røysaneset industribase vurderes det å bli ubetydelig konsekvens (null) for tre delområder og noe konsekvens (1 minus) for fire delområder. Samlet tilsier det noe konsekvens for naturmangfold og vannmiljø, jf. konsekvenstabellen i M-1941».

Tabell 2: Oversikt over samla konsekvensar for naturmangfold. Tabellutforming etter M-1941. Biota Naturkompetanse, 2026.

Delområde	Alternativ 0	Røysaneset industribase
1 Høylandsbygda, Halsnøya	0	Ubetydelig konsekvens (0)
2 Høylandsbygda, Slettnesstranda	0	Noe konsekvens (-)
3 Høylandsbygda, Sirihola	0	Ubetydelig konsekvens (0)
4 Høylandssundet N	0	Noe konsekvens (-)
5 Andre naturområder	0	Noe konsekvens (-)
6 Høylandssundet nord	0	Noe konsekvens (-)
7 Høylandssundet sør	0	Noe konsekvens (-)
Samlet vurdering		<b>Noe negativ konsekvens</b>
Begrunnelse for samlet konsekvensgrad		Overvekt av delområder med konsekvensgrad noe konsekvens (1 minus)). Samlet belastning på økosystemet generelt vurderes ikke til å øke betydelig forutsatt at spredning av miljøgifter under utfylling blir hindret best mulig.

## 2.8 Usikkerheit

Utdrag frå KU-rapporten:

«Kunnskapsgrunnlaget for naturmangfold og vannmiljø vurderes som tilstrekkelig for utredningen, selv om det er noe usikkerhet knyttet til kunnskapen om mobile arter (fugl og pattedyr) og økologisk tilstand i vannforekomstene (middels presisjon). Det er noe usikkerhet knyttet til vurdering av langsiktige virkninger fra spredning av forurensete sedimenter og finstoff fra fyllmasser».

### 3 Konsekvensutgreiing naturressursar i sjø (fiskeri)

Biota Naturkompetanse har gjennomført konsekvensutgreiing for naturressursar i sjø (fiskeri). I dette kapitlet er tekst frå deira kartlegging og konsekvensutgreiing for naturressursar i sjø i området gjeve att i korte trekk. Full versjon av rapporten ligg vedlagd. Det er gjennomført eigen konsekvensutgreiing for naturressursar på land av Nordplan Stord AS i samband med planarbeidet. Sjå kap. 4.

#### 3.1 Metode og datagrunnlag

Planprogrammet gir følgjande føringar for utgreiingstemaet:

Utgreiingstema	Eksisterande kunnskapsgrunnlag (ikkje uttømande)	Nye kartleggingar for å auke kunnskapsgrunnlaget
Naturressursar: Fiskeri	Kystnære fiskeridata Fiskeridirektoratet	Ingen nye kartleggingar

Konsekvensutgreiinga for tema naturressursar i sjø tek utgangspunkt i metodikken i Statens Vegvesen sin rettleiar for konsekvensanalysar (V712). Metodikk nytta for inndeling av delområde, verdisetting og vurdering av konsekvens er omtala i rapporten. Det går fram av rapporten kva datagrunnlag og kjelder som er nytta for vurderingane.

Konsekvensutgreiinga er gjennomført for planalternativet, som er skildra i kap. 1.2.3 i denne rapporten og kap. 5 i planomtalen. Nullalternativet er skildra i kap. 0 i denne rapporten.

#### 3.2 Dagens situasjon

Viser til vedlagd konsekvensutgreiing for skildring av dagens situasjon.

#### 3.3 Utgreiingsområde og inndeling i delområde

Utgreiingsområdet omfattar sjølve planområdet og ei sone kring planområdet kor det er forventa at tiltaket vil kunne påverke naturverdiar eller naturressursar (influensområdet).

For naturressursar er influensområdet vurdert å vere det same som for influensområdet for naturmangfald i sjø. I influensområdet er det registrert både gytefelt og oppvekst/beiteområde for torsk, og fiske- og låssettingsplassar. Biota Naturkompetanse har i si konsekvensutgreiing avgrensa seks delområde for naturressursar i sjø – fiskeri (delområde A-F)Figur 4. Viser til vedlagd konsekvensutgreiing for nærare skildring og grunngeving for avgrensingane.


- 1) Delområde A: Halsnøya Nord: Gytefelt for torsk
- 2) Delområde B: Høylandssundet nord: Oppvekst- og beiteområde for torsk
- 3) Delområde C: Halsnøy øst/sørøst: Fiskeplass aktive redskap
- 4) Delområde D: Halsnøy øst/sydaust: Diskeplass passive redskap
- 5) Delområde E: Høylandssundet: Rekefelt
- 6) Delområde F: Hillestadvågen: Låssettingsplass

#### 3.4 Verdi


Dei ulike delområda og verdiane deira er summert opp i Tabell 3 og kartfesta i Figur 6. Sjå vedlagd konsekvensutgreiing for grunngeving for verdisettinga.

Tabell 3: Registrerte delområde med verdi for naturressursar (fiskeri). Biota Naturkompetanse, 2026.

Delområde	Lok.navn	Type	Verdi
A	Halsenøya Nord	Gytfelt for torsk	Middels
B	Høylandssundet nord	Oppvekst- og beiteområde for torsk	Noe
C	Halsnøy øst/sørøst	Fiskeplass aktive redskap	Stor
D	Halsnøy øst/sydaust	Fiskeplass passive redskap	Stor
E	Høylandssundet	Rekefelt	Stor
F	Hillestadvågen	Låssettingsplass	Stor



Figur 6: Verdikart for fiskeri (delområde A, B, E, F. Delområde C og D er vist på egne kart sidan stor verdi dekker over lågare verdikategoriar. Biota Naturkompetanse AS, 2026.



Figur 7: Verdikart for fiskeri (delområde C og D). Biota Naturkompetanse AS, 2026.

### 3.5 Verknad av tiltaka

Utdrag frå KU-rapporten:

«Etablering av et nytt havneområde utenfor den nye kaien vil føre til arealbeslag i fiskeplassene i delområde C og D, samt at økt skipstrafikk kan påvirke fisket på fiskeplassene».

Sjå vedlagd konsekvensutgreiing for nærare skildring av påverknad innanfor dei definerte delområda.

### 3.6 Avbøtande tiltak

Utdrag frå KU-rapporten:

«Det er utarbeidet en trinn 1 og 2 risikovurdering av forurensete sedimenter (Haveland 2025), som inkluderte resultater fra undersøkelser i 2018, 2022 og 2024. I risikovurderingen er det anbefalt avbøtende tiltak som tildekking av forurenset sediment med et minst 10 cm tykt lag av sand før utfylling i sjø og/eller bruk av siltgardin for å hindre spredning av forurensete sedimenter. Det anbefales at det utarbeides en detaljert tiltaksplan som i detalj beskriver avbøtende tiltak og et opplegg for overvåking av partikkelspredning under og etter anleggsarbeidet».

Føresegnene set krav om at det skal gjennomførast tiltak i samband med utfylling og mudring i sjø for å hindre ureining og at finpartikulært materiale vert spreidd i vassførekomsten. Påvist forureina sjøbotn skal isolerast. Teknisk utforming og type tiltak skal vurderast i samband med detaljprosjektering av tiltak. Søknad om utfylling og mudring i sjø skal sendast Statsforvaltaren i Vestland for handsaming etter forureiningslova, i tillegg til handsaming etter pbl. Tiltaks- og utfyllingsplan med plassering av fyllingsfot og opplysningar om miljøtilhøva i utfyllingsområda skal leggjast ved søknaden.

### 3.7 Konsekvens

#### 3.7.1 Konsekvensgrad for delområde

Utdrag frå KU-rapporten:

«Sammenstilling av verdi og påvirkning i konsekvensviften gir noe konsekvens for delområde C og D, og ubetydelig konsekvens for delområde A, B, E og F».

Tabell 4: Oversikt over delområde i influensområdet med verdi, påverknad og konsekvens. Biota Naturkompetanse AS, 2026.

Delområde	Verdi	Påvirkning	Konsekvens
A Halsenøya Nord (gytefelt torsk)	Middels	Ubetydelig endring	Ubetydelig konsekvens (0)
B Høylandssundet nord (oppvekstområde)	Noe	Ubetydelig endring	Ubetydelig konsekvens (0)
C Halsnøy øst/sørøst (fiskeplass a. r.)	Stor	Noe forringet	Noe miljøskade (-)
D Halsnøy øst/sydpøst (fiskeplass p. r.)	Stor	Noe forringet	Noe miljøskade (-)
E Høylandssundet (rekefelt)	Stor	Ubetydelig endring	Ubetydelig konsekvens (0)
F Hillestadvågen (låssettingsplass)	Stor	Ubetydelig endring	Ubetydelig konsekvens (0)

#### 3.7.2 Samla konsekvens

Utdrag frå KU-rapporten:

«Samlet konsekvens er fastsatt etter kriterier beskrevet i Vedlegg 12. Tiltaket vil ikke medføre vesentlig endring fra referansesituasjonen og det er få konflikter, og ingen konflikter med høye konsekvensgrader».

Tabell 5: Samanstilling av konsekvens for naturressursar ved utbygging av Røysaneset industribase. Biota Naturkompetanse AS, 2026.

Delområder	Alt. 0	Røysaneset industribase
A Halsenøya Nord (gytefelt torsk)	0	Ubetydelig konsekvens (0)
B Høylandssundet nord (oppvekstområde)	0	Ubetydelig konsekvens (0)
C Halsnøy øst/sørøst (fiskeplass a. r.)	0	Noe miljøskade (-)
D Halsnøy øst/sydpøst (fiskeplass p. r.)	0	Noe miljøskade (-)
E Høylandssundet (rekefelt)	0	Ubetydelig konsekvens (0)
F Hillestadvågen (låssettingsplass)	0	Ubetydelig konsekvens (0)
Avveining		Ingen vesentlig endring fra referansesituasjonen og få konflikter; ingen konflikter med høy konsekvensgrad
<b>Samlet vurdering</b>		<b>Ubetydelig konsekvens</b>

### 3.8 Usikkerheit

Utdrag frå KU-rapporten:

«Kunnskapsgrunnlaget for fiskeri vurderes som godt siden fiskeriressurser i området er registrert i Fiskeridirektoratets database. Det er knyttet noe usikkerhet til vurdering av langsiktige virkninger fra spredning av forurensete sedimenter og finstoff fra fyllmasser».

## 4 Konsekvensutgreiing naturressursar på land - Landbruk

Temaet naturressursar skal omfatta vurderingar av naturressursar ut frå samfunnets interesser og behov for å ha ressursgrunnlaget tilgjengeleg for framtida. Det gjeld både som grunnlag for sysselsetting og verdiskaping og av omsyn til samfunnssikkerheit. Vurderinga omfattar både mengd og kvalitet av ressursen. Med fornybare ressursar er meint vatn, fiskeressursar i sjø og ferskvatn, og andre biologiske ressursar. Med ikkje-fornybare ressursar er meint jordsmonn og mineralressursar (berggrunn og lausmassar).

### 4.1 Metode og datagrunnlag

Konsekvensutgreiinga for tema naturressursar tek utgangspunkt i metodikken i Statens Vegvesen sin rettleiar for konsekvensanalysar (V712). I dette kapitlet er det naturressursar på land som er vurdert. Det er gjennomført eigen konsekvensutgreiing av marine naturressursar (fiskeri) av Biota Naturkompetanse i samband med planarbeidet. Denne rapporten er vedlagt. Sjå også kap. 3 for oppsummering.

Konsekvensutgreiinga er gjennomført for planalternativet, som er skildra i kap. 1.2.3 i denne rapporten og kap. 5 i planomtalen. Nullalternativet er skildra i kap. 1.2.2 i denne rapporten.

Planprogrammet gir følgjande føringar for utgreiingstemaet:


Utgreiingstema	Eksisterande kunnskapsgrunnlag (ikkje uttømande)	Nye kartleggingar for å auke kunnskapsgrunnlaget
Naturressursar:	AR5	Ingen nye kartleggingar
Jordbruk	Lokalkunnskap Landbruksplan Kvinnherad	

Datagrunnlag og kjelder for vurderingane er følgjande:

- Kommuneplan for Kvinnherad kommune
- Naturbase kart (miljødirektoratet.no), AR5
- NIBIO kart - Kilden
- Landbruksplan Kvinnherad
- Lokalkunnskap


### 4.2 Dagens situasjon

Store delar av planområdet er utbygd i dag, og registrert som *bebygd* eller *samferdse* i AR5. Det er registrert jordbruksinteresser innanfor planområdet, dette gjeld areal langs kommunalveg og fylkesveg. Arealet er klassifisert som fulldyrka jord, som vert nytta til grasproduksjon. Slettanesvegen går gjennom jordbruksområdet i dag, og deler med dette jordbruksarealet på gbnr. 202/2 i to. Det er noko skog innanfor planområdet, men skogbruksressursen er avgrensa og i NIBIO er skogen innanfor planområdet stort sett registrert som *uproduktiv*. Eldre flyfoto viser at det var mindre skogdekke på 1980-talet, noko som indikerer at området truleg har vore nytta som utmarksbeite langt tilbake i tid. Skogen innanfor tiltaksområdet er ikkje i aktiv skogbruksdrift og det vert ikkje drive jakt eller ferskvassfiske i området. På land er det difor berre jordbruksareala som er vurdert å ha verdi som naturressurs. Det er ein del dyrka mark og spreidd busetnad sør og aust for planområdet.



Figur 8. T.v.: Utsnitt AR5, NIBIOs Kilden med plangrense. T.h.: Utsnitt frå AR5 bonitet, NIBIOs Kilden med plangrense.

NGU sitt lausmasekart indikerer at store delar av planområdet er bart berg. Denne kategorien er brukt om område som stort sett manglar lausmassar, der meir enn 50% av arealet er fjell i dagen. Den sørlege delen av planområdet består av marin strandavsetning, samanhengande dekke og hav-, fjord- og strandavsetning, usamanhengande eller tynt dekke over berggrunnen.




Figur 9. Lausmasekart. Grå felt er område dominert av bart fjell, mørkeblått felt er område med marin strandavsetning og lyseblått felt er område med hav-, fjord- og strandavsetning. NGU.

### 4.3 Utgreiingsområde og inndeling i delområde

Influensområdet for jordbruk tilsvarar i stor grad nye tiltaksområde som vil påverke urørte område. Det er ikkje venta at tiltaket vil medføre konsekvensar for temaet utover dei areala som vert direkte rørt, men influensområdet er vurdert å omfatte tiltaksområdet med ein buffersone på 20 meter. Areal på sørsida av Røysanesvegen er ikkje teke med innanfor influensområdet, då planforslaget ikkje opnar for tiltak på denne sida av fylkesvegen og det ikkje er venta at planforslaget vil medføre konsekvensar for jordbruksareala her.

Planområdet er delt inn i følgjande delområde for tema naturressursar på land:

- 1 – Slettanesvegen sørvest
- 2 - Slettanesvegen søraust
- 3 – Slettanesvegen midtre
- 4 – Slettanesvegen nordaust



Figur 10 Kart som syner delområde med blått omriss og dyrka mark. Plangrensa er synt med svart stipla linje og 20 meter buffer med lyseblå stipla linja. Dei fire delområda er skildra i teksten under. Nordplan Stord AS.

#### 4.4 Verdi

Verdiklassar for jordbruksmark og dyrkbar mark tek utgangspunkt i informasjon om jordsmonn og/eller bruksmåte. Jordsmonnkart er ikkje tilgjengeleg innanfor det aktuelle området, og verdivurderingane er basert på AR5 og digitalt markslagskart (DMK). Kartlaget med informasjonen er tilgjengeleg på Kilden (NIBIO sin database for arealinformasjon).


##### 4.4.1 Delområde 1 – Slettanesvegen sørvest

Delområdet består av del av eit område som er registrert som fulldyrka jord i AR5. Planområdet overlappar med delar av området, som ligg tettast på Slettanesvegen og Høylandsbygdvegen. Den dyrka marka omfattar gardsbruket 202/2. Innanfor arealet ligg det ei løe tilhøyrande gnr. 202/2.



Figur 11 Foto frå delområde 1. Kjelde: google maps, 2024.

Det er totalt sett om lag 5,43 daa fulldyrka jord innanfor tiltaks- og influensområdet i delområde 1 som i dag vert nytta til grasproduksjon. Området er jorddekt og ikkje tungbrukt. Det føreligg ikkje jordsmonnkart for området og det er difor ikkje grunnlag for å identifisere jordbruksareal med svært stor verdi. Heile området er verdisett til stor verdi, basert på AR5 og DMK (NIBIO). Basert på dette er delområdet verdisett til *stor verdi*.




#### 4.4.2 Delområde 2 – Slettanesvegen aust

Delområdet består av del av eit område som er registrert som fulldyrka jord i AR5. Planområdet overlappar med delar av området, som ligg tettast på Slettanesvegen og Høylandsbygdvegen. Delområdet inkluderer også del av eksisterande avkjørsle mot Hillestad. Den dyrka marka nord for Hillestadvegen omfattar gardsbruket 202/2 og arealet sør gardsbruket 202/1. Hovudbruket på 202/2 ligg like aust for planområdet, og hovudbruket på 202/1 ligg sør for Høylandsbygdvegen.



Figur 12: Foto frå delområde 2. Kjelde: google maps, 2024.

Det er totalt ca. 6,4 daa daa fulldyrka jord innanfor tiltaks- og influensområdet i delområde 2 som i dag vert nytta til grasproduksjon. Fordelt på hovudbruka slik; om lag 3,7 på gnr. 202/2 og 2,7 på gnr. 202/1. Området er jorddekt. Heile området er verdisett til stor verdi, basert på AR5 og DMK (NIBIO). Basert på dette er delområdet verdisett til *stor verdi*.




#### 4.4.3 Delområde 3 – Slettanesvegen midtre

Delområdet består av del av eit område som er registrert som fulldyrka jord i AR5. Planområdet overlappar med delar av området, som ligg tettast på Slettanesvegen. Den dyrka marka omfattar gardsbruket 202/2.




Figur 13: Foto frå delområde 3. Kjelde: google maps, 2024.

Det er totalt sett om lag 0,95 daa fulldyrka jord innanfor tiltaks- og influensområdet i delområde 3 som i dag vert nytta til grasproduksjon. Området er jorddekt. Heile området er verdisett til stor verdi, basert på AR5 og DMK (NIBIO). Basert på dette er delområdet verdisett til *stor verdi*.




#### 4.4.4 Delområde 4 – Slettanesvegen nordaust

Delområdet består av del av eit område som er registrert som fulldyrka jord i AR5. Planområdet overlappar med delar av området, som ligg tettast på Slettanesvegen. Den dyrka marka omfattar gardsbruket 202/11.



Figur 14: Foto frå delområde 4. Kjelde: google maps, 2024.


Det er totalt sett om lag 1,4 daa fulldyrka jord innanfor tiltaks- og influensområdet i delområde 4 som i dag vert nytta til grasproduksjon. Området er jorddekt. Heile området er verdisett til stor verdi, basert på AR5 og DMK (NIBIO). Basert på dette er delområdet verdisett til *stor verdi*.



#### 4.4.5 Samla verdivurdering

Tabell 6: Registrerte delområde med verdi for naturressursar – Landbruk.

Delområde	Type	verdi
1 – Slettanesvegen sørvest	Fulldyrka jord	Stor
2 – Slettanesvegen søraust	Fulldyrka jord	Stor
3 – Slettanesvegen midtre	Fulldyrka jord	Stor
4- Slettanesvegen nordaust	Fulldyrka jord	Stor




Figur 15 Verdi på delområda for naturressursar.

#### 4.5 Verknad

##### 4.5.1 Delområde 1 – Slettanesvegen sørvest

Delområdet er del av eit meir eller mindre samanhengande jordbruksareal på om lag 37 dekar i sør og 4,3 dekar i nord med fulldyrka jord som ligg på vestsida av Slettanesvegen. Planframlegget vil medføre arealbeslag som fører til at ca. 0,84 dekar fulldyrka jord vert beslaglagd i samband med utviding av vegen og etablering av nytt fortau og kantstopp for buss. Dette utgjer ca. 2% av det samanhengande fulldyrka jordbruksarealet innanfor gbnr. 202/2 på denne sida av vegen. Alt det beslaglagde arealet ligg i yttergrensa av arealet og inn mot eksisterande køyreveg. Ca. 0,50 dekar av arealet som vert rørt er sett av til annan veggrunn i planforslaget. Føresegnene gir at innanfor desse areala er det høve til å setje opp anlegg for tekniske innretningar som høyrer vegen til, som t.d. støttemurar, rekkverk og lyssetting. Vidare kan arealet nyttast til snølagring, skråningar, skjeringar, fyllingar, grøfter og overvasshandtering. Det er berre område som vert permanent rørt og ikkje areal som blir mellombels forstyrra eller rørt under anleggsarbeid, då desse er forventa å kunne takast i bruk igjen som jordbruksområde etter enda utbygging. Det er vurdert at verknaden av planframlegget for delområde 1 er *noko forringa* jf. retningslinjene i V712, men heilt i nedre del av påverknadskategorien fordi det berre er ein mindre del som går tapt.



Figur 16 Utheva areal er regulert til permanent samferdselsføremål som overlappar med areal klassifisert som dyrka mark.


#### 4.5.2 Delområde 2 – Slettanesvegen søraust

Delområdet er del av to større jordbruksareal på til saman ca. 45,1 dekar med fulldyrka jord som ligg på austsida av Slettanesvegen. Her av 22,7 dekar på nordsida av Hillestadvegen og 22,4 dekar på sørsida av Hillestadvegen. Planframlegget vil medføre arealbeslag som fører til at fulldyrka jord vert beslaglagd i samband med utviding av vegen og etablering av nytt fortau og kantstopp for buss. Innanfor plangrensa er det registrert om lag 2,8 dekar dyrka mark. Planframlegget vil medføre arealbeslag som fører til at ca. 0,3 dekar fulldyrka jord vert direkte beslaglagd i samband med utviding av vegen og etablering av nytt fortau og kantstopp for buss (arealføremål for veg, fortau og kantstopp). Alt det beslaglagde arealet ligg i yttergrensa av arealet og inn mot eksisterande køyreveg. Ca. 0,35 dekar av arealet som vert rørt er sett av til annan veggrunn i planforslaget. Føresegnene gir at innanfor desse areala er det høve til å setje opp anlegg for tekniske innretningar som høyrer vegen til, som t.d. støttemurar, rekkverk og lyssetting. Vidare kan arealet nyttast til snølagring, skråningar, skjeringar, fyllingar, grøfter og overvasshandtering. Det er berre område som vert permanent rørt og ikkje areal som blir mellombels forstyrra eller rørt under anleggsarbeid, då desse er forventa å kunne takast i bruk igjen som jordbruksområde etter enda utbygging.

I tillegg legg planforslaget opp til at eksisterande veg mot Hillestad skal leggjast om. Denne vegen går gjennom delområdet i dag. Eksisterande avkøyrsløse frå fv. 5048 skal stengast og sanerast. Dette arealet vil då tilbakeførast til LNF-føremål. Planforslaget fører til at ca. 0,18 fulldyrka jord innanfor vert beslaglagd, men fører også til at ca. 0,19 daa som i dag er registrert som *samferdsel* (Hillestadvegen) vil bli tilbakeført til fulldyrka jord. Samla er areal regulert til LNF-føremål innanfor delområdet 2,4 dekar stort.

Det er vurdert at verknaden av planframlegget for delområde 2 er *noko forringa* jf. retningslinjene i V712, men heilt i nedre del av påverknadskategorien fordi det berre er ein mindre del som går tapt.





Figur 17 Figurar som syner omdisponering av dyrka mark i søraustleg del av delområdet.

#### 4.5.3 Delområde 3 – Slettanesvegen midtre

Delområdet er del av eit meir eller mindre samanhengande jordbruksareal på ca. 22,7 dekar med fulldyrka jord som ligg på austsida av Slettanesvegen (gnr. 202/2). Planframlegget vil medføre arealbeslag som fører til at 0,1 dekar fulldyrka jord vert beslaglagd i samband med utviding av vegen og etablering av nytt fortau. Alt det beslaglagde arealet ligg i yttergrensa av arealet og inn mot eksisterande køyveveg. Ca. 0,08 dekar av arealet som vert rørt er sett av til annan veggrunn i planforslaget. Føresegnene gir at innanfor desse areala er det høve til å setje opp anlegg for tekniske innretningar som høyrer vegen til, som t.d. støttemurar, rekkverk og lyssetting. Vidare kan arealet nyttast til snølagring, skråningar, skjeringar, fyllingar, grøfter og overvasshandtering. Det er berre område som vert permanent rørt og ikkje areal som blir mellombels forstyrra eller rørt under anleggsarbeid, då desse er forventa å kunne takast i bruk igjen som jordbruksområde etter enda utbygging. Det er vurdert at verknaden av planframlegget for delområde 1 er *noko forringa* jf. retningslinjene i V712, men heilt i nedre del av påverknadskategorien fordi det berre er ein mindre del som går tapt.



#### 4.5.4 Delområde 4 – Slettanesvegen nordaust

Delområdet er del av eit jordbruksareal på ca. 5,8 dekar med fulldyrka jord som ligg på austsida av Slettanesvegen (gnr. 202/11). Planframlegget vil medføre arealbeslag som fører til at ca. 0,11 dekar fulldyrka jord vert beslaglagd i samband med utviding av vegen og etablering av nytt fortau. Alt det beslaglagde arealet ligg i yttergrensa av arealet og inn mot eksisterande køyveveg. Ca. 0,07 dekar av arealet som vert rørt er sett av til annan veggrunn i planforslaget. Føresegnene gir at innanfor desse areala er det høve til å setje opp anlegg for tekniske innretningar som høyrer vegen til, som t.d. støttemurar, rekkverk og lyssetting. Vidare kan arealet nyttast til snølagring, skråningar, skjeringar, fyllingar, grøfter og overvasshandtering. Det er berre område som vert permanent rørt og ikkje areal som blir mellombels forstyrra eller rørt under anleggsarbeid, då desse er forventa å kunne takast i bruk igjen som jordbruksområde etter enda utbygging. Det er vurdert at verknaden av planframlegget for delområde 1 er *noko forringa* jf. retningslinjene i V712, men heilt i nedre del av påverknadskategorien fordi det berre er ein mindre del som går tapt.




## 4.6 Avbøtande tiltak

Som del av søknad om grunnarbeid skal det utarbeidast teknisk plan for veg, vatn og avløp, som mellom anna skal innehalda løysing for handtering av matjord. Føresegnene styrer også at opparbeiding av samferdselsføremål i område med matjord skal utførast skånsamt, og matjord skal takast vare på for attbruk i området. Skråningsutslag skal vera slak slik at tilgrensande areal til køyreveg og fortau kan tilbakeførast til jordbruksareal. Alternativt skal det etablerast mur slik at minst mogleg matjord vert omdisponert. Løysing for utforming skal avtalast med grunneigar som del av detaljprosjektering.

## 4.7 Konsekvens

Vurdering av konsekvens for delområde 1-4 gir følgjande:

- 1) Delområde 1: Noko miljøskade (-)
- 2) Delområde 2: Noko miljøskade (-)
- 3) Delområde 3: Noko miljøskade (-)
- 4) Delområde 4: Noko miljøskade (-)



Figur 18: Samanstilling av verdi og påverknad for kvart delområde i konsekvensvifta jf. V712 (2021).

### Forholdet til 0-alternativet:

Planområdet på land overlappar i stor grad med eksisterande reguleringsplan for området (planID:20090008) frå 2010. Gjeldande reguleringsplan er gamal og stettar ikkje dagens krav til reguleringsplanar. Kvinnherad kommune har signalisert at planen bør opphevast/oppdaterast, og 0-alternativet vil dermed vere dagens situasjon i planområdet, med dei tiltaka som er etablert i området i dag. Samla vurdering av konsekvens for delområda dersom ein legg til grunn dagens situasjon er såleis ubetydeleg endring/konsekvens.

### Forholdet til planalternativet:

Delområde	Planalternativ
Delområde 1	Noko konsekvens (-)
Delområde 2	Noko konsekvens (-)
Delområde 3	Noko konsekvens (-)
Delområde 4	Noko konsekvens (-)

<b>Samla vurdering</b>	<b>Noko konsekvens (-)</b>
<b>Samla verknader</b>	<p>Næringsområdet på Høylandsbygd har vore i bruk sidan 70-talet til ulike næringar og menneskeleg aktivitet, og området har såleis allereie vore påverka av menneskeleg aktivitet og næringsverksemd i lang tid. Dette har også medført konsekvensar for naturressursar. Vidare utviding av næringsområdet vil medføre ytterlegare arealbeslag, og endra verknader, også for naturressursar området. Det er krav til utbetring av veg/fortau langs kommunale vegar som har påverknad for naturressursar, ikkje sjølve utvidinga av næringsområdet. Alle delområda ligg langs eksisterande tilkomstvegar og påverknad er knytt til arealbeslag av fulldyrka jord i samband med utviding av veg og etablering av nytt fortau og kantstopp for buss. Til saman vil planforslaget medføre arealbeslag av ca. 1,77 dekar fulldyrka jord (samferdselsføremål inkl. anna veggrunn som utgjør om lag 0,99 dekar). Omlegging av Hillestadvegen er omtrentleg makebytte av ny veg med omdisponering av dyrka mark og potensial for nydyrking ved sanering av eksisterande veg.</p>
<b>Grunngjeving for samla konsekvensgrad</b>	<p>Det er ingen av delområda som er meir vektlagt enn andre. Det er ikkje kjent at det er planlagt andre tiltak i nærområdet, slik at framtidig påverknad er avgrensa til planframlegget.</p> <p>Samla konsekvens er fastsett etter kriteria for samla vurdering av ikkje-prisgitte tema i tabell 6-7 i rettleiar V712. For alle delområde er det vurdert at tiltaket vil medføre noko miljøskade (-). Samla konsekvensgrad vil difor vere <b>noko negativ</b> for utbyggingsalternativet.</p>

#### 4.8 Usikkerheit

Tiltaksplanane er vurdert å vere nokså avklart. Planforslaget definerer ulike formål og gir ei oversikt over område kor ein kan forvente påverknad på registrerte arealressursar. Kunnskapsgrunnlaget er vurdert som godt og ein vurderer at det er knytt lite usikkerheit til verdivurderinga. Vurderingane av påverknad og konsekvens byggjer på retningslinjer i Statens vegvesen si handbok V712 og det er knytt liten usikkerheit til vurderingane.

## 5 Konsekvensutgreiing landskap

I den europeiske landskapskonvensjonen er landskap definert som *...et område, slik folk oppfatter det, hvis særpreg er et resultat av påvirkningen fra og samspillet mellom naturlige og/eller menneskelige faktorer*. At eit variert og innholdsrikt landskap har høg verdi har samheng med ei rekkje forhold, mellom anna stad-kvalitet, bu- og levevilkår, kulturminne/ kulturmiljø, kulturlandskap, friluftsliv og eit stadig viktigare reiseliv.

### 5.1 Metode og datagrunnlag

Konsekvensutgreiinga for tema landskap tek utgangspunkt i metodikken i rettleiar M-1941. Konsekvensutgreiinga er gjennomført for planalternativet, som er skildra i kap. 1.2.3 i denne rapporten og kap. 5 i planomtalen. Nullalternativet er skildra i kap. 0 i denne rapporten.

Planprogrammet gir følgjande føringar for utgreiingstemaet:

*Det skal gjennomførast ei landskapsfagleg vurdering ihht. rettleiar M-1941 av korleis tiltaka vil påverke kvalitetar og opplevingsverdi i landskapet. Estetikk og utforming av bygg, teknisk infrastruktur, kaianlegg og industriområdet skal skildrast. Landskapet sin karakter og planframlegget sin visuelle påverknad på landskapet skal synleggjerast i konsekvensutgreiinga. Det skal utarbeidast synlegheitsanalysar som viser kor planområdet er synleg frå. og då i hovudsak areala knytt til næringsføremåla. Dette skal m.a. gjerast ved å illustrere ny utbygging ved hjelp av 3D-illustrasjonar frå ulike perspektiv (nær- og fjernverknader).*

Utgreiingstema	Eksisterande kunnskapsgrunnlag (ikkje uttømmande)	Nye kartleggingar for å auke kunnskapsgrunnlaget
Landskap	Kommuneplan for Kvinnherad Grunnkart som syner busetnad Nasjonalt referansesystem for landskap Landskapstyper ved kyst og fjord i Hordaland Verdivurdering av landskap i Hordaland fylke. Aurland Naturverkstad Aurland Naturverkstad, rapport 07-2011	Synlegheitsanalyse 3D illustrasjonar for å syne utbygginga sin visuelle verknad, samt verknad for oppleving, naboar og nærrområde.

Datagrunnlag og kjelder for vurderingane er følgjande:


- Kommuneplan for Kvinnherad kommune
- Grunnkart som syner busetnad
- Naturbase kart (miljødirektoratet.no)
- 3d-kommunekart, Norkart
- NIN-landskapstypar (artsdatabanken.no)
- Landskapstyper ved kyst og fjord i Hordaland. NIJOS rapport 10/04
- Verdivurdering av landskap i Hordaland fylke. Aurland Naturverkstad, rapport 07-2011
- Landskapsanalyse Halsnøyområdet, Aurland Naturverkstad BA, rapport 3/2004
- Norge i bilder
- Hoydedata.no
- Google maps
- 3D-illustrasjonar, Nordplan Stord AS
- Synlegheitsanalyse, Nordplan Stord AS
- Feltsynfaring gjennomført 03.10.2025

### 5.2 Dagens situasjon

Store deler av planområdet består av eit eksisterande industriområde som ligg på eit nes på Halsnøy sørvest i Kvinnherad kommune. Her er det i dag etablert industriområde med kai, dokk og industribygg, og store delar av området er difor sterkt modifisert, sprengt ut og planert til kainivå. Ein større del av industriområdet er planert på fjell og delar av området består av gamle utfyllingar i sjø. Grensa mellom attverande berg og

industriområdet er i dag definert av utspregnede fjellskjeringar (med sikring), usikra bergskjeringar og naturlege bergoverflater. Det går ei smal «tunge» med attverande berg som til dels skil austre del av industriområdet frå resten. Dei største skjeringane i bakkant av det planerte industriområdet ligg i søraust. Disse er om lag 23 meter på det høgaste. Det einaste naturområdet innanfor planområdet er ein liten skogdekt kolle aust på Hillestadneset, med bratt bergvegg ned mot fjæra.


Mellom industriområdet og Slettaneset ligg Slettaneset badeplass, eit lite friluftslivsområde som er tilrettelagd med flåte utanfor badestranda, sitteplassar og ballplass. Sør/søraust og nordvest for planområdet er det etablert bustadfelt (Røysaneset og Langaneset). I indre del av Hillestadvika er det etablert næringsverksemd knytt til båtverkstad og småbåthamn. Det er ein del dyrka mark og spreidd busetnad sør for planområdet.



Figur 19: Oversiktsbilete/flyfoto. Kommunekart.no


Planområdet er del av landskapstypen Ope fjordlandskap med busetnad/ infrastruktur (LA-TI-K-F-9), jf. NiN landskap. Landskapstypen har følgjande skildring: «Landskapstypen omfatter fjordlandskap der dalformen er relativt åpen og middels sterkt nedskåret fra omkringliggende åser, fjell og/eller slettelandskap. Landskapet har et tydelig preg av menneskelig påvirkning. Mer enn 2 km<sup>2</sup> eller mer enn en fjerdedel av området har spredt bebyggelse, gårdsbruk, næringsområder, større samferdselsanlegg, flyplasser med større gressarealer, konsentrasjoner av bebyggelse eller teknisk infrastruktur i form av grender, bygder, små tettsteder, bolig og hyttefelt».

I følgje rapporten Verdivurdering av landskap (2011) er planområdet del av Høylandssundet, ytre fjordbygder på Vestlandet, middels breie fjordløp, med verdi vanleg førekommande landskap i lokal samanheng. Topografisk er terrenget i og kring planområdet relativt flatt, medan terrenget stig slakt sør for planområdet mot Storarusta (200 moh). Store deler av planområdet ligg innanfor 100-metersbeltet mot sjø, og strandsona i området er i stor grad opparbeidd. Det er innsyn til området frå sjøsida i vest, aust og nord. Planområdet er også godt synleg i frå landsida.



Figur 20. Oversiktsbilde i større skala. Planområdet er synt med blå sirkel.

Kvinnherad kommune fekk i 2004 utarbeida landskapsanalyse for Halsnøyområdet. Denne vart utarbeida i samband med kommunedelplan for Halsnøyområdet i 2004. Målet med analysen var å gjennomføre ei landskapskartlegging basert på NIJOS si registrering av landskapstypar i strandsona og at kartlegginga skulle peike ut sårbare landskapsområde og område som er viktige for reiselivet. Røysaneset er del av analysen sitt hovudområde 3 – Høylandsbygd, samt mindre inndeling av område nr. 43. Tilkomstvegen ligg innanfor område nr. 44.



Figur 21: Utsnitt frå delområdekart frå landskapsanalysen frå 2004.

Utdrag frå rapporten om hovudområde 3 og delområde 43 og 44:

- Lokalisering og omtale: Det austlege området av Halsnøya vender seg landskapsmessig mot fastlandet og grendene på andre sida av Høylandsundet. Overordna landskapskarakter er myke lik område 2. Topografien er jamnare og landskapet kvelvar seg opp mot høgste toppen Ravnakulten (291 moh). Det gjev eit noko meir storskala preg.
- Naturmiljø: Berggrunnen består i hovudsak av næringsrike sedimentbergartar. Det meste av området er dekkja av barskog. Ein finn nokre få lommer med lauvskog innimellom. Ein del myrdrag, men lite ope vatn.
- Arealbruk: Høylandsbygd utgjer eit større samanhengande jordbruksområde. Det er og ein del anna busetnad. Kring Hillestadvågen fin ein tett busetnad og industri. Det er veg langs heile austsida, sør til sundet ved Toftekalven. Ein finn lite skogsveggar i området.
- Kulturminne: Det er registrert gravhaugar ved Hillestadneset. Småbruket Bjørgjo har i stor grad bevart det tradisjonelle naturmiljøet med tun og innmark intakt.
- Landskapsbilete og særskilde opplevingsverdiar: Strandsona sørover frå Høylandsbygd er variert og opplevingsrik med fine veksingar mellom open kulturmark, svaberg og mindre viker. Toftekalven er eit kulturlandskapsmiljø med eit attraktivt parkpreg.
- Delområde 43. Dette området omfattar industri og bustadareal kring dei ytre delane av Hillestadvågen. Visuelt høyrer og bustadfeltet ved Langaneset og med. Området er i stor grad utbygd og utanom eit lite område ved Langaneset er det lite tilgjengeleg areal for ny utbygging.
- Delområde 44. Høylandsbygd er eit utprega jordbrukslandskap der det med åra er bygd ein del bustadhus. Området har difor ein blanda karakter, men der opne jordbruksareal framleis er ein hovudkarakter. Denne opne karakteren er det ut frå landskapsomsyn ynskjeleg at skal halde fram.


Ut frå inndeling i områda vist til ovanfor gir analysen ei oppsummering og tilrådingar. Delområde 43 er kategorisert som områdekategori A. busetnad, industri, transport (*område der ny utbygging i hovudsak ikkje vil kome i konflikt med eksisterande arealbruk og landskapskarakter. Særskilde omsyn bør likevel takast i strandsonene*). Delområde 44 er kategorisert som områdekategori B. Landbruk, gardsbusetnad og innmark (*Område som i nokon grad kan tåle spreidd utbygging men der omsynet til open landskapskarakter bør sikrast*). Delområda er ikkje klassifisert som visuelt sårbare landskapsområde, heilskapleg naturmiljø eller viktige område for reiselivet.



Figur 22. Kartutsnitt frå [kommunekart.com](http://kommunekart.com) som viser området i 3D.

Det er gjennomført ein synlegheitsanalyse for å avdekke kva område planområdet vil verta synleg frå. Synlegheitsanalysen er basert på GIS-analyse, der terrenngmodell (DTM) er henta frå høydedata.no. DTM-modellen inneheld ikkje vegetasjon eller bygg. Dette er element som vil påverke den faktiske synlegheita. Synlegheitsanalysen viser altså område som *kan* ha direkte innsyn til planområdet. Det er vald å berre nytte terreng, då både bygg og vegetasjon har stor påverknad på synlegheita når dei er til stades. Ei eventuell fjerning av bygg eller vegetasjon vil raskt kunne gje auka grad av synlegheit. Vegetasjon har spesielt mykje å seie når det gjeld vurdering av nærverknader. Det er teke utgangspunkt i planlagd planeringsnivå for dei ulike delområda og bygg med maks. byggjehøgdd innanfor desse.

Avstand til planområdet spelar inn når det gjeld synlegheit. Planområdet ligg relativt eksponert til, på eit utstikkande nes som vender ut mot Høylandssundet. Synlegheitsanalysen er gjennomført for ein avstand på 10 km frå planområdet, men influensområdet er avgrensa til ein avstand på om lag 5 km frå planområdet. Påverknaden er vurdert til å ikkje vere vesentleg utover denne avstanden. Dette på bakgrunn av planområdet sin storleik og tiltakets omfang. Planområdet vil vere mest synleg frå bustadområda som ligg tettast på og frå sjøområda i nord.




Figur 23: Planområdet og område dette er synleg frå. Raud farge viser synlegheit for planalternativet. Avstandar på 1, 3 og 5 km frå planområdet er vist med svarte sirkler i kartet. Nordplan Stord AS.

### 5.3 Utgreiingsområde og inndeling i delområde

Plan- og influensområdet er delt inn i 6 delområde. Disse delområda er definert med bakgrunn i delområda slik dei er definert i Landskapsanalyse Halsnøyområdet, Aurland Naturverkstad BA (rapport 3/2004, terreng- og landformer, NiN-landskapstypar og avstand til planområdet og kva område som har direkte innsyn og såleis kan verta påverka av planframlegget. Delområda ligg innanfor influensområdet som er definert med 5 km radius frå senter av tiltaksområdet, men er vidare avgrensa til dei områda som har innsyn til planområdet. På bakgrunn av dette er følgjande delområde aktuelle for utgreiing av tema landskap:

- 1) Delområde 1: Del av Høylandsbygd, areala nærast planområdet, inkludert nordleg del av planområdet på land
- 2) Delområde 2: Del av Høylandsbygd, jordbruks- og bustadområde, inkludert vegareal i planområdet
- 3) Delområde 3: Utmarksområde Høylandsbygd
- 4) Delområde 4: Landområde Tofte, Toftåsen aust og Toftøya
- 5) Delområde 5: Sjøområda Høylandssundet, inkludert sjødelen av planområdet
- 6) Delområde 6: Landsida fastlandet

Delområda er vurdert som relativt einsarta kva gjeld funksjon, karakter og visuell framtoning. Planområdet, influensområdet og delområde for utgreiing landskap er avgrensa og synt i Figur 24 under.




Figur 24: Planområdet, influensområdet og delområde for utgreiing av fagtema landskap. Dei åtte delområda er skildra i teksten under. Nordplan Stord AS.

## 5.4 Verdi

I det følgjande er dei seks delområda skildra og verdivurdert.

### 5.4.1 Delområde 1 - Del av Høylandsbygd, areala nærast planområdet, inkludert nordleg del av planområdet på land



Forhold ved landskapet	Skildring
<b>Geologi, landform og vassførekomst</b>	<p>Området er del av område 43 i landskapsanalyse Halsnøyområdet (rapport 3/2004). Delområdet omfattar industri og bustadareal kring dei ytre delane av Hillestadvågen. Visuelt høyrer og bustadfeltet ved Langaneset med. Området ligg i eit typisk vestnorsk kystlandskap som vender seg landskapsmessig mot fastlandet og grendene på andre sida av Høylandssundet. Området er i stor grad utbygd og utanom eit lite område ved Langaneset. Topografisk er terrenget i og kring delområdet relativt flatt, medan terrenget stig slakt mot sør. Store delar av delområdet består av planert og utfylt areal i sjø.</p> <p>Ein mindre bekk inngår i delområdet. Bekken har god økologisk tilstand og utløp til vassførekomsten Halsnøysundet-nord (id: 0260020802-C) Vassførekomsten ligg i økoregionen <i>Nordsjøen Sør</i> og tilhøyrer vasstypen <i>beskyttet kyst/fjord</i> (N3). I følgje Vann-nett har vassførekomsten god økologisk tilstand, men med låg presisjon sidan det føreligg relativt få undersøkingar. Den kjemiske tilstanden er klassifisert som dårleg på grunn av avrenning frå industri og punkturslepp av kommunalt avløpsvatn utan reinsing.</p>
<b>Romlege forhold og skala</b>	<p>Dei bakanforliggjande skogkledde åsane sør for delområdet dominerer landskapet i høgd og volum. Desse skapar eit slags vertikalt bakteppe som gjer at delområdet opplevast som ein del av ei «fjordgryte». Det etablerte industriområdet på Røysaneset ligg heilt i sjøkanten og står fram som ei eiga «sone» med relativt stor skala og tydelege bygningsvolum. Dette området får høg visuell tyngd sett frå sjø, fordi det ligg fremst i rommet og fordi volumet er relativt stort. Jordbruksareala er små til middels store, med mjuke linjer. Busetnaden følgjer terrenget og bevarer eit småskala, menneskeleg preg.</p>

<b>Distinkte naturelement og natursamanhengar</b>	Både Langaneset og Røysaneset er utstikkande nes som utgjør synlege landskapselement, men dei utgjør ikkje spesielt tydelege element sett i ein større samanheng. Begge nesa ber tydeleg preg av menneskeleg aktivitet.
<b>Vegetasjonsdekke og vegetasjonsbruk. Aktive naturprosessar</b>	Delar av områda som ikkje er bygd ut innanfor delområdet er del av større samanhengande jordbruksområde på Høylandsbygd. Berggrunn består hovudsakeleg glimmerskifer, som normalt er rekna som ein næringsfattig bergart. Det er skogsområde med gran og høg og særleg høg bonitet innanfor enkelte parti på nordsida av fylkesvegen. Ingen myrdrag innanfor delområdet. Det er ikkje spesiell vegetasjon med kulturelle eller historiske referansar. Det er ikkje særleg utprega naturprosessar som pregar området i dag.
<b>Arealbruk og preg av busetnad Historie og stadidentitet</b>	Delar av delområdet består av fulldyrka jord og utgjør ein del av eit større samanhengande jordbruksområde. Kring Hillestadvågen og på Langaneset finn ein tett busetnad og industri. Det har vore industri på Røysaneset sidan 70-talet.
<b>Landskapskarakter</b>	NiN LA-TI-K-F-9 – Relativt Åpent fjordlandskap med bebyggelse/infrastruktur

Landskapstypen er skildra som:

LA-TI-K-F-9 - Relativt Åpent fjordlandskap med bebyggelse/infrastruktur

Landskapstypen omfattar fjordlandskap der dalformen er relativt åpen og middels sterkt nedskåret fra omkringliggende åser, fjell og/eller slettelandskap. Landskapet har et tydelig preg av menneskelig påvirkning. Mer enn 2 km<sup>2</sup> eller mer enn en fjerdedel av området har spredt bebyggelse, gårdsbruk, næringsområder, større samferdselsanlegg, flyplasser med større gressarealer, konsentrasjoner av bebyggelse eller teknisk infrastruktur i form av grender, bygder, små tettsteder, bolig og hyttefelt.


I verdivurdering av landskap i Hordaland fylke (2011) er delområdet registrert med verdi 2 – *vanleg førekomande landskap* i Landskap i Hordaland. Området er skildra som «markert sund i sjø med tydelig relieff av skogåser. I nord er preget meir fjordbasseng med lavere relieff, hvor jordbruksbygder, industri (skipsverft) og boligfelt gir karakter til området».




Vurdering av verdikriteria i M-1941, tabell 5-2:

- **Inngrepsgrad:** Delområdet er vurdert til å ha stadvis omfattande menneskelege inngrep; industri, utfyllingar i sjø, bustader og infrastruktur. Stadvis samanhengande naturområde. Eksisterande industriområde er stort nok til å trekke noko ned, samstundes som resten av resten av landskapet er relativt intakt. Noko verdi.

- Naturvariasjon: Området er vurdert å ha avgrensa variasjon over korte avstandar (skog, utmark, jordbruksområde). Skogsområda er i stor grad barskog. Noko verdi.
- Distinkte element: Det er få distinkte naturlege landemerke innanfor delområdet, utover dei utstikkande nesa Røysaneset og Langaneset. Begge stekt prega av menneskeleg aktivitet. Desse utgjør menneskeskapte element som er tydelege sett i større skala. Busettingsmønsteret er typisk for norsk fjordlandskap. Middels verdi.
- Mangfald: Delområdet har mange landskapselement og mangfald av natur, vegetasjonstypar, jordbruk, kulturelement, bygder og industri. Godt synleg variasjon i bruk og landformer. Noko til middels verdi.
- Særpreg: Typisk norsk vestlandsk fjordlandskap. Eksisterande industriområde bryt særpreget noko, men ikkje totalt. Vanleg førekommande landskap langs kysten jf. verdivurdering i Hordaland 2011. Noko verdi.
- Samanhengar: Tydeleg samanheng mellom naturformer, gamle ferdselslinjer (vegar), busetnad og industri langs fjorden, kulturlandskap og fjell. Lett lesbare strukturar. Noko til middels verdi.
- Tilhørsle/identitet: Delområdet er ikkje del av Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA), eller utvalt kulturlandskap i jordbruket (UKL). Ein er ikkje kjent med at delområdet er knytt til spesielt viktige historiske hendingar. Industriområdet vart etablert på 70-talet og har sidan vore ei hjørnesteinsbedrift i området. Delområdet er kvardagslandskap for innbyggjarane, der det er grunn til å tru at fjorden og dei sjønære areala er områda med høgast verdi. Noko verdi.
- Visuell karakter: Delområdet framstår som fragmentert, men samstundes oversiktleg og strukturert i lokal skala. Store naturflater gir balanse, medan industriområdet er godt synleg og mindre harmonisk. Noko til middels verdi.



#### 5.4.2 Delområde 2 - Del av Høylandsbygd, jordbruks- og bustadområde, inkludert vegareal i planområdet



Forhold ved landskapet	Skildring
<b>Geologi, landform og vassførekomst</b>	Delområdet omfattar del av jordbruks- og bustadområda i Høylandsbygd. Området er del av område 44 i landskapsanalyse Halsnøyområdet (rapport 3/2004):

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• 44: Høylandsbygd er eit utprega jordbrukslandskap der det med åra er bygd ein del bustadhus. Området har difor ein blanda karakter, men der opne jordbruksareal framleis er ein hovudkarakter. Denne opne karakteren er det ut frå landskapsomsyn ynskjeleg at skal halde fram.</li> </ul> <p>Området ligg i eit typisk vestnorsk kystlandskap som vender seg landskapsmessig mot fastlandet og grendene på andre sida av Høylandssundet. Nokre mindre bekkar går gjennom delområdet. Bekkane har god økologisk tilstand og utløp til vassførekomstane Halsnøysundet-nord (id: 0260020802-C) og Halsnøysundet-sør (id: 0260020801-C). Begge vassførekomstane ligg i økoregionen <i>Nordsjøen Sør</i> og tilhøyrrer vasstypen <i>beskyttet kyst/fjord</i> (N3). I følge Vann-nett har vassførekomstane god økologisk tilstand, men med låg presisjon sidan det føreligg relativt få undersøkingar. Den kjemiske tilstanden er klassifisert som dårleg på grunn av avrenning frå industri og punkturslepp av kommunalt avløpsvatn utan reinsing.</p>
<b>Romlege forhold og skala</b>	<p>Dei bakanforliggjande skogkledde åsane sør for delområdet dominerer landskapet i høgd og volum. Desse skapar eit slags vertikalt bakteppe som gjer at delområdet opplevast som ein del av ei «fjordgryte». Jordbruksareala er små til middels store, med mjuke linjer. Busetnaden følgjer terrenget og bevarer eit småskala, menneskeleg preg. Ingen store tekniske inngrep.</p>
<b>Distinkte naturelement og natursamanhengar</b>	<p>Ingen spesielt tydelege distinkte landskapselement sett i ein større samanheng. Det sentrale og mest dominerande elementet er fjorden, som fungerer som landskapsakse og definisjon av busetnad og arealbruk. Elles er området kjenneteikna av opne kulturmarker, korridorar av skog og kantvegetasjon og jordbruksland.</p>
<b>Vegetasjonsdekke og vegetasjonsbruk. Aktive naturprosessar</b>	<p>Delområdet utgjør ein del av eit større samanhengande jordbruksområde på Høylandsbygd. Berggrunn består hovudsakeleg glimmerskifer, som normalt er rekna som ein næringsfattig bergart. Vegetasjonen i området vekslar mellom opne kulturmarker, beite og slåtteareal i lisdene, og skog og kratt i kantsoner, bekkedalar og brattare terreng. Strandsona har typisk kystvegetasjon påverka av vind og salt. Vegetasjonsbruken er hovudsakleg knytt til beite og grasproduksjon, med noko attgroing i område som ikkje lenger blir aktivt driven. Det er ikkje spesiell vegetasjon med kulturelle eller historiske referansar. Det er ikkje særleg utprega naturprosessar som pregar området i dag.</p>
<b>Arealbruk og preg av busetnad Historie og stadidentitet</b>	<p>Området er prega av eit tradisjonelt kyst- og jordbrukslandskap, der opne kulturmarker, beiteområde og mindre dyrkingsflater dominerer. Busetnaden ligg spreidd og terrengetilpassa, ofte i små klynger langs vegane og i lisdene, medan naust og småbåtanlegg syner den sterke tilknyttinga til fjorden.</p> <p>Busetnadmønsteret og arealbruken viser spor etter langvarig busetnad, der kombinasjonen av jordbruk og sjøbruk har forma både gardstun, teigar og ferdelsårer. Området er prega av småskalabygg og eit tydeleg historisk preg som framleis kjem godt til syne i dagens landskap.</p> <p>Stadidentiteten er tett knytt til fjorden, det opne kulturlandskapet og dei tradisjonelle busetnadsformene, og området framstår som eit gjenkjenneleg og karakteristisk vestlandsk bygdemiljø med sterk lokal forankring. Høg del SEFRAK- registrert busetnad og fleire automatisk freda kulturminne innanfor delområdet.</p>
<b>Landskapskarakter</b>	<p>NiN LA-TI-K-F-9 – Relativt Åpent fjordlandskap med bebyggelse/infrastruktur  NiN LA-TI-K-F-11 - Relativt Åpent fjordlandskap med tettsted</p>

Landskapstypene innanfor delområdet er skildra som:

*LA-TI-K-F-9 - Relativt Åpent fjordlandskap med bebyggelse/infrastruktur*


*Landskapstypen omfattar fjordlandskap der dalformen er relativt åpen og middels sterkt nedskåret fra omkringliggende åser, fjell og/eller slettelandskap. Landskapet har et tydelig preg av menneskelig påvirkning.*

Mer enn 2 km<sup>2</sup> eller mer enn en fjerdedel av området har spredt bebyggelse, gårdsbruk, næringsområder, større samferdselsanlegg, flyplasser med større gressarealer, konsentrasjoner av bebyggelse eller teknisk infrastruktur i form av grender, bygder, små tettsteder, bolig og hyttefelt.

NiN LA-TI-K-F-11 - Relativt Åpent fjordlandskap med tettsted

Landskapstypen omfatter fjordlandskap der dalformen er relativt åpen og middels sterkt nedskåret fra omkringliggende åser, fjell og/eller slettelandskap. Landskapet er tydelig preget av intensiv arealbruk med et større tettsted, småby eller fritidsbebyggelse med høy bygningstetthet.


I verdivurdering av landskap i Hordaland fylke (2011) er delområdet registrert med verdi 2 – vanleg førekommande landskap i Landskap i Hordaland. Området er skildra som «markert sund i sjø med tydelig relieff av skogåser. I nord er preget meir fjordbasseng med lavere relieff, hvor jordbruksbygder, industri (skipsverft) og boligfelt gir karakter til området».




Vurdering av verdikriteria i M-1941, tabell 5-2:

- Inngrepsgrad: Delområdet er vurdert til å vera naturprega med spreidd busetnad og infrastruktur. Spreidd busetnad, småvegar og fine naustmiljø ved sjøen. Store samanhengande grøne område med kulturlandskap. Det er ingen stor skala tiltak i området. Middels verdi.
- Naturvariasjon: Området er vurdert å vera eit naturlandskap med noko variasjon (strandsone/kystlinje, skogholt, jordbruksområde). Fleire landskapstypar på kort avstand. Noko til middels verdi.
- Distinkte element: Det er få distinkte landemerke innanfor delområdet. Tradisjonell klynge- og gardsbusetnad langs fjorden, markerte kystlinjeformer og særeige vestlandsk jordbrukslandskap. Noko verdi.
- Mangfald: Delområdet har fleire landskapselement og mangfald av natur, vegetasjonstypar, jordbruk, kulturelement og friluftslivområde. Godt synleg variasjon i bruk og landformer. Middels til noko verdi.
- Særpreg: Typisk fjordnært kulturlandskap med spreidd busetnad og gardsdrift. Vanleg førekommande landskap langs kysten. Noko verdi.


- **Samanhengar:** God samanheng mellom busetnad, kulturlandskap, terrengformer og kystlinje. Busetnadsmønsteret føl historiske og naturlege strukturar. Viktige berre i lokal samanheng. Lett lesbare strukturar. Noko til middels verdi.
- **Tilhøyrsl/identitet:** Delområdet er ikkje del av Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA), eller utvalt kulturlandskap i jordbruket (UKL). Ein er ikkje kjent med at delområdet er knytt til spesielt viktige historiske hendingar, men det er registrert gravhaugar ved Slettaneset og eit busetjingsspor ved krysset mellom Høylandsbygdvegen og Slettanesvegen. Området har tydeleg lokal identitet som kyst- og jordbruksbygd. Middels verdi.
- **Visuell karakter:** Heilskapleg og balansert uttrykk med samanhengande grønt preg og strukturert spreidd busetnad. Ingen forstyrrende element innanfor delområdet. Landskapet framstår som balansert, lesbart og strukturert. Middels verdi.



5.4.3 Delområde 3 - Utmarksområde Høylandsbygd



Forhold ved landskapet	Skildring
<b>Geologi, landform og vassførekomst</b>	Delområdet omfattar utmarksområda kring Høylandsbygd, frå Mjelkevik i søraust til Landåsen og Fjellandsvika i nordvest. Området er del av område 24, 25, 41, 42, 45 og 49 i landskapsanalyse Halsnøyområdet (rapport 3/2004). Desse områda strekker seg utover delområdet, og er skildra slik i analysen:



- 24: Landåsen (210moh) er med sin regelmessige kolleform eit visuelt blikkfang. Det er eit geografisk midtpunkt på Halsnøy og bind dei ulike landskapsområda saman. Området er difor sårbart for større inngrep.
- 25: Fjelland ligg som eit nedseinka kulturlandskap og jordbruksområde mellom skogkledde åsrygger. Busetnaden er knytt til gardsbruka inst i området. Beitebakkane mellom vegen og sjøen (Fjellandsvika) er framleis opne, men er utsett for gjengroing. Bygningsmiljø og arealbruk er lite påverka av nyare inngrep. Visuelt og opplevingsmessig er dette eit særst attraktivt område med god indre samanheng og klår avgrensing mot omgjevnadene. Naustmiljøet ved sjøen har stor verdi som tradisjonelt kulturmiljø.
- 41: Dette området utgjer eit eineståande landskapsmiljø på Halsnøy. Det er forma som ei kløft med høge markerte skrentar på kvar side. Gravdalsvatnet er det sentrale midtpunktet i denne kløfta og vegen til Sjoangen smyer seg forbi vestsida av tjernet. Furuskogen omkransar heile området. I området opplever ein å vere langt vekk frå sjø og strender, sjølv om det er snakk om korte avstandar. Det er difor eit viktig bidrag til eit landskapsmessig mangfald på øya. Det er etablert rasteplass med benker langs tjernet.
- 42: Dette området utgjer eit større og variert landskapsområde der skogvegetasjon dominerer, vesentleg furu, plata granfelt og område med lauvskog. Det er fleire mindre tjern og ein del myrdrag i området. Terrenget er småkollete, nokre høgare parti er snaue for vegetasjon. Sydnessåta er den mest markerte kollen, godt synleg frå store delar av utgreiingsområdet. Nokre skogsvegar er bygd innover i området. Det er og mindre dyrkingsfelt i vestre delen. At området er samanhengande utan større vegar og utbygging har stor verdi for dyrelivet og friluftslivsbruk.
- 45: Strandlinja frå Høylandsbygd og til sørspissen mot Toftekalven har mange fine kulturlandskapskvalitetar med lune vikar, mindre gardsbruk og naustmiljø. Det er veg heilt sør til neset som gjev tilkomst til nokre hytter i området. Området har stor verdi som kulturlandskap. Mellom vegen og strandlinja bør ein vere særst varsam med ny utbygging.
- 49: Det austlege utmarksområdet på Halsnøy består av fleire koller og åsryggar med Ravnakulten i sør som det høgaste punktet (291 moh). Området er utan skogsvegar og andre moderne tiltak. Området er dominert av furuskog. Nokre mindre bekkar går gjennom delområdet. Bekkane har god økologisk tilstand og utløp til vassførekomsten Halsnøysundet-sør (id: 0260020801-C). Begge vassførekomstane ligg i økoregionen *Nordsjøen Sør* og tilhøyrer vasstypen *beskyttet kyst/fjord* (N3). I følgje Vann-nett har vassførekomsten god økologisk tilstand, men

	med låg presisjon sidan det føreligg relativt få undersøkingar. Den kjemiske tilstanden er klassifisert som dårleg på grunn av avrenning frå industri og punkturslepp av kommunalt avløpsvatn utan reinsing.
<b>Romlege forhold og skala</b>	Skogkledde åsar som dominerer landskapet i høgd og volum. Desse skapar eit slags vertikalt bakteppe som gjer at områda nærast fjorden opplevast som ein del av ei «fjordgryte». Landskapet innanfor delområdet kvelvar seg opp mot høgste toppen Ravnakulten (291 moh). Det gjev eit noko meir storskala preg.
<b>Distinkte naturelement og natursamanhengar</b>	Den delen av delområdet som omfattar Gravdal er skildra som eit «eineståande landskapsmiljø på Halsnøy» i landskapskartlegginga frå 2004. Forma som ei kløft med høge markerte skrentar på kvar side. Sjølve Gravdalstjernet som er skildra som «det sentrale midtpunktet i denne kløfta» ligg utanfor delområdet. Delområdet er elles dominert av furuskog. Elles er det få distinkte landemerke innanfor delområdet, utover Jevanbufjellet (ca. 275 moh.) og Landåsen (ca. 205 moh.) og høgaste toppen; Ravnakulten (ca. 291 moh). Dette er synlege landskapselement, men utgjer ikkje spesielt tydelege element, sett i ein større skala.
<b>Vegetasjonsdekke og vegetasjonsbruk. Aktive naturprosessar</b>	Delområdet utgjer i det vesentlege eit større og variert landskapsområde der skogvegetasjon dominerer, vesentleg furu. Skogen har varierende bonitet. Mindre myrlendte område. Det er ikkje spesiell vegetasjon med kulturelle eller historiske referansar. Det er ikkje særleg utprega naturprosessar som pregar området i dag.
<b>Arealbruk og preg av busetnad Historie og stadidentitet</b>	For det meste skogdekte åsar. Noko teknisk/arealmessig påverknad og busetnad i dalbotnen og i areala nærast sjø. Relativt få skogsvegar.
<b>Landskapskarakter</b>	NiN LA-TI-K-F-9 – Relativt Åpent fjordlandskap med bebyggelse/infrastruktur NiN LA-TI-K-F-11 - Relativt Åpent fjordlandskap med tettsted NiN La-TI-K-S-17 – Beskyttet indre kupert kystslette NiN LA-TI-I-A-27 - Middels kupert ås- og fjellandskap under skoggrensen

Landskapstypene er skildra som:

*LA-TI-K-F-9 - Relativt Åpent fjordlandskap med bebyggelse/infrastruktur*

*Landskapstypen omfattar fjordlandskap der dalformen er relativt åpen og middels sterkt nedskåret fra omkringliggende åser, fjell og/eller slettelandskap. Landskapet har et tydelig preg av menneskelig påvirkning. Mer enn 2 km<sup>2</sup> eller mer enn en fjerdedel av området har spredt bebyggelse, gårdsbruk, næringsområder, større samferdselsanlegg, flyplasser med større gressarealer, konsentrasjoner av bebyggelse eller teknisk infrastruktur i form av grender, bygder, små tettsteder, bolig og hyttefelt.*

*NiN LA-TI-K-F-11 - Relativt Åpent fjordlandskap med tettsted*

*Landskapstypen omfattar fjordlandskap der dalformen er relativt åpen og middels sterkt nedskåret fra omkringliggende åser, fjell og/eller slettelandskap. Landskapet er tydelig preget av intensiv arealbruk med et større tettsted, småby eller fritidsbebyggelse med høy bygningstetthet.*


*NiN LA-TI-K-F-17 – Beskyttet indre kupert kystslette*

*Typen omfattar landskap på den indre delen av kystsletta, ofte på innsiden av større øyer eller i kystslette innover mot fjordene som i større grad er skjermet for bølge- og vindeksponering fra åpent hav. Land-områdene har 'innlandsegenskaper' i form av forekomst av vassdrag og økt arealbruksintensitet. Områdene har bratte åser eller 'restfjell' som står høyere enn kystslettelandskapet omkring, med en brem av lavt/flatt land omkring. Områdene har lav til middels arealbruksintensitet, fra områder helt uten bebyggelse og infrastruktur til mindre grender, fiskevær, samlinger av fritidsbebyggelse og næringsvirksomhet. Større samferdselsanlegg og flyplasser med større gressarealer kan inngå. Omfanget av bebyggelse, infrastruktur og menneskelig arealbruk samvarierer oftest med eksponering mot vind og bølger fra åpent hav (landskapsgradient indre-ytre kyst).*

### NiN LA-TI-A-27 - Middels kupert ås- og fjellandskap under skoggrensen

Landskapstypen omfatter middels kupert ås- og fjellandskap med høydeforskjeller mellom 100 og 250 meter innenfor avstander på 1 km. Områdene ligger under skoggrensen, og de delene av landskapet som ikke er dominert av vann, vassdrag og våtmarker og evt. jordbruk og bebygde områder, er normalt dekket med skog. Landskapet er i liten grad preget av menneskelig aktivitet, bebyggelse og infrastruktur, selv om enkelte bygninger og linjeinngrep som veier og kraftledninger kan forekomme.


I verddivurdering av landskap i Hordaland fylke (2011) er området nærast sjø innanfor delområdet registrert med verdi 2 – vanleg førekomande landskap i Landskap i Hordaland. Området er skildra som «markert sund i sjø med tydelig relieff av skogåser. I nord er preget meir fjordbasseng med lavere relieff, hvor jordbruksbygder, industri (skipsverft) og boligfelt gir karakter til området». Størstedelen av delområdet er registrert med verdi 3 – middels verdi. Dette området er skildra som «Skogåser med enkelte rygger og knauser uten trær. Slake terrengprofiler. Enkelte skogsveger i vestre områder. Veg gjennom sprekkedal, bolighus og trad. Kulturlandskap».



Vurdering av verdikriteria i M-1941, tabell 5-2:


- **Inngrepsgrad:** Delområdet er vurdert til å vera naturprega med noko teknisk/arealmessig påverknad i dalbotnen og i areala nærast sjø. Relativt få skogsvegar. Linjeinngrep i form av kraftlinje. Middels verdi.
- **Naturvariasjon:** Landskapet innanfor delområdet er dominert av skog. Området er vurdert å vera eit naturlandskap med noko variasjon (skog, utmark, mindre myrlendte område) og det er fleire landskapstypar innanfor delområdet. Middels til stor verdi.
- **Distinkte element:** Markant kløft med høge markerte skrentar på kvar side ved Gravdal. Det er elles få distinkte landemerke innanfor delområdet, utover Jevanbufjellet (ca. 275 moh.) og Landåsen (ca. 205 moh.) og høgaste toppen; Ravnakulten (ca. 291 moh). Dette er synlege landskapselement, men utgjør ikkje spesielt tydelege element, sett i ein større skala. Busetjingsmønster typisk for norsk fjordlandskap. Middels til stor verdi.
- **Mangfald:** Landskapet består av samspel mellom natur (skog og terreng), kulturpreg i dalbotnen og strandlinja (jordbruk/busetnad/naustmiljø) og potensielle friluftsområde. Mangfald er til stades, men ikkje markant eller rikt. Middels verdi.

- **Særpreget:** Typisk norsk vestlandsk fjordlandskap. Skogkledde åsar av denne typen er vanleg førekomande. Landskapet har eit visst lokalt preg, men manglar tydelege særtrekk som skil det klårt frå tilsvarande landskap regionalt. Middels verdsett landskap langs kysten jf. verdivurdering i Hordaland 2011. Middels verdi.
- **Samanhengar:** Det kan lesast historiske og funksjonelle samanhengar mellom åsar, dalbotn og arealbruk, men desse er vurdert å primært vere av lokal betydning, ikkje regional. Noko verdi.
- **Tilhøyrslø/identitet:** Delområdet er ikkje del av Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA), eller utvalt kulturlandskap i jordbruket (UKL). Ein er ikkje kjent med at delområdet er knytt til spesielt viktige historiske hendingar. Landskapet framstår som eit typisk kvardagslandskap med lokal betydning for busetnad og bruk. Identitet lokalt, men ikkje regional eller nasjonal betydning. Noko til middels verdi.
- **Visuell karakter:** Delområdet framstår som balansert, roleg og lett lesbart, med tydeleg struktur mellom åsar og dalbotn. Det er oversiktleg og visuelt ryddig, men ikkje sterkt formgjeve eller unikt. Middels verdi.



5.4.4 Delområde 4 - Landområde Tofte, Toftåsen aust og Toftøya



Forhold ved landskapet	Skildring
<b>Geologi, landform og vassførekomst</b>	Delområdet omfattar landområda kring Tofte og Toftøvågen, samt Toftåsen. Området er del av område 17, 19, 20 og 21 i landskapsanalyse Halsnøyområdet (rapport 3/2004): 

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• 17: Landskapet kring Toftåsen utgjør eit større samanhengande naturprega område. Høgaste punkt er 195 moh. Området er dominert av skog, med ein del planta granfelt. Det er bygd ein mindre skogsveg inn i området, og det har vore uttak ein del tømmervirke, elles er det urørt av inngrep. Det gjeld også strandsona. Det ligg føre planar om å bygge ny ferjekai nord for Toftåsen. Ein tilførsleveg bør leggjast så lågt i terrenget som mogleg, utan å kome i konflikt med strandsona.</li> <li>• 19: Området ved Tofte er prega av busetnad og industri. Området ligg lunt til og strekninga mellom Toftevågen og Fjellandsvika har eit sterkt og regelmessig landskapsuttrykk. Det skrånande terrenget mellom dei markerte avgrensingane utgjør ein regelmessig boge. Ny utbygging vil kunne tilpassast det eksisterande tettstadmiljøet ved Tofte.</li> <li>• 20: Tofteøya er i hovudsak eit urørt miljø og eit markert landskapselement i bukta som strekker seg ut mellom Toftåsen og Fjelland. Holmen er skogkledd, blanding mellom lauvskog og naturleg furuskog. Det er ei hytte på holmen.</li> <li>• 21: Høgdepartiet mellom Sæbøvika og Toftevågen peikar seg ut som eit eige landskapsområde. Det oppfattast som eit platå der landbruksdrift og gardsbusetnad er mest framtrødande element. Det er og noko anna busetnad og eit skuleanlegg i området. Det er god samanheng mellom naturføresetnader og arealbruk og er ein viktig buffer mellom tettstadmiljø i Sæbøvik og Tofte.</li> </ul> <p>Ingen registrerte bekker i Vann-nett. Området har avrenning mot vassførekomsten Halsnøysundet-nord (id: 0260020802-C). Vassførekomsten ligg i økoregionen <i>Nordsjøen Sør</i> og tilhøyrer vassstypen <i>beskyttet kyst/fjord</i> (N3). I følgje Vann-nett har vassførekomsten god økologisk tilstand, men med låg presisjon sidan det føreligg relativt få undersøkingar. Den kjemiske tilstanden er klassifisert som dårleg på grunn av avrenning frå industri og punkturslepp av kommunalt avløpsvatn utan reinsing.</p>
<b>Romlege forhold og skala</b>	Området har tydelege og lett lesbare landskapsrom, der øyar, nes og åsdrag skaper meir avgrensa og skjerma rom langs kysten. Romstrukturen er logisk og godt definert av terreng og kystform.
<b>Distinkte naturelement og natursamanhengar</b>	Strandlinje, jordbruksflater og tettstadspreg langs kysten fungerer som tydelege landskapselement som bidreg til landskapskarakteren. Toftåsen utgjør eit større samanhengande naturprega område. Høgaste punkt er 195 moh. Tofteøya er i hovudsak eit urørt miljø og eit markert landskapselement i bukta som strekker seg ut mellom Toftåsen og Fjelland.
<b>Vegetasjonsdekke og vegetasjonsbruk. Aktive naturprosessar</b>	Landskapet er dominert av naturleg vegetasjon i form av skog og kystvegetasjon på åsar, nes og øyar. I låglandet og langs strandsona er vegetasjonen i stor grad påverka av menneskeleg bruk, med dyrka mark, beitemark og hage-/tunvegetasjon knytt til busetnad. Overgangen mellom naturprega område og kulturmark er tydeleg og lesbar i landskapet. Det er ikkje spesiell vegetasjon med kulturelle eller historiske referansar. Det er ikkje særleg utprega naturprosessar som pregar området i dag.
<b>Arealbruk og preg av busetnad Historie og stadidentitet</b>	Området er prega av eit tradisjonelt kyst- og jordbrukslandskap, med terrengetilpassa busetnad konsentrert langs strandsona og i lågare terreng. Jordbruksareala ligg samanhengande og på flatare parti, medan høgare og brattare område er lite utbygde og skogkledd. Fv.500 går gjennom delområdet og vidare nordover i tunnel over til Husnes. Arealbruken og busettingsmønsteret viser lange historiske linjer knytte til jordbruk, fiske og sjøbasert ferdsel. Plassering av gardstun, naust og vegar føler landskapets naturlege strukturar og vitnar om tradisjonell ressursbruk. Toftåsen og Tofteøya er nytta i friluftslivsamheng.

	Landskapet har ein tydeleg lokal stadidentitet forankra i kystkultur, bygdestruktur og samspel mellom sjø, jordbruk og busetnad. Identiteten er lett lesbar i landskapet og knytt til dagleg bruk og lokal tilhøyrse, meir enn nasjonal symbolverdi.
<b>Landskapskarakter</b>	NiN LA-TI-K-F-9 – Relativt Åpent fjordlandskap med bebyggelse/infrastruktur NiN LA-TI-K-F-17 – beskyttet indre kupert kystslette NiN LA-TI-K-S-36 – Moderat bølgeeksponert kystslette med tettsted

Landskapstypene innanfor delområdet er skildra som:

LA-TI-K-F-9 - Relativt Åpent fjordlandskap med bebyggelse/infrastruktur

Landskapstypen omfattar fjordlandskap der dalformen er relativt åpen og middels sterkt nedskåret fra omkringliggende åser, fjell og/eller slettelandskap. Landskapet har et tydelig preg av menneskelig påvirkning. Mer enn 2 km<sup>2</sup> eller mer enn en fjerdedel av området har spredt bebyggelse, gårdsbruk, næringsområder, større samferdselsanlegg, flyplasser med større gressarealer, konsentrasjoner av bebyggelse eller teknisk infrastruktur i form av grender, bygder, små tettsteder, bolig og hyttefelt.


NiN LA-TI-K-F-17 – Beskyttet indre kupert kystslette

Typen omfattar landskap på den indre delen av kystsletta, ofte på innsiden av større øyer eller i kystslette innover mot fjordene som i større grad er skjermet for bølge- og vindeksponering fra åpent hav. Landområdene har «innlandsegenskaper» i form av forekomst av vassdrag og økt arealbruksintensitet. Områdene har bratte åser eller 'restfjell' som står høyer enn kystslettelandskapet omkring, med en brem av lavt/flatt land omkring. Områdene har lav til middels arealbruksintensitet, fra områder helt uten bebyggelse og infrastruktur til mindre grender, fiskevær, samlinger av fritidsbebyggelse og næringsvirksomhet. Større samferdselsanlegg og flyplasser med større gressarealer kan inngå. Omfanget av bebyggelse, infrastruktur og menneskelig arealbruk samvarierer oftest med eksponering mot vind og bølger fra åpent hav (landskapsgradient indre-ytre kyst).

NiN LA-TI-K-S-36 – Moderat bølgeeksponert kystslette med tettsted

Typen omfattar områder på kystsletta med tilhørende grunne marine områder som ikke er direkte eksponert mot åpent hav. Sammenlignet med områder på ytre kyst, har landområdene i typen større grad har 'innlandsegenskaper' i form av større nedbørfelt, forekomst av vassdrag, økt arealbruksintensitet, m.m. Områdene har bratte åser eller 'restfjell' som står høyer enn kystslettelandskapet omkring, med en brem av lavt/flatt land omkring. Landskapet er tydelig preget av menneskelig arealbruk, med et større tettsted, småby eller konsentrasjoner av fritidsbebyggelse med høy bygningstetthet.

I verdivurdering av landskap i Hordaland fylke (2011) er den søraustlege delen av delområdet registrert med verdi 2 – vanleg førekomande landskap. Området er skildra som «markert sund i sjø med tydelig relieff av skogåser. I nord er preget meir fjordbasseng med lavere relieff, hvor jordbruksbygder, industri (skipsverft) og boligfelt gir karakter til området». Sørvestleg del av delområdet er registrert med verdi 3 – middels verdi. Dette området er skildra som «Variert fjordløp med preg av fjordmøte i ytre deler. Landskapets skala og terrengrelieff gir begrenset retningsoppfatning av fjorden. Stor variasjonsrikdom. Omfattende bebyggelse med steder som Leirvik og Utboja». Nordleg del av delområdet er registrert med verdi 4 – stor verdi. Området er skildra som «Fjordbasseng med stort innslag av holmer og små øyer. Markerte viker omkranset av rike jordbruksarealer på moreneryggene. Sterk kulturhistorisk karakter med Halsnøy kloster og kirkeanlegg».



Vurdering av verdikriteria i M-1941, tabell 5-2:

- **Inngrepsgrad:** Området kring Tofte og Toftøvågen er tydeleg prega av busetnad, vegnett, jordbruk og kystrelatert infrastruktur. Naturpreget er underordna menneskeleg aktivitet. Samstundes framstår området som eit samanhengande naturprega område på Toftøya med høgdedraget kring Toftåsen. Middels verdi.
- **Naturvariasjon:** Landskapet inneheld fleire landskapstypar innanfor eit relativt avgrensa område (ope kystlandskap, øyar, skjergard, jordbruksflater, skogkledde åsar og høgdedrag). Middels verdi.
- **Distinkte element:** Strandlinje, jordbruksflater og tettstadspreg langs kysten fungerer som tydelege landskapselement som bidreg til landskapskarakteren. Toftåsen utgjør eit større samanhengande naturprega område. Høgaste punkt er 195 moh. Toftøya er i hovudsak eit urørt miljø og eit markert landskapselement i bukta som strekker seg ut mellom Toftåsen og Fjelland. Køyreveg og tunellinnslag, samt industriområdet i Toftøvågen er tydelege menneskeleg element i området. Middels verdi.
- **Mangfald:** Delområdet har fleire landskapselement og mangfald av natur, vegetasjonstypar, jordbruk, kulturelement og friluftslivområde. Godt synleg variasjon i bruk og landformer. Middels verdi.
- **Særpreg:** Typisk fjordnært kulturlandskap med spreidd og stadvis tett busetnad og gardsdrift. Vanleg førekommande landskap langs kysten. Delområdet er omfatta av landskapsområde med middels og stor verdi, jf. verdivurdering Hordaland 2011. Middels verdi.
- **Samanhengar:** God samanheng mellom busetnad, gardsstruktur, kulturlandskap, terrengformer, kystlinje og ferdslø (sambinding mellom øyar og fastland). Busetnadsmonsteret føl historiske og naturlege strukturar. Lett lesbare strukturar. Middels verdi.
- **Tilhørsle/identitet:** Delområdet er ikkje del av Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA), eller utvalt kulturlandskap i jordbruket (UKL). Ein er ikkje kjent med at delområdet er knytt til spesielt viktige historiske hendingar, men det er registrert fleire automatisk freda kulturminne innanfor delområdet. Området har tydeleg lokal identitet som kyst- og jordbruksbygd. Noko til middels verdi.
- **Visuell karakter:** Landskapet framstår strukturert og lesbart, med tydeleg formgjeving gjennom terreng, jordbruksflater, busetjingsmonster og kystlinje. Heilskapen gir eit godt samla visuelt totalinntrykk, men utan bevisst arkitektonisk formgjeving. Middels verdi.



#### 5.4.5 Delområde 5 - Sjøområda Høylandssundet, inkludert sjødelen av planområdet



Forhold ved landskapet	Skildring
<b>Geologi, landform og vassførekomst</b>	<p>Delområdet omfattar sjøområdet innanfor planområdet, i tillegg til sjøområde i områda kring planområdet med innsyn til planområdet som strekker seg frå der Høylandssundet møter Skånevikfjorden i søraust til Kolsøya i nordvest. Ein mindre del av delområdet inngår område 18 i landskapsanalyse Halsnøyområdet (rapport 3/2004). Område 18 omfattar Lauvøyene og Kolsøya og er skildra slik i analysen:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• 18: Dei karakteristiske holmane nordaust for Toftåsen er viktige landskapselement og har stor verdi for rekreasjon og friluftsliv. Det er nokre hytter på holmane og eit naturreservat med ferdslerestriksjonar i periodar av året. Ein bør vere restriktiv med nye byggetiltak.</li> </ul> <p>Størstedelen av delområdet er del av Høylandssundet, ytre fjordbygder på Vestlandet, middels breie fjordløp, med verdi vanleg førekommande landskap i lokal samanheng.</p> <p>Delområdet omfattar vassførekomstane Høylandssundet-nord (id: 0260020802-C) og Høylandssundet-sør (id: 0260020801-C). Begge vassførekomstane ligg i økoregionen Nordsjøen Sør og tilhøyrer vasstypen beskyttet kyst/fjord (N3). I følgje Vann-nett har vassførekomstane god økologisk tilstand, men med låg presisjon sidan det føreligg relativt få undersøkingar. Den kjemiske tilstanden er klassifisert som dårleg på grunn av avrenning frå industri og punkturslepp av kommunalt avløpsvatn utan reinsing.</p>
<b>Romlege forhold og skala</b>	<p>Definert romleg avgrensing og god visuell kontakt mellom fjordsidene. Ca. 1 km på det smalaste. Bratte fjordsider med flatare sone langs fjordkanten på begge sider av fjorden. Fleire små holmar og skjer.</p>

<b>Distinkte naturelement og natursamanhengar</b>	Karakteristiske holmar nordaust for Toftåsen, samt halvøya Indre Valøya og øya Ytre Valøya (som kan nåast til fots ved fjære sjø) med stor verdi for rekreasjon og friluftsliv.
<b>Vegetasjonsdekke og vegetasjonsbruk. Aktive naturprosessar</b>	Delområdet består for det meste av sjøområde. Undersjøisk tunnel frå Halsnøy over til Sunde. Skogkledde holmar med høg bonitet. Det er ikkje spesiell vegetasjon med kulturelle eller historiske referansar. Det er ikkje særleg utprega naturprosessar som pregar området i dag.
<b>Arealbruk og preg av busetnad Historie og stadidentitet</b>	Det er busetnad, fritidsbustader, naustområde og industri i kringliggjande område, men ingen kjende element av historie og stadidentitet innanfor delområdet. Området er aktivt i bruk som farlei. Det er eit ankringsområde nord for planområdet (Høylandbygd), og bileia Høylandssundet går i kant med planområdet i aust. Bileia går mellom planområdet og navigasjonsinnretninga på Hillestadholmen. Halsnøy Dokk AS som ligg innanfor planområdet er klassifisert som ISPS-hamn (hamnenummer NOKVH-0009).
<b>Landskapskarakter</b>	NiN LA-TI-K-F-9 – Relativt Åpent fjordlandskap med bebyggelse/infrastruktur NiN LA-TI-K-F-4 – Åpent fjordlandskap med tettsted NiN LA-TI-K-S-29 – Moderat bølgeeksponert småkupert kystslette med tettsted NiN LA-TI-K-F-8 - Relativt Åpent fjordlandskap NiN LA-TI-K-F-11 - Relativt Åpent fjordlandskap med tettsted

Landskapstypene er skildra som:

*LA-TI-K-F-9 - Relativt Åpent fjordlandskap med bebyggelse/infrastruktur*

*Landskapstypen omfattar fjordlandskap der dalformen er relativt åpen og middels sterkt nedskåret fra omkringliggende åser, fjell og/eller slettelandskap. Landskapet har et tydelig preg av menneskelig påvirkning. Mer enn 2 km<sup>2</sup> eller mer enn en fjerdedel av området har spredt bebyggelse, gårdsbruk, næringsområder, større samferdselsanlegg, flyplasser med større gressarealer, konsentrasjoner av bebyggelse eller teknisk infrastruktur i form av grender, bygder, små tettsteder, bolig og hyttefelt.*

*NiN LA-TI-K-F-4 - Åpent fjordlandskap med tettsted*

*Landskapstypen omfattar fjordlandskap der dalformen er vid og åpen, med en gradvis og slak overgang til omkringliggende åser, fjell og/eller slettelandskap. Landskapet er tydelig preget av intensiv arealbruk med et større tettsted, småby eller fritidsbebyggelse med høy bygningstetthet.*

*NiN LA-TI-K-S-29 – Moderat bølgeeksponert småkupert kystslette med tettsted*

*Typen omfattar områder på kystsletta med tilhørende grunne marine områder som ikke er direkte eksponert mot åpent hav. Sammenlignet med områder på ytre kyst, har landområdene i typen større grad har 'innlandsegenskaper' i form av større nedbørfelt, forekomst av vassdrag, økt arealbruksintensitet, m.m. Områdene hører til den mer kupert delen av kystsletta med vekslende terreng over og under havnivå. Landskapet er tydelig preget av menneskelig arealbruk, med et større tettsted, småby eller konsentrasjoner av fritidsbebyggelse med høy bygningstetthet.*


*NiN LA-TI-K-F-8 - Relativt Åpent fjordlandskap*

*Landskapstypen omfattar fjordlandskap der dalformen er relativt åpen og middels sterkt nedskåret fra omkringliggende åser, fjell og/eller slettelandskap. Landskapet er i liten grad preget av menneskelig aktivitet, bebyggelse og infrastruktur, selv om enkelte bygninger og linjeinngrep som veier og kraftledninger kan forekomme.*

*NiN LA-TI-K-F-11 - Relativt Åpent fjordlandskap med tettsted*

*Landskapstypen omfattar fjordlandskap der dalformen er relativt åpen og middels sterkt nedskåret fra omkringliggende åser, fjell og/eller slettelandskap. Landskapet er tydelig preget av intensiv arealbruk med et større tettsted, småby eller fritidsbebyggelse med høy bygningstetthet.*

I verdivurdering av landskap i Hordaland fylke (2011) er det meste av registrert med verdi 2 – vanleg førekomande landskap i Landskap i Hordaland. Området er skildra som «*markert sund i sjø med tydelig relieff av skogåser. I nord er preget meir fjordbasseng med lavere relieff, hvor jordbruksbygder, industri (skipsverft) og boligfelt gir karakter til området*». Ein mindre del av delområdet i sør er registrert med verdi 3 – middels verdi. Dette området er skildra som «*Variert fjordløp med preg av fjordmøte i ytre deler. Landskapets skala og terrengrelieff gir begrenset retningsoppfatning av fjorden. Stor variasjonsrikdom. Omfattende bebyggelse med steder som Leirvik og Utbjoa*». Vidare er ein mindre del av delområdet i nord registrert med verdi 4 – Stor verdi. Området er skildra som «*Fjordbasseng med stort innslag av holmer og små øyer. Markerte vikar omkranset av rike jordbruksarealer på moreneryggene. Sterk kulturhistorisk karakter med Halsnøy kloster og kirkeanlegg*».



Vurdering av verdikriteria i M-1941, tabell 5-2:

- **Inngrepsgrad:** Delområde 5 er vurdert til å vera naturprega, men med menneskeleg aktivitet, busetnad, industri og infrastruktur i tilgrensande område på land. Middels verdi.
- **Naturvariasjon:** Landskapet innanfor delområdet er dominert av sjøområde med enkelte skogkledde holmar. Det er fleire landskapstypar innanfor delområdet. Noko til middels verdi.
- **Distinkte element:** Karakteristiske holmar nordaust for Toftåsen, samt halvøya Indre Valøya og øya Ytre Valøya med stor verdi for rekreasjon og friluftsliv. Middels verdi.
- **Mangfald:** Sjøområdet er eit relativt smal sund i sør og større basseng i nord. Sjøområdet har eit samspel med landsida der det er varierande bruk/inngrep og eit mangfald av natur- og jordbruksområde. I sjølve sjøområdet er mangfald er til stades, men ikkje markant eller rikt. Middels til noko verdi.
- **Særpreg:** Typisk norsk vestlandsk fjordlandskap. Sund av denne typen er vanleg førekomande. Landskapet har eit visst lokalt preg, men manglar tydelege særtrekk som skil det klårt frå tilsvarende landskap regionalt. Noko verdi.
- **Samanhengar:** Det kan lesast historiske og funksjonelle samanhengar sjøområdet og tilgrensande landområde, men desse er vurdert å primært vere av lokal betydning, ikkje regional. Middels til noko verdi.
- **Tilhøyrslidantitet:** Delområdet er ikkje del av Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA), eller utvalt kulturlandskap i jordbruket (UKL). Ein er ikkje kjent med at delområdet er knytt til spesielt viktige historiske hendingar, utover at det er ei mykje nytta ferdselsårse sjøvegen. Landskapet framstår som eit typisk kvardagslandskap med lokal betydning for busetnad og bruk. Delområdet i seg sjølv har få markerte landskapselement eller kulturhistoriske strukturar som åleine gir sterk identitet. Identiteten er i stor grad

knytt til funksjon og bruk – som farlei, ankringsområde og hamne-/industriområde. Identitet lokalt, men ikkje regional eller nasjonal betydning. Noko til middels verdi.

- **Visuell karakter:** Delområdet har ein relativt open og oversiktleg visuell karakter, prega av eit middels breitt sund/fjordløp med god innsyns- og utsynssamanheng på tvers og langs fjordretninga. Landskapet opplevast som ryddig og lesbart, med klar struktur mellom sjøflate, holmar og fjordsider. Middels verdi.



#### 5.4.6 Delområde 6 - Landsida fastlandet



Forhold ved landskapet	Skildring
<b>Geologi, landform og vassførekomst</b>	<p>Delområdet omfattar fastlandsområda på nord- og austsida av Høylandssundet som ligg innanfor influensområdet og som har innsyn til planområdet. Delområdet omfattar tettstadene Valen og Sandvoll og strekkjer seg frå Toraksla og Klubben i nord til Ølfernes i sør. Området ligg i eit typisk vestnorsk kystlandskap som vender seg landskapsmessig mot Høylandssundet og Halsnøya på andre sida av sundet. Landforma er eit tydeleg og lett lesbart fjordlandskap med markerte, bratte fjordsider som gir sterk romleg avgrensing mot sjøen.</p> <p>Erslandvatnet ligg innanfor delområdet. Fleire bekker renn gjennom delområdet med utløp til vassførekomstane Halsnøysundet-nord (id: 0260020802-C) og Halsnøysundet-sør (id: 0260020801-C). Begge vassførekomstane ligg i økoregionen <i>Nordsjøen Sør</i> og tilhøyrer vasstypen <i>beskyttet kyst/fjord</i> (N3). I følge Vann-nett har vassførekomstane god økologisk tilstand, men med låg presisjon sidan det føreligg relativt få undersøkingar. Den kjemiske tilstanden er klassifisert som dårleg på grunn av avrenning frå industri og punkturslepp av kommunalt avløpsvatn utan reinsing.</p>
<b>Romlege forhold og skala</b>	<p>Landskapet opplevast som halvope til ope i låglandet, med relativt vide utsyn mot sjøen, medan fjellsidene skapar ei sterk romleg avgrensing bakover. Lågare åsar, lisider og daldrag fungerer som overgangssoner mellom fjell og busetnad. Busetnaden følgjer terrenget og bevarer eit småskala, menneskeleg preg. På land</p>

	framstår området som eit storskala kyst- og fjordlandskap, der menneskelege inngrep har liten påverknad på den romlege hovudstrukturen. Skalaen er gjennomgåande stor, med mindre lommer av småskala aktivitet i kystsona, noko som gir eit landskap med tydeleg identitet og sterk romleg samanheng.
<b>Distinkte naturelement og natursamanhengar</b>	Toppene Vikefjell, Åsane, Brandseggja og Vardaheia er døme på høgare toppar innanfor delområdet som utgjer synlege landskapselement, men desse utgjer ikkje spesielt tydelege element, sett i ein større skala.
<b>Vegetasjonsdekke og vegetasjonsbruk. Aktive naturprosessar</b>	Jordbruksområde kring etablerte tettstader og bygder innanfor delområdet. Furudominert skog i særleg del av delområdet. Terrenget innanfor delområdet er kupert og delvis med myrdrag. Det er ikkje spesiell vegetasjon med kulturelle eller historiske referansar. Det er ikkje særleg utprega naturprosessar som pregar området i dag.
<b>Arealbruk og preg av busetnad Historie og stadidentitet</b>	Arealbruken er tydeleg konsentrert til lågare og flatare terreng langs kysten, kor naturgjevne føresetnader har lagt til rette for busetnad og jordbruk. Valen framstår som ein samanhengande tettstad med hovudtyngde i strandsona og i svakt hellande terreng innover. Her er busetnaden relativt tett samanlikna med kringliggjande område, men har framleis eit småskala preg. Også høgare konsentrasjon av busetnad og jordbruk kring Sandvoll. Vegnettet føl terrenget og kystlinja, og bind saman busetnad, jordbruksareal og nabobygder.  Fleire automatisk freda kulturminne og SEFRAK-registrerte bygningar innanfor delområdet. T.d. ligg Valen sjukehus (kulturminneID: 148699) i utkanten av tettstaden Valen, og tettstaden er i stor grad bygd opp kring arbeidsplassane her. Del av den Stavangerske postvei mellom Bergen og Stavanger går gjennom delområdet.
<b>Landskapskarakter</b>	NiN LA-TI-K-F-4 – Åpent fjordlandskap med tettsted NiN LA-TI-K-F-9 – Relativt Åpent fjordlandskap med bebyggelse/infrastruktur NiN LA-TI-K-F-11 - Relativt Åpent fjordlandskap med tettsted NiN LA-TI-I-A-40 - Kupert ås- og fjellandskap under skoggrensen NiN LA-TI-I-A-27 - Middels kupert ås- og fjellandskap under skoggrensen NiN LA-TI-I-D-65 – Nedskåret dallandskap under skoggrensen

Landskapstypene er skildra som:

NiN LA-TI-K-F-4 - Åpent fjordlandskap med tettsted

Landskapstypen omfattar fjordlandskap der dalformen er vid og åpen, med en gradvis og slak overgang til omkringliggende åser, fjell og/eller slettelandskap. Landskapet er tydelig preget av intensiv arealbruk med et større tettsted, småby eller fritidsbebyggelse med høy bygningstetthet.

LA-TI-K-F-9 - Relativt Åpent fjordlandskap med bebyggelse/infrastruktur

Landskapstypen omfattar fjordlandskap der dalformen er relativt åpen og middels sterkt nedskåret fra omkringliggende åser, fjell og/eller slettelandskap. Landskapet har et tydelig preg av menneskelig påvirkning. Mer enn 2 km<sup>2</sup> eller mer enn en fjerdedel av området har spredt bebyggelse, gårdsbruk, næringsområder, større samferdselsanlegg, flyplasser med større gressarealer, konsentrasjoner av bebyggelse eller teknisk infrastruktur i form av grender, bygder, små tettsteder, bolig og hyttefelt.

NiN LA-TI-K-F-11 - Relativt Åpent fjordlandskap med tettsted

Landskapstypen omfattar fjordlandskap der dalformen er relativt åpen og middels sterkt nedskåret fra omkringliggende åser, fjell og/eller slettelandskap. Landskapet er tydelig preget av intensiv arealbruk med et større tettsted, småby eller fritidsbebyggelse med høy bygningstetthet.

NiN LA-TI-I-A-40 - Kupert ås- og fjellandskap under skoggrensen

Landskapstypen omfattar kupert ås- og fjellandskap med høydeforskjeller større enn 250 meter innanfor avstander på 1 km. Områdene ligger under skoggrensen, og de delene av landskapet som ikke er dominert av

vann, vassdrag og våtmarker og evt. jordbruk og bebygde områder, er normalt dekket med skog. Landskapet er i liten grad preget av menneskelig aktivitet, bebyggelse og infrastruktur, selv om enkelte bygninger og linjeinngrep som veier og kraftledninger kan forekomme.


NiN LA-TI-I-A-27 - Middels kupert ås- og fjellandskap under skoggrensen

Landskapstypen omfatter middels kupert ås- og fjellandskap med høydeforskjeller mellom 100 og 250 meter innenfor avstander på 1 km. Områdene ligger under skoggrensen, og de delene av landskapet som ikke er dominert av vann, vassdrag og våtmarker og evt. jordbruk og bebygde områder, er normalt dekket med skog. Landskapet er i liten grad preget av menneskelig aktivitet, bebyggelse og infrastruktur, selv om enkelte bygninger og linjeinngrep som veier og kraftledninger kan forekomme.

NiN LA-TI-I-D-65 - Nedskåret dallandskap under skoggrensen

Landskapstypen omfatter dallandskap der dalformen er smal og dypt nedskåret fra omkringliggende åser, fjell og/eller slettelandskap. Områdene ligger under skoggrensen, og de delene av landskapet som ikke er dominert av vann, vassdrag og våtmarker og evt. jordbruk og bebygde områder, er normalt dekket med skog. Områdene har mindre tydelig innsjøpreg, og ingen vann/innsjøer som er større enn 2 km<sup>2</sup>. Områdene har normalt både elver og mindre innsjøer. Landskapet er i liten grad preget av menneskelig aktivitet, bebyggelse og infrastruktur, selv om enkelte bygninger og linjeinngrep som veier og kraftledninger kan forekomme.

I verdivurdering av landskap i Hordaland fylke (2011) er området nærast sjø innanfor delområdet registrert med verdi 2 – vanleg førekomande landskap i Landskap i Hordaland. Området er skildra som «markert sund i sjø med tydelig relieff av skogåser. I nord er preget meir fjordbasseng med lavere relieff, hvor jordbruksbygder, industri (skipsverft) og boligfelt gir karakter til området». Resterande del av delområdet (lengst i nord) er registrert med verdi 4 – stor verdi. Dette området er skildra som «Fjordbasseng med stort innslag av holmer og små øyer. Markerte viker omkranset av rike jordbruksarealer på moreneryggene. Sterk kulturhistorisk karakter med Halsnøy kloster og kirkeanlegg».



Vurdering av verdikriteria i M-1941, tabell 5-2:

- **Inngrepsgrad:** Delområdet er vurdert til å vera naturprega med spreidd busetnad og infrastruktur med relativt konsentrert bustadutbygging i områda kring tettstadene Valen og Sandvoll. Sørleg del av delområdet har større samanhengande naturpreg med spreidd utbygging og infrastruktur. Noko til middels verdi.


- Naturvariasjon: Området er vurdert å vera eit naturlandskap med relativt stor variasjon over korte avstandar (strandsone, skog, utmark, jordbruksområde og mindre myrlendte område) og det er seks landskapstypar innanfor delområdet. Middels verdi.
- Distinkte element: Synlege landskapselement innanfor delområdet er Vikefjell, Åsane, Brandseggja og Vardaheia, men desse utgjør ikkje spesielt tydelege element, sett i ein større skala. Busetningsmønster typisk for norsk fjordlandskap. Noko verdi.
- Mangfald: Delområdet har mange landskapselement og mangfald av natur, vegetasjonstypar, jordbruk, kulturelement, tettstader og bygder. Godt synleg variasjon i bruk og landformer. Middels verdi.
- Særpreg: Typisk norsk vestlandsk fjordlandskap. Skogkledde åsar av denne typen er vanleg førekomande. Landskapet har eit visst lokalt preg, men manglar tydelege særtrekk som skil det klårt frå tilsvarande landskap regionalt. Hovudsakleg vanleg førekommande landskap langs kysten jf. verdivurdering i Hordaland 2011. Noko verdi.
- Samanhengar: Tydeleg samanheng mellom naturformer, gamle ferdselslinjer (vegar), busetnad langs fjorden, kulturlandskap og fjell. Lett lesbare strukturar. Middels verdi.
- Tilhøyrse/identitet: Planområdet er ikkje del av Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA), eller utvalt kulturlandskap i jordbruket (UKL). Valen sjukehus er i Kulturminnesøk vurdert å ha stor betydning som arkitektur- og helsehistorisk typisk døme på psykiatriske sjukehus etablert tidleg på 1900-talet. Sjukehuset var det første psykiatriske sjukehuset i fylket og det første utanfor byane på Vestlandet, og har hatt ein viktig regional betydning som drivkraft i utviklinga av tettstaden Valen. Stor til middels verdi.
- Visuell karakter: Delområdet framstår som balansert, lesbart, oversiktleg og med tydeleg struktur mellom kystlinje, åsar og dalbotn. Det er oversiktleg og visuelt ryddig, men ikkje sterkt formgjeve eller unikt. Middels verdi.



#### 5.4.7 Samla verdivurdering

Tabell 7: Registrerte delområde med verdi for landskap

Delområde	Verdi
1: Del av Høylandsbygd, areala nærast planområdet, inkludert nordleg del av planområdet på land	Noko
2: Del av Høylandsbygd, jordbruks- og bustadområde, inkludert vegareal i planområdet	Middels
3: Utmarksområde Høylandsbygd	Middels
4: Landområde Tofte, Toftåsen aust og Toftøya	Middels
5: Sjøområda Høylandssundet, inkludert sjødelen av planområdet	Middels
6: Landsida fastlandet	Middels



Figur 25 Verdikart tema landskap. Dei seks delområda er talfesta i kartet.

## 5.5 Verknad

Konsekvensutgreiinga er gjennomført for planalternativet, som er skildra i kap. 1.2.3 i denne rapporten og kap. 5 i planomtalen. Nullalternativet er skildra i kap. 1.2.2 i denne rapporten. Når ein har vurdert tiltaket sin påverknad på dei ulike delområda, har ein lagt til grunn maksimalt uttak av massar/størst mogleg inngrep, maksimal utfylling i sjø og maksimal byggjehøgdd for minst eitt bygg innanfor dei ulike delområda. Prinsippskissa som er utarbeidd og synt i Figur 2 er lagt til grunn for vurderingane og utarbeiding av 3d-illustrasjonane.

For å kunne vurdere omfang og konsekvens av tiltaka har ein studert tilgjengelege kartdata og det er vidare teke utgangspunkt i 3D-visualiseringar frå ulike ståstader innanfor delområda. Ein har nytta dataprogrammet Infracore for å lage visualiseringane, samt Archi-CAD og Twinmotion. Illustrasjonane gir eit inntrykk av korleis eit ferdig utbygd næringsområde kan sjå ut, men er ikkje juridisk bindande. Ikkje alle visualiseringane viser vegetasjon og/eller komplett bakanforliggjande terreng, og område med tre og tett vegetasjon vil såleis kunne ha mindre innsyn enn det som går fram av illustrasjonane. Figur 26 viser kva høgder som er nytta på tenkte bygg i næringsområdet i illustrasjonane.



Figur 26: Illustrasjon som viser mogleg utforming av næringsområdet og kva høgder som er nytta på bygga i illustrasjonane som følgjer nedanfor. På grunn av avgrensingar i modellen manglar noko bakgrunnslandskap.

Vidare har ein lagt til grunn synlegheitsanalysa, som går fram av Figur 23. Denne modellen tek berre utgangspunkt i overordna topografi, og tek ikkje omsyn til vegetasjon, bygg, avstand eller småskala topografiske forhold. Avstand, sikt, lysforhold (årstid, tid på døgeret) og vêr vil vere avgjerande for kor synleg tiltaket er frå dei ulike delane av delområda til ei kvar tid. Planområdet og dei planlagde tiltaka vil såleis vera mindre synleg i realiteten enn det som viser på kartet.

#### Verknad av tiltaka – Planalternativet


Planlagde inngrep og utbygging i planområdet vil gjere området meir synleg enn dagens situasjon. Ei utviding av eksisterande næringsområde vil medføre større arealbeslag, meir omfattande arealbruk og planen vil opne for høgare bygg enn dagens bygde situasjon. Ettersom planområdet ligg på eit nes, er det innsyn til området frå alle kantar, men området er mest synleg frå større avstandar mot nord og aust. Dette går også fram av synlegheitsanalysa og spegla i delområda som er definert for fagtemaet. Planframlegget omfattar også utviding av eksisterande tilkomstveg med fortau og etablering av kantstopp for buss, men dette er så små tiltak at dei ikkje er gjort synleg i synlegheitsanalysa.

Med det omfanget av inngrep og utbygging som planen legg opp til, vil landskapskarakteren i området verta noko endra i høve til i dag. Ein vurderer likevel at ny utbygging i hovudsak ikkje vil kome i vesentleg konflikt med eksisterande arealbruk og landskapskarakter. Det er i tilhøyrande føresegner og plankart lagt føringar på m.a. utnyttingsgrad, byggehøgde og byggjegranser, samt at enkeltområde er regulert til vegetasjonsskjerm som tek i vare dagens terreng og skjermar deler av næringsområda frå nærliggjande busetnad. Saman med eksisterande terreng som skal takast vare på er desse føringane med på å dempe nær- og fjernverknaden. Planframlegget regulerer i stor grad område som allereie i dag er planerte og tekne i bruk, men det opnar for ei utviding av det eksisterande næringsområdet i søraust som vil gje større terrenginngrep/skjerjingar opp mot ca. 30 meter i terrenget sør for eksisterande dokk og ved planlagd ny dokk. Den høge skjeringa vil delvis verta skjult bak planlagd dokk med overbygg. Det er skjeringar opp mot 23 meter i bakkant av det eksisterande næringsområdet i dag som er godt synlege for omgjevnadene, spesielt i frå sjø.

Vidare opnar planen for ei større utfylling i sjø for landvinning og utviding av det eksisterande næringsområdet. Dette medfører at næringsområdet får ei større utstrekning og kan opplevast som meir dominerande i landskapet.




Figur 27: Eksisterende næringsområde sett frå lufta i frå vest. 3d-kommunekart.



Figur 28: Illustrasjon som viser mogleg utforming av næringsområdet, sett frå lufta i frå vest. På grunn av avgrensingar i modellen manglar noko bakgrunnslandskap.




Figur 29: Eksisterende næringsområde sett frå lufta i aust. 3d-kommunekart.



Figur 30: Illustrasjon som viser mogleg utforming av næringsområdet, sett frå lufta i frå aust. På grunn av avgrensingar i modellen manglar noko bakgrunnslandskap.




Figur 31: Bilete som viser eksisterande dokk og fjellskjering i bakkant (delområde 1).



Figur 32: Landskapssnitt som viser planlagd dokk med overbygg og skjering i bakkant (delområde 1).



Figur 33: Utsikt mot det eksisterende industriområdet innenfor planområdet fra parkeringsplass vest for gbnr. 202/80 (delområde 1).



Figur 34: Illustrasjon som viser mulig utforming av næringsområdet for utbyggingsalternativet, sett fra parkeringsplass vest for gbnr. 202/80 (delområde 1). På grunn av avgrensingar i modellen manglar noko bakgrunnslandskap.



*Figur 35: Utsikt mot planområdet fra bustadfelt ved Langeset i dag (delområde 1).*



*Figur 36: Illustrasjon som viser mogleg utforming av næringsområdet for utbyggingsalternativet. Nærverknad fra bustadfelt Langeset i vest (delområde 1).*



Figur 37: Utsikt frå registrert friluftsområde i aust, Slettaneset (delområde 1 og 2) mot det eksisterande industriområdet (lengst vekk i biletet) innanfor planområdet.



Figur 38: Illustrasjon som viser mogleg utforming av næringsområdet for utbyggingsalternativet, sett frå registrert friluftsområde i aust, Slettaneset (delområde 1 og 2). I denne illustrasjonen har ein også teke med eit bygg innanfor NÆ6 som er plassert heilt i byggjegransa mot sjø med maks. kotehøgde (kote +20).



Figur 39: Utsikt mot planområdet fra gbnr. 202/15 i dag (delområde 2).




Figur 40: Illustrasjon som viser mulig utforming av næringsområdet for utbyggingsalternativet, sett fra gbnr. 202/15 (delområde 2). På grunn av avgrensingar i modellen manglar noko bakgrunnslandskap.



Figur 41: Utsikt mot planområdet fra Slettanesvegen i dag (delområde 2).



Figur 42: Illustrasjon som viser mulig utforming av næringsområdet for utbyggingsalternativet, sett fra Slettanesvegen søraust for Hillestadvågen (delområde 2). På grunn av avgrensingar i modellen manglar noko bakgrunnslandskap.




Figur 43: Utsikt mot planområdet fra Ravnakulten (delområde 3). Det er lite innsyn til området fra Ravnakulten. 3d-kommunekart.



Figur 44: Utsikt mot planområdet fra Svartaberg (delområde 3). 3d-kommunekart.




Figur 45: Illustrasjon som viser mulig utforming av næringsområdet for utbyggingsalternativet, sett fra Svartaberg (delområde 3).



Figur 46: Utsikt mot planområdet fra Fjellandsneset (delområde 3). 3d-kommunekart.




Figur 47: Illustrasjon som viser mulig utforming av næringsområdet for utbyggingsalternativet, sett fra Fjellandsneset (delområde 3).



Figur 48: Utsikt mot planområdet fra eksisterende fritidsbustad på gbnr. 196/33 på Toftøya (delområde 4). 3d-kommunekart.



Figur 49: Illustrasjon som viser mulig utforming av næringsområdet for utbyggingsalternativet, sett fra Toftøya (delområde 4).




Figur 50: Utsikt mot planområdet fra Toftåsen (delområde 4). 3d-kommunekart.



Figur 51: Utsikt mot det eksisterende industriområdet innanfor planområdet fra nord i dag (delområde 5). 3d-kommunekart




Figur 52: Illustrasjon som viser mogleg utforming av næringsområdet for utbyggingsalternativet, sett fra nord (delområde 5).



Figur 53: Utsikt mot det eksisterende industriområdet innanfor planområdet frå aust i dag. 3d-kommunekart (delområde 5).




Figur 54: Illustrasjon som viser mogleg utforming av næringsområdet for utbyggingsalternativet, sett frå aust (delområde 5).



Figur 55: Utsikt mot det eksisterende industriområdet innanfor planområdet frå vest i dag. 3d-kommunekart (delområde 5).



Figur 56: Illustrasjon som viser mogleg utforming av næringsområdet for utbyggingsalternativet. Fjernverknad frå sjø i nord (delområde 5).



Figur 57: Utsikt frå Kringleneset på Ersland om lag 1,2 km frå planområdet i dag. 3d-kommunekart (delområde 6).



Figur 58: Fjernverknad: Utsikt frå fv.548 og bustader på Valen (delområde 6). Planområdet er markert med blått. Google maps.

I det følgjande er påverknaden på dei ulike delområda vurdert. Vi har nytta Tabell 2 Påvirkningstabell for landskap i kap. 5.6.1 i M-1941 for å vurdere påverknaden av planlagde tiltak på delområda. Det er berre permanente tiltak som er aktuelt i planforslaget, og som såleis er vurdert her.


#### 5.5.1 Delområde 1 - Del av Høylandsbygd, areala nærast planområdet, inkludert nordleg del av planområdet på land

Delområde	Verdi	Påverknad
1) Del av Høylandsbygd, areala nærast planområdet, inkl. nordleg del av planområdet på land	Noko verdi	<p><i>Synlegheit</i></p> <p>Viser til illustrasjonar i Figur 27 - Figur 38. Tiltak ihht. planframlegget vil medføre direkte arealbeslag og nedbygging i delar av delområdet. Synlegheitsanalyse viser at det er innsyn til planområdet frå så å seie heile delområdet, ettersom planområdet ligg på eit nes. Høgare bygg og auka storleik på næringsområdet medfører noko auka synlegheit i høve til i dag. Området som skal byggjast ut er allereie sterkt påverka av menneskeleg aktivitet og det er allereie store synlege terrenginngrep i bakkant av eksisterande industriområde som er spesielt godt synlege frå sjø i nord og delvis frå vest. Eksisterande bustader like aust for planområdet ligg i stor grad skjerma for direkte innsyn til næringsområdet i dag, på grunn av eksisterande vegetasjon mellom tiltaksområdet og bustadane. Dette vil framleis vere situasjonen etter utbygging, sjølv om planalternativet opnar for at næringsområdet kan utvidast i søraustleg retning. Næringsområdet er godt synleg frå bustader som vender seg mot Hillestadvågen på Langaneset. Som Figur 35 og Figur 36 viser så er dette også tilfellet i dag. Forringa.</p> <p><i>Fragmentering</i></p> <p>Planframlegget vil ikkje bryte med landskapssamanhengar eller kvalitetar knytt til heilskap eller struktur. Landskapet vert ikkje brote, og utfylling i sjø og etablering av bygningar på neset vil framheve det som eit element i landskapet. Tiltaka vil medføre noko forringing av kvalitetar, samstundes som landskapet sin lesbarheit ikkje vert vesentleg endra i høve til i dag. Samla for tema fragmentering inneber planframlegget ei noko forringa situasjon. Noko forringa.</p>

	<p><i>Skala</i></p> <p>Det vil verta eit større næringsområde enn dagens situasjon, som medverkar til at næringsområdet vert noko meir dominant i lokal skala, samanlikna med i dag. Nye bygningar og terrenginngrep vil verta synlege frå lengre avstandar. I den søraustlege delen av næringsområdet vil det verta ei ny skjering på opp mot 30 meter, noko som vil visa igjen i landskapet. Deler av bygningsmassen vil kunne dekke dei høge skjeringane. Ifht. dagens situasjon er det opna for høgare bygg og meir utfylling i sjø. Dette medfører at næringsområdet vil dominere i delområdet. Dette er til dels ikkje tilpassa landskapet sin skala. Høgare bakanforliggjande terreng hindrar i stor grad uheldige silhuettverknader. Foringa.</p> <p><i>Formgjeving</i></p> <p>Planforslaget opnar for ei utviding av det eksisterande næringsområdet som omfattar inngrep i naturområde i søraust. Vidare opnar planframlegget for større fylling i sjø. Dette gjer at området i sin heilskap vil verta endra til eit større og meir monotont næringsområde med større opne grå eller bygde flater enn i dag. Føresegnene set krav til formgjeving, farge og materialbruk, som reduserer dei negative verknadane noko. Tiltaket vil ha same formspråk som eksisterande næringsområde. Foringa.</p> <p><i>Tilhøyrse/identitet</i></p> <p>Tiltaket fører til at tilhøyrse, identitet og brukaroppleving vert noko broten eller forstyrra. Samstundes er graden av forstyringar ikkje slik at dagens referansar i landskapet ikkje er mogleg å kjenne igjen, då det har vore industri i dette området sidan 70-talet. Samla for tema tilhøyrse/identitet inneber planframlegget noko forringa situasjon.</p> <p><i>Samla vurdering</i></p> 
--	---


### 5.5.2 Delområde 2 - Del av Høylandsbygd, jordbruks- og bustadområde, inkludert vegareal i planområdet

Delområde	Verdi	Påverknad
2) Del av Høylandsbygd, jordbruks- og bustadområde, inkludert vegareal i planområdet	Middels verdi	<p><i>Synlegheit</i></p> <p>Tiltaket vil medføre direkte arealbeslag og nedbygging i samband med utviding av tilkomstveg, etablering av kantstopp for buss og omlegging av eksisterande veg mot Hillestad. Tiltaka er av mindre omfang, og utbetring av vegane vil ikkje endra situasjonen og tiltaka sin synlegheit.</p> <p>Viser til illustrasjonar i Figur 37 - Figur 42. Synlegheitsanalyse viser at det er innsyn til planområdet frå så å seie heile delområdet, ettersom planområdet ligg på eit utstikkande nes. I realiteten vil eksisterande vegetasjon hindre direkte innsyn frå delar av delområdet. Høgare bygg og auka storleik på næringsområdet medfører auka synlegheit i høve til i dag, men den høge skjeringa i bakkant av planlagd dokk er ikkje synleg frå delområdet, då denne vender mot nord. Området som skal byggjast ut er allereie sterkt påverka av menneskeleg aktivitet. Naturområdet på Hillestadneset hindrar i stor grad direkte innsyn til austre del av næringsområdet frå store delar av delområdet. Utvidinga av næringsområdet mot søraust vil medføre at området vert meir synleg frå friluftslivområdet/badeområdet ved Slettaneset enn i dag. Sjå Figur 37 - Figur 38. Planlagd overbygd dokk vil ikkje verta synleg frå friluftsområdet på grunn av eksisterande vegetasjon, men eit ev. framtidig bygg som er</p>

	<p>plassert lengst ute på fyllinga lengst aust innanfor NÆ6 vil verta synleg. For å avgrense påverknaden har ein bevart ein større del av den nære strandsona enn det som låg inne i høyringsforslag til ny KPA per januar 2024. I tillegg har ein lagt inn byggjegrænse i delområde NÆ6 som hindrar at nye bygg vert plassert heilt ute på kaikanten. Samla for tema synlegheit inneber planframlegget ein forringa situasjon</p> <p><i>Fragmentering</i> Tiltaka vil medføre noko forringing av kvalitetar, samstundes som landskapet sin lesbarheit ikkje vert vesentleg endra i høve til i dag. Frå område med innsyn til planområdet vil næringsområdet framleis opplevast å vera eit stort næringsområde med store tiltak. Samla for tema fragmentering inneber planframlegget ein noko forringa situasjon.</p> <p><i>Skala</i> Det vil verta eit større næringsområde enn dagens situasjon, som medverkar til at næringsområdet vert meir dominant i lokal skala, samanlikna med i dag. Innsynet frå delområdet er noko avgrensa av Hillestadneset, men utviding vil vera synleg og næringsområdet vil opplevast å verta større. Dette vil medføre at næringsområdet vil dominere i delområdet enn i dag. Dette er til dels ikkje tilpassa landskapet sin skala. Samla for tema skala inneber planframlegget ein forringa situasjon.</p> <p><i>Formgjeving</i> Planforslaget opnar for ei utviding av det eksisterande næringsområdet som omfattar inngrep i urørt natur og større fylling i sjø. Dette gjer at området i sin heilskap vil verta endra til eit større og meir monotont næringsområde med større opne grå eller bygde flater enn i dag. Føresegnene set krav til formgjeving, farge og materialbruk, som reduserer dei negative verknadane noko. Tiltaket vil ha same formspråk som eksisterande næringsområde. Samla for tema formgjeving inneber planframlegget ein forringa situasjon.</p> <p><i>Tilhøyrsl/identitet</i> Tiltaket fører til at tilhøyrsl, identitet og brukaroppleving vert noko broten eller forstyrra. Samstundes er graden av forstyringar ikkje slik at dagens referansar i landskapet ikkje er mogleg å kjenne igjen, då det har vore industri i dette området sidan 70-talet. Samla for tema tilhøyrsl/identitet inneber planframlegget noko forringa situasjon.</p> <p><i>Samla vurdering</i></p> 
--	--

### 5.5.3 Delområde 3 - Utmarksområde Høylandsbygd

Delområde	Verdi	Påverknad
3) Utmarksområde Høylandsbygd	Middels verdi	<p><i>Synlegheit</i> Viser til illustrasjonar i Figur 43 - Figur 46. Tiltaket vil ikkje medføre direkte arealbeslag eller nedbygging innanfor delområdet. Synlegheitsanalysa viser at det er innsyn til planområdet frå spreidde delar av delområdet. Avstandane er relativt lange, og i realiteten er det skog i store delar av utmarksområdet, noko som gjer at den faktiske synlegheita er lågare enn det som går fram av analysen.</p>



Høgare bygg og auka storleik på næringsområdet medfører noko auka synlegheit i høve til i dag. Området som skal byggjast ut er allereie sterkt påverka av menneskeleg aktivitet. Delområdet avstand til planområdet gjer at det overordna uttrykket og framtoninga til området ikkje endrar seg i nemneverdig grad. Samla for tema synlegheit inneber planframlegget ein noko forringa situasjon.

#### *Fragmentering*

Tiltaka vil medføre noko forringing av kvalitetar, samstundes som landskapet sin lesbarheit ikkje vert vesentleg endra i høve til i dag. Samla for tema fragmentering inneber planframlegget ein noko forringa situasjon.

#### *Skala*

Det vil verta eit større næringsområde enn dagens situasjon, som medverkar til at næringsområdet vert noko meir dominant i lokal skala, samanlikna med i dag. Nye høge bygningar vil verta synlege frå lengre avstandar. Samla for tema skala inneber planframlegget ei noko forringa situasjon.

#### *Formgjeving*

Planforslaget opnar for ei utviding av det eksisterande næringsområdet som omfattar inngrep i urørt natur og større fylling i sjø. Dette gjer at området i sin heilskap vil verta endra til eit større og meir monotont næringsområde med større opne grå eller bygde flater enn i dag. Føresegnene set krav til formgjeving, farge og materialbruk, som reduserer dei negative verknadane noko. Tiltaket vil ha tilnærma same formspråk som eksisterande næringsområde. Samla for tema formgjeving inneber planframlegget ei noko forringa situasjon.



#### *Tilhørslse/identitet*

Tiltaket fører til at tilhørslse, identitet og brukaroppleving vert noko broten eller forstyrra. Samstundes er graden av forstyringar ikkje slik at dagens referansar i landskapet ikkje er mogleg å kjenne igjen, då det har vore industri i dette området sidan 70-talet. Samla for tema tilhørslse/identitet inneber planframlegget noko forringa til ubetydeleg situasjon.

#### *Samla vurdering*




5.5.4 Delområde 4 - Landområde Tofte, Toftåsen aust og Toftøya

Delområde	Verdi	Påverknad
<p>4) Landområde Tofte, Toftåsen aust og Toftøya</p>	<p>Middels verdi</p>	<p><i>Synlegheit</i></p> <p>Viser til illustrasjonar i Figur 48 – Figur 50. Tiltaket vil ikkje medføre direkte arealbeslag eller nedbygging innanfor delområdet. Synlegheitsanalyse viser at det er innsyn til planområdet frå austvendte delar av delområdet. Avstandane er lange, og i realiteten er det skog i store delar av utmarksområdet, noko som gjer at den faktiske synlegheita er lågare enn det som går fram av analysa.</p>  <p>Delområdet avstand til planområdet gjer at tiltaket har så å seie same framtoning i landskapsbiletet som i dag og vi vurderer at tiltakets fjernverknad frå delområdet er liten. Samla for tema synlegheit inneber planframlegget ein noko forringa situasjon.</p> <p><i>Fragmentering</i></p> <p>Tiltaket medfører ikkje endringar i landskapsamanhengar eller kvalitetar knytt til heilskap, struktur eller lesbarheit for delområdet. Samla for tema fragmentering inneber planframlegget ei ubetydeleg endring.</p> <p><i>Skala</i></p> <p>Det vil verta eit større næringsområde enn dagens situasjon, som medverkar til at næringsområdet vert noko meir dominant i lokal skala, samanlikna med i dag. Nye høge bygningar vil verta synlege frå lengre avstandar. Samla for tema skala inneber planframlegget ein noko forringa situasjon.</p> <p><i>Formgjeving</i></p> <p>Planforslaget opnar for ei utviding av det eksisterande næringsområdet som omfattar inngrep i urørt natur og større fylling i sjø. Dette gjer at området i sin heilskap vil verta endra til eit større og meir monotont næringsområde med større opne grå eller bygde flater enn i dag. Føresegnene set krav til formgjeving, farge og materialbruk, som reduserer dei negative verknadane noko. Tiltaket vil ha tilnærma same formspråk som eksisterande næringsområde. Samla for tema formgjeving inneber planframlegget ein noko forringa situasjon.</p> <p><i>Tilhøyrsl/identitet</i></p> <p>Tiltaket fører ikkje til at tilhøyrsl, identitet og brukaroppleving vert broten eller forstyrra på grunn av delområdets avstand til planområdet. Samla for tema tilhøyrsl/identitet inneber planframlegget ubetydeleg endring.</p> <p><i>Samla vurdering</i></p> 


### 5.5.5 Delområde 5 - Sjøområda Høylandssundet, inkludert sjødelen av planområdet

Delområde	Verdi	Påverknad
5)Sjøområda Høylandssundet, inkludert sjødelen av planområdet	Middels verdi	<p><i>Synlegheit</i></p> <p>Viser til illustrasjonar i Figur 51 - Figur 56. Tiltak ihht. planframlegget vil medføre direkte arealbeslag i form av utfylling i sjø innanfor delområdet. Synlegheitsanalyse viser at det er innsyn til planområdet frå størstedelen av fjordbassenget som inngår i delområdet. Planområdet er mest synleg frå nord, aust og vest. Store delar av næringsområdet vil ikkje vere synleg frå sjøområda sør for Slettaneset. Området som skal byggjast ut er allereie påverka av menneskeleg aktivitet. Nær- og fjernverknader av nye bygningar og terrenginngrep i landskapet vil bli forringa og bryte med nærliggjande omgjevnad. Ein har i planen søkt å bevare noko naturleg terreng langs den nære strandsona, og det er berre om lag 50 meter urørt strandlinje som vert bygd ned som følgje av planforslaget. Tiltaket medfører store terrenginngrep og at skjeringane i bakkant av eksisterande næringsområdet vert større og høgare enn i dag. Samstundes vil store delar av inngrepet verta skjult bak eksisterande og nye bygningar. Verknadane vert meir avgrensa jo lenger vekk ein kjem i frå tiltaksområdet, der tiltaka glir meir inn i landskapet sin større skala. Samla for tema synlegheit inneber planframlegget ein forringa situasjon.</p> <p><i>Fragmentering</i></p> <p>Tiltaka vil medføre noko forringing av kvalitetar, samstundes som landskapet sin lesbarheit ikkje vert vesentleg endra. Samla for tema fragmentering inneber planframlegget ei noko forringa situasjon.</p> <p><i>Skala</i></p> <p>Det vil verta eit større næringsområde enn dagens situasjon, som medverkar til at næringsområdet vert meir dominant i lokal skala, samanlikna med i dag. Nye høge bygningar og skjeringar vil verta synlege frå lengre avstandar. Ift. dagens situasjon er det opna for høgare bygg og meir utfylling i sjø. Dette medføre at næringsområdet vil dominere i delområdet. Dette er til dels ikkje tilpassa landskapet sin skala. Tiltaket vil ikkje medføre uheldige silhuettverknader pga. høgareliggjande skogdekt bakanforliggjande terreng. Samla for tema skala inneber planframlegget ein forringa situasjon.</p> <p><i>Formgjeving</i></p> <p>Planforslaget opnar for ei utviding av det eksisterande næringsområdet som omfattar inngrep i urørt natur og større fylling i sjø. Dette gjer at området i sin heilskap vil verta endra til eit større og meir monotont næringsområde med større opne grå eller bygde flater enn i dag. Føresegnene set krav til formgjeving, farge og materialbruk, som reduserer dei negative verknadane noko. Tiltaket vil ha tilnærma same formspråk som eksisterande næringsområde. Samla for tema formgjeving inneber planframlegget forringa situasjon.</p> <p><i>Tilhørsle/identitet</i></p> <p>Tiltaket fører til at tilhørsle, identitet og brukaroppleving vert noko broten eller forstyrra. Samstundes er graden av forstyrringar ikkje slik at dagens referansar i landskapet ikkje er mogleg å kjenne igjen, då det har vore industri i dette området sidan 70-talet. Samla for tema tilhørsle/identitet inneber planframlegget noko forringa situasjon.</p> <p><i>Samla vurdering</i></p>



5.5.6 Delområde 6 - Landsida fastlandet

Delområde	Verdi	Påverknad
6)Landsida fastlandet	Middels verdi	<p><i>Synlegheit</i></p> <p>Viser til illustrasjonar i Figur 57 - Figur 58. Tiltaket vil ikkje medføre direkte arealbeslag eller nedbygging innanfor delområdet. Synlegheitsanalyse viser at det er innsyn til planområdet frå spreidde delar av delområdet. I realiteten er det skog i store delar av utmarksområdet, noko som gjer at den faktiske synlegheita er lågare enn det som går fram av analysa.</p> <p>Området som skal byggjast ut er allereie påverka av menneskeleg aktivitet. Nær- og fjernverknader av nye bygningar og terrenginngrep i landskapet vil bli noko forringa og bryte med nærliggjande omgjevnad. Tiltaket medfører store terrenginngrep og at skjeringane i bakkant av eksisterande næringsområdet vert større og høgare enn i dag. Samstundes vil store delar av inngrepet verta skjult bak eksisterande og nye bygningar. Delområdet ligg om lag 1,2 km frå planområdet på det næraste. Tiltaket vil verta synleg i frå den kystnære busetnaden på fastlandssida og frå tettstaden Valen, men avstanden er stor. Viser til <b>Feil! Fant ikke referanseskilden.</b> for visualisering av området sett frå bustadområde på Erslund og Figur 58 som viser fjernverknader frå bustader på Valen. Verknadane vert meir avgrensa jo lenger vekk ein kjem i frå tiltaksområdet, der tiltaka glir meir inn i landskapet sin større skala. Samla for tema synlegheit inneber planframlegget ein noko forringa situasjon.</p> <p><i>Fragmentering</i></p> <p>Tiltaka vil medføre noko forringing av kvalitetar, samstundes som landskapet sin lesbarheit ikkje vert vesentleg endra. Samla for tema fragmentering inneber planframlegget ein noko forringa situasjon.</p> <p><i>Skala</i></p> <p>Det vil verta eit større næringsområde enn dagens situasjon, som medverkar til at næringsområdet vert noko meir dominant i lokal skala, samanlikna med i dag. Nye høge bygningar og skjeringar vil verta synlege frå lengre avstandar. Tiltaket vil ikkje medføre uheldige silhuettverknader pga. høgareliggjande skogdekt bakanforliggjande terreng. Samla for tema skala inneber planframlegget ein noko forringa situasjon.</p> <p><i>Formgjeving</i></p> <p>Planforslaget opnar for ei utviding av det eksisterande næringsområdet som omfattar inngrep i urørt natur og større fylling i sjø. Dette gjer at området i sin heilskap vil verta endra til eit større og meir monotont næringsområde med større opne grå eller bygde flater enn i dag. Føresegnene set krav til formgjeving, farge og materialbruk, som reduserer dei negative verknadane</p>

	<p>noko. Tiltaket vil ha tilnærma same formspråk som eksisterande næringsområde. Samla for tema formgjeving inneber planframlegget ein noko forringa situasjon.</p> <p><i>Tilhøyrslle/identitet</i> Tiltaket fører til at tilhøyrslle, identitet og brukaroppleving vert noko broten eller forstyrra for bustadane som ligg nærast planområdet innanfor delområdet. Samstundes er graden av forstyringar ikkje slik at dagens referansar i landskapet ikkje er mogleg å kjenne igjen, då det har vore industri i dette området sidan 70-talet. Samla for tema tilhøyrslle/identitet inneber planframlegget noko forringa til ubetydeleg situasjon.</p> <p><i>Samla vurdering</i></p> 
--	---

## 5.6 Avbøtande tiltak

For reguleringsplanen er alternative utbyggingsareal ikkje relevant, sjå kap. 1.2. Det er ila. prosessen sett på fleire alternativ å regulere planområdet, som t.d. byggehøgde, planeringshøgde og storleik på utfylling i sjø. Hovudføremålet med reguleringsplanen er å leggje til rette for næring i form av maritim industri. Planeringsnivåa og utstrekning av næringsområdet og utfyllinga i sjø er sett ut i frå eksisterande verksemder sine behov for framtidig utvikling. Det er m.a. planar om å etablere ein ny tørrdokk, noko som krev ein del areal. Det er eit stort behov for sjøtilknytt næringsareal i regionen, og det er difor ein føresetnad for planarbeidet at næringsområdet ligg til sjø.

Planframlegget omfattar ei utviding av eit eksisterande næringsområde i strandsona med utfylling i sjø og tilgang til nye kaiar. Ut frå planlegging av området, og at det er ein føresetnad med næringsareal til sjø og kaiareal, er avbøtande tiltak for å avgrense negative verknadar få. Plankart og føresegnar sett krav som medfører eit dempa inntrykk og verknad av planforslaget, desse er:

- Vegetasjonsskjerm i område som fungerer som skjerming mellom nye planerte areal/næringsområde og tilstøytande areal. Føresegnene gir at eksisterande vegetasjon skal takast vare på så langt det er mogleg, og flatehogst er ikkje tillate.
- Angitt min. planeringshøgde, og varierende maks. byggehøgde innanfor dei ulike delområda er vurdert og sett ut i frå m.a. nær- og bakanforliggjande bygg og terrengformer. Planframlegget har ei medviten differensiering av byggehøgder innanfor næringsområda for å redusere visuell dominans og betre tilpasse utbygginga til omgjevnadene. Maksimal byggehøgde varierer mellom næringsområda, og innanfor enkelte område er det fastsett juridisk bindande høgdelinjer som ytterlegare avgrensar byggehøgda. Lågare byggehøgder er fastsett i dei delane av planområdet som ligg nærast busetnad og friluftsområde. Dette gjeld særleg NÆ3 mot bustadane i Hillestadvågen og NÆ6 mot registrert friluftslivområde. I NÆ6 er det vidare inntrekk byggjegrænse. Tiltaka reduserer nærverknad, skalaeffekt og eksponering frå sårbare område. Dei høgaste bygga (opp mot kote +37 innanfor avgrensa føresegnsområde i NÆ5) er lokaliserte til dei mest sentrale og robuste delane av næringsområdet, med større avstand til busetnad og med bakanforliggjande høgare terreng som reduserer silhuettverknad. Dette samlar dei største voluma i eit avgrensa område og hindrar ei meir spreidd og fragmentert høgdeutvikling.
- Føresegnene gir at fyllingar og terrenginngrep langs offentlege vegar, inkl. sideareal, skal tilbakeførast til jordbruksareal og/eller plantast til med vegetasjon naturleg for området.
- Det skal ikkje nyttast skinnande/reflekterande materiale, med unntak av vindauge og/eller ev. solceller.


- Det er opna for relativt høge bygningskroppar innanfor næringsområda ved sjø som vil kunne medverke til å skjerme høge skjeringar.

Det er ikkje knytt usikkerheit til gjennomføringa av avbøtande tiltak.

## 5.7 Konsekvens

Vurdering av konsekvens for delområde 1-6 gir følgjande:

- 1) Delområde 1: Noko negativ konsekvens (-)
- 2) Delområde 2: Noko negativ konsekvens (-)
- 3) Delområde 3: Noko negativ konsekvens (-)
- 4) Delområde 4: Noko konsekvens (-) / Ubetydeleg (0)
- 5) Delområde 5: Noko negativ konsekvens/middels negativ konsekvens (-/--)
- 6) Delområde 6: Noko negativ konsekvens (-)



Figur 59: Konsekvensvifte der delområda er plassert ut i frå vurdering av verdi og påverknad i tidlegare kapittel.

### Forholdet til 0-alternativet:

Planområdet på land overlappar i stor grad med eksisterande reguleringsplan for området (planID:20090008) frå 2010. Gjeldande reguleringsplan er gamal og stettar ikkje dagens krav til reguleringsplanar. Kvinnherad kommune har signalisert at planen bør opphevast/oppdaterast, og 0-alternativet vil dermed vere dagens situasjon i planområdet, med dei tiltaka som er etablert i området i dag. Samla vurdering av konsekvens for delområda dersom ein legg til grunn dagens situasjon er såleis ubetydeleg endring/konsekvens (0).

### Forholdet til planalternativet:

Delområde	Planalternativ
<b>Delområde 1</b>	Noko konsekvens (-)
<b>Delområde 2</b>	Noko konsekvens (-)
<b>Delområde 3</b>	Noko konsekvens (-)
<b>Delområde 4</b>	Noko konsekvens (-) / Ubetydeleg (0)
<b>Delområde 5</b>	Noko konsekvens (-) / Middels konsekvens (--)
<b>Delområde 6</b>	Noko konsekvens (-)
<b>Samla vurdering</b>	<b>Noko konsekvens (-)</b>

<p><b>Samla verknader</b></p>	<p>Næringsområdet på Høylandsbygd har vore i bruk sidan 70-talet til ulike næringar og menneskeleg aktivitet, og landskapet i området er allereie vesentleg endra samanlikna med ein situasjon med urørt natur. Det har pågått ei gradvis utbygging i området, både på land og i sjø, og området er relativt sterkt påverka av denne aktiviteten i dag. Planframlegget opnar for ytterlegare terrenginngrep og utfyllingar i sjø. Tre av delområda medfører direkte arealkonflikt, men i hovudsak er verknadane knytt til visuell nær- og fjernverknad. Planlagde inngrep og utbygging i planområdet vil gjere området meir synleg enn dagens situasjon. Ei utviding av eksisterande næringsområde vil medføre større arealbeslag, meir omfattande arealbruk og planen vil opne for høgare bygg enn dagens situasjon. Ettersom planområdet ligg på eit nes, er det innsyn til området frå alle kantar, men området er mest synleg frå større avstandar mot nord og aust. Med det omfanget av inngrep og utbygging som planen legg opp til, vil landskapskarakteren i området verta noko endra i høve til i dag. Ein vurderer likevel at ny utbygging i hovudsak ikkje vil kome i konflikt med eksisterande arealbruk og landskapskarakter.</p>
<p><b>Grunngjeving for samla konsekvensgrad</b></p>	<p>Det er ingen av delområda som er meir vektlagt enn andre. Det er ikkje kjent at det er planlagt andre tiltak i nærområdet, slik at framtidig påverknad er avgrensa til planframlegget.</p> <p>Fire delområde er vurdert å ha noko negativ konsekvens, eitt delområde er vurdert å ligge mellom middels og noko negativ konsekvens og eitt delområde er vurdert å ligge mellom noko negativ og ubetydeleg konsekvens. Samla konsekvensgrad vil difor vere <b>noko negativ</b> for utbyggingsalternativet.</p>

## 5.8 Usikkerheit

Det er knytt noko usikkerheit til sjølve utforminga av tiltaket. Utgreiinga har lagt til grunn maksimalt uttak av massar/størst mogleg inngrep, maksimal utfylling i sjø og maksimal byggjehøgde for bygg innanfor dei ulike delområda. Denne usikkerheita er difor vurdert til å vere liten.

## 6 Konsekvensutgreiing strandsona

I strandsona er det i utgangspunktet eit byggeforbod, jf. plan- og bygningslova §1-8 og det skal alltid takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og allmenne interesser.

### 6.1 Metode og datagrunnlag

I det vedtekne planprogrammet er strandsona og friluftsliv definert som eitt utgreiingstema. Det er vald å trekke strandsona ut som eit eige tema i konsekvensutgreiinga. Konsekvensar for friluftsliv og barn og unge er vurdert i kap. 7. I strandsona skal det alltid takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og allmenne interesser. På bakgrunn av at fagtema landskap, friluftsliv, naturmangfald, kulturminne/-miljø og støy er definert som eigne utgreiingstema og for å unngå dobbelveking, føl ikkje utgreiingstema strandsona prinsippa i rettleiaren M-1941. Det er i staden vald å gjennomføre analyse basert på kommunen si strandsona-kartlegging frå 2019 for planområdet og vurdering av planalternativet sin konsekvens for kartlagd funksjonell strandsona innanfor planområdet. Vidare har ein gjort ei tekstleg vurdering av om planforslaget er i tråd med nasjonale og regionale føringar for strandsona.

Planprogrammet gir følgjande for utgreiingstemaet:

*I konsekvensutgreiinga vil ein sjå nærare på planen sin verknad for tema strandsona og friluftsliv knytt til både land og sjø. Særleg skal forholda tilgjenge til barn og unge, friluftsområde og fritidsfiskeområde, samt tilkomst for båtar til småbåthamna i Hillestadvika vurderast. Verknad for strandsoneverdiane i planområdet og nærområdet skal vurderast med omsyn til kjent kunnskap og synfaringar. I tillegg skal planforslaget sin verknad sett i lys av overordna føringar for strandsoneforvaltning vurderast her. Dette gjeld vurderingar opp mot m.a. Statlege planretningslinjer og regional kystsoneplan.*

Utgreiingstema	Eksisterande kunnskapsgrunnlag (ikkje uttømmande)	Nye kartleggingar for å auke kunnskapsgrunnlaget
Strandsona og friluftsliv	Fylkesatlas.no Kommuneplan for Kvinnherad Statlege retningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona Rettleiar for planlegging i strandsona i Vestland Lokalkunnskap	Analyse av eksisterande strandsonekartlegging Støykartlegging

Det er ikkje utført nye kartleggingar i samband med planarbeidet, men det er gjennomført synfaring i området.

Datagrunnlag og kjelder for vurderingane er følgjande:

- Kommuneplan Kvinnherad kommune
- Strandsonerettleiar i Vestland, Vestland fylkeskommune
- Statlege planretningslinje for differensiert strandsona (SPR)
- Kjente registreringar i offentleg databasar knytt til tema friluftsliv, kultur og landskap, [www.fylkesatlas.no](http://www.fylkesatlas.no)
- Utgreiingstema landskap, friluftsliv, kulturminne og kulturmiljø
- Grunkart som syner busetnad og infrastruktur
- Potensielt tilgjengeleg strandsona, [www.ssb.no](http://www.ssb.no)
- Turrutedatabasen, [www.ut.no](http://www.ut.no)
- Rapport: Kartlegging av funksjonell strandsona i Kvinnherad kommune. Kvinnherad kommune/ABO Plan & Arkitektur Stord AS, 12.06.2019
- Feltsynfaring gjennomført 03.10.2025

Med utgangspunkt i Nordplan Stord AS si synfaring i området, merknadar til oppstart, samt lokal kjennskap til området og merknadar til oppstart/planprogram er kunnskapsgrunnlaget vurdert til å vera relativt godt for

området. Usikkerheita knytt til ukjent bruk av land og vassområda er låg, men noko usikkerheit knytt til brukarfrekvens.

## 6.2 Dagens situasjon


I Kvinnherad kommune er strandsona ein sentral ressurs som grunnlag for busetnad, næringsutvikling og friluftsliv. Ei hovudutfordring i planlegging og forvaltning av strandsona er å finne ein god balanse mellom bruk og vern av areala. Gjennom kartlegging av eksisterande inngrep og fastsetjing av funksjonell strandsona kan ein lettare skilje mellom område som bør sikrast for vern og tilpassa bruk, og område som kan leggast til rette for bustad-, fritids- eller næringsføremål.

Kyst- og øykommunar med store strandsonereale har tradisjonelt ei befolkning med sterk tilknytning til sjøen. God tilgang til sjøen gjennom båtplassar, naust og tilrettelegging av bustad- og næringsområde er difor viktige føresetnader for å oppretthalde busetnad, aktivitet og lokal utvikling i kommunen.

SSB utformar årleg statistikk på inngrepsnær strandsona og potensielt tilgjengeleg strandsona basert på bygd situasjon og hellingsgrad. I følgje SSB utgjer strandsonereale i Kvinnherad kommune (areal på fastlandet inkl. øyar med fastlandssamband) om lag 23.567 daa. Der av er om lag 20,0 % definert som bygningsnært, 13,0 % dyrka mark og 2,7 % vegareal. Resterande areal, 64,3 % av samla strandsona areal, er definert til potensielt tilgjengeleg (areal som ikkje er bygd/bygningsnært, veg eller dyrka mark), der 32,5 % er definert som areal med ikkje veldig stor helling (<25 grader) og 31,8 % er definert som areal med veldig stor helling (>25 grader).

Planområdet grensar til vassførekomsten Høylandssundet-nord. Store delar av Hillestadneset er i dag detaljregulert og nytta til industriverksemd/skipsverksemd, samt at det er bustadfelt her. Deler av planområdet ligg innanfor 100-metersbeltet mot sjø, jf. forbodet mot tiltak langs sjø i plan- og bygningslova. Kvinnherad kommune er i statleg planretningslinje for differensiert forvaltning av strandsona klassifisert som *kommuner med mindre press på areala*, sone 3. Byggeforbodet gjeld generelt, og kommunane skal berre tillate bygging etter ei konkret vurdering ut frå lokale tilhøve.

Potensielt tilgjengeleg strandsona er definert som areal tilgjengeleg i eit friluftsperspektiv, det vil seie at områda ikkje skal vera påverka av privatiserande tiltak eller for bratte for normalt opphald. Område med hellingsgrad brattare enn 25 grader er definert som utilgjengelege, jf. SSB. Planområdet er i all hovudsak definert som inngrepsnært og utilgjengeleg (ref. SSB) pga. eksisterande tiltak i området.



Figur 60 Utsnitt frå Naturbase; potensiell tilgjengeleg strandsoner.

I regional kystsonerplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger (2017) er aktuelt sjøareal synt som *Sjø og vassdrag generelt, eks. AK*. Områda er fleirbruksområde der dei ulike interessene (t.d. fiske, ferdsel, natur og friluftsliv) er likestilte. Retningslinjene til regionalplanen gir m.a. føringar for kva interessar og verdiar som ein skal ta særleg omsyn til i samband med utbygging i strandsona, samt kva type tiltak som kan utviklast i strandsona. Industriområdet er klassifisert som *Regionalt viktig næringsområde ved sjø* i Interkommunal strandsonerplan for Sunnhordland (bakgrunnsdokument til den regionale kystsonerplanen). Kystsonerplanen 2017 har definert hovudmål og delmål for strandsona slik:

### Hovudmål

Kystsona i Sunnhordland og ytre Hardanger skal nyttast i balanse mellom bruk og vern av areal- og naturressursar og medverka til ei berekraftig samfunns- og næringsutvikling til beste for innbyggjarane og miljøet.

Det skal leggjast til rette for at marine og maritime næringar i området kan utvikla seg vidare til å vere lønsame og konkurransedyktige i eit langsiktig perspektiv innanfor rammene av ei berekraftig utvikling.

Det skal leggjast vekt på kunnskapsbasert planlegging og forvaltning i kystsona.

### Strandsona

Strandsona skal ivaretakast i eit langsiktig perspektiv som ressurs for lokalmiljøet med fokus på natur- og landskapsopplevingar, biologisk mangfald, friluftsliv og kulturminne. Det er eit mål å ivareta allmenne interessar og unngå uheldig utbygging.

#### 6.2.1 Kartlegging av funksjonell strandsoner frå 2019

I 2019 gjennomførte Kvinnherad kommune ei kartlegging av funksjonell strandsoner i heile kommunen. I Fylkesplan 2005-2008 er funksjonell strandsoner definert som; «*Den sona som står i innbyrdes direkte samspel med sjøen både økonomisk, topografisk og/eller bruksmessig. Kan vera smalare eller breiare enn 100-metersbeltet*».

Kartlegging av funksjonell strandsone inneber analyse av landskapet og sentrale landskapselement, og byggjer mellom anna på synfaringar og studiar av flyfoto og kartgrunnlag. Ei slik kartlegging gjer det mogleg å differensiere strandsoneverdiane etter fastsette kriterium, og dermed peike ut område som bør sikrast for vern, og område som kan vere aktuelle for vidare utvikling gjennom ny utbygging eller fortetting. I vurderingane står kvalitetar knytte til biologisk mangfald, landskap, kulturminne, bygningsmiljø og allmenn tilgang sentralt. Avgrensingane av funksjonell strandsone i Kvinnherad er fastsett i tråd med følgjande definerte kriterium; biologisk mangfald, landskap, kulturminne/kulturmiljø, friluftsliv, landbruk, eksisterande infrastruktur og eksisterande plan. Funksjonell strandsone er ikkje det same som ei byggegrense, men ei fagleg avgrensing av område med strandsoneverdier. Avgrensinga kan likevel nyttast som kunnskapsgrunnlag ved fastsetjing av ny byggegrense mot sjø, og i enkelte område kan funksjonell strandsone og byggegrense falle saman. Der ny byggegrense blir lagt nærare sjøen enn funksjonell strandsone, bør kommuneplan eller detaljplan sikre strandsoneverdiane gjennom bruk av omsynssoner, føresegner eller retningslinjer.

I Kvinnherad kommune sin rapport om funksjonell strandsone frå 2019 er næringsområdet (regulert) utanfor den funksjonelle strandsona, medan friområde/badeplass i aust og ein del av busetnaden i sør/sørvest ligg innanfor funksjonell strandsone. Det går fram av rapporten at «Funksjonell strandsone er innanfor reguleringsplanane og næringsføremål i kommuneplan sett i føremålsgrænse for utbyggingsføremåla som gir klar avgrensing mot sjø».



Figur 61: Utsnitt frå rapport funksjonell strandsone (2019). Blå linje illustrerer den funksjonelle strandsona. Svart strek viser 100-metersbeltet.

### 6.3 Konsekvens

#### Forholdet til 0-alternativet:

Planområdet på land overlappar i stor grad med eksisterande reguleringsplan frå 2010. Store delar av området er allereie etablert som industriområde med kai, dokk og industribygg, og areala er i stor grad sprengde ut og planerte til kainivå. Ein betydeleg del av industriområdet er planert på fjell, medan andre delar består av eldre utfyllingar i sjø. Overgangen mellom attverande berg og industriområdet er i dag prega av utsprengde fjellskjeringar (delvis sikra), usikra bergskjeringar og naturlege bergoverflater. Ei smal bergtunge skil den austre delen av industriområdet delvis frå resten. Dei største skjeringane ligg i sørøst, med ei høgde på om lag 23


meter. Det einaste naturområdet innanfor planområdet er ein mindre, skogkledd kolle aust på Hillestadneset, med bratt bergvegg ned mot fjæra.

Gjeldande reguleringsplan er gamal og stettar ikkje dagens krav til reguleringsplanar. Kvinnherad kommune har signalisert at planen bør oppdaterast, og 0-alternativet vil dermed vere dagens situasjon i planområdet, med dei tiltaka som er etablert i området i dag. Ei vidareføring av dagens bygde situasjon har allereie ein påverknad på strandsonekvalitetane i planområdet og for nærområdet. Samla vurdering av konsekvens for dersom ein legg til grunn dagens situasjon er ubetydeleg endring/konsekvens (0).

#### **Forholdet til planalternativet:**

Planforslaget legg til rette for ei utviding av eksisterande næringsområde, både på land og i sjø. Denne utvidinga vil medføre nedbygging av om lag 1,1 daa areal som i kartlegging av funksjonell strandsoner frå 2019 ligg innanfor funksjonell strandsoner. Arealet utgjer ein mindre del av attverande naturprega areal innanfor planområdet og representerer strandsoneverdiar knytte til landskap og naturmiljø. Arealet som vert omdisponert til næringsføremål er definert som areal med relativt stor helling (10–25 grader). Dette avgrensar naturleg bruks- og opphaldsverdi for allmenta og reduserer i noko grad den funksjonelle strandsoneverdien av arealet.

Samstundes legg planforslaget opp til at om lag 0,8 daa urørt areal som i kartlegginga frå 2019 ligg utanfor funksjonell strandsoner, vert regulert til vegetasjonsskjerm. Dette bidreg til å sikre areal mot framtidig nedbygging og vil kunne styrke ivaretakinga av strandsoneverdiar i planområdet. Dette arealet ligg i ytste del av 100-metersbeltet og vil, når det blir regulert til vegetasjonsskjerm, ha ein skjermande effekt for utbyggingsareal som ligg lenger inne.



Figur 62: Utsnitt frå plankart. Vurdert funksjonell strandsoner er illustrert med blå linje. Skraverte område viser kva område innanfor funksjonell strandsoner skal regulerast til næringsføremål og kva område utanfor funksjonell strandsoner skal regulerast til vegetasjonsskjerm.

Planlagd utviding av eksisterande næringsområde lenger ut i sjø i høve til dagens planerte område, er ikkje vurdert å påverke strandsoneverdiane i nemneverdig grad. Dette fordi areal innanfor allereie er nytta til næringsverksemd i dag, og det er ingen allmenn tilgang til området på landsida.

Planforslaget legg opp til ei utbetring av eksisterande tilkomstveggar med fortau. Utvidinga av Slettanesvegen vil medføre nedbygging av om lag 240 m<sup>2</sup> fulldyrka jord som i kartlegging av funksjonell strandsone frå 2019 ligg innanfor funksjonell strandsone. Om lag 182 m<sup>2</sup> av desse vert avsett til annan veggrunn- grøntareal med tilhøyrande føresegn som gir at «*Fyllingar og andre terrenginngrep langs offentlege vegar, inkl. sideareal, skal tilbakeførast til jordbruksareal og/eller plantast til med vegetasjon naturleg for området. Ved tilplanting/revegetering skal det ikkje nyttast framande artar kategorisert i dei to øvste risikokategoriene i norsk framandartsliste*». I SSB si kartlegging av potensielt tilgjengeleg strandsone er området som vert påverka definert som «utilgjengeleg». Konsekvensar for naturressursar på land – Landbruk er elles vurdert i kap. 4.

Planområdet er frå før i stor grad prega av eksisterande industriverksemd, med omfattande terrenginngrep, utfyllingar og tekniske anlegg. Dei strandsoneverdiane som vert direkte råka av planforslaget er difor knytte til eit avgrensa restareal i eit elles sterkt påverka område. Utvidinga av næringsområdet vil likevel medføre ytterlegare reduksjon av ubygd strandsone innanfor planområdet og inneber ei viss forsterking av eksisterande inngrepspreg.

Planframlegget medfører nedbygging av eit avgrensa areal med strandsoneverdiar, der arealet har redusert bruksverdi grunna hellingsforhold. Samstundes sikrar planen delar av attverande ubygd areal og vidareutviklar eit eksisterande næringsområde. Ut frå dette vert samla konsekvens for strandsone vurdert til **noko negativ konsekvens (-)** for planalternativet.

#### 6.4 Overordna føringar for strandsona

Strandsonevernet i Norge har lange tradisjonar - særskilt vern sidan midten av 1950-talet og det alminnelege byggjeforbodet vart første gong lovfesta i 1965. Byggjeforbodet gjeld for heile 100-metersbeltet til sjø, uansett arealføremål. Strandsona langs sjøen er viktig for naturmangfald, friluftsliv, næringsliv og busetting. Strandsona er også mange stadar rik på kulturminne og gir særpreg og identitet til lokalsamfunna. Kyst- og strandstrekningane er av nasjonal interesse. I strandsona skal det alltid takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og allmenne interesser – uansett sone i Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona (SPR).

Statlege planretningslinjer for differensiert strandsoneforvaltning (SPR) har delt landet i tre soner, med grunnlag i utbyggingspress. Retningslinjene skal bidra til ei geografisk differensiering gjennom planlegging, og er strengast der utbyggingspresset er stort og verneverdiane er høgast. Kvinnherad kommune er plassert i sone 3, der det er minst press og der det i større grad vil vera mogleg å legge til rette for ny utbygging som medverkar til m.a. næringsutvikling og arbeidsplassar. Soneinndelinga tek ikkje fullt ut omsyn til lokale forskjellar i byggjepress og verneverdiar innan den enkelte kommune, og dette må takast omsyn til ved planlegging. Uansett sone, skal omsynet til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser i strandsona takast i vare, og unødig bygging langs sjøen unngåast.

Generelle retningslinjer i SPR:

- *Utbygging bør konsentreres til etablerte byggeområder.*
- *Arealer til bolig-, sentrums- og næringsutvikling bør prioriteres foran arealer til fritidsboliger. Ved lokalisering av næringsområder bør det vektlegges om næringer og næringsvirksomhet som bidrar til økt lokal verdiskaping trenger tilgang til sjøen*
- *Karakteristiske hovedtrekk i landskap bør opprettholdes.*

- *Mulighetene for allment friluftsliv: Det bør legges stor vekt på å opprettholde og forbedre tilgjengeligheten til strandsonen fra landsiden og sjøsiden samt mulighetene for å ferdes og å oppholde seg langs sjøen.*
- *Kartlegging av konkrete strandsoneverdier er sentralt*

Føringar spesifikt for areal som er del av sone 3 i SPR:

- *Det bør ikke tillates utbygging i områder som har spesiell verdi i forbindelse med friluftsliv og allmenn ferdsel, naturkvaliteter, naturmangfold, kulturmiljø og landskap*
- *I områder hvor alt tilgjengelig utbyggingsareal ligger innenfor 100-metersbeltet, og alternativ plassering av tiltak dermed ikke er mulig, vil kommunen ha videre adgang til å vurdere ny utbygging i strandsonen.*
- *Behovet for næringsutvikling og arbeidsplasser, for eksempel satsing på reiseliv og turisme, skal tillegges vekt i vurderingen av tiltak i 100-metersbeltet.*
- *Det kan være grunnlag for å tillate visse tiltak nær sjøen, som for eksempel brygger, naust, næringstiltak og sjørettede reiselivsanlegg. Slike tiltak bør samles og lokaliseres i tilknytning til annen bebyggelse. Felles brygger og naust bør prioriteres.*
- *Utbygging bør så langt som mulig lokaliseres til områder som er bebygd fra før, og med vekt på fellesløsninger for veger og annen teknisk infrastruktur.*
- *Alternative plasseringer bør vurderes og velges dersom det er mulig. Det bør også vurderes om tiltaket kan trekkes vekk fra sjøen. Tiltak som tillates må tilpasses omgivelsene best mulig*

Regional kystsonenplan for Sunnhordland og ytre Hardanger har retningslinjer som stør opp føringane som ligg i SPR. Dette som t.d. *utbygging i strandsona skal skje mest mogleg konsentrert, det skal stillast plankrav til nye byggeområde i strandsona, areal til .... og næringsutvikling skal prioriterast framfor areal til ...*

Planområdet er lokalisert i Høylandsbygd, nordaust på Halsnøya, i Kvinnherad kommune. Store delar av nærområdet er utbygd. Planforslaget legg til rette for utviding av eit etablert industri- og næringsområde med direkte tilknytning til sjø. Tiltaket ligg innanfor 100-metersbeltet, og må derfor vurderast opp mot nasjonale og regionale føringar for forvaltning av strandsona.

Planforslaget er i tråd med dei generelle retningslinjene i SPR ved at utbygginga vert konsentrert til eit område som allereie er bygd ut og teke i bruk til sjøbasert næringsverksemd. Utvidinga skjer i direkte tilknytning til eksisterande infrastruktur, kai og tekniske anlegg, og medverkar til vidare utvikling av eit etablert næringsområde framfor å opne opp nye og urørte strandsonestrekningar for utbygging.

Tiltaket legg til rette for næringsverksemd som er avhengig av tilgang til sjø, og støttar opp under lokal verdiskaping og sysselsetting. Dette er i samsvar med retningslinjene som seier at areal til næringsutvikling bør prioriterast framfor fritidsføremål, og at næringar med behov for sjøtilgang kan tilleggjast særleg vekt. Dette er også i tråd med Regional kystsonenplan 2017 sitt hovudmål om at det skal leggjast til rette for at marine og maritime næringar kan utvikla seg vidare til å vera lønsame og konkurransedyktige i eit langsiktig perspektiv innanfor rammene av ei berekraftig utvikling.

Planforslaget medfører nedbygging av eit avgrensa areal som ligg innanfor kartlagd funksjonell strandsonen, sjå førre delkapitel for detaljar. Arealet representerer strandsoneverdier knytte til landskap og naturmiljø, men ligg i eit område som frå før er sterkt påverka av eksisterande industriverksemd og terrenginngrep. Arealet som vert omdisponert har òg relativt stor hellingsgrad, noko som avgrensar brukspotensialet for opphald og allmenn ferdsel. Samstundes sikrar planen delar av attverande urørt areal gjennom regulering til vegetasjons-skjerm, noko som bidreg til å ta vare på strandsoneverdier innanfor planområdet. Utvidinga av næringsområdet vil i liten grad vera uheldig sett i lys av delmål for strandsonen i Regional kystsonenplan: «*Strandsona skal ivaretakast i eit langsiktig perspektiv som ressurs for lokalmiljøet med fokus på natur- og landskapsopplevingar, biologisk mangfald, friluftsliv og kulturminne. Det er eit mål å ivareta allmenne interesser og unngå uheldig utbygging*».

Når det gjeld omsynet til landskap og karakteristiske landskapstrekk, vil planforslaget innebære ei vidareføring og noko forsterking av eksisterande inngrepspreg. Utvidinga skjer likevel i tilknytning til eit allereie etablert industriområde, og påverkar i avgrensa grad samanhengande urørte strandsonestrekningar i nærområdet.

Planområdet er i hovudsak definert som inngrepsnært og lite tilgjengeleg strandsoner, og tiltaket vurderast difor å ha avgrensa konsekvens for allmenn ferdsel og friluftsliv langs sjøen. Planforslaget endrar i liten grad tilkomsten til sjøen for allmenta samanlikna med dagens situasjon.

Samla sett vurderast planforslaget å vere i hovudsak i samsvar med overordna føringar for strandsonerforvaltning ved at tiltaket er knytt til eksisterande utbyggingsområde, legg til rette for sjøretta næringsutvikling og i avgrensa grad råkar strandsoneverdiar med stor allmenn bruk eller særleg verneverdi. Planforslaget inneber likevel eit inngrep i funksjonell strandsoner, og representerer eit avvik frå målet om å avgrense bygging i strandsona.

## 7 Konsekvensutgreiing Friluftsliv

Friluftsliv er definert som opphald og fysisk aktivitet i friluft i fritida, med sikte på miljøforandring og natur-opplevingar. Temaet omhandlar område som har tyding for ålmenta si moglegheit for å drive friluftsliv som helsefremjande og trivselsskapande aktivitet i nærområdet og i naturen elles. Det er valt å trekke strandsone ut som eige tema, sjå førre kapitel.

Rettleiaren for barn og unge i plan og byggesak frå KMD (2021) peikar på at god og gjennomtenkt planlegging er grunnleggjande for at barn får trygge oppvekstvilkår og eit godt utgangspunkt for god helse. Det må vera enkelt og trygt å gå og sykle til skule, venner og fritidsaktivitetar, og det må finnast område for fysisk utfolding. Det er vidare peika på at nesten all planlegging har innverknad på nærmiljø og oppvekstvilkår for barn og unge på kort eller lang sikt. Planlegging etter plan- og bygningslova skal leggje vekt på langsiktige løysingar, og konsekvensar for miljø og samfunn skal skildrast. Omsyn til oppvekstvilkåra til barn og unge skal ivaretaast i planlegging.

### 7.1 Metode og datagrunnlag

Metode i Miljødirektoratet sin rettleiar M-1941 er nytta for fagtemaet. Det er ikkje utført nye kartleggingar i samband med planarbeidet, då Kvinnherad kommune har gjennomført ei kartlegging og verdsett område for friluftsliv i kommunen (2016). Det er gjennomført synfaring i området. I dette kapitlet har ein vurdert konsekvensane av 0-alternativet og for planalternativet, for planområdet og for influensområdet. Planområdet og influensområdet er avgrensa og synt i figur under. Influensområdet er avgrensa til ei sone på 3 km kring planområdet, og vidare delområde/kjente registreringar som innanfor den sona har innsyn eller vert direkte påverka av framtidige tiltak og aktivitet innanfor planområdet.

I det vedtekne planprogrammet er strandsone og friluftsliv definert som eitt utgreiingstema. Det er vald å trekke strandsone ut som eit eige tema i konsekvensutgreiinga. Konsekvensar for strandsona er vurdert i kap. 6. Tilkomst for båtar til småbåthamna i Hillestadvika er vurdert i kap. 9 *Transport - Ferdsel på sjø*.

Planprogrammet gir følgjande for utgreiingstemaet:

*I konsekvensutgreiinga vil ein sjå nærare på planen sin verknad for tema strandsone og friluftsliv knytt til både land og sjø. Særleg skal forholda tilgjenge til barn og unge, friluftsområde og fritidsfiskeområde, samt tilkomst for båtar til småbåthamna i Hillestadvika vurderast. Verknad for strandsoneverdiane i planområdet og nærområdet skal vurderast med omsyn til kjent kunnskap og synfaringar. I tillegg skal planforslaget sin verknad sett i lys av overordna føringar for strandsoneforvaltning vurderast her. Dette gjeld vurderingar opp mot m.a. Statlege planretningslinjer og regional kystsoneplan.*

Utgreiingstema	Eksisterande kunnskapsgrunnlag (ikkje uttømmande)	Nye kartleggingar for å auke kunnskapsgrunnlaget
Strandsone og friluftsliv	Fylkesatlas.no Kommuneplan for Kvinnherad Statlege retningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona Rettleiar for planlegging i strandsona i Vestland Lokalkunnskap	Analyse av eksisterande strandsonekartlegging Støykartlegging

Datagrunnlag og kjelder for vurderingane er følgjande:

- Regionalt viktige friluftslivområde, [www.fylkesatlas.no](http://www.fylkesatlas.no)
- Potensielt tilgjengeleg strandsone, [www.ssb.no](http://www.ssb.no)
- Turrutedatabasen, [www.ut.no](http://www.ut.no)


- M1941 – 2023 Håndbok om konsekvensutredning av klima og miljø – Konsekvensutredning av friluftsliv, Miljødirektoratet
- Synlegheitsanalyse, Nordplan Stord AS
- Utgreiingstema landskap, strandsone, støy, kulturminne og kulturmiljø
- Rettleiar M-98, Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder
- Rapport: Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde 2015-2016, Kvinnherad kommune
- Rapport: Røysaneset industriområde, Halsnøy – Støyutredning reguleringsplan. Brekke & Strand Akustikk, 10.12.2025.
- Feltsynfaring gjennomført 03.10.2025

Med utgangspunkt i kommunens registrering av friluftslivsområde, vår synfaring i området, merknadar til oppstart, samt lokal kjennskap til området og merknadar til oppstart/planprogram er kunnskapsgrunnlaget vurdert til å vera relativt godt for området. Usikkerheita knytt til ukjent bruk av land og vassområda er låg, men noko usikkerheit knytt til brukarfrekvens.

## 7.2 Dagens situasjon

Størstedelen av planområdet består av eit eksisterande industriområde. Det vert drive med ein type industri som ikkje kan samlokaliseras med allmenn tilgang og planområdet på land er såleis ikkje nytta til friluftsliv. Planområdet omfattar også areal i sjø. Sjøområda er godt tilgjengeleg for alle med båt, og lokalbefolkninga nyttar truleg sjøområdet kring planområdet til båtutfart, fritidsfiske og rekreasjon. Ein kjenner ikkje til at området vert nytta av barn og unge. Planområdet omfattar ingen leikeplassar eller andre område som er spesielt nytta av born og unge i dag.

Deler av eit kartfesta friluftsområde ligg innanfor planområdet i austre del, Slettaneset (FK00010656), med viktig verdi. Dette er i tillegg definert som eit statleg sikra friluftsområde. Utgangspunktet for forvaltning av statleg sikra friluftslivsområde er at dei er sikra for den ålmenne friluftslivutøvinga.




Figur 63: Kartlagd og statleg sikra friluftsområde innanfor planområdet; Slettaneset (FK00010656). Naturbase.





utgangspunktet ikkje verdsettast på ny i konsekvensutgreiinga, jf. M-1941 kap. 3.4. Vi har nytta Figur 3-3 i M-1941 for å «oversette» den verdisettinga frå M-98 til den femdelte verdisettinga i M-1941. Vi har vidare nytta Tabell 3-3: Verditabell for friluftsliv i kap. 3.4 i M-1941 for å fastsette verdien av friluftslivområda.



Figur 66 Definerte delområde for friluftsliv.

#### 7.4.1 Delområde 1 – Slettaneset (id: FK00010656/FS00001581)



Slettaneset er eit kommunalt friområde tilrettelagt med sandstrand, sandvolleyballbane, toalett, dusj, grill, sitjegruppe, badeflåte, grillhytte og parkering. Området grensar mot jordbruksareal, bustadfelt og leikeplass. Områdetype er *strandsone med tilhøyrande sjø og vassdrag*. Området er skildra som ganske godt tilrettelagt, middels eigna og middels brukarfrekvens. Området er tilrettelagd for rullestolbrukarar. Dei tilrettelagde aktivitetsområda er i hovudsak er knytt til indre og austre del av vågen. Den delen av friluftslivområdet som ligg på land har status som statleg sikra (id. FS00001581) med registrert områdeverdi *svært viktig (A)*. Fylkeskommunen er grunneigar og rettshavar på vegner av staten. Det er utarbeidd [forvaltningsplan](#) for friområdet for perioden 2024-2027. I følgje Høylandsbygd bygdelag er friluftsområdet her flittig besøkt av innbyggjarane i nærområdet, øyfolket og tilreisande. Med bakgrunn i dette og vurdering etter tabell 3-3 i M-1941 er delområdet vurdert til **stor verdi**.





Figur 67 Det er etablert sandvolleyballbane og grillhytte knytt til friluftslivsområdet.

#### 7.4.2 Delområde 2 - Hillestadholmen (id: FK00010933)

Området er nytta til bading og telting og har områdeverdi *registrert friluftslivsområde (C)*. Områdetype er *strandsone med tilhøyrande sjø og vassdrag*. Området er skildra som *ikkje tilrettelagd* og *liten* brukarfrekvens.


Med bakgrunn i dette og vurdering etter tabell 3-3 i M-1941 er delområdet vurdert til **Noko verdi**.



### 7.4.3 Delområde 3 - Langaneset (id: FK00010659)


Området er nytta som badeplass og har områdeverdi *registrert friluftslivsområde (C)*. Områdetype er *strandsoner med tilhørende sjø og vassdrag*. Området er skildra som *litt tilrettelagd* og *liten* brukarfrekvens.

Med bakgrunn i dette og vurdering etter tabell 3-3 i M-1941 er delområdet vurdert til **Noko verdi**.



### 7.4.4 Delområde 4 – Høylandsbygd båthamn


Området ligg inst i Hillestadvågen. Her er det etablert småbåthamn med om lag 80-100 båtplassar. I følge visitnorway.no har båthamna fleire fasilitetar: «Her finn du mellom anna dusj, straum, vaskemaskin og tørketrommel. I nærleiken er det leikeplass for borna. Det er og ein butikk like ved. 150 m. frå hamna er det badestrand. Båthamna har 15 gjesteplassar». Brukarfrekvens ukjend. Delområdet er vurdert til å vera av typen *Utfartsområde*. Med bakgrunn i dette og vurdering etter tabell 3-3 i M-1941 er delområdet vurdert til **Middels verdi**.



Figur 68: Flyfoto over Høylandsbygd båthamn. Kjelde: Kommunekart.

#### 7.4.5 Delområde 5 - Leikeplass Høylandsbygd

Inngjerda nærleikeplass på om lag 570 m<sup>2</sup>. Området er sett av til felles leikeplass i gjeldande reguleringsplan for Slettaneset, Høylandsbygd, deler av gnr. 202 (planID: 19800004). Leikeplassen ligg i enden av Slettanesvegen, like i nærleiken av felles parkeringsplass og statleg sikra friluftslivsområde på Slettaneset. Delområdet er vurdert til å vera av typen *Leike og rekreasjonsområde*. Leikeplassen er utstyrt med m.a. sandkasse, huskestativ, basketballkorg og sittegrupper. Brukarfrekvens er ukjend, men truleg mest brukt av innbyggjarar i nærområdet og brukarar av friluftslivsområdet på Slettaneset. Med bakgrunn i dette og vurdering etter tabell 3-3 i M-1941 er delområdet vurdert til **Noko verdi**.




Figur 69: Eksisterande leikeplass i enden av Slettanesvegen.

#### 7.4.6 Delområde 6 - Friluftslivsområde sør (id: FK00010950, FK00010687, FK00011068, FK00010664, FK00010747, FK00010954, FK00010727)


Delområdet består av sju registrerte friluftslivsområde:

- Svartabergjett (id: FK00010747): Registrert områdetype: *Stort turområde med tilrettelegging*. Området er beskrive som: *Turområde med fleire turstiar, nokre av dei er merka. Benker og paviljong på toppen. Fint område ved Skatejødnd og utkikkspunkt frå Skatehatt. Grill og benker ved Gravidalsvatnet. Gamal bygdaveg mellom Røo til Skato. Delar av området er jordbrukslandskap og dette må takast omsyn til når ein ferdast i området*. Friluftslivsområdet er *middels tilrettelagd* og er registrert med *noko brukarfrekvens*. Symbolverdi: Middels. Områdeverdi: *viktig friluftslivsområde (B)*.



- Ravnakulten (id: FK00010664): Registrert områdetype: *Stort turområde med tilrettelegging*. Området er beskrevet som: *Turområde med flere stier og tilkomstar*. Friluftslivsområdet er *litt tilrettelagd* og er registrert med *noko brukarfrekvens*. Symbolverdi: *Litt*. Områdeverdi: *Registrert friluftslivsområde (C)*.
- Radiohola – Katteflota (id: FK00010687): Registrert områdetype: *Nærturterreng*. Området er beskrevet som: *Turveg*. Friluftslivsområdet er *litt tilrettelagd* og er registrert med *noko brukarfrekvens*. Symbolverdi: *ingen*. Områdeverdi: *Registrert friluftslivsområde (C)*.
- Radiohola (id: FK00011068): Registrert områdetype: *Særlig kvalitetsområde*. Området er beskrevet som: *Minnesmerke frå krigen. Parkering og grillhytte*. Friluftslivsområdet er *litt tilrettelagd* og er registrert med *noko brukarfrekvens*. Symbolverdi: *ganske stor*. Områdeverdi: *viktig (B)*.
- Fjelland skogsveg (id: FK00010954): Registrert områdetype: *Nærturterreng*. Området er beskrevet som: *Jettegryter*. Friluftslivsområdet er *ikkje tilrettelagd* og er registrert med *liten brukarfrekvens*. Symbolverdi: *ingen*. Områdeverdi: *Registrert friluftslivsområde (C)*.
- Mehussjøen (id: FK00010950): Registrert områdetype: *strandsone med tilhørende sjø og vassdrag*. Området er beskrevet som: *badeplass*. Friluftslivsområdet er *ikkje tilrettelagd* og er registrert med *liten brukarfrekvens*. Symbolverdi: *ingen*. Områdeverdi: *Registrert friluftslivsområde (C)*.
- Landåsen (id: FK00010727): Registrert områdetype: *stort turområde med tilrettelegging*. Området er beskrevet som: *Turområde med flere stier. Bord og benker på toppen*. Friluftslivsområdet er *litt tilrettelagd* og er registrert med *middels brukarfrekvens*. Symbolverdi: *litt*. Områdeverdi: *Viktig friluftslivsområde (B)*.


Med bakgrunn i dette og vurdering etter tabell 3-3 i M-1941 er delområdet vurdert til **Middels verdi**.




#### 7.4.7 Delområde 7 - Toftøya og Toftevågstranda (id: FK00010884, FK00011034)

Delområdet består av to registrerte friluftslivsområde:

- Toftøya (FK00010884): Registrert områdetype: *strandsone med tilhørende sjø og vassdrag*. Området er beskrevet som: *Nytta til telting, bading og fisking. Forankring av båt*. Friluftslivsområdet er *litt tilrettelagd* og er registrert med *liten brukarfrekvens*. Symbolverdi: *litt*. Områdeverdi: *Registrert friluftslivsområde (C)*.
- Toftevågstranda (FK00011034): Registrert områdetype: *strandsone med tilhørende sjø og vassdrag*. Området er beskrevet som: *Badeplass*. Friluftslivsområdet er *ikkje tilrettelagd* og er registrert med *Noko brukarfrekvens*. Symbolverdi: *litt*. Områdeverdi: *Registrert friluftslivs-område (C)*.




Med bakgrunn i dette og vurdering etter tabell 3-3 i M-1941 er delområdet vurdert til **Noko verdi**.




#### 7.4.8 Delområde 8 - Litla og store Lauvøya jensaneset (id: FK00010722/FS00001578 og FK00010885)

Delområdet består av to registrerte friluftslivsområde. Eitt av dei er statleg sikra:

- Litle Lauvøya (FK00010722): Registrert områdetype: *strandsone med tilhørende sjø og vassdrag*. Området er beskrevet som: *Uthamn*. Friluftslivsområdet er *ikkje tilrettelagd* og er registrert med *Noko brukarfrekvens*. Symbolverdi: *litt*. Områdeverdi: *Registrert friluftslivsområde (C)*. *Vetle Lauvøya er også registrert som eit statleg sikra friluftslivsområde (FS00001578) med områdeskildring: Vetle Løuvøya ligger like sør for Kolsøya, nord i Høylandssundet. Dette er et båtutfartsområde som enda ikkje er tilrettelagt for båtfolket. Her er det vilt og vakkert og nærmest utilgjengelig*. Eignaheit: *Bading og strandbaserte aktiviteter i saltvann, Båttutfart i saltvann, Fiske i saltvann, Tur – sommar*. Brukarfrekvens: *Mykje*. Brukargrupper: *Regionalt*. Friluftslivsområdet er *ikkje tilrettelagd*. Det er utarbeidd [forvaltningsplan](#) for friområdet for perioden 2023-2027. I forvaltningsplanen er det lagt inn tiltak om å gjere området betre tilgjengeleg ved å etablere båtfeste for ilandstiging. Områdeverdi: *Viktig friluftslivsområde*.
- Store Lauvøya jensaneset (FK00010885): Registrert områdetype: *strandsone med tilhørende sjø og vassdrag*. Området er beskrevet som: *Båt, bading og fisking*. Friluftslivsområdet er *litt tilrettelagd* og er registrert med *Liten brukarfrekvens*. Symbolverdi: *litt*. Områdeverdi: *Registrert friluftslivsområde (C)*.




Med bakgrunn i dette og vurdering etter tabell 3-3 i M-1941 er delområdet vurdert til **Middels verdi**.



#### 7.4.9 Delområde 9 - Ytre og indre Valeøya (id: FK00010702/FS99000975 og FK00011033)

Delområdet består av to registrerte friluftslivsområde. Områda er også statleg sikra.


- Ytre Valeøya (FK00010702): Registrert områdetype: *Leike- og rekreasjonsområde*. Området er beskrevet som: *Del av Valøya friluftsområde*. Friluftslivsområdet er *ikke tilrettelagd* og er registrert med *noko brukarfrekvens*. Symbolverdi: *ganske stor*. Områdeverdi: *Viktig friluftslivsområde (B)*.



- Valeøya (FK00011033): Registrert områdetype: *Leike- og rekreasjonsområde*. Området er beskrevet som: *Gode tilhøve for bading, fiske, padling, grilling og anna friluftaktivitet. Fin turveg i gamalt kulturlandskap*. Friluftslivsområdet er *middels tilrettelagd* og er registrert med *stor brukarfrekvens*. Symbolverdi: *stor*. Områdeverdi: *Svært viktig friluftslivsområde (A)*.

- Valøya i Kvinnherad (FS99000975): Områdeskildring: *Mykje brukt friluftslivsområde ved Valen. Atkomst via Valevegen og lokal veg (Vågen) til parkeringsplass ved den gamle kraftstasjonen/kraftmuseet. Valøya er landfast med tilkomst på veg over eidet. Smalt eide ved fjære sjø over til Ystøya. Området består av blant anna beitemark og blandingskog. Her er gapahuk med grill, fast brygge og stupebrett, fortøingsboltar, tursti/turveg. Det er fleire kulturminne her, som gravrøyser, restar etter smelteovn og teglverk m.m. Eignaheit: Tur - sommer, Tur - vinter, Bading og strandbaserte aktiviteter i saltvann, Båttut fart i saltvann, Lek og allsidige aktiviteter, Fiske i saltvann, Andre vannbaserte friluftslivsaktiviteter. Brukargrupper: *Regionalt*. Det er utarbeidd [forvaltningsplan](#) for friområdet for perioden 2023-2027. Her går det fram at området tilhøyrer den store Valestrand gard, som no er i privat eige. Området vart sikra gjennom vederlagsfri avtale med tidlegare eigar og Hordaland Fylkeskommune. Området er tilrettelagd med gapahuk med grill, fast brygge og stupebratt, fortøyingboltar og tursti/veg. Det er lagt inn fleire tiltak for vidare tilrettelegging i forvaltningsplanen. Områdeverdi: *Svært viktig friluftslivsområde*.*

Med bakgrunn i dette og vurdering etter tabell 3-3 i M-1941 er delområdet vurdert til **Stor verdi**.



7.4.10 Delområde 10 - Friluftslivsområde nordaust for Høylandssundet (id: FK00011027, FK00010734, FK00010763, FK00010892, FK00010881, FK00010996, FK00010997, FK00010870, FK00010753, FK00011066, FK00010721, FK00010929, FK00011051, FK00010797, FK00010712)

Delområdet består av 15 registrerte friluftslivsområde:

- Erslandmarka (FK00011027): Registrert områdetype: *Stort turområde med tilrettelegging*. Området er beskrevet som: *Turområde med stinett, leike- og læreområde for skulen. Deler av området er jordbrukslandskap og dette må takast omsyn til når ein ferdast i området*. Friluftslivsområdet er *litt*

*tilrettelagd* og er registrert med *Liten brukarfrekvens*. Symbolverdi: *litt*. Områdeverdi: *Registrert friluftslivs-område (C)*.


- Erslandvatnet (FK00010734): Registrert områdetype: *Strandsone med tilhørende strandsone*. Området er beskrevet som: *Tur og rekreasjonsområde i nærleiken av skule. Eigna for bading, kano, fiske, bærplukking og fiske (karuss, ål, røy og aure). Ofte ørn i området. Turmål med benk og bålplass i Breivikjo. Lending nytta til friluftslivsundervisning av Skarveland skule*. Friluftslivsområdet er *middels tilrettelagd* og er registrert med *ganske stor*. Symbolverdi: *litt*. Områdeverdi: *Svært viktig friluftslivs-område (A)*.
- Dalstøl mot Teigavatnet (FK00010763): Registrert områdetype: *Stort turområde utan tilrettelegging*. Området er beskrevet som: *Turstiområde i Erslandsmarka inkludert Teigavatnet. Delar av området er jordbrukslandskap og dette må takast omsyn til når ein ferdast i området*. Friluftslivsområdet er *ikkje tilrettelagd* og er registrert med *liten brukarfrekvens*. Symbolverdi: *ingen*. Områdeverdi: *Registrert friluftslivs-område (C)*.
- Varden/Skarvelandsfjellet (FK00010892): Registrert områdetype: *Stort turområde med tilrettelegging*. Området er beskrevet som: *Tur- og rekreasjonsområde med gode bær og soppforhold. Nytt til jakt*. Friluftslivsområdet er *litt tilrettelagd* og er registrert med *noko brukarfrekvens*. Symbolverdi: *litt*. Områdeverdi: *Registrert friluftslivs-område (C)*.
- Postvegen (FK00010881): Registrert områdetype: *Særleg kvalitetsområde*. Området er beskrevet som: *Postvegen. Grusveg med god skilting. Eigna mellom anna for barnevogn, sykkel og motorisert rullestol. Postvegen går gjennom fleire jordbrukslandskap og dette må takast omsyn til når ein ferdast i området*. Friluftslivsområdet er *middels tilrettelagd* og er registrert med *ganske stor brukarfrekvens*. Symbolverdi: *Ganske stor*. Områdeverdi: *Svært viktig friluftslivs-område (A)*.
- Handlandsdalen (FK00010996): Registrert områdetype: *Stort turområde med tilrettelegging*. Området er beskrevet som: *Tur og rekreasjonsområde. Tilrettelagt med parkeringsplass, grillhytte, WC, universelt utforma med grussti, barnevennleg. Nytt til sykkel, ski, bær- og sopplukking, fiske og jakt*. Friluftslivsområdet har *høg grad av tilrettelegging* og er registrert med *stor brukarfrekvens* med *middels grad* av regionale og nasjonale brukarar. Symbolverdi: *Stor*. Områdeverdi: *Svært viktig friluftslivs-område (A)*.
- Hjortaskogen (FK00010997): Registrert områdetype: *Jordbrukslandskap*. Området er beskrevet som: *«Moseplassen" er leikeplass med benk, bålpasse og gapahuk. Uberørt leikeareal for barnehage. Jordbruksarealet må takast omsyn til når ein ferdast i området*. Friluftslivsområdet er *middels tilrettelagd* og er registrert med *noko brukarfrekvens* og *aldri* regionale og nasjonale brukarar. Symbolverdi: *litt*. Områdeverdi: *Viktig friluftslivs-område (B)*.
- Hestahagen på Handeland (FK00010870): Registrert områdetype: *Jordbrukslandskap*. Området er beskrevet som: *Område med naturleikeplass, bålpasse, benker, tursti og lavvo. Akebakke på Handlandsbøane. Jordbrukslandskapet må takast omsyn til når ein ferdast i området*. Friluftslivsområdet er *ganske godt tilrettelagd* og er registrert med *ganske stor brukarfrekvens* og *aldri* regionale og nasjonale brukarar. Symbolverdi: *litt*. Områdeverdi: *Svært viktig friluftslivs-område (A)*.
- Handlandsdalen tilkomstveg (FK00010753): Registrert områdetype: *Jordbrukslandskap*. Området er beskrevet som: *Tilkomstveg til Handlandsdalen. Jordbrukslandskapet må takast omsyn til når ein*



ferdast i området. Friluftslivsområdet er *litt* tilrettelagd og er registrert med *noko* brukarfrekvens og *aldri* regionale og nasjonale brukarar. Symbolverdi: *ingen*. Områdeverdi: *Registrert friluftslivsområde (C)*.

- Saltkjelen (FK00011066): Registrert områdetype: *Strandsone med tilhøyrande sjø og vassdrag*. Området er beskrevet som: *Badeplass i Handelandselva med fantastisk landskap og jettegryter*. Friluftslivsområdet er *litt* tilrettelagd og er registrert med *middels* brukarfrekvens og *aldri* regionale og nasjonale brukarar. Symbolverdi: *middels*. Områdeverdi: *Registrert friluftslivsområde (C)*.
- Tungahølen (FK00010721): Registrert områdetype: *Strandsone med tilhøyrande sjø og vassdrag*. Området er beskrevet som: *Badeplass ved Handelandselva*. Friluftslivsområdet er *ikkje* tilrettelagd og er registrert med *liten* brukarfrekvens og *aldri* regionale og nasjonale brukarar. Symbolverdi: *ingen*. Områdeverdi: *Registrert friluftslivsområde (C)*.
- Kleivo (FK00010929): Registrert områdetype: *Nærturterreng*. Området er beskrevet som: *Turmål med gapahuk, benk og bålpanne*. Friluftslivsområdet er *middels* tilrettelagd og er registrert med *noko* brukarfrekvens og *aldri* regionale og nasjonale brukarar. Symbolverdi: *Litt*. Områdeverdi: *Registrert friluftslivsområde (C)*.
- Tarzankulpen/Håndtakkulpen (FK00011051): Registrert områdetype: *Leike- og rekreasjonsområde*. Området er beskrevet som: *Badeplass. Jettegryter og særigna kulpformasjonar*. Friluftslivsområdet er *ikkje* tilrettelagd og er registrert med *liten* brukarfrekvens og *aldri* regionale og nasjonale brukarar. Symbolverdi: *Middels*. Områdeverdi: *Registrert friluftslivsområde (C)*.
- Sandvollsjøen (FK00010797): Registrert områdetype: *Leike- og rekreasjonsområde*. Området er beskrevet som: *Badestrand, båthavn, bålpanne, benker, WC og parkering. Gammal vanddriven sag (kulturminne)*. Friluftslivsområdet er *ganske godt* tilrettelagd og er registrert med *middels* brukarfrekvens og *nesten aldri* regionale og nasjonale brukarar. Symbolverdi: *Middels*. Områdeverdi: *Viktig friluftslivsområde (B)*.
- Handelandssjøen (FK00010712): Registrert områdetype: *Strandsone med tilhøyrande sjø og vassdrag*. Området er beskrevet som: *Badeplass med bålpanne*. Friluftslivsområdet er *litt* tilrettelagd og er registrert med *noko* brukarfrekvens og *aldri* regionale og nasjonale brukarar. Symbolverdi: *Ingen*. Områdeverdi: *Registrert friluftslivsområde (C)*.

Fire av dei registrerte friluftslivsområda innanfor delområdet har registrert områdeverdi *Svært viktig friluftslivsområde (A)*. Vidare har to av områda registrert områdeverdi *Viktig friluftslivsområde (B)* og 9 område registrert områdeverdi *Registrert friluftslivsområde (C)*. Med bakgrunn i dette og vurdering etter tabell 3-3 i M-1941 er delområdet vurdert til **Stor verdi**.




#### 7.4.11 Samla verdivurdering

Kartet under viser delområda som er skildra i teksten over, med nummer og farge som tilsvarar definert verdi. Verdikartet er elles basert på kva område planområdet er synleg frå.

Tabell 8: Registrerte delområde med verdi for landskap

Delområde	Verdi
Delområde 1: Slettaneset (id: FK00010656)	Stor
Delområde 2: Hillestadholmen (id: FK00010933)	Noko
Delområde 3: Langaneset (id: FK00010659)	Noko
Delområde 4: Hillestadvågen småbåthamn	Middels

Delområde 5: Leikeplass Høylandsbygd	Noko
Delområde 6: Friluftslivsområde sør (id: FK00010950, FK00010687, FK00011068, FK00010664, FK00010747, FK00010954, FK00010727)	Middels
Delområde 7: Toftøya og Toftevågstranda (id: FK00010884, FK00011034)	Noko
Delområde 8: Litla og store Lauvøya jensaneset (id: FK00010722/FS00001578 og FK00010885)	Middels
Delområde 9: Ytre og indre Valeøya (id: FK00010702/FS99000975 og FK00011033)	Stor
Delområde 10: Friluftslivsområde nordaust for Høylandssundet (id: FK00011027, FK00010734, FK00010763, FK00010892, FK00010881, FK00010996, FK00010997, FK00010870, FK00010753, FK00011066, FK00010721, FK00010929, FK00011051, FK00010797, FK00010712)	Stor



Figur 70 Verdikart for friluftsliv. Dei ti delområda er talfesta i kartet.

## 7.5 Verknad

Dei vanlegaste påverknadsfaktorane på friluftsliv er endring i attraktivitet, arealbeslag og/eller barrierar/stengsel som reduserer tilgjenge og tilkomst. Vurdering av påverknad er gjort for kvart delområde, og er gjort i tråd med rettleiar M-1941. Vurdering av påverknad for kvart delområde er såleis gjort etter tabell 3-5, med omsyn til følgjande faktorar:

- endring i attraktivitet
- arealbeslag
- tilgjenge
- forureining
- funksjon
- friluftslivets ferdselsårer

Når det gjeld påverknad av planframlegget på barn og unge vil dette i stor grad vera samanfallande med påverknaden på friluftsliv og strandsoner. Det er i hovudsak innanfor desse temaa barn og unge vil ha interesser, og vera brukarar av planområdet og influensområdet.

Det er ingen direkte påverknad for barn og unge frå planframlegget i form av at område som er avsett til bruk for barn og unge vert råka. Konsekvensane for barn og unge i dette planframlegget er vurdert å vera knytt til redusert tilgang til område som i dag kan nyttast til friluftsliv, ved at næringsområda vert utvida samanlikna med dagens situasjon.

Det er ikkje noko som tyder på at områda innanfor planområdet er i bruk som leikeareal eller som turområde spesielt for barn og unge. Dei aktuelle områda ligg relativt tett på eksisterande næringsområde, og dei er såleis ikkje like attraktive for lek og friluftsliv som område som ligg i lengre avstand frå næringsområdet. På bakgrunn av dette er det ikkje gjort eigne vurderingar av påverknad og konsekvens for barn og unge, men dette vil vera del av vurderingane for tema friluftsliv i dette kapittelet og strandsoner i kapittel 6.

### 7.5.1 Delområde 1 – Slettaneset (id: FK00010656/FS00001581)


Delområde	Verdi	Påverknad
Delområde 1 – Slettaneset (id: FK00010656/FS00001581)	Stor verdi	<i>Attraktivitet og forureining</i> Planforslaget opnar for utviding av eksisterande næringsområde, både på land og i sjø. Dette gjer at næringsområdet kjem tettare på delområdet, noko som inneber redusert attraktivitet på grunn av både visuelle verknader (sjå Figur 37 og Figur 38), samt potensielt lydforureining. Viser til vedlagd støyvurdering, der det går fram at utbyggingsalternativet medfører at støysonene ligg noko nærare badeområdet innanfor Slettaneset friluftslivområde enn i dag. Som det er vist i KU landskap for delområde 2 hindrar naturområdet på Hillestadneset i stor grad direkte innsyn til austre del av næringsområdet, men planframlegget vil medføre at næringsområdet vert meir synleg frå friluftslivområdet/badeområdet. Eit ev. framtidig bygg lengst lengst aust innanfor NÆ6 vil verta synleg, men det er lagt inn byggjegrænse som hindrar at nye bygg vert plassert heilt ute på kaikanten. Delområdet er allereie i dag påverka av næringsaktivitet på land og i sjø, sjå bilde under for situasjon i oktober 2025. Samla vurdering av tema attraktivitet og forureining er noko forringa.



Figur 71: Utsikt frå registrert friluftsområde i aust, Slettaneset (delområde 1) mot det eksisterande industriområdet (lengst vekk i biletet) innanfor planområdet.

#### Arealbeslag, tilgjenge og funksjon

Delområdet og det registrerte friluftslivsområdet ligg dels innanfor og dels utanfor planområdet. Størstedelen av området som overlappar vert regulert til LNF-formål, men om lag 250 m<sup>2</sup> av delområdet vert regulert til næringsføremål (NÆ6). Utvidinga av næringsområdet medfører såleis direkte arealbeslag og gjer at næringsområdet kjem inn på delområdet og tettare på det statleg sikra friluftslivsområdet enn i dag. Samstundes er dette ein del av delområdet som er lite tilgjengeleg på grunn av stigningsforhold og vegetasjon.



Figur 72: Figur som viser kor stor del av det registrerte friluftslivsområdet som overlappar med planområdet og som vert regulert til NÆ6.

Etablering av fortau langs Slettanesvegen vil betre tilgjenge til friluftslivsområdet ved Slettaneset for mjuke trafikkantar. Samstundes vil planlagd utviding av næringsområdet i sjø med tilhøyrande hamneområde kunne påverke tilgjenge frå sjø. Planforslaget inneber ingen omlegging av friluftslivets ferdselsårer i sjø.

		<p>Funksjonen av delområdet vert uendra. Samla vurdering for tema arealbeslag, tilgjenge og funksjon er noko forringa.</p> <p><i>Samla vurdering</i></p> <p>The diagram shows a horizontal scale with five points: Forbetra, Ubetydeleg endring, Noko forringa, Forringa, and Sterkt forringa. An orange arrow points upwards to the 'Noko forringa' mark.</p>
--	--	--

### 7.5.2 Delområde 2 - Hillestadholmen (id: FK00010933)

Delområde	Verdi	Påverknad
Delområde 2 - Hillestadholmen (id: FK00010933)	Noko verdi	<p><i>Attraktivitet og forureining</i></p> <p>Delområdet ligg om lag 80 meter frå planområdet og ca. 260 meter frå planlagd nytt næringsareal. Det er direkte innsyn frå delområdet til planområdet. Områda nærast delområdet vert regulert til hamneområde i sjø. Planforslaget opnar for utviding av eksisterande næringsområde, både på land og i sjø. Dette gjer at næringsområdet og hamneområdet kjem tettare på delområdet, noko som inneber redusert attraktivitet på grunn av både visuelle verknader, samt potensielt lydforureining. Gjennomførte støyberekningar viser likevel at delområdet ligg utanfor berekna støysoner, både i drifts- og anleggsfase. Samla vurdering av tema attraktivitet og forureining er noko forringa.</p> <p><i>Arealbeslag, tilgjenge og funksjon</i></p> <p>Tiltaket medfører ikkje direkte arealbeslag innanfor delområdet, og for dette temaet er verknad av planframlegget ubetydeleg. Planframlegget har liten påverknad på tilgjenge eller ferdselssamband i Høylandssundet og det vil framleis vere god passasje for båttrafikk nord-sør i sundet, også på vestsida av Hillestadholmen. Moglegheit for bading og fiske innanfor delområdet vert oppretthaldt. Funksjonen av delområdet vert uendra. Samla vurdering for tema arealbeslag, tilgjenge og funksjon er ubetydeleg endring.</p> <p><i>Samla vurdering</i></p> <p>The diagram shows a horizontal scale with five points: Forbetra, Ubetydeleg endring, Noko forringa, Forringa, and Sterkt forringa. An orange arrow points upwards to the 'Noko forringa' mark.</p>

### 7.5.3 Delområde 3 - Langaneset (id: FK00010659)

Delområde	Verdi	Påverknad
Delområde 3 - Langaneset (id: FK00010659)	Noko verdi	<p><i>Attraktivitet og forureining</i></p> <p>Delområdet ligg om lag 130 meter frå planområdet i sjø og ca. 350 meter frå planlagd nytt næringsareal. Det er direkte innsyn frå delområdet til planområdet. Planforslaget opnar for utviding av eksisterande næringsområde, både på land og i sjø. Dette gjer at næringsområdet og hamneområdet kjem tettare på delområdet, noko som inneber redusert attraktivitet på grunn av både visuelle verknader, samt potensielt lydforureining. Gjennomførte støyberekningar viser at delar av delområdet i sjø vil kunne få støynivå &gt;55 dB. Landområda er modellert til å kunne få støynivå under 55 dB. Sjå Figur 104. Store deler av friluftsområdet har direkte innsyn til næringsområdet og eksisterande vegetasjon og terreng avgrensar i liten grad innsyn mellom næringsområdet og austre del av friluftsområdet. Friluftsområdet er allereie påverka av næringsområdet, men planframlegget aukar næringsområdet sin innverkar på friluftsområdet. Samla vurdering av tema attraktivitet og forureining er noko forringa til forringa.</p>

	<p><i>Arealbeslag, tilgjenge og funksjon</i></p> <p>Tiltaket medfører ikkje direkte arealbeslag innanfor delområdet, og for dette temaet er verknad av planframlegget ubetydeleg. Planframlegget har ingen direkte påverknad på tilgjenge eller ferdselssamband i Høylandssundet og det vil framleis vere god passasje for båttrafikk. Moglegheit for bading innanfor delområdet vert oppretthaldt. Funksjonen av delområdet vert uendra. Samla vurdering for tema arealbeslag, tilgjenge og funksjon er ubetydeleg endring.</p> <p><i>Samla vurdering</i></p> <p>The diagram shows a horizontal scale with five points: Forbetra, Ubetydeleg endring, Noko forringa, Forringa, and Sterkt forringa. An orange arrow points upwards to the 'Noko forringa' mark.</p>
--	--

#### 7.5.4 Delområde 4 – Høylandsbygd båthamn

Delområde	Verdi	Påverknad
Delområde 4 – Høylandsbygd båthamn	Middels verdi	<p><i>Attraktivitet og forureining</i></p> <p>Delområdet grensar til den delen av planområdet som omfattar Røysanesvegen. Delområdet ligg i stor grad skjerma for direkte innsyn til næringsområdet av høgareliggjande terreng og eksisterande bygningsmasse i dag. Dette vil også vere tilfellet etter utbygging, men vestleg del av det utvida næringsområdet og ev. flytande installasjonar vil verta synleg frå dei vestre delane av delområdet. Dette inneber noko redusert attraktivitet på grunn av både visuelle verknader, samt potensielt lydforureining. Gjennomførte støyberekningar viser at delar av delområdet vil kunne få støynivå &gt;55 dB ved drift i sør. Sjå vedlagd støyrapport. Samla vurdering av tema attraktivitet og forureining er noko forringa.</p> <p><i>Arealbeslag, tilgjenge og funksjon</i></p> <p>Tiltaket medfører ikkje direkte arealbeslag innanfor delområdet, og for dette temaet er verknad av planframlegget ubetydeleg. Delområdet består av ei båthamn som er avhengig av at det er passasje for småbåttrafikk inn og ut av Hillestadvågen. Vågen er om lag 74 meter brei på det meste i dag, og planlagd utviding på land (utfylling i sjø/etablering av kai) gjer at passasjen vert smalna inn til om lag 65 meter frå kaikant til kaikant. I tillegg legg planforslaget opp til å regulere sjøområdet innanfor planområdet til <i>hamneområde i sjø</i>, noko som potensielt kan smalne inn passasjen til om lag 20 meter dersom det ligg oppankra fartøy eller liknande innanfor området. For å motverke negative konsekvensar for tilgjenge har ein lagt inn i føresegnene under arealføremål hamneområde i sjø at «<i>det skal sikrast passasje for småbåttrafikk i området HOS1. Området skal vere fri for faste installasjonar som kan hindre fri ferdsel</i>». Føresegna sikrar at tilgjenge til/frå småbåthamna frå sjø vert oppretthaldt. Etablering av fortau langs Slettanesvegen vil betre tilgjenge til delområdet på land for mjuke trafikkantar. Funksjonen av delområdet vert uendra. Samla vurdering for tema arealbeslag, tilgjenge og funksjon er noko forringa.</p> <p><i>Samla vurdering</i></p> <p>The diagram shows a horizontal scale with five points: Forbetra, Ubetydeleg endring, Noko forringa, Forringa, and Sterkt forringa. An orange arrow points upwards to the 'Noko forringa' mark.</p>

#### 7.5.5 Delområde 5 - Leikeplass Høylandsbygd

Delområde	Verdi	Påverknad
Delområde 5 - Leikeplass Høylandsbygd	Noko verdi	<p><i>Attraktivitet og forureining</i></p> <p>Delområdet ligg om lag 15 meter frå den delen av planområdet som omfattar Slettanesvegen og om lag 220 meter i luftlinje frå områda som vert regulert til</p>


	<p>næring. Mellomliggjande terreng, vegetasjon og bustadfelt gjer at det ikkje vil vera visuell kontakt mellom delområdet og næringsområdet. Det er såleis heller ingen verknadar av planframlegget i form av direkte arealbeslag for delområdet. Gjennomførte støyberekningar viser at delområdet ligg utanfor berekna støysoner, både i drifts- og anleggsfase. Samla vurdering av tema attraktivitet og forureining er ubetydeleg.</p> <p><i>Arealbeslag, tilgjenge og funksjon</i> Tiltaket medfører ikkje direkte arealbeslag innanfor delområdet, og for dette temaet er verknad av planframlegget ubetydeleg. Planframlegget har ingen direkte påverknad på tilgjenge eller ferdselssamband til delområdet. Etablering av fortau langs Slettanesvegen vil betre tilgjenge til delområdet på land for mjuke trafikkantar. Funksjonen av delområdet vert uendra. Samla vurdering for tema arealbeslag, tilgjenge og funksjon er ubetydeleg endring.</p> <p><i>Samla vurdering</i></p>
--	--

7.5.6 Delområde 6 - Friluftslivsområde sør (id: FK00010950, FK00010687, FK00011068, FK00010664, FK00010747, FK00010954, FK00010727)


Delområde	Verdi	Påverknad
Delområde 6 - Friluftslivsområde sør	Middels verdi	<p><i>Attraktivitet og forureining</i> Delområdet er stort og ligg 170 – 3000 meter sør og vest for planområdet i luftlinje. Det er direkte innsyn frå delar av delområdet og fleire av dei registrerte friluftslivsområda innanfor delområdet til planområdet og næringsområdet. Sjå Figur 43 - Figur 45 som samanliknar eksisterande og ny situasjon. Planforslaget opnar for utviding av eksisterande næringsområde, både på land og i sjø og høgare bygg med større volum enn i dag. Dette gjer at næringsområdet og hamneområdet kjem tettare på delområdet, noko som inneber noko redusert attraktivitet på grunn av visuelle verknader. Samstundes er det allereie etablert næring i området, og vi vurderer at frå lengre avstandar vil ikkje ei utviding medføre nemneverdig reduksjon i attraktivitet for delområdet. Planforslaget kan også medføre potensiell lydforureining, men gjennomførte støyberekningar viser at delområdet ligg utanfor berekna støysoner, både i drifts- og anleggsfase. Samla vurdering av tema attraktivitet og forureining er ubetydeleg.</p> <p><i>Arealbeslag, tilgjenge og funksjon</i> Tiltaket medfører ikkje direkte arealbeslag innanfor delområdet, og for dette temaet er verknad av planframlegget ubetydeleg. Planframlegget har ingen direkte påverknad på tilgjenge eller ferdselssamband til delområdet. Funksjonen av delområdet vert uendra. Samla vurdering for tema arealbeslag, tilgjenge og funksjon er ubetydeleg endring.</p> <p><i>Samla vurdering</i></p>


7.5.7 Delområde 7 - Toftøya og Toftevågstranda (id: FK00010884, FK00011034)

Delområde	Verdi	Påverknad
-----------	-------	-----------


<p>Delområde 7 – Toftøya og Toftevågstranda</p>	<p>Noko verdi</p>	<p><i>Attraktivitet og forureining</i> Delområdet ligg om lag 1,8 km nordvest for planområdet i luftlinje og det er direkte innsyn frå delområdet til planområdet og næringsområdet. Sjå Figur 48 - Figur 49 som samanliknar eksisterande og ny situasjon. Planforslaget opnar for utviding av eksisterande næringsområde, både på land og i sjø og høgare bygg med større volum enn i dag. Avstanden er likevel stor til planområdet, og generelt sett vil tiltak innanfor planområdet ha mindre vesentlege verknadar for delområdet. Det vil kunna vera nokre visuelle verknadar, men det er allereie etablert næring i området, og frå denne avstanden vil ikkje ei utviding medføre reduksjon i attraktivitet. Det vil heller ikkje vera ei merkbar auke i støy eller annan forureining. Samla vurdering av tema attraktivitet og forureining er ubetydeleg.</p> <p><i>Arealbeslag, tilgjenge og funksjon</i> Tiltaket medfører ikkje direkte arealbeslag innanfor delområdet, og for dette temaet er verknad av planframlegget ubetydeleg. Planframlegget har ingen direkte påverknad på tilgjenge eller ferdselssamband til delområdet. Funksjonen av delområdet vert uendra. Samla vurdering for tema arealbeslag, tilgjenge og funksjon er ubetydeleg endring.</p> <p><i>Samla vurdering</i></p> 
---	-------------------	---


7.5.8 Delområde 8 - Litla og store Lauvøya jensaneset (id: FK00010722/FS00001578 og FK00010885)

Delområde	Verdi	Påverknad
<p>Delområde 8 - Litla og store Lauvøya jensaneset</p>	<p>Middels verdi</p>	<p><i>Attraktivitet og forureining</i> Delområdet ligg om lag 2,8 km nord for planområdet i luftlinje og det er direkte innsyn frå delområdet til planområdet og næringsområdet.</p>  <p><i>Figur 73: Utsikt mot Høylandsbygd frå delområdet. Planområdet er markert med oransje pil.</i></p> <p>Planforslaget opnar for utviding av eksisterande næringsområde, både på land og i sjø og høgare bygg med større volum enn i dag. Avstanden er likevel stor til planområdet, og generelt sett vil tiltak innanfor planområdet ha mindre vesentlege verknadar for delområdet. Det vil kunna vera nokre visuelle verknadar, men det er allereie etablert næring i området, og frå denne avstanden</p>

	<p>vil ikkje ei utviding medføre reduksjon i attraktivitet. Det vil heller ikkje vera ei merkbar auke i støy eller annan forureining. Samla vurdering av tema attraktivitet og forureining er ubetydeleg.</p> <p><i>Arealbeslag, tilgjenge og funksjon</i> Tiltaket medfører ikkje direkte arealbeslag innanfor delområdet, og for dette temaet er verknad av planframlegget ubetydeleg. Planframlegget har ingen direkte påverknad på tilgjenge eller ferdselssamband til delområdet. Funksjonen av delområdet vert uendra. Samla vurdering for tema arealbeslag, tilgjenge og funksjon er ubetydeleg endring.</p> <p><i>Samla vurdering</i></p> 
--	--

### 7.5.9 Delområde 9 - Ytre og indre Valeøya (id: FK00010702/FS99000975 og FK00011033)

Delområde	Verdi	Påverknad
Delområde 9 - Ytre og indre Valeøya	Stor verdi	<p><i>Attraktivitet og forureining</i> Delområdet ligg om lag 2,6 km nord for planområdet i luftlinje og det er direkte innsyn frå delar av delområdet til planområdet og næringsområdet.</p>  <p><i>Figur 74: Utsikt mot Høylandsbygd frå delområdet. Planområdet er markert med oransje pil.</i></p> <p>Planforslaget opnar for utviding av eksisterande næringsområde, både på land og i sjø og høgare bygg med større volum enn i dag. Avstanden er likevel stor til planområdet, og generelt sett vil tiltak innanfor planområdet ha mindre vesentlege verknadar for delområdet. Det vil kunna vera nokre visuelle verknadar, men det er allereie etablert næring i området, og frå denne avstanden vil ikkje ei utviding medføre reduksjon i attraktivitet. Det vil heller ikkje vera ei merkbar auke i støy eller annan forureining. Samla vurdering av tema attraktivitet og forureining er ubetydeleg.</p> <p><i>Arealbeslag, tilgjenge og funksjon</i> Tiltaket medfører ikkje direkte arealbeslag innanfor delområdet, og for dette temaet er verknad av planframlegget ubetydeleg. Planframlegget har ingen direkte påverknad på tilgjenge eller ferdselssamband til delområdet. Funksjonen av delområdet vert uendra. Samla vurdering for tema arealbeslag, tilgjenge og funksjon er ubetydeleg endring.</p> <p><i>Samla vurdering</i></p>



7.5.10 Delområde 10 - Friluftslivsområde nordaust for Høylandssundet (id: FK00011027, FK00010734, FK00010763, FK00010892, FK00010881, FK00010996, FK00010997, FK00010870, FK00010753, FK00011066, FK00010721, FK00010929, FK00011051, FK00010797, FK00010712)

Delområde	Verdi	Påverknad
Delområde 10 - Friluftslivsområde nordaust for Høylandssundet	Stor verdi	<p><i>Attraktivitet og forureining</i></p> <p>Delområdet er relativt stort og omfattar fleire registrerte og verdsette friluftslivsområde på nordaustsida av Høylandssundet. Desse registrerte friluftslivsområda ligg med ulik avstand til planområdet, og det er varierende grad av innsyn frå dei ulike områda til planområdet. Det næraste registrerte friluftslivsområdet, Erslandsmarka (FK00011027) ligg om lag 1,2 km aust for planområdet. Som synlegheitsanalyse viser, vil delområdet vere synleg frå fleire av dei registrerte friluftslivsområda innanfor delområdet, men i realiteten vil eksisterande vegetasjon hindre direkte innsyn frå ein del av områda innanfor delområdet. Områda nærast sjø vil ha direkte innsyn til planområdet</p>  <p><i>Figur 75: Utsikt mot Høylandsbygd frå Sandvollsjøen (FK00010797) innanfor delområdet. Planområdet er markert med oransje pil.</i></p> <p>Planforslaget opnar for utviding av eksisterande næringsområde, både på land og i sjø og høgare bygg med større volum enn i dag. Avstanden er likevel stor til planområdet, og generelt sett vil tiltak innanfor planområdet ha mindre vesentlege verknadar for delområdet. Det vil kunna vera nokre visuelle verknadar, men det er allereie etablert næring i området, og frå denne avstanden vil ikkje ei utviding medføre reduksjon i attraktivitet. Det vil heller ikkje vera ei merkbar auke i støy eller annan forureining. Samla vurdering av tema attraktivitet og forureining er ubetydeleg.</p> <p><i>Arealbeslag, tilgjenge og funksjon</i></p> <p>Tiltaket medfører ikkje direkte arealbeslag innanfor delområdet, og for dette temaet er verknad av planframlegget ubetydeleg. Planframlegget har ingen direkte påverknad på tilgjenge eller ferdselssamband til delområdet. Funksjonen av delområdet vert uendra. Samla vurdering for tema arealbeslag, tilgjenge og funksjon er ubetydeleg endring.</p> <p><i>Samla vurdering</i></p> 

## 7.6 Avbøtande tiltak

For reguleringsplanen er alternative utbyggingsareal ikkje relevant, sjå kap. 1.2. Det er ila. prosessen sett på fleire alternativ å regulere planområdet, som t.d. byggehøgde, planeringshøgde og storleik på utfylling i sjø. Hovudføremålet med reguleringsplanen er å leggje til rette for næring i form av maritim industri. Planeringsnivå og utstrekning av næringsområdet og utfyllinga i sjø er sett ut i frå eksisterande verksemder sine behov for framtidig utvikling. Det er m.a. planar om å etablere ein ny tørrdokk, noko som krev ein del areal. Det er eit stort behov for sjøtilknytt næringsareal i regionen, og det er difor ein føresetnad for planarbeidet at næringsområdet ligg til sjø.


Planframlegget omfattar ei utviding av eit eksisterande næringsområde i strandsona med utfylling i sjø og tilgang til nye kaiar. Ut frå planlegging av området, og at det er ein føresetnad med næringsareal til sjø og kaiareal, er avbøtande tiltak for å avgrense negative verknadar få. Plankart og føresegner sett krav som medfører eit dempa inntrykk og verknad av planforslaget, desse er:

- Vegetasjonsskjerm i område som fungerer som skjerming mellom nye planerte areal/næringsområde og tilstøytande areal. Føresegnene gir at eksisterande vegetasjon skal takast vare på så langt det er mogleg, og flatehogst er ikkje tillate.
- Angitt min. planeringshøgde, og varierende maks. byggehøgde innanfor dei ulike delområda er vurdert og sett ut i frå m.a. nær- og bakanforliggjande bygg og terrengformer.
- Det skal ikkje nyttast skinnande/reflekterande materiale, med unntak av vindauge og/eller ev. solceller.
- Lågare byggjehøgde for bygg nærast registrert friluftslivområde i delområde 1 (NÆ6) og inntrekk byggjegrænse.
- Det er opna for relativt høge bygningskroppar innanfor næringsområda ved sjø som vil kunne medverke til å skjerme høge skjeringar.
- Alle tiltak innanfor planområdet må følgje dei til ein kvar tid gjeldande retningslinjer for støy (i dag T-1442/2021). Det er støygrænser for industri med heilkontinuerleg drift som skal leggjast til grunn for nye tiltak, og grenseverdiane er gjort gjeldande i føresegnene. Føresegnene set også avgrensingar ift. når på døgeret det kan gjennomførast anleggsarbeid som inneber særskild støyande aktivitet.
- Føresegnene set krav til gjennomføring av tiltak i samband med utfylling og mudring i sjø for å hindre ureining.
- Områda i sjø nærast Hillestadvågen og Slettaneset vert regulert til *Bruk og vern av sjø og vassdrag*, med føresegner som sikrar fri ferdsel for alle og at anker og fortøying i frå nærliggjande nærings- og hamneområde ikkje skal vere til hinder for fri ferdsle.
- Føresegn som sikrar passasje og fri ferdsel inn og ut Hillestadvågen i område regulert til hamneområde i sjø (HOS1).
- Det er lagt inn arealføremål for utbetring av veg og fortau langs kommunale veg. Dette vil betre trafikktryggleiken i området, også for barn og unge.

## 7.7 Konsekvens

Samla konsekvens for delområde 1-10 gir følgjande:

- 1) Delområde 1: Middels/Noko negativ konsekvens (--/-)
- 2) Delområde 2: Ubetydeleg konsekvens (0)
- 3) Delområde 3: Ubetydeleg konsekvens (0)
- 4) Delområde 4: Noko negativ konsekvens (-)
- 5) Delområde 5: Ubetydeleg konsekvens (0)
- 6) Delområde 6: Ubetydeleg konsekvens (0)
- 7) Delområde 7: Ubetydeleg konsekvens (0)
- 8) Delområde 8: Ubetydeleg konsekvens (0)
- 9) Delområde 9: Ubetydeleg konsekvens (0)
- 10) Delområde 10: Ubetydeleg konsekvens (0)



Figur 76: Konsekvensvifte der delområda er plassert ut i frå vurdering av verdi og påverknad i tidlegare kapittel.

#### Forholdet til 0-alternativet:

Planområdet på land overlappar i stor grad med eksisterande reguleringsplan for området (planID:20090008) frå 2010. Gjeldande reguleringsplan er gamal og stettar ikkje dagens krav til reguleringsplanar. Kvinnherad kommune har signalisert at planen bør opphevast/oppdaterast, og 0-alternativet vil dermed vere dagens situasjon i planområdet, med dei tiltaka som er etablert i området i dag. Samla vurdering av konsekvens for delområda dersom ein legg til grunn dagens situasjon er såleis ubetydeleg endring/konsekvens (0).

#### Forholdet til planalternativet:

Delområde	Planalternativ
<b>Delområde 1</b>	Middels/noko konsekvens (--/-)
<b>Delområde 2</b>	Ubetydeleg konsekvens (0)
<b>Delområde 3</b>	Ubetydeleg konsekvens (0)
<b>Delområde 4</b>	Noko konsekvens (-)
<b>Delområde 5</b>	Ubetydeleg konsekvens (0)
<b>Delområde 6</b>	Ubetydeleg konsekvens (0)
<b>Delområde 7</b>	Ubetydeleg konsekvens (0)
<b>Delområde 8</b>	Ubetydeleg konsekvens (0)
<b>Delområde 9</b>	Ubetydeleg konsekvens (0)
<b>Delområde 10</b>	Ubetydeleg konsekvens (0)
<b>Samla vurdering</b>	<b>Noko konsekvens (-)</b>
<b>Samla verknader</b>	Næringsområdet på Høylandsbygd har vore i bruk sidan 70-talet til ulike næringar og menneskeleg aktivitet, og landskapet i området er allereie vesentleg endra samanlikna med ein situasjon med urørt natur. Det har pågått ei gradvis utbygging i området, både på land og i sjø, og området er relativt sterkt påverka av denne aktiviteten i dag. Dette har også medført konsekvensar for friluftsliv, ved at sjøve Hillestadneset ikkje har vore særleg attraktivt for slik aktivitet.

	Planframlegget opnar for ytterlegare terrenginngrep og utfyllingar i sjø. Eitt av delområda, nr. 1, medfører direkte arealkonflikt, men i hovudsak er verknadane for delområda knytt til visuell nær- og fjernverknad samt potensielt lydforureining. Eitt av delområda er vurdert å ha middels/noko negativ konsekvens for friluftslivet og eitt delområde er vurdert å ha noko negativ konsekvens.
<b>Grunngjeving for samla konsekvensgrad</b>	<p>Det er ikkje kjent at det er planlagt andre tiltak i nærområdet, slik at framtidig påverknad er avgrensa til planframlegget.</p> <p>Samla konsekvensgrad for friluftsliv er sett til <b>noko negativ</b> for utbyggingsalternativet på bakgrunn av at det er ei overvekt av delområde som er vurdert til ubetydeleg eller noko konsekvens. Eitt område har middels/noko konsekvens, medan ingen delområde har stor eller svært stor negativ konsekvens.</p>

## 7.8 Usikkerheit

Det er gjennomført synfaring i området, og kjende databasar er nytta som grunnlag, men det kan likevel vera moment som ikkje er fanga opp, og som kunne vore vurdert i utgreiinga. Kunnskapsgrunnlaget vurdert til å vera relativt godt for området. Det er noko usikkerheit knytt til faktisk bruk av land- og sjøområda kring planområdet og utfominga av næringsområdet. Det er låg usikkerheit i forhold til vurdering av saumverknader frå andre tiltak i nærområdet. Det er ikkje behov for oppfølgjande undersøkingar.

Når det gjeld barn og unge er det ikkje registrert plassar for opphald for barn eller leikeplassar i innanfor planområdet. Det er heller ikkje registrert ferdsléarer, plassar eller liknande som er av særleg verdi for barn, og det er ikkje gjort "barnetråkkundersøkingar». Kunnskapsgrunnlaget er basert på tilgjengeleg informasjon, og vert ikkje vurdert som uttømmende med tanke på område og ferdsléarer som born og unge nyttar.

## 8 Konsekvensutgreiing Transport - Vegtrafikk

### 8.1 Metode og datagrunnlag

Transport – vegtrafikk er ikkje eit eige definert utgreiingstema i rettleiar M-1941, og det ligg difor ikkje føre ein standardisert metodikk for vurdering av dette temaet. Vurderingane er baserte på gjeldande vegfaglege normer og rettleiarar, med Statens vegvesen si handbok N100 som sentralt styringsdokument for standard og dimensjonering av nye vegar.

I konsekvensutgreiinga har ein vurdert konsekvensane av 0-alternativet og for planalternativet, for planområdet og for influensområdet. Influensområdet er avgrensa til planområdet inklusiv kryssområde inn mot fv. 5048.

Planprogrammet gir følgjande for utgreiingstemaet:

*Vegane har varierende breidde og det er etablert smalt fortau frå fylkesveg og fram til næringsområdet. Siktsoner, radius i kryss/avkøyringar, samt stigning på kommunal veg fram mot fylkesvegen har god standard. Kommunen har i oppstartsmøte sett krav om at planarbeidet skal regulere utbetring av dei kommunale vegane med tilhøyrande fortau, samt oppstraming av kryss til fylkesvegen. Det må søkjast om avvik frå kommunal vegnorm 2022 som del av planarbeidet.*

*Konsekvens for trafikktryggleik, barn og unge, mjuke trafikantar, tilgjenge og kryssløysingar, trafikk mønster, kollektivdekning, byggegrense mot veg, parkering, og konsekvensar for fylkesvegnettet, samt vegtrafikk i samband med bygg- og anleggsfase skal utgreiast. Det skal utarbeidast tekniske vegteikningar.*

<b>Transport Vegtrafikk</b>	Kommuneplanen sin arealdel Statens vegvesen: Handbok N100 Statens vegvesen: Handbok V713 Kommunal vegnorm Kvinnherad	Trafikkanalyse dagens og framtidig situasjon Berekning av framtidig ÅDT basert på planframlegget og Statens vegvesen sine handbøker
---------------------------------	---	--


Datagrunnlag og kjelder for vurderingane er følgjande:

- Statens vegvesen sine handbøker, og særleg N100
- Statens vegvesen V713, Trafikkberegninger (2014)
- Kommunal vegnorm Kvinnherad
- Rammeplan for fylkesvegar i Vestland: Retningslinjer og haldningsklassar i avkøyrsløse og byggegrensesaker, Vestland Fylkeskommune, 2025
- Kartbasen NVDB, vegkart med m.a. ÅDT, trafikkulykke, dagens situasjon, kollektiv
- Grunnkart som syner busetnad og infrastruktur

Med utgangspunkt i Nordplan Stord AS si synfaring i området, informasjon frå tiltakshavar, merknadar til oppstart, samt lokal kjennskap til området og merknadar til oppstart/planprogram, er kunnskapsgrunnlaget vurdert til å vera relativt godt for området. Usikkerheita knytt til ukjent bruk av vegar i området er låg, medan urapporterte ulykker og trafikkfarlege hendingar er høg.

## 8.2 Dagens situasjon


Hovudtilkomst til området er via fylkesveg 500, Sæbøvegen/ Halsnøyvegen. Avkøyring frå fylkesvegen er via Høylandsbygdvegen, Fv. 5048. Alternativt via Toftevågsvegen, Fv. 5054 til Fv. 5048. Det er om lag 6 km frå Landa (kryss til Sydnes) fram til næringsområdet.



Figur 77. Dagens hovudvegar, samt busshaldeplassar.

Delar av Høylandsbygdvegen er inkludert i planområdet grunna vegtilkomst, avklaring av utbetring/omlegging av kryss og siktsoner, samt etablering av kantstopp for buss. ÅDT på Høylandsbygdvegen er registrert til 700 (tal frå 2024) fram til planområdet. Fartsgrensa varierer mellom 50 og 80 km/t. Registrert vegbreidde varierer mellom 4,9 og 7 meter. Bruksklasse er registrert til BK10 50 tonn, og maks vogntoglengde 19,50 meter. Høylandsbygdvegen er ein lågtrafikkert fylkesveg med funksjon som lokal hovudveg i området. Vegstandarden varierer langs strekninga, og vegen har fleire parti med avgrensa vegbreidde og kurvatur som er typisk for fylkesvegar i distriktsområde. Strekninga får Landa til Hillestad har generelt låg trafikkmengd, men standarden på vegen er somme stader avgrensa når det gjeld breidde og møteforhold. Dette kan gje utfordringar ved møte mellom tungtransport og personbilar, særleg på smalare parti. Ein er kjend med at lokalt grendalag og Kvinnherad kommune har teke initiativ til dialog med Vestland fylkeskommune om moglege punktutbetringar langs vegen, mellom anna for å betre møteforhold og framkome. Planarbeidet er kjend med dette initiativet, men det er ikkje kjent status eller framdrift for eventuelle tiltak på fylkesvegen. Kommunestyret har løyvd midlar i 2026, så det er nærliggjande å tru at utbetringane vil skje ila. 2026/2027.

Det er registrert 11 trafikkulykker langs vegen i Statens vegvesen sin database. Den sist registrerte var i 2022, men ingen i avkøyringa til Hillestadneset.



Figur 78: Registrerte trafikulykker på Høylandsbygdvegen. Kjelde: Vegkart SVV (mars 2026).

Det er ikkje lagt til rette for fortau/gang og sykkelveg langs Høylandsbygdvegen. Høylandsbygdvegen ligg i haldningsklasse 3 – mindre streng haldning (blå) – viktig lokal samlevegfunksjon i Rammeplan for fylkesveggar i Vestland, revidert 2025, noko som tilseier byggegrense 30 meter frå senterlinje veg.

Det siste strekket fram til næringsområdet er kommunale vegar; Røysanesvegen og Slettanesvegen (KV1044 og KV1037). Vegane har fartsgrense 30 km/t. Bruksklasse er registrert til BK10 50 tonn, og maks vogntoglengde 19,50 meter. Kryssløysinga til Høylandsbygdvegen er stort sett i tråd med HB N100, men avviker noko for vertikalgeometri (meir enn 3 % fall). Det er eit oversiktleg og ope kryss med gode siktforhold, med unntak av at vegen Hillestad flyt delvis inn i krysset.



Figur 79: Kryss mellom Høylandsbygdvegen og Slettanesvegen, med vegen Hillestad som flyt delvis inn i krysset. Kjelde: Google maps (sep. 2024).

Dagens avkøyring mellom Røysanes- og Slettanesvegen er i tråd med Vegnorm for Kvinnherad kommune 2022 for vertikalgeometri og hjørne-avrunding mot sør ( $R=12$ ). Hjørneavrunding mot nord er under  $R=10$ , men det er svært avgrensa/ingen næringstrafikk som går/skal gå denne retninga. Det er slake stigningsforhold på alle vegane, bortsett frå eit mindre strekk nærmast næringsområdet (maksimalt 12,5 %). Slettanesvegen har i dag ei asfaltert breidde på ca. 5,7 meter. Det er etablert smalt fortau (ca. 1,1 meter breitt) langs deler av Slettanesvegen, og det er etablert fartshumpar på strekninga. Langs Røysanesvegen er det etablert eit ca. 1,8 m breitt fortau med avvisande fortauskant og enkelte fartshumpar. Det er ukjent ÅDT på vegane. Trafikk langs kommunal veg er knytt til bustadar i området (ca. 40 husvære), samt etablert industriområde, friluftsområde og småbåthamn.

Estimert ÅDT på Slettanesvegen er ca. 445 (52 bustader x 5 + 65 arbeidsplassar industri x 2,5 + varetransport (4 stk. x 2) + rutebuss (12 stk.)) og estimert ÅDT på Røysanesvegen er 220 (ca. 35 (ÅDT bueiningar) + 165 (ÅDT næring + varetransport (4 stk. x 2) + rutebuss (12 stk.)).

Det går ein eksisterande privat tilkomstveg til industriområdet frå Røysanesvegen og inn til parkeringsplassen ved administrasjonsbygget til Halsnøy Dokk, PV98724. Inne på sjølve industriområdet er det sett av fleire areal til parkering i nærleiken av administrasjonsbygga og brakkeriggane. Området elles er flatt og grusa eller asfaltert, noko som mogleggjer tilkomst for ulike køyretøy inne på området. Langs foten av skjeringa på sørsida av den eksisterande dokken går det ein tilkomstveg/bru med breidde ned mot 5 meter. Dette er einaste køyrbare tilkomst til den austlege delen av industriområdet.



Figur 80: Tilkomstveg/bru i bakkant av eksisterande dokk.

Det er etablert kantstopp for buss med bussskur i krysset til Slettanesvegen (sjå Figur 77/figur 79). Bussrute 791 går mellom Valen og Høylandsbygd industribase via Husnes seks gonger kvar veg dagleg på kvardagar. Halsnøy industribase er endestopp for ruta, og bussen snur nede ved industriområdet.

### 8.3 Forventa trafikkmengd

Det er forventa ein auke i trafikk til planområdet når heile området er bygd ut. Her under vil det verta både auke i småbiltrafikk og tungtrafikk. Ein kan skilje mellom venta auke i trafikk i bygg- og anleggsfase og i driftsfase.

#### 8.3.1 Forventa trafikkmengd – Bygg- og anleggsfase

Det er utarbeidd ein overordna massehandteringsplan for planframlegget, sjå vedlegg. Reguleringsplanen gir grunnlag for uttak av massar og fylling i sjø. Det planlagde uttaket er for å klargjere areala for næringsverksemd, og har ikkje eit kommersielt formål. Massane vil i hovudsak nyttast internt på næringsområdet for planering, opprusting og utfylling i sjø for landvinning og utviding av det eksisterande næringsarealet. Det er berekna at ei full utbygging vil gi eit masseunderskot på anslagsvis 586 000 m<sup>3</sup>. Området vil bli bygd ut i etappar/fasar. Sjå vedlagd overordna massehandteringsplan for nærare skildring av etappane. I siste fase når interne massar er teke i bruk vil det verta eit stort transportbehov av massar til planområdet.

Tidspunkt for realisering av dei ulike etappane er usikkert og avhengig av behov, tilgjengelegheit og lokalisering av tilgjengelege overskotsmassar, økonomi og ev. avgjerd for bygging av ny tørrdogg.

Transport av massar vil vere avgrensa til anleggsperiodane innanfor planområdet. Den overordna massehandteringsplanen skildrar byggefasar der fase 1-2 i hovudsak vil ta utgangspunkt i interne massar og dermed tilnærma massebalanse. Fase 3 med større fylling i nord krev tilførte massar. Det er usikkert kor stor del av massane som må transporterast til planområdet, kor dei kjem frå, når det skjer og om dei vil verta transportert landevegen eller sjøvegen. Dette vil vera avhengig av tilgjengelegheit og lokalisering av prosjekt, samt gjennomføringa av anleggsarbeidet. Ein forventar at ein stor del av transporten inn til området vil skje sjøvegen, og dette er også lagt til grunn i den overordna massehandteringsplanen. Dette fordi det er store mengder massar som trengs og fordi det truleg vil vere meir hensiktsmessig og økonomisk lønsamt å transportere massane sjøvegen enn med lastebilar. Med omsyn til omfang av massar vil det også vere mest skånsamt for nærmiljøet om massane vert transportert til planområdet sjøvegen.

Det er umogeleg på noverande tidspunkt å estimere kor stor del av massane som skal transporterast sjøvegen, men nedanfor har vi satt opp eit døme for å illustrere korleis ein mogleg fordeling av massetransporten kan verte og korleis dette påverkar forventa trafikkmengd på vegnettet i anleggsfasen. Dersom vi legg til grunn at om lag 80% av massane vil kunne bli transportert inn via sjøvegen, vil dette ut i frå førebels masseberekning bety at om lag 468 800 m<sup>3</sup> koma sjøvegen og om lag 117 200 m<sup>3</sup> vil bli transportert inn til området med lastebil. Det er ikkje skissert tidsplan for anleggsfase som krev tilførte massar, då dette er uvisst med omsyn til tilgjenge på massar og behov for næringsareala. Det er uavhengig at dette grunn til å tru at transporten vil skje over fleire år, og at det truleg vil vere meir intensive periodar i samband med konkrete prosjekt som har tilgjengelege massar.

Transport land estimert 20 %	Estimert transport av massar per år		Tal køyreturar pr år (ÅDT) Storleik lastebil, tonn			
	Anleggsperiode 5 år	Anleggsperiode 10 år	13 tonn over 5 år (9m <sup>3</sup> )	13 tonn over 10 år (9m <sup>3</sup> )	17 tonn over 5 år (12m <sup>3</sup> )	17 tonn over 10 år (12m <sup>3</sup> )
117200 m <sup>3</sup>	23 440 m <sup>3</sup>	11 720 m <sup>3</sup>	2605 (ÅDT)	1303 (ÅDT)	1954 (ÅDT)	977 (ÅDT)

Som ein ser av tabellen over så vil massetransporten på land utgjere ein relativt låg ÅDT pr. år i gjennomsnitt. Det er knytt noko usikkerheit kring faktisk omfang av transport og andel massar som skal transporterast på land og truleg vil det vere periodar som er meir intensive.

Sjølv om det vil vere periodar med auka tungtrafikk på kommunale vegar i anleggsfasen, er det vurdert at den gjennomsnittlege årlege trafikkbelastninga vil vere låg. Ved at ein stor del av massetransporten vert gjennomført sjøvegen, vert konsekvensane for trafiksikkerheit, nærmiljø og fylkesvegnettet verta avgrensa.

### 8.3.2 Forventa trafikkmengd - driftsfase

Planforslaget opnar ikkje for nye bueiningar og tilgrensande område som er avsett til bustadføremål i gjeldande kommuneplan/detaljerguleringsplan i nærområdet er allereie bygd ut. Avkøyninga mot Hillestad flyt i dag delvis inn i krysset mellom Slettanesvegen og Fv. 5048, Høylandsbygdvegen. I dialog med kommune og fylkeskommunen, har ein kome fram til at det er ynskjeleg å legge om delar av eksisterande veg mot Hillestad og flytte den eksisterande avkøyrsla inn på Slettanesvegen før ein kjem til krysset. I planforslaget er denne løysinga innarbeidd, noko som resulterer i at også trafikk til/frå Hillestad vert leia inn på Slettanesvegen. Elles har ein lagt til grunn at framtidig situasjon vil vere tilnærma den same når det kjem til trafikk til/frå tilgrensande bueiningar.

Det er truleg at ein stor del av næringsområda vil vere, som i dag, knytt til arealintensive næringar med store produksjonshallar og lager, og i mindre grad til kontor/administrasjon eller trafikkgenererande næring. Det er grunn til å tru at det vil vere mest trafikk til/frå området ved arbeidsstart og -slutt, men samstundes trafikk gjennom dagen med t.d. leveransar og underleverandørar/tenester. Tiltakshavar har opplyst at ein kan legge til grunn 50 % auke i tal faste tilsette ved full utbygging, dvs. ca. 100 faste tilsette. Det går rutebuss til området, og ein har fått opplyst at ein del av dagens faste tilsette bur i nærområdet og som sykklar/går til jobb. Dette vil truleg vere situasjonen i framtida også, men andelen som tek buss eller sykklar/går er ukjend. Det at området er tilgjengeleg med buss gjer at ein har vald å liggje i det lågare sjiktet i variasjonsområdet som er oppgjeve for turproduksjon pr. tilsett i handbok V713 (Trafikkberegninger, 2014).

I tillegg er det ein del innleigde arbeidarar som bur inne på området i brakkeriggjar. Tal på innleigde arbeidarar varierer gjennom året, men tiltakshavar anslår at det vil ligge ein stad mellom 100-200 ved full utbygging. Tiltakshavar har opplyst at desse disponerer nokre bilar som står fast inne på industriområdet og at dei samkøyrer til butikk 1-2 dagar i veka. Det er vidare opplyst at det er relativt få anløp med tungtransport til/frå området i dag (3-4 lastebilar til dagen). Tiltakshavar anslår at dette truleg vil doblast ved full utbygging, og det er difor lagt til grunn 8 lastebilar til dagen for framtidig situasjon.

Det er gjennomført ei grov kalkyle for framtidig trafikk ut frå handbok V713 (Trafikkberegninger, 2014):

- Estimert ÅDT på Slettanesvegen er ca. 530 (52 bustader x 5 + 100 arbeidsplassar industri x 2,5 + varetransport (8 stk. x 2) + rutebuss (12 stk.)). Etter tilkopling av Hillestadvegen (ÅDT=50) vert samla ÅDT til kryss med Høylandsbyggsvegen ca. 580, men dette gjeld altså berre for dei siste 50 metrane av Slettanesvegen.
- Estimert ÅDT på Røysanesvegen er 305 (ca. 35 (ÅDT bueningar) + 250 (ÅDT næring) + varetransport (8 stk. x 2) + rutebuss (12 stk.)).

Ut i frå desse berekningane er framtidig ÅDT for Slettanesvegen (hovuddelen) estimert til 530 og 305 for Røysanesvegen.

Samla sett er det vurdert at den forventede auken i trafikkmengd i driftsfase vil vere moderat og handterbar innanfor eksisterande og planlagde vegløyser. Med utbetring av kommunale vegar, etablering av fortau og justering av kryssløyser vil planframlegget gi betre trafikktryggleik enn dagens situasjon, trass i auka trafikk.

## 8.4 Vegløyser i planområdet

### 8.4.1 Tilkomsvegjar i planområdet

Regulerte tilkomstvegjar i planforslaget følgjer i all hovudsak eksisterande tilkomstvegjar. Næringsområdet vil ha tilkomst som før, via etablerte kommunale vegar, Røysanesvegen og Slettanesvegen. I oppstartsmøtet med kommunen sette Kvinnherad kommune krav om at desse tilkomstvegane og kryssløyseringa inn mot fylkesveg 5048, Høylandsbygdvegen med tilgrensande areal skulle vere del av planområdet.

Fv. 5048, Høylandsbygdvegen, er i reguleringsplanen synt som o\_KV1. Vegbreidda varierer i dag mellom 5-6 meter, og i plankartet er den regulert med dagens breidde og eit 1,5-2,0 meter breitt belte med annan veggrunn – grøntareal på kvar side som sikrar vegeigar (Vestland fylkeskommune) moglegheit til å utvide vegen i framtida dersom det vert behov/ynskje om det. Dimensjoneringsklasse etter Statens vegvesen si handbok N100 er;

- Vegklasse: «Øvrige lokalvegjar, L2» eller «Lokale vegjar, L1»
- Stoppsikt: 45 (50 km/t)
- Dim. køyretøy: VT

Vegen har ei fartsgrense på 50 km/t på strekninga innanfor planområdet, og det er gode siktforhold i begge retningar. Samankoplinga mellom fylkesvegen og Slettanesvegen er i reguleringsplanen utforma som eit

forkøyrregulert kryss med sikt 10m x 54 m i begge retningar. For å tilpasse planframlegget til eksisterande situasjon, og samstundes avgrense negative konsekvensar for landbrukseigedomar og kulturminne i området, er det lagt opp til å søkje fråvik frå krav til vertikalgeometri i Statens vegvesen handbok N100. Det vert vist til planomtalen for nærare omtale og grunngjeving av fråvika.

o\_KV2 og o\_KV3 regulerer eksisterande kommunale vegar; Slettanesvegen og Røysanesvegen. Begge desse vegane er regulert for utbetring med fortau, og skal opparbeidast i tråd med teknisk plan. Dimensjoneringsgrunnlaget etter Vegnorm for Kvinnherad kommune 2022 er:

- Vegklasse: «Samleveg, Sa1»
- Vegbreidd: 5,75 meter + 0,25 meter skulder
- Fortausbreidd: min. 2,75 m asfalt + 0,25 m grusskulder
- Stoppsikt: 30 m (30 km/t)
- Dim. køyretøy: L/VT

Ein hadde i utgangspunktet vurdert at Slettanesvegen og Røysanesvegen fell inn under vegklasse A2 (tilkomsvegar > 50bueiningar) på grunn av dagens bruk, ÅDT og utforming. Kvinnherad kommune meinte derimot at vegane måtte definerast som samleveg (Sa1) etter gjeldande vegnorm. Dette fordi dei vurderte at ein lyt sjå på den samla belastninga på vegane med både bustadar og tungtrafikk til næringsområdet. Utformingskrav for Sa1-vegar i vegnorma er gjeldande, men kommunen har opna for at dei kan tillate dispensasjon i frå denne dersom det gjeld å tilpasse til eksisterande situasjon.

På grunn av tilpassingar til eksisterande situasjon er regulert breidde for Slettanesvegen og Røysanesvegen stort sett til 5,5 meter i plankartet. På grunn av eksisterande innmålte tiltak langs vegen, har ein måtta redusere breidda på køyrevegen og tilhøyrande fortau til 5,0 meter (køyreveg) + 1,8 meter (fortau) mellom ca. profil 230 og 280 på deler av Slettanesvegen. I dette området står det ein eksisterande garasje som er plassert ca. 1 meter frå eksisterande køyrebane på vestsida av vegen (gbnr. 202/28-29,73) og på austsida er det etablert ein mur i eksisterande fortauskant og bustad tett på eksisterande mur/fortau (gbnr. 202/29-29,73). Ved enden av Slettanesvegen mellom ca. profil 400 og 490, avviker ein også kommunal vegnorm. Her er breidda på køyrevegen 5,0 meter og fortau 2,1m på grunn av tilpassing til eksisterande eigedommar langs vegen.



Figur 81: Eksisterande garasje og mur langs Slettanesvegen ved gbnr. 202/28-39,73).

Det vert søkt om dispensasjon i frå utformingskrav gjeve for Sa1-vegar i Kvinnherad kommune si Vegnorm. Det vert vist til planomtalen for nærare omtale og grunngjeving av fråvika.

KV4-7 regulerer eksisterande private avkøyeringar langs Slettanesvegen og Røysanesvegen der dei gir tilkomst til fleire tomter/funksjonar. Eksisterande avkøyeringar til enkelttomter er synt med avkøyingspilar i plankartet. I følgje vegnorm for Kvinnherad kommune (2022) skal friskt i avkøyrslar til samleveggar vere minimum 1,4 x 1,2LS for samleveggar. I planframlegget har ein vald å berre regulere inn siktsoner i dei private avkøyrslene (KV4-7) langs Slettanesvegen og Røysanesvegen. Slettanesvegen og Røysanesvegen fungerer i hovudsak som tilkomstveggar for bustader, med fleire direkte avkøyrslar, fartshumpar og fartsgrense på 30 km/t. Etter ei fagleg vurdering vert dei difor ikkje rekna som typiske samleveggar, kor enkeltavkøyrslar normalt ikkje er tillate. På denne bakgrunnen er det lagt til grunn frisksiktone for avkøyrslar på 3 x 30 meter, i tråd med teikning nr. 6 i vegnorm for Kvinnherad kommune. Dette er eit avvik frå siktkrav for Sa1-veggar.


KV8 regulerer eksisterande privat veg internt i næringsområdet. Veggen har 5,5 m regulert breidde.

KV9 regulerer ny avkøyering frå Slettanesvegen mot Hillestad. Avkøyeringa mot Hillestad flyt i dag delvis inn i krysset mellom Slettanesvegen og Fv. 5048, Høylandsbygdvegen. I dialog med kommune og fylkeskommunen, har ein kome fram til at det er ynskjeleg å legge om delar av eksisterande veg mot Hillestad og flytte den eksisterande avkøyrsla inn på Slettanesvegen. KV9 har ei regulert breidde på 3,5 meter. Eksisterande avkøyrsla vil verta sanert og stengd. Eksisterande inn-/utkøyering til fylkesvegen mot Hillestad er difor regulert med juridisk punkt stengt i plankartet og føresegnene gir at denne skal stengast når KV9 er etablert og godkjent for bruk.

#### Internt vegnett innanfor næringsområdet

Med unntak av KV8 regulerer ikkje planforslaget interne veggar inne på næringsområdet, men føresegnene opnar for at etablering av interne veggar innanfor næringsføremåla er tillate. Dette gjev fleksibilitet i vidare detaljprosjektering og tilpassing av løysingar etter verksemda sine behov. Eit internt vegnett vil kunne gi fleire fordelar i form av betre logistikk og meir effektiv drift, auka trafikktryggleik og meir effektiv handtering av tungtransport. Ei utviding av næringsområdet i særleg retning vil gje betre plass i bakkant av den eksisterande dokken og opne for at den eksisterande tilkomstvegen/brua kan erstattast med ein ny og meir funksjonell tilkomst til den austlege delen av næringsområdet.

Det er gjort ei innleiande vurdering av potensiell trasé for tilkomsttunnel til dokkområdet. Sjå vedlegg. Føremålet med tunnelen er å gje direkte tilkomst for tungtransport til og frå dokkområdet slik at dei slepp å køyre gjennom industriområdet. Dette vil gje betre og meir effektiv logistikk og betre trafikktryggleiken inne på næringsområdet. Forprosjektet gir at det må planleggast for ei høgde på min. 5 meter frå vegbane til topp av heng. Breidde skal tilpassast type køyretøy som vert nytta på industriområdet. Profil T5,5 iht. Statens vegvesen si handbok N100 passar til føremålet med tunnelen. Den vurderte tilkomsttunnelen til dokkområdet vil ytterlegare forbetre trafikktryggleiken ved å føre tungtransport direkte til og frå dokken, utan å måtte køyre gjennom resten av industriområdet. Samla sett vil eit gjennomtenkt internt vegnett (inkludert mogleg tunneltilkomst til dokkområdet) leggje til rette for tryggare trafikkavvikling, meir effektiv logistikk og større fleksibilitet i den vidare utviklinga av næringsområdet.



Figur 82: Øvst: Skisse av tunnelprofil T5,5. Statens vegvesen, hb. N100. Nedst: Lengdeprofil langs tenkt tunneltrasé.

#### 8.4.2 Byggegrenser

Langs Fylkesveg 5048 vert gjeldande byggegrense etter Rammeplan for fylkesvegar i Vestland lagt til grunn (30 meter frå senterlinje veg, haldningsklasse 3). Det er ikkje regulert bygningar i denne sona, og det er difor ikkje sett byggegrense til fylkesvegen i plankartet. Planframlegget inneber ikkje redusert byggegrense mot fylkesveg, og legg ikkje til rette for tiltak som kan svekke trafikktryggleik eller framtidig utvidingsmoglegheit. Tvert imot vil omlegging av Hillestadvegen betra moglegheita for ev. framtidige tiltak.

Byggegrensa på næringsområda er stort sett plassert 2 meter frå vegkant (privat/kommunal veg) og noko nærare der det er eksisterande næringsbygg som ligg nærare vegen enn 2 meter i dag. Ved å leggja byggegrensene på desse avstandane er det vurdert at ein har sikra god arealutnytting samstundes som det vert oppretthalde tilstrekkeleg rom for drift, vedlikehald og trafikktryggleik.

#### 8.4.3 Parkering

Det er ikkje regulert inn eige areal for parkering i planforslaget, men føresegnene gir at parkering for næringsverksemdar skal løysast innanfor næringsføremåla og vere tilpassa aktuell verksemd. Utforming/ plassering av parkering for aktuell verksemd skal sikrast. Behov for parkering for tilsette og besøkande, basert på bemanningsbehov og forventa besøk må då vurderast. Ved søknad om tiltak innanfor dei ulike delområda (NÆ1-6), skal det mellom anna leggast fram for godkjenning ein detaljert situasjonsplan/ utomhusplan i høveleg målestokk der m.a. parkering skal vere synt.

#### 8.4.4 Fortau

Planframlegget legg til rette for fortau frå avkøyrsla mellom Høylandsbygdvegen og Slettanesvegen fram til næringsområdet. O\_FO1-7 regulerer offentleg fortau langs Slettanesvegen og Røysanesvegen. Fortaua skal opparbeidast for tilkomst til eksisterande tomter med avkøyring frå Slettanesvegen og Røysanesvegen. Føremålet omfattar fortau med skulder og tilhøyrande anlegg. Regulert breidde varierer mellom 1,8 – 2,5 meter. Mindre justeringar/endringar i horisontal- og vertikalplanet kan tillatast når detaljplanlegginga gjer dette føremålstenleg og forsvarleg mot. tryggleik. Fortausbreidda er eit avvik i forhold til Kvinnherad kommune si vegnorm, som seier at fortau langs samlevegar skal opparbeidast med minimum 2,75 meter asfalt og 0,25

meter grusskulder (3,0 meter regulert breidde). Det vert vist til planomtalen for nærare omtale og grunningjeving av fråvika.

Samanlikna med dagens situasjon, som er godt dimensjonert fortau langs Røysanesvegen og smalt fortau langs Slettanesvegen, medfører planframlegget ei forbetring av trafikktryggleiken i planområdet. Særleg for gåande langs Slettanesvegen. Ved etablert fortau vil det også verte trafikksikker tilkomst for gåande til busstopp som ligg langs Slettanesvegen og ved Halsnøy industribase i dag.

#### 8.4.5 Kollektivtilbod


Bussrute 791 går i rute mellom Halsnøy industribase og Valen, via Husnes i dag. Halsnøy industribase er endestopp for ruta, og bussen snur nede ved industriområdet. Tiltakshavar har opplyst om at fleire faste tilsette tek buss til og frå jobb i dag.


Det er etablert busstopp like ved avkøyrsla mellom fylkesvegen (Høylandsbygdvegen) og Slettanesvegen i dag. I dialog med VLFK og Skyss har ein kome fram til at busstoppen skal oppretthaldast med dagens plassering. I tillegg er det lagt inn kantstopp for buss på motsett side av eksisterande kantstopp, på vestsida av Slettanesvegen. I plankartet har ein regulert inn kantstopp for buss i tråd med gjeldande utformingskrav i hb. N100:

##### 4.3.3.1 Utforming av kantstopp

KRAV 4.3.3.1—1 **SKAL** GJELDENE FRA 22.06.2021

Kantstopp for buss med plattform skal utformes slik det fremgår av [Figur 4.3.3.1—1](#)

 Figur 4.3.3.1—1 — Kantstopp for buss, n angir antall busser som forventes å stoppe samtidig (mål i m).



KRAV 4.3.3.1—2 **SKAL** GJELDENE FRA 22.06.2021

Ved kantstopp skal plattform anlegges slik at passasjerene kan vente utenfor kjørebanelen.

Med tilhøyrande framtidig fortausløyising gir dette ei god løysing for gåande og kollektivreisande i området.

## 8.5 Avbøtande tiltak

Auka trafikk vil normalt gje auka trafikkfare. For å redusere negative verknader knytt til auka trafikk og anleggsaktivitet skal det gjennomførast fleire avbøtande tiltak:

- Det er regulert inn ei utbetring av dei kommunale vegane med tilhøyrande fortau, samt oppstraming av kryss til fylkesvegen.
- Rekkefølgjekrav i føresegnene sikrar at det skal liggja føre gjennomføringsavtale mellom vegeigar og utbyggjar for vegutbetring før større utbygging innanfor næringsområda kan starte. Realisering av

regulert situasjon vil styrke trafikktryggleiken og betre tilhøva for mjuke trafikkantar. Det er valt at rekkefølgekravet er knytt til privatrettsleg avtale om gjennomføring, og ikkje til gjennomføring av vegløyvingane.

- Føresegnene set krav om at det skal utarbeidast ein detaljert massehandteringsplan i samband med søknad om grunnarbeid. Planen skal byggje på hovudprinsippa i den overordna massehandteringsplanen. Den overordna planen legg til grunn at massetransport i størst mogleg grad skal gjennomførast sjøvegen, for å redusere belastninga på kommunalt og fylkeskommunalt vegnett. Den detaljerte planen skal vidare innehalde opplegg for kontroll og dokumentasjon av støvforhold. Dersom det oppstår periodar med omfattande anleggstrafikk på land, skal behovet for trafikkavviklingsplan for anleggsfasen vurderast. Ein slik plan skal mellom anna vurdere tidsavgrensing for tungtransport i periodar med særleg høg aktivitet blant mjuke trafikkantar. Dette prinsippet er forankra i den overordna massehandteringsplanen.

Samla sett vil desse tiltaka redusere dei mellombelse negative verknadene i anleggsfasen og sikre at trafikktryggleiken i driftsfase vert betre enn i dagens situasjon.

## 8.6 Konsekvens

### Forholdet til 0-alternativet:

Planområdet på land overlappar i stor grad med eksisterande reguleringsplan for området (reguleringsplan for Slettaneset, Høylandsbygd, del av bnr. 202, vedteke 10.01.1980). Bakgrunnen for oppstart av ny reguleringsplan for området er at gjeldande plan manglar føresegner om utnyttingsgrad, byggehøgde og byggegrenser til sjø, og planen stettar såleis ikkje dagens krav. Når det gjeld plansituasjonen er 0-alternativet på bakgrunn av dette i realiteten at det ikkje kan byggast ut meir i området. 0-alternativet vil dermed vera dagens situasjon i planområdet, med dei tiltaka som er etablert i området i dag. Samla vurdering av konsekvens for delområda dersom ein legg til grunn dagens situasjon er såleis ubetydeleg endring/konsekvens.

### Forholdet til planframlegget:

<b>Forventa trafikkmengd</b>	<p>Planframlegget legg til rette for vidare utvikling av eksisterande næringsområde, utan etablering av nye bueiningar. Det er forventa ein auke i trafikk til planområdet når heile planområdet er bygd ut. Herunder vil det verte både auke i småbiltrafikk og tungtrafikk. Auken i trafikk er i hovudsak knytt til:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Om lag 50% auke i tal faste tilsette ved full utbygging</li> <li>• Auke i tungtransport (estimert dobling i høve til dagens nivå)</li> <li>• Anleggstrafikk</li> </ul> <p>Berekningane etter Statens vegvesen si handbok V713 viser ein moderat auke i ÅDT på dei kommunale vegane innanfor planområdet. Estimert framtidig ÅDT i driftsfase er om lag:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Slettanesvegen: ca. 530</li> <li>• Røysanesvegen: ca. 305</li> </ul> <p>Dette representerer ei avgrensa auke samanlikna med dagens situasjon, og ligg framleis på eit nivå som er lågt for samleveggar med denne funksjonen. Vegane er dimensjonerte for BK10 og vogntoglengde 19,5 meter, noko som gjer at dei toler forventa auke i tungtrafikk.</p> <p>I bygg- og anleggsfasen vil det vere periodar med tungtransport. Sidan ein stor del av massetransporten er føresett å gå sjøvegen, vert den gjennomsnittlege årlege trafikkauken på land vurdert som moderat. Det kan likevel oppstå meir intensive periodar med mellombels belastning på vegnettet.</p> <p><u>Vurdering</u></p>
------------------------------	---

	<p>Auken i trafikkmengd er vurdert som moderat og handterbar innanfor planlagde vegløyningar.</p> <p><b>Konsekvensen vert vurdert som liten til middels negativ i anleggsfase og liten negativ i driftsfase.</b></p>
<p><b>Vegløyningar i planområdet</b></p>	<p>Planframlegget vidarefører i hovudsak eksisterande vegstruktur, men med viktige kvalitetsforbetringar</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Utbetring av kommunale vegar</li> <li>• Etablering av samanhengande fortau</li> <li>• Omlegging av avkøyring til Hillestad</li> <li>• Oppstraming og sikring av kryss inn mot fylkesvegen, inkl. siktsonar</li> <li>• Planframlegget opnar for etablering av tunneltilkomst til dokkområdet.</li> </ul> <p>Kryssløyninga mot fylkesvegen vert regulert med tilfredsstillande siktkrav i tråd med HB N100. Omlegging av avkøyringa til Hillestad fjernar ein uoversiktleg situasjon der eksisterande veg i dag flyt delvis inn i krysset.</p> <p>Vegbreidde og geometrisk utforming er i hovudsak tilpassa eksisterande situasjon, noko som medfører enkelte avvik frå gjeldande vegnormalar i høve til vald vegklasse. Dette gjeld særleg redusert vegbreidde på delar av strekninga og avvik i horisontal- og vertikalgeometri. Det er spesielt to parti langs Slettanesvegen der breidde på fortau er innsnevra ifht. standard i kommunal vegnorm. Bakgrunnen er eksisterande bygd situasjon og følgjande vurderingar og konsekvens:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Profil 230-280 på Slettanesvegen med køyreveg 5,0 meter og fortau 1,8 meter. Dette er ca. 50 meter med relativt god sikt og etablerte tiltak og hage tett på veggen. Tal gåande i dag og potensielt i framtida er avgrensa med omsyn til tal bustadar i området og antatt gåande til næringsområdet. Potensial gåande er såleis ikkje høgt.</li> </ul> <p>Dersom ein skal følgje vegnorma her vil det medføre inngrep i tiltak tilhøyrande bustadeigedomar, samferdselsføremål inn i hage og tettare på bustadhus, samt verknadar utanfor desse 50 metrane for å sikre god linjeføring på veggen. Dette vil vera eit kostbart tiltak for eit kort strekk, og også innebere grunnerv. Grunneigarar i området har gitt uttale til oppstart som er skeptisk til utviding av veg/fortau inn på deira eigedom. Det er undersøkt alternativ med smalare køyrebane og fortau 2,5 meter. Dette er vurdert at er mindre trafikksikkert enn planløyninga, grunna vegbreidda må innsnevrast enten til eitt felt eller til ei breidde som visuelt kan mistolkast til at det er plass til to køyretøy. Planalternativet vil medføre ei tryggare løysing og gi ein smidigare trafikkflyt enn alternativa som er undersøkt.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Profil 400-490 på Slettanesvegen med køyreveg 5,0 meter og fortau 2,1 meter. Dette er eit strekk på om lag 70 meter, der fortauet vil vera ca. 40cm smalare enn standard i vegnorm på 2,5 meter. Tal gåande i dag og potensielt i framtida er avgrensa med omsyn til tal bustadar i området og antatt gåande til næringsområdet. Potensial gåande er såleis ikkje høgt. I følge N100 (2023) pkt. 2.6 skal fortau i bustadgate/veg ha breidde min. 1,5 meter og pkt. 2.7 tilkomst til næringsområdet skal fortau vera tosidig med min. 1,5 meter breidde. Ut frå dette er avvik på 40 cm breidde ikkje vesentleg i forhold til fortauet sin funksjon som trygg gangssone.</li> </ul> <p>På enkelte punkt, som ved innsnevringar og i kurver med radius ned mot ca. 60 meter, vil det ikkje vere mogeleg for to store køyretøy å passere kvarandre samstundes. Dette kan gi noko redusert framkome for tungtransport i desse partia.</p>

	<p>Samstundes er det fleire rette strekningar før og etter desse punkta som gir gode møteplassar, og det er vurdert at trafikkavviklinga likevel vil fungere tilfredsstillande ved moderat trafikkmengd.</p> <p>Rekkefølgekrav sikrar at det skal liggja føre gjennomføringsavtale mellom vegeigar og utbyggjar for vegutbetring før større utbygging kan starte.</p> <p><u>Vurdering:</u> Planframlegget gir samla sett betre og meir trafikksikre løysingar gjennom oppgradering av vegnett, kryssutforming, etablering av fortau og strukturering av avkøyrslar. Sjølv om det på enkelte punkt, som ved innsnevringar og kurver med liten radius, ikkje vil vere mogleg for to store køyretøy å passere kvarandre, er dette avgrensa til korte strekningar med gode møtepunkt før og etter. Med moderat trafikkmengd og tilpassa køyremønster er det vurdert at vegsystemet vil fungere tilfredsstillande. Eit gjennomtenkt internt vegnett internt på næringsområdet (inkludert mogleg tunneltilkomst til dokkområdet) vil leggje til rette for tryggare trafikkavvikling, meir effektiv logistikk og større fleksibilitet i den vidare utviklinga av næringsområdet.</p> <p><b>Konsekvensen vert vurdert som middels positiv.</b></p>
<p><b>Trafikktryggleik, barn og unge, mjuke trafikantar, tilgjenge</b></p>	<p>Dagens situasjon er prega av avgrensa tilrettelegging for mjuke trafikantar, smale eller manglande fortau og tungtrafikk knytt til eksisterande industriområde. Planframlegget legg til rette for:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Samanhengande utvida fortau langs Slettanesvegen og Røysanesvegen</li> <li>• Tryggare kryssløysing inn mot fylkesvegen</li> <li>• Etablering av kantstopp for buss på begge sider av Slettanesvegen</li> <li>• Betre strukturering av avkøyeringar</li> <li>• Planframlegget opnar for etablering av tunneltilkomst til dokkområdet.</li> </ul> <p>Før born og unge i området (bustader langs kommunale vegar) vil etablering og utviding av fortau vere eit vesentleg trafikksikringstiltak. Dette gir tryggare ferdsel til busstopp, leikeområde, friluftslivsområde/badeområde og i nærområdet generelt.</p> <p>Auka tungtrafikk vil isolert sett trekke i negativ retning, men dette vert motverka av betre fysisk tilrettelegging og låge fartsgrenser (30 km/t på kommunal veg). I travle anleggsperiodar kan det oppstå midlertidige tryggleiksutfordringar knytt til tungtransport. Dette bør handterast gjennom trafikkavviklingsplan.</p> <p><u>Vurdering:</u> Planframlegget gir samla sett ei betring av trafikktryggleiken for mjuke trafikantar og barn og unge. Etablering av tunneltilkomst til dokk vil forbetre trafikktryggleiken inne på næringsområdet ved å føre tungtransport direkte til og frå område med dokk, utan å måtte køyre gjennom resten av næringsområdet.</p> <p><b>Konsekvensen vert vurdert som liten til middels positiv i driftsfase, og mellombels liten til middels negativ i anleggsfase.</b></p>
<p><b>Trafikkmønster</b></p>	<p>Planframlegget inneber i hovudsak vidareføring av eksisterande trafikkmønster, der all trafikk til og frå næringsområdet går via kommunale vegar og vidare ut på Fylkesveg 5048. Hovudretninga for trafikk er vestover, og dette vil vere uendra i framtidig situasjon.</p>

	<p>Omlegging av avkøyringa til Hillestad fører til at trafikk frå Slettaneset vert leia inn på Slettanesvegen i staden for direkte inn i krysset med fylkesvegen. Dette gir eit meir oversiktleg og ryddig kryssbilete og reduserer konfliktpunkt mot fylkesvegen. Endringa medfører noko meir trafikk på Slettanesvegen, men innanfor vegens kapasitet og funksjon som lokal samleveg.</p> <p>Internt på næringsområdet vil ei etablering av ev. tilkomsttunnel til dokk gje kortare og meir direkte køyremønster mellom kai, dokk, lager og verkstad og mindre kryssande trafikk mellom ulike funksjonar i området.</p> <p>Det er ikkje venta omkøyringstrafikk eller vesentlege endringar i regionalt trafikkmønster.</p> <p><u>Vurdering:</u> Planframlegget gir ei mindre endring i lokalt trafikkmønster, men ei klår forbetring i krysstruktur og trafikkavvikling.</p> <p><b>Konsekvensen vert vurdert som liten positiv.</b></p>
<b>Kollektivdekning</b>	<p>Planområdet er dekkja av bussrute 791 mellom Halsnøy industribase og Valen via Husnes, med fleire daglege avgangar. Dagens busstopp ved Røysaneset industribase og ved krysset mellom fylkesvegen og Slettanesvegen vert vidareført, og det vert i tillegg etablert kantstopp på motsett side av veggen i tråd med krav i Statens vegvesen si handbok N100.</p> <p>Planframlegget legg til rette for samanhengande fortau fram til busstopp langs kommunal veg, noko som styrkar trygg tilkomst til kollektivtilbodet. Auka tal tilsette kan gi auka etterspurnad etter buss, men trafikkauken er ikkje vurdert å påverke framkome eller regularitet i nemneverdig grad.</p> <p><u>Vurdering:</u> Planframlegget styrkar dei fysiske rammene for kollektivbruk gjennom betre tilrettelegging for mjuke trafikantar og etablering av nytt kantstopp.</p> <p><b>Konsekvensen vert vurdert som liten positiv.</b></p>
<b>Fylkesvegnett</b>	<p>Så godt som all trafikk til og frå planområdet nyttar Fylkesveg 5048, som fungerer som lokal samleveg og har ÅDT på om lag 700 (2024). Forventa trafikkauke frå planområdet vil i hovudsak gå vestover på fylkesvegen. Den berekna trafikkauken frå planområdet i driftsfase er moderat samanlikna med eksisterande trafikkmengd. Sjølv med auke i personbiltrafikk og noko meir tungtransport vil den samla trafikkveksten vere avgrensa sett opp mot kapasiteten på ein fylkesveg av denne typen. Høylandsbygdvegen har bruksklasse BK10 (50 tonn) og tillate vogntoglengde på 19,5 meter, noko som inneber at veggen i utgangspunktet er dimensjonert for tungtransport.</p> <p>Samtidig varierer vegstandarden langs strekninga, med parti som har avgrensa vegbreidde og kurvatur. Dette kan gi utfordringar knytt til møteforhold, særleg mellom tungtransport og personbilar på dei smalaste partia. Ein moderat auke i tungtrafikk kan difor bidra til noko redusert framkome og opplevd trafikktryggleik på desse strekningane. Det er kjent at lokalt grendalag og Kvinnherad kommune har teke initiativ til dialog med Vestland fylkeskommune om mogelege punktutbetringar langs Høylandsbygdvegen, mellom anna for å betre møteforhold</p>

	<p>og framkome. Slike tiltak kan vere aktuelle uavhengig av planframlegget, men vil òg kunne bidra til å avbøte eventuelle effektar av auka trafikk til næringsområdet. Det er ikkje identifisert kapasitetsproblem eller behov for større ombygging av fylkesvegen som følgje av planframlegget. Kryssløysinga mellom Slettanesvegen og fylkesvegen vert regulert og oppgradert i tråd med gjeldande krav i hb. N100.</p> <p>I anleggsfasen kan transport av massar medføre periodar med auka tungtrafikk på fylkesvegen. Dette kan gi noko auka slitasje og mellombels belastning på vegnettet, men vil vere avgrensa i tid. Omfanget av transport på veg er usikkert og avhengig av kor stor del av massane som vert transportert sjøvegen. Dersom ein stor del av massetransporten skjer sjøvegen, slik det er vurdert som sannsynleg, vil belastninga på fylkesvegnettet verte avgrensa.</p> <p><b>Konsekvensen for fylkesvegnettet er vurdert som liten negativ i driftsfase og liten til middels negativ i anleggsfase.</b></p>
<b>Samla verknad</b>	<p>Planframlegget medfører auka trafikk som følgje av utvida næringsverksemd. Dette gir:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Noko auke i personbiltrafikk</li> <li>• Auke i tungtransport</li> <li>• Mellombels auka trafikk i anleggsfase</li> </ul> <p>Samstundes inneber planen:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Utbetring v kommunale vegar</li> <li>• Betre kryssløysingar</li> <li>• Etablering av samanhengande og utvida fortau</li> <li>• Tryggare kollektivløysing</li> <li>• Fjerning av uoversiktleg avkøyring</li> </ul> <p>Dei trafikktryggleiksfremjande tiltaka veg opp for den moderate trafikkauken i driftsfase. For mjuke trafikantar representerer planen ei klår forbetring samanlikna med dagens situasjon.</p> <p>I anleggsfase vil det vere mellombelse negative verknader knytt til tungtransport, men desse er avgrensa i tid og kan reduserast gjennom avbøtande tiltak og sjøtransport av massar.</p>
<b>Samla konsekvensgrad</b>	<b>Noko positiv konsekvens</b>
<b>Grunngjeving</b>	<p>Konsekvensgrad er sett til noko positiv med bakgrunn i samla verknad. Planframlegget medfører moderat auke i trafikk, men vegnettet har tilstrekkeleg kapasitet til å handtere denne. Samstundes vert vegløysingar, kryss og tilrettelegging for mjuke trafikantar regulert vesentleg forbetra samanlikna med dagens situasjon. For fylkesvegnettet er konsekvensane små. Samla sett veg dei trafikktryggleiksfremjande tiltaka opp for trafikkauken.</p>

## 8.7 Usikkerheit

Det er knytt noko usikkerheit til trafikkberakingane, særleg når det gjeld framtidig omfang av næringsverksemd, tal innleigde arbeidarar og faktisk transportbehov i både drifts- og anleggsfase. ÅDT for kommunale vegar er delvis basert på estimat og føresetnader om turproduksjon etter handbok V713, og ikkje på faktiske teljingar. Det er vidare usikkert kor stor del av massetransporten i anleggsfasen som vil gå sjøvegen versus landevegen, samt korleis transporten vil fordelast over tid. Det er vidare generelt knytt usikkerheit til uregistrerte trafikkhendingar, då ikkje alle nestenulykker eller mindre hendingar vert fanga opp i tilgjengelege databasar.

Samla sett er usikkerheita vurdert som moderat, men ikkje av ein slik karakter at ho endrar hovudkonklusjonane i utgreiinga. Vegnettet har kapasitet til å handtere forventa variasjonar innanfor det estimerte spenn.

## 9 Konsekvensutgreiing Transport – Ferdsel på sjø

### 9.1 Metode og datagrunnlag

Transport – Ferdsel på sjø er ikkje eit eige definert utgreiingstema i rettleiar M-1941, og det ligg difor ikkje føre ein standardisert metodikk for vurdering av dette temaet. Oppsettet i M-1941 er likevel nytta i vurdering av dette temaet. Det er ikkje utført nye kartleggingar i samband med planarbeidet. Datagrunnlag og vurdering av verdi er henta frå Kystverket sin database kystinfo og kystdatahuset. Temaet omhandlar område som har tyding for ferdsel på sjø i samband med transport, næring og turisme. Ferdsel og bruk av området for fritidsbruk er vurdert i fagtema friluftsliv.

I dette kapitelet har ein vurdert konsekvensane av 0-alternativet og for planalternativet, for planområdet og for influensområdet.

Planprogrammet gir følgjande for utgreiingstemaet:

*Planframlegget vil medføre auka trafikk på sjø med grunnlag i moglegheit for auka aktivitet og betra fasilitetar, samt at planen vil opne for ny kai og dokk. Plankartet skal regulere eigne areal til kai og hamneområdet i sjø og fartøy skal sikrast tilstrekkeleg manøvreringsareal rundt aktuelle kaianlegg. Ein god del av transport til/frå planområdet vil skje på sjø. Det er difor viktig med gode hamnetilhøve for manøvrering og ferdsel. Planen vil sikre ei tilpassing av utfylling/tiltak i sjø i høve til ålmenn ferdsel i området, slik at dei ikkje vil vera til hinder for bruk av ankringsområde eller farlei forbi planområdet. Bølgjepåverknad skal vurderast i ROS-analysen.*


<b>Transport</b>	Kystinfo	Ingen nye kartleggingar
<b>Ferdsel på sjø</b>	Kystdatahuset	

Datagrunnlag og kjelder for vurderingane er følgjande:

- Kystinfo
- Kystdatahuset
- Fiskeridirektoratets kartløyising Yggdrasil
- Farledsnormalen. Kystverket, 2022.

### 9.2 Dagens situasjon


Det er eit ankringsområde nord for planområdet (Høylandbygd), og bileia Høylandssundet går i kant med planområdet i aust. Bileia går mellom planområdet og navigasjonsinnretninga på Hillestadholmen. Halsnøy Dokk AS som ligg innanfor planområdet er klassifisert som ISPS-hamn (hamnenummer NOKVH-0009).



Figur 83. t.v.: Farlei og farleiareal i området (Yggdrasil), t.h.: Ankringsområdet Høylandsbygd (kystinfo.no).


Sjøområdet i nord er registrert som nødhamn (172, Høylandsbygd), kategori 2: Nødhamner for trafikken i området (dim. 200m LOA, 25m brei, 10,5m djupne).

## Nødhavner Faktaark




0 0,10,2 0,4 Nautiske mil WGS84 UTM sone 32 1:35 000 28.11.2007

Næraste navigasjonslykt/sectorlys for planområdet ligg på Hillestadholmen (Hillestadholmen lykt). Eit sectorlys gir navigasjonsrettleiing i form av eit lyssignal med ulik farge over bestemte vinklar frå eit fast punkt. Sectorlyset kan nyttast til å gje retningsbestemt informasjon i ei farlei eller i kystfarvatnet, og gje informasjon om fareområde som ein bør unngå. Merkesystemet gir at kvit sektor signaliserer reint farvatn, dvs. farbart farvatn for fartøy som er venta å trafikkere farvatnet. Raud og grøn sektor angir ureint farvatn.




Figur 84: Navigasjonsinstallasjonar. Kystinfo.no

Inst i Hillestadvågen er det etablert småbåthamn med om lag 80-100 båtplassar. I følgje visitnorway.no har båthamna fleire fasilitetar. Båthamna har 15 gjesteplassar. Brukarfrekvens ukjend. Her er også fleire naust med tilhøyrande båtplassar. Det er også eit eksisterande sjøtilknytt næringsområde på sørsida av vågen, som i dag husar verksemda NorWater AS. Dette er ei industriverksemd som utviklar og produserer anlegg som lagar ferskvatn av sjøvatn. Systema nyttar omvendt osmose (reverse osmosis) til å filtrere sjøvatn slik at det kan brukast som drikkevotn eller prosessvatn. Løysingane vert nytta på skip, offshoreinstallasjonar og i marin næring. Området i sjø utanfor inste del av næringsområdet er i reguleringsplan for Hillestadvågen industriområde, deler av gnr. 202 – Høylandsbygd (planid: 4617\_20030008) regulert til hamneområde.



Figur 85: Flyfoto som viser båthamn i Hillestadvågen, naustområde med tilhøyrande båtplassar og næringsområde på sørsida av vågen.

Det er ingen registrerte opplag- eller riggområde, fiskerihammer eller stader for bunkring av drivstoff i planområdet eller i nærleiken. Det er ikkje registrert sjøulukker i sjøområdet innanfor planområdet og sannsynet for sjøulykker i Høylandssundet er 0,05 i følgje kystinfo.no. Det går leidningar i sjø i følgje sjøkart sør for planområdet og inst i Hillestadvågen, sjå figur under.




Figur 86 Registrert maritim infrastruktur i/nær planområdet. Kjelde: Kystinfo.no.

### 9.3 Utgreiingsområde og inndeling i delområde

For utgreiingstemaet ferdsle på sjø, er influensområdet avgrensa til dei områda som ein vurderer kan verta påverka av planen, i ein slik grad at det vil påverke registrerte skipsleier mot tryggleik og manøvrering. Dette kan vere påverknader i form av arealbeslag, ferdselshindringar m.v. Influensområdet er vurdert til å vera 2 km frå planområdet, med bakgrunn i at ferdsle utanfor dette vil ha svært liten påverknad (avstand). Det er valt å ikkje definere hamneområde (ISPS) innanfor planområdet som eige delområde, då planforslaget ikkje er i konflikt med føremålet og legg til rette for vidare drift og utvikling innanfor gjeldande rammer for hamneverksemda. Tiltaka er vurdert å vere i samsvar med eksisterande bruk og funksjon som ISPS-hamn, og inneber ikkje endringar som påverkar tryggleikssoner, tilkomst eller overordna driftsvilkår i vesentleg grad. Hamneområdet vert difor handsama som ein integrert del av planområdet i den samla vurderinga av ferdsel på sjø.

Ut frå skildringar av dagens situasjon, er følgjande aktuelle delområde for utgreiinga ferdsle på sjø:

- 1) Delområde 1: Bileia Høylandssundet med tilhøyrande farleiareal
- 2) Delområde 2: Ankringsområde og naudhamn Høylandbygd
- 3) Delområde 3: Farleiareal Hillestadvågen




Figur 87: Definerte delområde for tema farlei og ferdsel. Dei tre delområda er skildra i teksten under. Nordplan Stord AS.

## 9.4 Verdi

### 9.4.1 Delområde 1 – Bilei Høylandssundet med tilhøyrande farleiareal


Bileia Høylandssundet (farleinr. 2184) går mellom planområdet og navigasjonsinnretninga på Hillestadholmen.

AIS-plott indikerer kor delar av skipstrafikken går i dag, inkludert kva type fartøy og storleikar som nyttar farvatnet. Det er gjort eit uttrekk av passeringar i løpet av eit år på [www.kystdatahuset.no](http://www.kystdatahuset.no), for å få eit inntrykk av trafikken i området, sjå passeringslinje i Figur 88 under. I følgje Kystdatahuset.no passerte det i perioden januar 2025-2026 om lag 2204 passeringar av båt/skip med AIS-plottar i Høylandssundet sør for planområdet. Hovuddelen viser seg å gå på vestsida av Hillestadholmen, sjå figur under. Ein god del av skipa skal inn til kaiområda i planområdet, sjå figur under. Dei fleste passeringane er registrert som passasjerskip (hurtigbåt i rute), desse utgjer 1647 passeringar (ca. 74%). I tillegg er det passeringar av offshore/spesialfartøy (175), lasteskip (149), tankskip (5), og fiskefartøy (10), samt ukjent (218). Av dei registrerte skipa er største fartøyslengde 167 meter og største fartøybreidde 26 meter. Dei fleste passeringar er skip/båtar i lengdegruppe 24-50 meter.



Figur 88: Registrert skipstrafikk januar 2025 – desember 2026 (kystdatahuset.no).

Ferdseil på vestsida av Hillestadholmen er knytt til både ferdsel gjennom sundet nord-sør, men også trafikk til og frå næringsområdet. Figuren under viser registrerte passeringar på sørvestsida av Hillestadholmen av offshorefartøy/spesialfartøy, lasteskip, fiskefartøy og tankskip i perioden januar 2025-2026. Talet på passeringar gjennom passeringslinja som er vist i Figur 89 er 2168. Av dei registrerte skipa er største fartøyslengde 167 meter og største fartøybreidde 26 meter. Dei fleste passeringar er skip/båtar i lengdegruppe 24-50 meter.




Figur 89 AIS plott av ferdsel på sjø sørvest for Hillestadholmen. Kjelde: Kystdatahuset.no.

Bileia Høylandssundet treff bileia *Skånevikfjorden* (farleinr. 2180) i sør og Hovudleia *Hardangerfjorden – Odda* (farleinr. 1105) i nord. Til samanlikning er det i same periode registrert om lag 1.577 passeringar gjennom Skånevikfjorden og 24.061 passeringar gjennom Hardangerfjorden i same periode.

Farleiareal er eit område med trafikk av eit visst omfang langs farleia, farleia si arealmessige utstrekning. Farlednormalen, Kystverket okt. 2022, er ein instruks for Kystverket si planlegging, prosjektering og vurdering av arealbehov for farleier. Farlednormalen er ikkje juridisk bindande, men gir normerande føringar for arealbehov. Denne viser til at Kystverket skal nytta 500 meter buffer frå farleilinjje som eit utgangspunkt for arealbehov til sjøtrafikk. Den faktiske sjøtrafikken og forventa framtidig ferdsel kan i mange tilfelle tilseie eit større eller mindre arealbehov.


På det smalaste er den registrerte farleia om lag 310 meter. Faktisk breidde mellom dagens næringsområde og Hillestadholmen er om lag 400 meter. Farlednormalen viser til at behov for breidde kan vera mindre enn samla 1000 meter dersom; 1) farlei med dimensjonerande fartøy med lengde mindre enn 235 meter, 2) farlei med mindre trafikk, noko som gjer at det er mindre behov for passering og møteplassar, og 3) farlei som først og fremst vert nytta til rutegående passasjertransport etc.



Figur 90. Kart som syner djupeforhold ved Hillestadholmen.

Bileia Høylandssundet har ein tydeleg regional funksjon og inngår i eit samanhengande farleisystem mellom Skånevikfjorden og Hardangerfjorden. Farleia vert nytta av både større og mindre fartøy og fungerer som eit sentralt framkomstareal for så vel næringstrafikk som rutegående persontransport. Den nære plasseringa til planområdet, samt funksjonell kopling til ankringsområdet Høylandsbygd og registrert naudhamn, forsterkar området si strategiske betydning. Trafikkgrunnlaget viser fast og regelmessig ferdsel, inkludert fartøy av relativt stor storleik, noko som stiller krav til føreseielege og trygge manøvreringsforhold.

På bakgrunn av dokumentert trafikkmengd, fartøysamansetjing og farleia si rolle i det regionale farleisystemet, vert delområdet vurdert å ha **stor verdi** for ferdsel på sjø.




#### 9.4.2 Delområde 2 - Ankringsområde og naudhamn Høylandsbygd

Ankringsområdet og naudhamn Høylandsbygd overlappar noko med planområdet i nord, sjå Figur 83.

Kystverket hadde i 2023 ein innspelsrunde knytt til ankringsområde for sjøtransporten. Føremålet med innspelsrunden var å få innspel frå hamner, lokale mynde, sektormynde og interesseorganisasjonar på tilhøve som kan ha betydning for ivaretaking av desse ankringsområda. Ankringsområdet Høylandsbygd (ankringsID 4014) er registrert med forventa maks storleik på om lag 275 meter, og området er klassifisert som kategori 1. Klassifiseringsskalaen har følgjande tre kategoriar, der verdi 1 er viktigast:


- 1 Mye brukte ankringsområder ved anløp av nasjonalt viktige havner, store industri og cruisehavner.
- 2 Jevnlig brukte ankringsområder ved anløp av regionale havner og andre viktige trafikk-, industri- og fiskerihavner.
- 3 Strategisk viktige ankringsområder langs hovedleder og bileder, og for anløp av lokale havner.

Det er registrert totalt 185 ankringar i ankringsområdet i perioden frå 1. januar 2015 til 1. januar 2026. Det var fleire ankringar i åra 2016-2017 og i 2024 enn andre år, sjå figur under.



Figur 91: Tal på ankringar innanfor ankringsområdet «Høylandsbygd» i perioden 1. januar 2015 til 1. januar 2026. Kjelde: [www.kystdatahuset.no](http://www.kystdatahuset.no).

I figuren under er det vist skipstype og lengdegruppe for dei 185 ankringane som er registrert innanfor ankringsområdet dei siste 11 åra. Ei ankring er definert som eit opphald innan området på meir enn 2 t med hastigheit på  $\leq 3$  knop. Dette inneber at kortare opphald eller manøvrering ikkje inngår i statistikken. Faktisk bruk kan difor vere noko høgare enn det registrerte talet tilseier.



Figur 92: Ankringar etter skipstype og tal på ankringar etter lengdegruppe for ankringsområdet Høylandsbygd. Kjelde: [www.kystdatahuset.no](http://www.kystdatahuset.no).

Ankringsområdet Høylandsbygd er registrert som kategori 1 i Kystverket si klassifisering, det vil seie blant dei mest prioriterte ankringsområda. Kategori 1 omfattar mykje brukte ankringsområde ved anløp av nasjonalt viktige hamner, større industrihamner og cruisehamner. Området er dimensjonert for fartøy med forventa maksimal lengde på om lag 275 meter. Dette indikerer at området er tiltenkt bruk av større fartøy og har ein funksjon som ligg utover rein lokal betydning. Registrerte AIS-data viser totalt 185 ankringar i perioden 2015–2026. Bruken har vore høgare i perioden 2016–2017 og i 2024 enn i andre år. Sjølv om talet på ankringar ikkje er svært høgt i gjennomsnitt per år, må funksjonen vurderast i lys av den rolla som ankringsområdet har som vente- og liggeområde ved anløp, beredskapsfunksjon ved driftsproblem, vêr eller andre hendingar, kapasitet for større fartøy og strategisk plassering i tilknytning til bileia.

På bakgrunn av verdivurderinga på ankringsområdet, funksjonell betydning, beredskapsrolla og statistikken som viser bruk av området er ankringsområdet Høylandsbygd vurdert til å ha **Stor verdi**.



### 9.4.3 Delområde 3 - Farleiareal Hillestadvågen

Delområdet omfattar sjøarealet i Hillestadvågen og fungerer som farleiareal hovudsakeleg for småbåttrafikk til og frå vågen, småbåthamna og båt plassar knytt til eksisterande naust. Området sikrar også sjøtilkomst til delar av næringsområdet innanfor planområdet, samt til eksisterande sjøtilknytt næringsområde sør for Hillestadvågen. Det er om lag 72 meter frå kaikant til kaikant på det smalaste inn til Hillestadvågen i dag.

Det er gjort eit uttrekk av passeringar i løpet av eit år på [www.kystdatahuset.no](http://www.kystdatahuset.no), for å få eit inntrykk av trafikken i området, sjå passeringslinje i Figur 93 under. I følgje Kystdatahuset.no passerte det i perioden januar 2025-2026 om lag 34 passeringar av båt/skip med AIS-plottar i Hillestadvågen. Dei fleste skipa er offshorefartøy eller spesialfartøy (20) med målpunkt i planområdet eller eksisterande næringsområde på sørsida av vågen, sjå figur under. Av dei registrerte skipa er største fartøyslengde 60 meter og største fartøybreidde 26 meter. Dei fleste passeringar er skip/båtar i lengdegruppe 24-50 meter. I tillegg er det ein god del småbåttrafikk inn og ut av småbåthamna som ligg inst i vågen. Hamna har om lag 80-100 båt plassar, der 15 av desse er gjesteplassar.



Figur 93: Registrert skipstrafikk januar 2025 – desember 2026 (kystdatahuset.no).

Hillestadvågen har funksjon som lokalt farleiareal for småbåttrafikk og tilkomst til sjøtilknytte verksemdar. AIS-data viser avgrensa registrert trafikk. AIS-registreringane fangar i hovudsak opp større fartøy og småbåttrafikk er i liten grad registrert gjennom AIS. Den faktiske bruken av vågen og farleia må difor vurderast høgare enn det AIS-tala isolert viser. Småbåthamna inst i vågen har om lag 80–100 båt plassar, inkludert 15 gjesteplassar. I tillegg er det private båt plassar knytt til naustmiljøet. Dette indikerer ein viss lokal og sesongavhengig aktivitet, særleg i sommarhalvåret. Vågen har òg funksjon som sjøtilkomst for eksisterande næringsområde på begge sider. Området har likevel ikkje dokumentert gjennomgåande trafikk eller regional transportfunksjon. Ferdsla er i hovudsak lokal og knytt til fritidsbruk og næringsaktivitet i direkte tilknytning til vågen.

Hillestadvågen har ein viktig lokal funksjon som farleiareal for småbåttrafikk og som sjøtilkomst til småbåthamn, naustmiljø og sjøtilknytte næringsområde. Sjølv om registrert yrkestrafikk er avgrensa, og området ikkje har regional eller nasjonal transportfunksjon, er det ein føresetnad for eksisterande bruk og aktivitet i vågen. Den samla betydninga for lokal ferdsel og næringsverksemd tilseier at delområdet vert vurdert å ha **middels verdi** for ferdsel på sjø.




#### 9.4.4 Samla verdivurdering

Kartet under viser delområda som er skildra i teksten over, med nummer og farge som tilsvarar definert verdi.

Tabell 9: Registrerte delområde med verdi for Transport – ferdsel på sjø

Delområde	Verdi
Delområde 1: Bilei Høylandssundet med tilhørende farleiareal	Stor
Delområde 2: Ankringsområde og naudhamn Høylandsbygd	Stor
Delområde 3: Farleiareal Hillestadvågen	Middels



Figur 94 Verdikart for ferdsel på sjø. Dei tre delområda er talfesta i kartet.

#### 9.5 Verknad av tiltaka

Farlednormalen, Kystverket okt. 2022, viser til at: *Kystverket skal bidra til sikkerhet og fremkommelighet på sjøen. For at den alminnelige ferdselen skal kunne seile trygt og effektivt, er det avgjørende at fartøyene får tilstrekkelig areal, dybde og høyde til sikker manøvrering. Det overordnede målet er å legge til rette for sikker, miljøvennlig og effektiv ferdsl i farleder og i norske havområder, og å hindre eller begrense miljøskade som følge av akutt forurensning i norske havområder eller på norsk territorium. Kystverket har også en nullvisjon for sjøulykker som sier at det ikke skal forekomme ulykker som fører til tap av liv, alvorlig personskade eller forurensning.*

Føremålet med reguleringsplanen er å utvide det eksisterande industriområdet på Røysaneset og legge grunnlaget for framtidretta maritim næringsaktivitet med gode kaifasilitetar, samt å sikre areala nærmast næringsområdet til ferdsl og hamn. Av viktige verknader for tema farlei og ferdsl medfører planframlegget arealbeslag knytt til kaianlegg og av fortøyingar til sjøbotn/land. Dette kan ha potensielt innverknad på sikker manøvrering, tryggleik med omsyn til ulykker og forureining.

### 9.5.1 Delområde 1 – Bilei Høylandssundet med tilhørende farleiareal

Planframlegget opnar for utviding av eksisterande næringsområde og utfylling i sjø. Deler av nytt næringsområde og fyllingsfot kjem innanfor delområdet, i tillegg hamneområde i sjø, sjå figur under. Plangrensa grenser til linja for bilei Høylandssundet, og det er regulert bruk og vern av sjø og vassdrag på ei sone nærmast bileia.

Det er ikkje planlagd for tiltak eller arealbruk som vil vera i direkte konflikt eller endre navigasjonsinnretningar og som krev endring av lyssektorar frå Hillestadholmen. På det smalaste er den registrerte farleia om lag 310 meter brei. Faktisk breidde mellom dagens næringsområde og Hillestadholmen er om lag 400 meter. Dersom næringsområdet i søraust vert utvida ut til føremålsgrensa vil dette redusere avstanden frå næringsområdet til nordleg farleiareal mot Hillestadholmen med om lag 50 meter. I tillegg vil, dersom næringsområdet i nordaust vert utvida til føremålsgrensa, om lag 13 daa av farleiarealet verta omdisponert til næringsføremål. Og avstanden mellom næringsområde i nordaust vil vera om lag 330m til farleiarealet mot Hillestadholmen.

Planframlegget regulerer sjøområda nærast næringsføremålet på land (inkl. ny fyllingsfot) til *hamneområde i sjø* (HOS2). Fyllingsfot #2\_1 vil gå inn i farleiarealet, men denne vil liggje så djupt at den ikkje vil hindre ferdsel på sjø. Hamneområdet er knytt til kaiareala på næringsføremålet, og skal m.a. sikre manøvreringsareal for skip. Delar av hamneområdet HOS2 ligg innanfor delområde 1, sjå figurar under. Miste avstand mellom HOS2 og farleiareal mot Hillestadholmen er 180 meter. Det er om lag 228 meter frå området som er regulert til hamneområde i sjø til Hillestadholmen. Føresegnene opnar for følgjande tiltak innanfor hamneområdet:


#### 3.5.2 Hamneområde sjø (HOS1-2)

- 3.5.2.1 I området er det tillate med hamneverksemd i sjø, med tilhørende tiltak og anlegg for fortøying, lasting, lossing, bording, service og andre tenester knytt til fartøy, mudring ved innløp til dokk, samt oppankring og fortøying av fartøy, lekter og andre flytande gjenstandar.
- 3.5.2.2 Tiltak eller inngrep som er i konflikt med hamneverkesemd er ikkje tillate. Dette er likevel ikkje til hinder for fyllingsfot innanfor #2\_1, utlegging av sjøleidningar for vatn, avløp, varmpumper, straum- og telenett, samt forankring/fortøying av båtar.
- 3.5.2.3 Det skal sikrast passasje for småbåttrafikk i området HOS1. Området skal vere fri for faste installasjonar som kan hindre ferdsel.



Figur 95 Planlagt situasjon og avstand mellom nytt næringsområde og Hillestadholmen.

Området i søraust, der farleia er på det minste, vert også i dag nytta som hamneområde og til oppankring og fortøying av fartøy, lekterar og andre flytande gjenstandar. Minste avstand mellom oppankra tiltak synt i flyfoto og farleiareal mot Hillestadholmen er om lag 310 meter.



Figur 96: Flyfoto som viser bruken av sjøområda utanfor næringsområdet i dag.

Arealet nærast bileia og Hillestadholmen er i planframlegget regulert til Bruk og vern av sjø og vassdrag (BVS2). Føresegnene for desse områda gir at:

### 3.5 Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (pbl. § 12-5 nr. 6)

#### 3.5.1 Bruk og vern av sjø og vassdrag (BVS1-2)

3.5.1.1 Føremålet er for ferdsel og natur. Det er ikkje tillate med nye tiltak som kan hindre eller øydeleggje fri ferdsel for alle. Det er tillate med anker og fortøying i frå nærliggjande nærings- og hamneområde, men desse skal ikkje hindre fri ferdsle.

Som ein ser av Figur 88 og Figur 89 så nyttar det meste av den gjennomgåande trafikken areal på vestsida av Hillestadholmen, og nærast Hillestadholmen. Dette er naturleg då det i dette området er størst djupne (renne med god djupne, sjå figur under) og følgjer bileia gjennom sundet som raskaste rute.



Figur 97 Djupneforhold mellom næringsområdet og Hillestadholmen.

Planframlegget legg til rette for ei styrking av maritim næringsaktivitet ved Røysaneset, inkludert utvida kaifasilitetar og tilhøyrande hamneområde i sjø (HOS2). Tiltaket inneber ei forskyving av næringsføremålet ut i tilgrensande sjøareal, noko som reduserer minste avstand mellom landareal og Hillestadholmen. Samstundes regulerer planen sjøareal til hamneområde for å sikre føreseielege og funksjonelle manøvreringsforhold for fartøy som skal til og frå næringsområdet. Dette er i tråd med planføremålet om å sikre areal til ferdsel og hamn, men kan innebere auka aktivitet i randsona av bileia i form av manøvrering, fortøying og oppankring. Arealet utanfor næringsområdet vert nytta til hamneføremål i dag, inkludert fortøying av fartøy og lekterar. Planframlegget vidarefører slik sett eksisterande bruk, men legg til rette for ei formalisering og mogleg effektivisering av bruken.

AIS-data viser at hovuddelen av gjennomgåande trafikk i bileia går nærast Hillestadholmen, og i stor grad på sørvestsida av holmen. Det betyr at den mest frekventerte trafikksona ligg utanfor eller i ytterkant av planområdet. Det er om lag 228 meter frå yttergrensa av regulert hamneområde til Hillestadholmen, noko som gir eit betydeleg attverande manøvreringsareal mellom hamneaktiviteten og hovudtrafikksona. Det er regulert næringsføremål også på areal utanfor dagens dokk, ein fleksibilitet for vidare utbygging og prosjektering. Ny dokk er planlagt aust for dagens dokk. Etablert og ny dokk krev tilkomst som er ope for tiltak, og situasjonsplan har synt mogleg bygging av kai mellom innløpa til dokk områda. Dersom etablert og ny dokk vert bygd, kan det verta større avstandar til Hillestadholmen enn synt i figurane ovanfor.



Figur 98 Plankart og ikkje juridisk bindande illustrasjonsplan som viser plassering av eksisterande og ny dokk.

Arealet nærast Hillestadholmen som ligg innanfor planområdet er regulert til Bruk og vern av sjø og vassdrag, og er ikkje opna for tiltak som kan innsnevre farvatnet ytterlegare. Dette bidreg til å sikre eit ope og føreseieleg farleiareal i den delen av farleia som vert mest nytta av gjennomgåande trafikk. Tiltaket medfører ikkje endring av farleilinjje, seglingsmønster, navigasjonsinnretningar eller klassifisering av bileia. Det er heller ikkje lagt opp til faste installasjonar i den delen av farvatnet der hovudtyngda av trafikken går.

Planframlegget inneber ei avgrensa arealmessig innsnevring av farvassbreidda og ei formalisering av eksisterande hamnebruk i randsona av bileia. Tiltaket vil kunne medføre noko auka aktivitet knytt til manøvrering og fortøying, men hovudtrafikken i bileia går i eit område som ikkje vert direkte påverka av planframlegget.

På bakgrunn av avstanden til hovudtrafikksona, avgrensa innsnevring av farvatnet og vidareføring av eksisterande bruk, vert påverknaden på delområde 1 vurdert som **noko forringa**.




### 9.5.2 Delområde 2 - Ankringsområde og naudhamn Høylandsbygd

Planframlegget legg til rette for ei utviding av eksisterande næringsområde på Røysaneset, inkludert utfylling i sjø og etablering av betre kaifasilitetar for framtidsetta maritim næringsaktivitet. Føremålet er å styrke det maritime næringsgrunnlaget i området, samstundes som areala nær næringsområdet vert sikra til ferdsel og hamneføremål.

Den planlagde utvidinga i sjø er størst i den nordlege delen av næringsområdet, og medfører at næringsområdet kjem nærare det registrerte ankringsområdet ved Høylandsbygd enn i dag. Ein mindre del av regulert næringsareal, om lag 850 m<sup>2</sup>, ligg i direkte konflikt med det registrerte ankringsområdet. Dette medfører ein tilsvarande reduksjon av det registrerte arealet. Dette er i ytterkant av ankringsområdet, og noko som kan tolkast som inn-/utløp til ankringsområdet (farlei). I tillegg ligg om lag 25 dekar av ankringsområdet

innanfor føresegningsområde (#2\_1) som opnar for utfylling i sjø (fyllingsfot). Dette inneber at delar av randsona til ankringsområdet kan verte påverka dersom slike tiltak vert gjennomførte. Planframlegget opnar ikkje for utviding av næringsareal eller fyllingsfot innanfor areal i kvit sektor som indikerer reint farvatn.



Figur 99 Registrert ankringsområde og planframlegget.

Den delen av ankringsområdet som ligg innanfor føresegningsområdet har relativt stor djupne. Ei eventuell utfylling i desse områda vil difor i utgangspunktet skje på relativt djupt vatn, og vil ikkje føre til vesentlege endringar i djupneforholda i den attverande delen av ankringsområdet. For å sikre funksjonalitet av eksisterande og ny dokk i næringsområdet innanfor dette sjøområdet vil ein dessutan måtte tilpasse djupner og utføring av fyllinga i dette området. Eventuelle tiltak i sjø vil vidare krevje løyve etter hamne- og farvasslova, der konsekvensar for ferdsel, tryggleik og bruk av ankringsområdet vil verte vurderte nærare.

Planframlegget regulerer sjøområda nærast næringsføremålet på land (inkl. ny fyllingsfot) til *hamneområde i sjø* (HOS2). Hamneområdet er knytt til kaiareala på næringsføremålet, og skal m.a. sikre manøvreringsareal for skip. Delar av hamneområdet HOS2 ligg innanfor delområde 1, sjå delområde 1 for detaljar om føresegnene.


Hovuddelen av ankringsområdet ligg framleis utanfor planområdet, og planen legg ikkje opp til tiltak som direkte hindrar bruk av det attverande ankringsarealet eller tilkomst frå bileia i aust. Samstundes kan betre kaifasilitetar i området bidra til betre tilrettelegging for maritim aktivitet og gi fleire liggemoglegheiter for fartøy. Dette kan styrke den samla maritime funksjonen i området, inkludert funksjonen som naudhamn, sjølv om delar av det registrerte ankringsarealet vert noko redusert.

Samla sett vil planframlegget føre til ein avgrensa reduksjon av arealet til ankringsområdet og ei viss innsnevring av randsona mot planområdet, medan hovudfunksjonen til området som ankringsområde og naudhamn i stor grad vert oppretthaldt. Påverknaden på delområde 2 vert difor vurdert som **Noko forringa**.



### 9.5.3 Delområde 3 - Farleiareal Hillestadvågen

Planframlegget opnar for utviding av eksisterande næringsområde og utfylling i sjø innanfor delområde 3. Dette er direkte knytt til føremålet om å styrkje maritim næringsaktivitet og etablere funksjonelle kaifasilitetar innanfor næringsområdet. Passasjen i Hillestadvågen er i dag om lag 72 meter på det smalaste. Dersom næringsområdet vert utvida fullt ut til føremålsgrrensa, vil minste breidde bli redusert til om lag 66 meter. Innsnevringa utgjer såleis om lag 6 meter.



Planframlegget opnar i tillegg for at fyllingsfot kan gå noko utanfor føremålsgrrensa og inn i føremåla HOS1 og BVS1, men ikkje lenger enn til føresegsområde #2\_1. Dette føresegsområdet ligg om lag 20 meter utanfor regulert næringsområde i den smalaste delen av passasjen og strekkjer seg delvis inn i delområdet. Dersom fylling vert etablert heilt ut til denne avgrensinga, vil passasjen mellom fyllingsfot og næringsarealet på motsett side vere om lag 45 meter her. Djupna i denne delen av vågen er relativt avgrensa, med om lag 6 meter djupne midt i passasjen. Området fungerer i hovudsak som tilkomstzone for småbåtar til småbåthamn, naust og tilgrensande næringsområde, og er ikkje registrert som farlei. Innsnevringa vil kunne redusere manøvreringsrommet noko for fartøy som nyttar passasjen, men passasjen vil framleis vere open og funksjonell for den typen trafikk som normalt nyttar området.

Planframlegget regulerer sjøareala nærast næringsføremålet til hamneområde i sjø (HOS1–2). Føresegnene opnar for hamneverksemd, inkludert fortøying, oppankring og mudring ved innløp til dokk. Samstundes stiller føresegnene krav om at det skal sikrast passasje for småbåttrafikk i HOS1, og at området skal vere fritt for faste installasjonar som kan hindre ferdsel. Dette bidreg til å sikre at gjennomgåande småbåttrafikk ikkje vert fysisk blokkert. Likevel kan auka hamneaktivitet, inkludert manøvrering og fortøying av fartøy, medføre eit noko meir komplekst trafikkbilete i vågen og potensielt redusert føreseielegheit for mindre fartøy.

Samla sett vil planframlegget medføre ei viss innsnevring av passasjen i Hillestadvågen og potensielt noko meir aktivitet knytt til hamneverksemd i området. Den lokale funksjonen som tilkomstsone for småbåtar vert likevel oppretthalden. På bakgrunn av innsnevringa sitt avgrensa omfang, lokal trafikkfunksjon og sikring av fri passasje, vert påverknaden på delområde 3 vurdert som **Noko forringa**.



## 9.6 Avbøtande tiltak


Det er planlagt for næringsbygningar med tilhøyrande kaiar og hamneområde i sjø. I denne planen er det direkte arealbeslag i sjø ved areal for utfylling, kaiareal og hamneområde i sjø. Utfylling i sjø er regulert basert på arealbehov og ynskje om å utvikle hamne- og kaifasilitetane på området. Ut frå planlegging av området, og at det er ein føresetnad med næringsareal til sjø og kaiareal, er avbøtande tiltak for å avgrense negative verknadar få. Plankart og føresegner sett krav som medfører redusert verknad av planforslaget for tema ferdsel på sjø, desse er:

- Områda i sjø nærast Hillestadvågen, Slettaneset og bileia vert regulert til *Bruk og vern av sjø og vassdrag*, med føresegner som sikrar fri ferdsel og at anker og fortøying i frå nærliggjande nærings- og hamneområde ikkje skal vere til hinder for fri ferdsle.
- Føresegn som sikrar passasje og fri ferdsel inn og ut Hillestadvågen i område regulert til hamneområde i sjø (HOS1).
- Føresegnområde som avgrensar utstrekning av fyllingsfot. Dette hindrar ytterlegare innsnevring av farvatnet utover det som er vurdert i konsekvensutgreiinga.
- Føresegn som sikrar at tiltak i sjø som fell inn under hamne- og farvasslova skal godkjennast av hamnemynde. Dette sikrar at hamnemynde får høve til å vurdere påverknad på farlei og tryggleik før gjennomføring.
- Føresegn som sikrar at utfylling og mudring krev godkjenning frå Statsforvaltaren før igangsetting og som sikrar at det skal gjennomførast tiltak for å hindre spreining av forureining og finpartiklar i sjø. Dette reduserer risiko for miljøskade og sikrar kontrollert gjennomføring av tiltak i sjø.
- Føresegn som sikrar at nye utfyllingar i sjø skal undersøkast av fagkunnig med omsyn til stabilitet og konstruksjonssikkerheit. Dette reduserer risiko for utgliding, ras eller uforutsette hendingar som kan påverke farvatnet.
- Føresegn som set krav om sikring av kaikantar og til at kaiområde skal forsynast med livredningsutstyr, leider og belysning. Dette er eit direkte tryggingstiltak for maritim aktivitet og reduserer ulykkesrisiko.
- Føresegn som sikrar at tiltak skal dimensjonast for stormflo og bølgepåverknad. Dette bidreg til å sikre robustheit for anlegg som ligg tett på farlei og reduserer risiko for skade som kan påverke ferdsel i området.

## 9.7 Konsekvens

Samla konsekvens for delområde 1-3 gir følgjande:

- 1) Delområde 1: Noko negativ konsekvens (-)
- 2) Delområde 2: Noko negativ konsekvens (-)
- 3) Delområde 3: Noko negativ konsekvens (-)



Figur 100 Konsekvensvifte der delområda er plassert ut frå vurdering av verdi og påverknad i tidlegare kapittel.

#### Forholdet til 0-alternativet:

Samla vurdering av konsekvens for delområda ut frå dagens situasjon er ubetydeleg konsekvens (0).

#### Forholdet til planalternativet:

Delområde	Planalternativ
<b>Delområde 1</b>	Noko negativ konsekvens (-)
<b>Delområde 2</b>	Noko negativ konsekvens (-)
<b>Delområde 3</b>	Noko negativ konsekvens (-)
<b>Samla vurdering</b>	<b>Noko konsekvens (-)</b>
<b>Samla verknader</b>	Planframlegget legg til rette for utviding av eksisterande næringsområde på Røysaneset med tilhøyrande kaifasilitetar og hamneområde i sjø, og vidarefører eksisterande bruk av nærliggjande sjøareal til hamneføremål, fortøying og oppankring. Planen legg dessutan til rette for betre kaifasilitetar og styrking av maritim næringsaktivitet i området. Tiltaket medfører ei mindre innsnevring av farleier og passasjar i områda Hillestadvågen og Høylandssundet, samt ein avgrensa reduksjon av registrert ankringsområde ved Høylandsbygd. Hovudtrafikken i gjennomgåande farlei ligg likevel utanfor dei områda som vert direkte påverka, og planframlegget opnar ikkje for faste installasjonar som hindrar fri ferdsel. Føresegner og regulering av sjøområda sikrar passasje, trygg ferdsel og miljøkontroll, og stiller krav til godkjenning og sikker utforming av tiltak i sjø. Samla sett vurderast planframlegget å ha noko negativ konsekvens for ferdsel på sjø, hovudsakleg knytt til avgrensa innsnevring av farvatn og auka aktivitet i randsona av hamneområda og farlei, men hovudfunksjonane til farlei, ankringsområde og småbåtpassasje vert oppretthalde.
<b>Grunngjeving for samla konsekvensgrad</b>	Det er ikkje kjent at det er planlagt andre tiltak i nærområdet, slik at framtidig påverknad er avgrensa til planframlegget.

	Samla konsekvensgrad for friluftsliv er sett til <b>noko negativ konsekvens</b> for utbyggingsalternativet på bakgrunn av at alle delområda er vurdert til noko negativ konsekvens.
--	---

## 9.8 Usikkerheit

Det er knytt noko usikkerheit til sjølve utforminga av tiltaket. Utgreiinga har lagt til grunn maksimalt uttak av massar/størst mogleg inngrep, maksimal utfylling i sjø og maksimal byggjehøgde for bygg innanfor dei ulike delområda. Denne usikkerheita er difor vurdert til å vere liten. Delområda for farlei og ferdsel er basert på informasjon frå offentlege databasar, og det kan vera moment som ikkje er fanga opp, og som vil kunne virka inn på avgrensing av delområde og verdisetting av desse.

## 10 Konsekvensutgreiing klimagassutslepp

Nordplan AS har gjennomført konsekvensutgreiing for klimagassutslepp i samband med reguleringsarbeidet. I dette kapittelet er tekst frå deira konsekvensutgreiing gjeve att eller summert opp i korte trekk. Full versjon av rapporten ligg vedlagd. Konsekvensutgreiinga for tema klimagassutslepp tek utgangspunkt i metodikken i M-1941.

Konsekvensutgreiinga er gjennomført for planalternativet: «alternativ 1 – Fullt utbygget næringsområde», som er skildra i konsekvensutgreiinga, kap. 1.2.3 i denne rapporten og kap. 5 i planomtalen. Nullalternativet er skildra i kap. 0 i denne rapporten.

Planprogrammet gir følgjande føringar for utgreiingstemaet:

*«Planarbeidet skal dokumentere klimagassutslepp frå arealbeslag etter arealtype og jordtype, samt omfang av omdisponering. Utrekningar vil verta gjennomført «beregningssmal for klimagassutslepp frå karbonrike arealer» gitt i M-1941. Planarbeidet skal også dokumentere klimagassutslepp knytt til sjøfart og bruk av landstraum i hamn. Utrekningar vil verta gjennomført «Landstrøm i havn» gitt i M-1941. Presentasjon av kommunen sine utslepp av klimagassar skal belyst og i kva grad planframlegget vil påverke kommunen sitt samla utslepp av klimagassar.»*

Utgreiingstema	Eksisterande kunnskapsgrunnlag (ikkje uttømande)	Nye kartleggingar for å auke kunnskapsgrunnlaget
Klimagassutslepp	Ar5 / Nibio Informasjon frå tiltakshavar om utsleppskjelde/framtidig utvikling etc.	Utrekne klimagassutslepp frå arealbeslag, sjøfart og bruk av landstraum i hamn. Presentasjon av kommunen sine utslepp av klimagassar og synleggjere i kva grad planframlegget vil påverke kommunen sitt samla utslepp av klimagassar.

### 10.1 Influensområde og systemgrenser

Utgreiingsområdet omfattar områda innanfor planområdet kor ein forventar utbygging. Influensområdet for direkte klimagassutslepp er samanfallande med planområdet. I konsekvensutgreiinga er det fokusert på direkte og indirekte klimagassutslepp. Systemgrensa for konsekvensutgreiinga er summert opp slik:

- Klimagassutslepp frå endra arealbruk (nedbygging av karbonrike areal etc.) har analyseperiode på 75 år.
- Klimagassutslepp for vegtrafikk (massetransport, internttransport, etc.) har analyseperiode på 50 år.
- Klimagassutslepp frå annan mobil forureining (bygg- og anleggsaktivitetar på området etc.) har analyseperiode på 50 år.
- Klimagassutslepp frå material og anna som vert tilført planområdet har analyseperiode på 50 år.
- Klimagassutslepp frå produksjon av elektrisitet som vert nytta i driftsfasen har analyseperiode på 50 år.

### 10.2 Berekningar av klimagassutslepp

Følgjande kjelder til klimagassutslepp er vurdert som særleg relevante, og der det har vore tilstrekkeleg datagrunnlag for å kunne kome fram til eit påliteleg resultat:

- Arealbruksendringar
- Grunnarbeid og etablering av infrastruktur
- Materialbruk til andre konstruksjonar
- Materialbruk til bygg
- Aktivitet på byggeplass
- Drift av bygg og verksemd

Det er gjennomført berekningar av klimagassutslepp frå desse kjeldene. Framgangsmåte og føresetnader som er nytta i berekningane er skildra i rapporten. Oppsummering av resultat av berekningane er synt i tabell under.

Tabell 10: Oppsummering av alle klimagassutslipp frå relevante utslippsskjelder for nullalternativet og alternativ 1.

Utslippskilde	Klimagassutslipp (tonn CO <sub>2</sub> -ekv.)	
	Null-alternativ	Scenario 1
Arealbruksendringer	- 238	800
Grunnarbeid og infrastruktur	-	4 587
Grunnarbeid og infrastruktur (materialbruk til andre konstruksjoner)	-	25 324
Bygg og konstruksjoner (materialbruk til bygg)	-	10 525
Bygg og konstruksjoner (aktivitet på byggeplass)	-	380
Drift av bygg og virksomhet (energibruk i drift)	-	11 477
<b>Totale klimagassutslipp (tonn CO<sub>2</sub>-ekv. over livsløpet):</b>	<b>- 238</b>	<b>53 094</b>


Det oppsummerte resultatet av klimagassberekningane viser altså eit samla utslipp på 53.094 CO<sub>2</sub>-ekv. Dei største utslippa i tiltaket er knytt til grunnarbeid og infrastruktur, inkludert klimagassutslipp frå material til andre konstruksjonar, som i hovudsak omfattar kaikonstruksjon og dokkar. Sjølve grunnarbeidet (planering, massehandtering osv.) må sjølvstøtt sjåast i samanheng med dette, men klimagassutslippa isolert sett er noko mindre. Deretter kjem utslippa frå materialbruk til bygg og energibruk i drift.

### 10.3 Avbøtande tiltak

Planen har førebels ikkje vurdert konkrete tiltak for å redusere klimagassutslipp, og slike scenario er difor ikkje inkludert i konsekvensutgreiinga. Når prosjektet seinare skal vurdere avbøtande tiltak, bør det ta utgangspunkt i tiltakshierakiet, sjå figur under. Det vert likevel peika på fleire moglege tiltak som kan redusere utslipp betydeleg, m.a.:

- Restaurering av tilsvarande karbonrike areal for å oppnå arealnøytralitet
- Bruk av nullutslippsmaskinar i anleggsfasen
- Bruk av innovative og lågutslepps material, inkludert ombruk
- Ambisiøse krav til lågutsleppsbygg eller miljøsertifisering
- Innkjøp av opprinnelsesgarantiar for fornybar energi
- Etablering av fornybare energisystem for å redusere energibruk i drift

Tiltaka må seinare kvantifiserast og vurderast meir grundig, inkludert knytt usikkerheit, før ein kan dokumentere faktiske utslippsreduksjonar.



Figur 101: Illustrasjon av tiltakshierarkiet. Kjelde: M-1941.

## 10.4 Konsekvens

Tabell 6-3: Konsekvenstabell for klimagassutslipp i M-1941 er nytta til å sette konsekvensgraden for dei ulike utslippsskjeldene. Den samla framstillinga i Tabell 11 summerer opp konsekvensgraden av kvart tiltak, og planen som heilskap.

Tabell 11: Samla framstilling av konsekvensgrad for dei ulike tiltaka, og samla med tanke på klimagassutslipp.

Utslippskilde	Konsekvensgrad	
	Null-alternativ	Scenario 1
Arealbruksendringer	Ubetydelig konsekvens	Ubetydelig konsekvens
Grunnarbeid og infrastruktur	Ubetydelig konsekvens	Noe negativ konsekvens
Grunnarbeid og infrastruktur (materialbruk til andre konstruksjoner)	Ubetydelig konsekvens	Middels negativ konsekvens
Bygg og konstruksjoner (materialbruk til bygg)	Ubetydelig konsekvens	Noe negativ konsekvens
Bygg og konstruksjoner (aktivitet på byggeplass)	Ubetydelig konsekvens	Ubetydelig konsekvens
Drift av bygg og virksomhet (energibruk i drift)	Ubetydelig konsekvens	Noe negativ konsekvens
<b>SAMLET KONSEKVENNS</b>	<b>Ubetydelig konsekvens</b>	<b>Stor negativt konsekvens</b>
Rangering	1	2
Usikkerhet	Se kap.4.3	Se kap.4.3

Tabell 6-3 i M-1941 gir at utslipp meir enn 50.000 tonn CO<sub>2</sub>-ekv. tilsvarar stor negativ konsekvensgrad. For å forstå og vurdere konsekvensgraden i sin heilskap bør resultatet tolkast i samanheng med lokale, regionale og nasjonale målsettingar og interesser.

## 10.5 Samla verknader i kommune/fylke/nasjonalt

Dei samla direkte klimagassutslappa i Kvinnherad var om lag 290 020 tonn CO<sub>2</sub>-ekv. i 2023, medan det årlege karbonopptaket låg rundt 91 620 tonn. Tiltaket vil, med ei utbygging over fem år, gi om lag 993 tonn CO<sub>2</sub>-ekv. i direkte utslipp per år – ein auke på rundt 0,34 % av kommunens totale utslipp. Den planlagde nedbygginga av areal vil i same periode kunne redusere kommunen sitt årlege karbonopptak med rundt 1,46 %. Direkte utslipp frå tiltaket utgjer truleg ein liten del av kommunens totale utslipp, men det er usikkerheit knytt til transport og andre faktorar som ikkje er inkludert. Dei indirekte utslappa, som er viktige for regionale og nasjonale klimamål, ligg over nivået som blir peika på i gjeldande rettleiar. Dersom ein ser vekk ifrå indirekte utslipp ville konsekvensgraden lege på nivået under (middels negativ konsekvens).

## 10.6 Usikkerheit

Konsekvensutgreiinga omtalar fleire viktige kjelder til usikkerheit. Det faglege grunnlaget for arealbruksendringar er vurdert som relativt sikkert, men utslippsberekningane har større usikkerheit fordi dei delvis byggjer på generiske faktorar og estimerte mengder. Det er særleg stor usikkerheit knytt til klimagassutslipp frå materialbruk i bygg, sidan berre delar av bygningsmassen er inkludert, medan andre bygningsdelar kan stå for store utslipp. Energiforbruk i drift omfattar berre straumforbruk i nye bygg, og andre aktivitetar som landstraum er ikkje tekne med. Metodikken som er brukt, er solid og basert på etablerte rettleiarar og verktøy. Likevel er det sannsynleg at faktiske utslipp blir høgare enn i berekningane, særleg utan avbøtande tiltak og fordi ikkje alle direkte og indirekte utslipp er inkludert.

## 11 Konsekvensutgreiing Støy

Brekke & Strand Akustikk AS har gjennomført støyberekningar og konsekvensutgreiing for støy i samband med reguleringsarbeidet. I dette kapittelet er tekst frå deira konsekvensutgreiing gjeve att eller summert opp i korte trekk. Full versjon av rapporten ligg vedlagd. Det er vurdert støy frå industriområdet, støy frå vegtrafikk på offentleg veg mellom Høylandsbygdvegen og industriområdet og bygge- og anleggsstøy.

### 11.1 Metode og datagrunnlag

Planprogrammet gir følgjande føringar for utgreiingstemaet:

«Planarbeidet skal utgreie støytilhøva i anleggs- og driftsfase, og skal sikre tilstrekkeleg avstand mellom nye verksemdar og busetnad, samt legge føringar for næringsaktiviteten som tek i vare eksisterande busetnad. Det skal gjennomførast støyvurderingar som del av planarbeidet. Utgreiinga vil verta gjennomført i tråd med rettleiar M-1941 og T-1442 for anleggsstøy, støy frå industri og vegstøy. Utgreiing og kartlegging vil verta gjennomført av fagkyndig».

<b>Støy</b>	Grunnkart Godkjente planar som regulerer arealføremål/type bruk Dagens trafikkmengde, ÅDT Rettleiar T-1442 Støyvarslingskart, Statens vegvesen	Støykartlegging: - Grunnlag for støy frå anlegg/drift: Situasjonsplan og informasjon frå tiltakshavar - Grunnlag for trafikkstøy: Berekning av framtidig ÅDT basert på planframlegget og Statens vegvesen sine handbøker.
-------------	--	---

Støynivå er vurdert mot grenseverdier i T-1442-2021. Skildring av berekningsmetode og berekningsføresetnader er vist i vedlegg A i vedlagd rapport. Konsekvensutgreiinga er gjennomført for planalternativet: «alternativ 1 – Fullt utbygget næringsområde», som er skildra i konsekvensutgreiinga, kap. 1.2.3 i denne rapporten og kap. 5 i planomtalen. Nullalternativet er skildra i 1.2.2 i denne rapporten.

Konsekvensutgreiinga for tema støy tek utgangspunkt i metodikken i rettleiar M-1941. Metodikk nytta inndeling av delområde, verdisetting og vurdering av konsekvens er omtala i rapporten. Det går fram av rapporten kva datagrunnlag og kjelder som er nytta for vurderingane.

### 11.2 Grenseverdier

Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging T-1442/2021 gir tilrådde grenseverdier for støy på utandørs opphaldsareal og utanfor vindaug til opphaldsrom i bustader og annan støyfølsam busetnad som vist i tabellen under.

Tabell 12: Tilrådde grenseverdier ved planlegging av ny støyande verksemd og bygging av bustader, helsebygg, fritidsbustader, skular og barnehagar. Alle grenseverdiene er innfallande lydtrykknivå.

Støykilde	Støynivå utenfor vinduer i rom med støyfølsomt bruksformål og på stille del av uteoppholdsareal	Støynivå utenfor soverom, natt kl. 23-07*	Støynivå utenfor vinduer i rom med støyfølsomt bruksformål og på stille del av uteoppholdsareal
Vei	$L_{den} \leq 55$ dB	$L_{SAF} \leq 70$ dB	
Øvrig industri	Uten impulslyd: $L_{den} \leq 55$ dB og $L_{evening} \leq 50$ dB Med impulslyd: $L_{den} \leq 50$ dB og $L_{evening} \leq 45$ dB	$L_{night} \leq 45$ dB $L_{AFmax} \leq 60$ dB	Lørdag: Uten impulslyd: $L_{den} \leq 50$ dB Med impulslyd: $L_{den} \leq 50$ dB Søn-/helligdag: Uten impulslyd: $L_{den} \leq 45$ dB Med impulslyd: $L_{den} \leq 40$ dB

\* Krav til maksimalt støynivå i nattperioden gjelder der det er mer enn 10 hendelser pr. natt.

På Røysaneset vil det berre vere sporadisk arbeid utandørs som har impuls karakter. Støy frå Røysaneset er difor vurdert etter grenseverdi utan impulslyd.

T-1442/2021 gir vidare tilrådde støygrenser utandørs for bygg- og anleggsverksemd som vist i tabell under. Desse grensene er oppgjeve som ekvivalent lydnivå (fritt feltsverdiar) og gjeld utanfor rom med støyfølsamt bruksføremål. Dersom lyden i eller ved busetnad med støyfølsamt bruksføremål inneheld tydelege innslag av impulslyd eller reintonar, bør oppgjevne støygrenser iht. T-1442 skjerpast med 5 dB.


Tabell 13: tilrådde støygrenser utandørs for bygg- og anleggsverksemd med varigheit over 6 månader. Alle grenseverdiane gjeld innfallande lydtrykknivå og gjeld for rom med støyfølsamt bruksføremål.

Bygningstype	Støykrav på dagtid (kl. 07-19)	Støykrav på kveld (kl. 19-23) eller søn-/helligdag (kl. 07-23)	Støykrav på natt (kl. 23-07)
Boliger, fritidsboliger, sykehus og pleieinstitusjoner	$L_{p,A,eq12h} \leq 60$ dB	Kveld: $L_{p,A,eq4h} \leq 55$ dB Søn-/helligdag: $L_{p,A,eq18h} \leq 55$ dB	$L_{p,A,eq8h} \leq 45$ dB

### 11.3 Utgreiingsområde og inndeling i delområde

Det er vurdert konsekvensar for støy utanfor støyfølsam busetnad i tre delområde:

- 1) Delområde 1: Busetnad på Røysaneset
- 2) Delområde 2: Busetnad ved kryss Høylandsbygdvegen/Slettanesvegen
- 3) Delområde 3: Busetnad på Langaneset



Figur 102: Delområde for konsekvensutgreiing støy.

### 11.4 Verdi

Det går fram av rapporten at det er lagt til grunn «svært stor verdi» for bustader og fritidsbustader.

## 11.5 Verknad


### 11.5.1 Berekning av støy – industri

Det er berekna støyutbreiing for industriaktivitet på Røysaneset industriområde. Køyning på offentleg veg er ikkje med i berekningane. Støyberekningane gjeld for gjennomsnittleg aktivitet gjennom året.

#### Støynivå 0-alternativ – ingen ny utbygging

Støynivå for 0-alternativet går fram av Figur 103. Detaljert berekning ved mest støyutsette bustader er vist i vedlegg B i vedlagd rapport. To støyfølsame bygningar (bustader) har berekna støynivå ved fasade over nedre grenseverdi for gul støysone frå industri:

- Røysanesvegen 12 (bustad) ( $L_{den}$  57 dB)
- Slettanesvegen 39 (bustad) ( $L_{den}$  56 dB)



Figur 103: Berekna støysone i høgd +4 m for 0-alternativ – ingen utbygging. Lydkjelde er markert med blå skravor. Brekke& Strand Akustikk AS.


#### Støynivå framtidig situasjon - med utbygging

Støynivå for framtidig situasjon med om lag doubling av aktiviteten og utviding av kaiområdet er vist i Figur 104. Detaljert berekning ved mest støyutsette bustader er vist i vedlegg B i vedlagd rapport. Fire støyfølsame bygningar har berekna støynivå ved fasade over nedre grenseverdi for gul støysone frå industri:

- Røysanesvegen 12 (bustad) ( $L_{den}$  58 dB)
- Røysanesvegen 15 (fritidsbustad) ( $L_{den}$  57 dB)

- Slettanesvegen 39 (bustad) (L<sub>den</sub> 58 dB)
- Slettanesvegen 50 (bustad) (L<sub>den</sub> 58 dB)

Overskridingane er vurdert å vere moderate (2-3 dB). Støynivå over grenseverdi ved mest utsette bustader gjeld for øvste etasje.



Figur 104: Berekna støysone i høgd +4 m for framtidig situasjon – med utbygging. Lydkjelde er markert med blå skravor. Brekke& Strand Akustikk AS.

#### Brakkeriggjar for mellombels overnatting

Det er brakkeriggjar på området som vert nytta til mellombels overnatting for arbeidstakarar. Brakkeriggjar er ikkje spesielt nemnt i støyregelverket og blir vurdert på same måte som hotell. Hotell (overnatting i brakkerigg) er ikkje definert som støyfølsam bygning og støyregelverket set ikkje krav til utandørs støynivå ved hotell eller brakkerigg frå utandørs lydkjelder som industri eller samferdsel. Tiltakshavar har opplyst om at det berre er arbeidstid på dagtid eller tidleg kveld. Det skal ikkje vere arbeid på sein kveld eller natt. Det vil difor vere lite sannsynleg med forstyrring av søvn og kvile innandørs i brakkerigg.

#### 11.5.2 Berekning av støy – vegtrafikk

Det er berekna støynivå frå vegtrafikk for bustader som ligg langs tilkomstveg mellom Fv.5048 Høylandsbygdvegen og Røysanaset industriområde. Berekna støynivå for vegtrafikk for 0-alternativet og utbyggingsalternativet er vist i Tabell 14.

Med 0- alternativet har ingen bustader berekna støynivå over nedre grenseverdi for gul støysone frå vegtrafikk ( $L_{den}$  55 dB). For utbyggingsalternativet har éin bustad berekna støynivå som er over nedre grenseverdi for gul støysone frå vegtrafikk:

- Slettanesvegen 6 ( $L_{den}$  57 dB)

Auken skuldast auka trafikk i Slettanesvegen på grunn av fleire tilsette og fleire leveransar med tunge køyretøy. Rapporten til Brekke & Strand viser til at med normale bygningskonstruksjonar vil krav til innandørs lydnivå truleg vere tilfredsstilt i bustaden. Overskridingane er vurdert å vere moderate (2 dB).

Tabell 14: Berekna støynivå frå vegtrafikk ved bustader langs tilkomstveg til Røysaneset industriområde. Brekke & Strand.

Adresse	0-alternativ ingen utbygging $L_{den}$ dB	Fremtidig utbygging $L_{den}$ dB	Nedre grenseverdi vegtrafikk $L_{den}$ dB
Røysanesvegen 10	51	53	55
Røysanesvegen 12	47	49	55
Røysanesvegen 13	48	49	55
Røysanesvegen 2	49	50	55
Røysanesvegen 4	47	49	55
Røysanesvegen 8	50	51	55
Slettanesvegen 10	53	55	55
Slettanesvegen 20	51	53	55
Slettanesvegen 22	51	53	55
Slettanesvegen 24	52	53	55
Slettanesvegen 25	52	53	55
Slettanesvegen 26	48	50	55
Slettanesvegen 27	50	52	55
Slettanesvegen 4	50	52	55
Slettanesvegen 6	55	57	55
Slettanesvegen 7	54	55	55
Slettanesvegen 9	49	51	55

### 11.5.3 Støynivå bygg – anleggsfase

Det er gjennomført innleiande berekningar av byggje- og anleggsstøy for tre ulike driftsfasar. Skildring av berekningsmetode og berekningsføresetnader er vist i vedlegg B i vedlagd rapport. Dei innleiande støyberekningane er vurdert med skjerpa støygrenser.

Berekna støyutbreiing frå byggje- og anleggsstøy ved utviding av Røysaneset industriområde viser at boring (og arbeid) på høgde nord for Slettanesvegen 50 vil gje høge støynivå ved bustaden ( $L_{A,ekv}$  67 dB). Øvrige driftsfasar kan gje mindre overskridingar ved få bustader. Fire bustader kan få 1-4 dB overskriding. Detaljert berekning bør gjennomførast når aktuell drift i kvar fase er kartlagd.

## 11.6 Avbøtande tiltak – forslag til reguleringsføresegner

Rapporten inneheld forslag til tekst i reguleringsføresegnene som gjeld støy:

### Industri- og næringsstøy:

*Støy fra industri- og næringsvirksomhet skal tilfredsstillende grenseverdier i T-1442/2021. Det må vurderes tiltak for å redusere støynivå ved boliger som har støynivå over grenseverdi. Virksomheter som har utslippstillatelse skal drive innenfor grenseverdier i utslippstillatelse.*

### Bygge- og anleggsstøy:

Bygge- og anleggsstøy skal vurderes etter grenseverdier i T-1442/2021. Før igangsettingstillatelse (IG) gis skal det fremlegges en plan for håndtering av støy i bygge- og anleggsfasen. Planen skal inneholde prognoser for støynivå og støyutbredelse fra ulike faser av arbeidet. Antatt støyutsatte naboer (boliger, fritidsboliger og næringsbygg) skal komme frem. Planen skal beskrive tidspunkt for ulike aktiviteter, varighet og arbeidstid pr. døgn (f.eks. kl. 7-19 på hverdager). Plan må beskrive hvilke støyende maskiner og utstyr som skal benyttes og hvilke vurderinger som er gjort med hensyn til valg av støysvakt utstyr og/eller avbøtende tiltak for å redusere støy. Berørte parter (naboer) skal informeres om bygge- og anleggsarbeidet i god tid før oppstart og løpende om eventuelle endringer i plan/fremdrift som vil få konsekvenser for støy eller fremdrift. Det skal opprettes en fast kontaktperson som kan kontaktes og skal være ansvarlig for å følge opp og loggføre eventuelle støyklager.

Brekke & Strand Akustikk AS sine forslag til reguleringsføresegner er lagt inn i planforslaget. Aktuelle grenseverdier i T-1442/2021 gjort gjeldende i føresegnene. Vidare har ein teke med følgjande føresegner:

- Støy i frå tekniske installasjonar må takast i vare ved prosjektering av nye bygningar. Sjølv om støynivået vert halde innanfor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemdene å redusere støy så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader.
- Anleggsarbeid med sprenging, pæling, boring, pigging og steinknusing skal berre gjennomførast mellom kl. 0700-1900 på kvardagar (måndag-fredag), og mellom kl. 0700-1600 på laurdag.

## 11.7 Konsekvens

Utdrag frå KU-rapporten:

«Graden av konsekvens avhenger av driften på industriområdet. Konsekvensvurderingen er basert på vanlig drift på industriområdet med samme type aktiviteter som i dag. Støyberegningene gjelder for gjennomsnittlig aktivitet gjennom året. Det er ikke vurdert ekstraordinære døgn med uvanlig mye aktiviteter utendørs. Konsekvensutredningen er basert på dimensjonerende parameter, døgnkontinuerlig støynivå,  $L_{den}$ .

Bygge- og anleggsvirksomheten er ikke vurdert i konsekvensutredning da dette er en midlertidig situasjon, i motsetning til ny virksomhet som vil påvirke området i lang tid fremover».

Tabell 15: Konsekvensar for ulike delområde for fagtema støy.

Delområder	0-alternativ	Alt. 1
Røysaneset	0	--
Høylangsbygdvegen	0	-
Langaneset	0	-
Samlet vurdering	Ubetydelig konsekvens	Noe negativ konsekvens
Begrunnelse for samlet konsekvensgrad	0-alternativ	To delområder har "noe negativ konsekvens" med merkbar økning i lydnivå. Et delområde får tre nye bygninger i gul støysone.
Rangering	1	2
Begrunnelser for rangering	Generelt lave lydnivåer. 2 boliger i støysone.	Høyere lydnivåer. 3 nye boliger havner i støysone.

## **11.8 Usikkerheit**

### 11.8.1 Usikkerheit industri

Støyberekninga er overordna utan detaljert registrering av aktivitetar på området. I berekninga er det føresett at det er like mykje (og høg) aktivitet på heile arealet samstundes for å ta høgd for usikkerheit i aktivitetsnivå. I praksis vil det ofte vere mindre aktivitet på delar av arealet. I randsoner blir det gjerne lagra gjenstandar og støyande aktivitetar i slike område blir avgrensa.

### 11.8.2 Usikkerheit vegtrafikk

Usikkerheita i støyberekningar frå vegtrafikk heng saman med trafikkmengd, trafikktypar og fart. Ved korte avstandar og enkle skjermingsforhold er usikkerheita vanlegvis opptil 2 dB.

## 12 Konsekvensutgreiing kulturminne og kulturmiljø

Temaet omfattar tiltaka sine verknader for kulturminne og kulturmiljø. Kulturminne er spor etter menneskeleg aktivitet i det fysiske miljøet vårt. Kulturmiljø er ei samling av kulturminne eller område der kulturminne inngår som ein del av ein større samanheng. Kulturminne og kulturmiljø er ein del av grunnlaget for å forstå oss sjølve og samfunnet. Kvinnherad kommune har ein rik kulturarv. Det er eit nasjonalt ansvar å ta i vare desse ressursane som vitskapleg kjeldemateriale og som varig grunnlag for nolevande og framtidige generasjonar si oppleving, sjølvforståing, trivsel og verksemd.

Det strategiske målet til kulturminneforvaltninga er at mangfaldet av kulturminne og kulturmiljø skal forvaltast og takast i vare som bruksressursar og som grunnlag for oppleving og vidareutvikling av fysiske omgjevnader. Et representativt utval av kulturminne og kulturmiljø skal takast vare på i et langsiktig perspektiv som kunnskapsressursar og som grunnlag for opplevingar.

Ved oppstart av reguleringsplanarbeidet var det ingen registrerte kulturminne innanfor planområdet, verken på land eller i sjø. I samband med høyring av planprogram og oppstartsvarsel kom det innspel frå fylkeskommunen om behov for arkeologisk registrering i området. Dette vart gjennomført mellom 16. – 18. september 2024. Registreringa resulterte i funn av ein automatisk freda lokalitet. Kulturminnet består av busetjingsspor frå yngre bronsealder og eldre jernalder (Askeladden id: 324029). Det er difor valt å ta inn kulturminne og kulturmiljø som eige utgreiingstema, då det er gjort funn av automatisk freda kulturminne innanfor planområdet etter vedtak av planprogrammet.

### 12.1 Metode og datagrunnlag

Konsekvensutgreiinga for tema kulturminne og kulturmiljø tek utgangspunkt i metodikken i rettleiar M-1941. Det er utført arkeologisk registrering av Vestland fylkeskommune for å styrkje kunnskapsgrunnlaget. Konsekvensutgreiinga er gjennomført for planalternativet, som er skildra i kap. 1.2.3 i denne rapporten og kap. 5 i planomtalen. Nullalternativet er skildra i kap. 1.2.2 i denne rapporten. Influensområdet er avgrensa til ei sone på 2 kilometer frå planområdet, og vidare delområde/kjende registreringar som innanfor den sona har innsyn til planområdet.

Datagrunnlag og kjelder for vurderingane er følgjande:


- Kjente registreringar i offentleg database, Askeladden.ra, kulturminnesøk
- Kjente registreringar i offentleg database om SEFRAK-bygningar
- Synlegheitsanalyse, Nordplan Stord AS
- Rapport 39-2024: Kulturhistoriske registreringar, Vestland fylkeskommune, 2024
- Kommunedelplan for kulturmiljø 2021-2032

Med utgangspunkt i Vestland fylkeskommune si synfaring i området er kunnskapsgrunnlaget vurdert til å vera relativt godt for området. Usikkerheita knytt til ukjente kulturminne eller nyare tids kulturminne er relativt lågt, men sikra gjennom føresegner.

### 12.2 Dagens situasjon

Det er ikkje kartfesta KULA (kulturlandskap av nasjonal interesse), kulturlandskap i kommunen sin arealdel, viktige kulturlandskap eller regionalt viktige kulturlandskap innanfor eller i nærleiken av planområdet. Området er heller ikkje nemnt i kommunedelplan for kulturminne 2021-2032. Ein kjenner ikkje til kulturminne i sjø som kan bli direkte råka av det tiltaka og har heller ingen indikasjonar på at området har vore nytta som ankringsstad eller hamn i eldre tid.

Når ein starta opp arbeidet med reguleringsplanen, var det i følgje kartdata frå Riksantikvaren og Miljødirektoratet ikkje registrert kulturminne innanfor planområdet, korkje på land eller i sjø. Det er var derimot registrert fleire kjende automatisk freda kulturminne sør og søraust for planområdet.



Figur 105: Registrerte kulturminne i nærleiken av planområdet. Askeladden.

Mellom anna er det minst 13 gravhaugar på Slettaneset. Denne lokaliteten er eitt av få strandgravfelt som er att i Vestland fylke. Opphavelag omfatta heile gravfeltet 17 gravhaugar, der tre av dei vart utgravne i 1937. Gravfeltet ligg om lag 150 meter sør for planområdet, og har delvis sikt til planområdet.


I samband med oppstartsmeldinga, varsla Vestland fylkeskommune at nærleik til kjende automatisk freda kulturminne indikerer potensial for fleire førhistoriske funn. Dei fann det difor naudsynt å gjennomføre ei arkeologisk registrering for å kunne avgjere om planen kjem i konflikt med hittil ikkje registrerte kulturminne, jf. § 9 i kulturminnelova. Den arkeologiske registreringa vart gjennomført i perioden 16.-18. september 2024. Det vart funne ein automatisk freda lokalitet under registreringa; Busettingsspor frå yngre bronsealder og eldre jernalder. Lokaliteten ligg innanfor plangrensa, heilt sør i planområdet. Kulturminnelokaliteten er registrert i Riksantikvaren sin kulturminnedatabase «Askeladden» med id. nr. 324029, og er automatisk freda i medhald av lov om kulturminne av 9. juni 1978 nr. 50 (kml) § 4, første ledd. Lokaliteten med 5 m kringliggjande sikringszone er bandlagt areal etter kml. §§ 4 og 6, og må sikrast godt vern i reguleringsplanen både mot direkte inngrep og utilbørleg skjemmaende nedbygging av nærområda. Sjå avgrensing av lokaliteten i Figur 106 under.



Figur 106 Avgrensing av det automatisk freda kulturminnet i særleg del av planområdet.

Nyare tids kulturminne: SEFRAK-bygg og kulturmiljø

Det er ingen SEFRAK-registrerte bygg, steingardar, gamle ferdelsårer eller registrerte marine kulturminne innanfor planområdet, men det er fleire SEFRAK-registrerte bygg i nærområdet. Dei nærmaste SEFRAK-registrerte bygga ligg langs Høylandsbygdvegen/Slettanesvegen og på vestsida av Hillestadvågen.




Figur 107. SEFRAK-registrerte bygg i nærområdet.

### 12.3 Utgreiingsområde og inndeling i delområde

Tiltaksområdet omfattar alle område som blir fysisk rørt av dei planlagde tiltaka/inngrepa. Konsekvensutgreiinga omfattar tiltaksområdet, samt ei sone rundt, kor ein kan forvente at utbygginga vil påverke kulturmiljøet i form av visuell påverknad (nærverknad og fjernverknad) i anleggs- og driftsfasen (influensområdet).


Tiltaksområdet og influensområdet er avgrensa og synt i figur under. Influensområdet er avgrensa til ei sone på 2 kilometer avstand frå planområdet, og vidare delområde/kjente registreringar som innanfor den sona har innsyn til planområdet. Det er gjennomført ein enkel synlegheitsanalyse, som viser kva område planområdet er synleg frå. Modellen tar ikkje omsyn til vegetasjon, og planområdet vil såleis vera mindre synleg i realiteten enn det som viser på kartet.



Figur 108 Figur med kulturminnelokalitetar, planområdet influensområde med 2 km avstand og synlegheitsanalyse.

Ut i frå kjente registreringar som ligg i planområdet eller har direkte innsyn og såleis vert påverka av planframlegget, er følgjande aktuelle delområde for utgreiinga kulturminne og kulturmiljø:

- 4) Delområde 1: Automatisk freda kulturminne i planområdet (id. 324029)
- 5) Delområde 2: Automatisk freda kulturminne på Slettaneset – Gravfelt (id. 72966)
- 6) Delområde 3: Bygnings- og gardsmiljø – Høylandsbygd inkl. registrerte kulturminne (id. 327055, 327057, 327076, 327052, 326945, 326946, 214143, 212442, 284252)
- 7) Delområde 4: Bygnings- og gardsmiljø – Sandvoll, inkl. automatisk freda kulturminne Skarveland (id. 110772) og registrerte kulturminne (id. 326944, 327316 og 327264)
- 8) Delområde 5: Bygnings- og gardsmiljø – Ersland, inkl. registrerte kulturminne (id. 326942, 326943 og 328241)



Figur 109 Definerte delområde for kulturminne/kulturmiljø kring planområdet.


## 12.4 Verdi

### 12.4.1 Delområde 1: Automatisk freda kulturminne i planområdet (id. 324029)

Delområdet omfattar eitt automatisk freda kulturminne som er lokalisert innanfor planområdet, og som vart funne som ein del av den arkeologiske registreringa som Vestland fylkeskommune gjennomførte i 2024. Rapporten ligg vedlagd. Kulturminnet er lokalisert like aust for krysset mellom Høylandsbygdvegen og Slettanesvegen, og delar av sikringssona ligg innanfor etablert vegareal.


Skildring av automatisk freda kulturminne innanfor delområdet:

- Id. 324029: Lokalitet 1 Røysaneset, Bosetting – aktivitetsområde  
*Skildring: Lokaliteten har spor etter busetting frå yngre bronsealder og eldre jernalder og dekker omkring 267 m2. Lokaliteten er avgrensa av ei negativ sjakt i aust og elles avgrensa av vegar både i sør og vest. I nord var det ikkje mogeleg å dra sjakta lengre eller avgrensa på grunn av leidningar i bakken og i luftlinje. Det vart påvist åtte strukturar; fire kokegroper, der tre av dei ligg tett inntil kvarandre. To strukturar tolka som gravminne, og to runde strukturar på kvar side av det eine gravminnet, tolka som stolpehol. Det vart i tillegg avdekt nokre kolflekkear i nordlege del av sjakta.*



Figur 110 Oversynskart over lokalitet med Askeladden id. 324029. VLFK.

Området er i hovudsak avsett til LNF-område i gjeldande kommuneplan og består av eit område som er registrert som fulldyrka jord i AR5 og som er nytta til grasproduksjon. Kulturminnet ligg tett på eksisterande tilkomstvegane og bygd område på Høylandsbygd. Opphavelig miljø er såleis mindre intakt. Lokaliteten dokumenterer busetnad og aktivitet frå yngre bronsealder og eldre jernalder, med fleire strukturar som gir god innsikt i lokal bruk av landskapet. Kombinasjonen av kokegroper, mogelege gravminne og stolpehol gir ein samanhengande og fagleg interessant heilskap. Samstundes er lokaliteten avgrensa i omfang, og tilsvarende kulturminne er kjende frå regionen, noko som tilseier at verdien er lokal til regional og ikkje unik. Kulturminnet har avgrensa verdi for oppleving og bruk, då lokaliteten ligg under bakken. Det er ikkje per i dag bruk av lokaliteten i opplærings-samanheng. Lokaliteten er ikkje spesifikt verdivurdert i kjente databasar. Ut i frå dette har ein vurdert at delområdet har **middels verdi**.




#### 12.4.2 Delområde 2: Automatisk freda kulturminne på Slettaneset - Gravfelt

Delområdet omfattar eksisterande gravfelt på Slettaneset, vest for planområdet. Feltet har orientering mot sjøen. Her er det registrert minst 13 gravhaugar frå jernalder, og lokaliteten er eitt av få strandgravfelt som er att i Vestland fylke. Opphavelig omfatta heile gravfeltet 17 gravhaugar, kor tre av dei vart utgravne i 1937. Gravfeltet ligg om lag 150 meter sør for planområdet, og har sikt til delar av planområdet.

Skildring av automatisk freda kulturminne innanfor delområdet:

- Id 72966: Hillstad – Fetts fk. 1/1-17, Slettanes, Gravfelt

*Skildring: Feltet ligg lengst ute på neset i eit beiteområde, NV for naustet, på vestsida av eit skogholt med oretre. Feltet er orientert NNV-SSO og har i dag ei utstrekning på kring 60 x 45 m. Opphaveleg omfatta feltet i alt 17 gravhaugar. Tre av desse vart utgravne i 1937, medan resten framleis ligg her. Området har vore overflatedyrka og alle haugane Eva Nissen Fett og Per Fett registrerte i 1942 er såleis ikkje like lette å attkjenne i dag. I fylgje denne registreringa var stoda slik: Lengst SV, på toppen av bakken opp frå sjøen, hadde haug fk. 1/1 lege, men var utgravne i 1937 saman med haug fk. 1/2 og fk. 1/3. Fk. 1/4: Haug ligg 25 m N for 1, 7 m i tverrmål, låg, heilt torvdekt. Fk. 1/5: Langhaug, ligg med sørenden 5 m NO for fk. 1/4, 25 x 5 m NV-SO, spiss i endane, noko høg. Torvdekt, med stygge sår etter innhogg. Fk. 1/6: Tresidig haug ligg 3 m NO for fk. 1/5, med endane mot NO, NV og SSO. Utanfor NO-enden ligg ein stor stein, og høyrer den med, er det 9 m mellom alle endar, innsvinga sider. Haugen er låg, torvdekt, men det stikk fram stein og i midten er eit søkk. Fk. 1/7: Haug, ligg 8 m NO for sørenden på fk. 1/5, firkanta 2 3/4 x 2 1/2 m, heilt låg og med store steinar i hjørna, elles bygd av småstein med litt jord over. Fk. 1/8: Tresidig haug? ligg 3 m O for fk. 1/7, med tre store steinar i trekant 2 m frå kvar andre og mogleg ei lita høgning med innsvinga sider i mellom. Fk. 1/9: Røys ligg inntil ein stor jordfast stein 3 m N for fk. 1/8, 4-6 m i tverrmål, utan torv. Fk. 1/10: Langhaug, ligg 2 m N for fk. 1/9, 10 x 2 m N-S, noko smalare i sørenden. Høg, torvdekt, søkk i midten. Fk. 1/11: Røys, ligg 1 m NNV for fk. 1/10, 5 m i tverrmål, bygd av småstein med tynt torvdekke, stygt skadd. Fk. 1/12: Røys, uviss, ligg 8 m N for fk. 1/11, firkanta, 5 x 2 m O-V, av småstein med ein og annan større, flat med bakken og lett torvdekt. Fk. 1/13: Røys, ligg 2 m VSV for fk. 1/12, 12 m i tverrmål, 2 m høg, bygd av jordblanda stein med torvdekke. Det er stygge sår etter utkastning og ei jarnøks herfrå skal vere sendt til Bergens Museum. Fk. 1/14: Langhaug, ligg 3 m S for fk. 1/13, 12 x 4 m NV-SO, noko høg, avrunda i endane, torvdekt. Fk. 1/15: Røys, ligg kant i kant med fk. 1/14 på vestsida, bygd i 3 m tverrmål av småstein utan nemnande torvdekke. Fk. 1/16: Steinlegging, låg på den andre sida av fk. 1/14 og var lita. Fk. 1/17: Langhaug, no berre austre helvt att, han var 18 x 6 m O-V, høg. Frå J. Aksdal, 2004: Feltet som eit heile ligg der i mykje god stand, dei innhogga som er gjort i haugane, må sjåast som ein del av historien til feltet. Haug nummer 13 er likevel mykje skadd etter uttak av sand. Krateret er her så djupt at haugen står i fare for å kollapse. Ein må difor vurdera om ein skal fylla i haugen for å kunne verna kulturminnet. 2005: Kontrollert av A. Jenssen, Hordaland fylkeskommune. Tilstanden var mykje lik den som skildra av J. Aksdal. Alle minna vart målt inn med GPS utanom fk. 1/7-8, som ikkje vart attfunne. Også områda der fk. 1/1-3 hadde lege vart målt inn.*



Figur 111 Lokalisering av automatisk freda kulturminne på Slettaneset (id. 72966). Kulturminnesok.no

I Fylkesatlas finn ein følgjande informasjon om lokaliteten:


*Lokaliteten ble kontrollregistrert i august, 2023, i forbindelse med tilstandsvurdering av informasjonsskiltet som omhandler kulturminnene. Flere av enkeltminnene er merket med små hvite nummerskilt, og disse ble brukt i identifisering av enkeltminnene, sammen med de eldre beskrivelsene. De gamle beskrivelsene er relativt gode, men himmelretningene er ofte helt feil. Vi stilte oss også tvilende til noen av tolkningene av enkeltminnene, spesielt nr. 3 og nr. 8. Enkeltminne nr. 11, 12 og 13 var ikke beskrevet i de eldre beskrivelsene.*

*Eldre beskrivelse: (flere av målene og fasongene ser ut til å stemme med virkeligheten, men himmelretningene er ofte helt feil). Lengst i N:*


- *Rektangulær båtstø: Orientert ca. N-S. Nokså klart markert lite synlig ilendet. Rydda gjennom storsteinet strand opp mot grasdekt mark i N. Noko stein har komme ut av opp- havleg lege. Skrå mot sjøen i S. Ingen vegetasjon. L. 11-12 m, indre br. 2-3 m. I strand og grasbakkje ca. 8 m ANA for 1:*
- *Rekt. båtstø/opptrekk: Orientert SSV-VNA. Vekslende markert litesynlig. VNV langsida er best bevart. Den består av ei enkel stein- rekkje. 1. L. ASA er mest berre den delen som ligg nærast sjøen, og eit par steinar lengst i NNA bevart. Inntil NA hjørna er ein reist naturforma stein, som heller ca. 30 grader mot NA. Rombeforma tverrsnitt ca. 30 x 40 cm avsmalende mot toppen. H. ca. 0,7 m. Ein del stein er ut av stilling. Skrå mot sjøen i SSV. Delvis graskledd. L. ca. 15 m, indre br. 2-2,5 m. Ca. 10 m SA for 2*
- *Rekt. båtstø/opptrekk: Orientert NNA-SSV. Uklart markert lite synlig. Langsidene syner stykkjevis som enkle steinrekkjer. Delvis graskledd. Nokostein er ute av stilling, skrå mot sjøen i SSV L. ca. 12 m, br. 2-3 m. Breiast i NNA. I strand og delvis sjø ca. 10 m SSA for 3.*
- *Båtstø: Orientert A-V. Nokså klart markert, lite synlig. Frå ein noko større stein utafor stranda er rydda ei stø mot A. L. ca. 6 m, br. ca. 2 m. Frå indre kant (A) av denne går to båtopptrekk, eit mot NA og eit mot ASA. Alt er vekslende markert og lite synlig i lende. Opptrekka er graskledd, støa utan vegetasjon. Opptrekka er stykkevis avgrensa med enkle steinrekkjer. Dei måler ca. 7 x 2 (ASA) og ca. 5 x 2 (NA). Mellom store steinar ca. 32 m ASA for 1.*
- *5). Måkahus: Orientert A-V. Klart markert, mindre godt synlig i lend- et. Heilt bevarte mura veggjer opptil 0,7 m br. og 0,7 m h. A vegg er danna av 2 store steinar. Restar av trekonstruksjon til ligg att. Innvendige mål 3 x 2,5 m. Ca. 5 m N for 5.*
- *Rekt. hustuft: Orientert ca. N-S. Uklart markert, lite synlig i lendet. Utrasa veggjer som i A og S utnyttar jordfaste steinar br. ca. 1,0 m, h. ca. 0,5 m. Nokså flatt graskledd golv. L. 8-9 m, br. ca. 6 m. På S-sida av vågen ca. m V for 6.*
- *Rekt. rydda flate: Orientert A-V. Nokså klart markert, lite synlig i lendet. Steinete delvis graskledd. (I same nivå under fjellveggen lenger N finn ein strandvoll med same karakter, som har forholdsvis små noko kanta stein). Utstr. 3 x 2 m. (Myhre nr. 7) (Se Myhre nr. 6). Ca. 6 m ASA for 9.*
- *Stø: Orientert N-S som heldt fram i opptrekk i eit naturleg søkk ca. SSA-NNV. Stø ca. 7 x 2 m. Opptrekk 6 x 2 m (denne ligg ca. 57 m V for 6). På A-sida av loddrett N-S gående fjellvegg lengst i V.*
- *Båtstø/opptrekk: Vekslende markert. Avgrensa av bergvegg i V og av små knattar og noko stein i A. I S ligg eit par større steinar. Delvis graskledd i S-del. L. ca. 13 m, innvendig br. i N ca. 3 m, i S ca. 1,5 m. Inntil S-kant ligg ei graskledd steinsamling vekslende markert lite synlig ca. 3 x 3 m. h. opptil 0,8 m. NNA-SSV, VNV-ASA. Ca. 2 m SA for 9.*
- *Kvadr. tuft: Orientert ca. N-S og A-V. Vekslende markert, lite synlig. Det indre delvis graskledd. I S består veggjen av 4 større kantreste stein, derav har dei 2 midtre velta inn. Dei er opptil 0,7 m h. I A stikk små bergnabbar opp. Ellers syner ein del stein av ymse storleik. det indre noko steinete og graskledd. Usikker? Andre mål 4 x 4 m.*

Området er avsett til LNF-område og sikra med bandleggingszone etter lov om kulturminne i gjeldande kommuneplan. Gravfeltet representerer eit komplekst og langvarig gravlandskap, som truleg har vore nytta over fleire fasar i forhistorisk tid. Variasjonen i gravtypar og storleik gir god innsikt i sosial differensiering, gravskikk og landskapsbruk, og dokumenterer eit etablert og viktig lokalsamfunn. Tidlege utgravingar og funn (m.a. jarnøks) stadfestar vitskapeleg potensial. Gravfelt er generelt kjende langs kysten, men så store og formvarierte felt i kystnært neslandskap er mindre vanlege. Kombinasjonen av runde haugar, langhaugar, røyser og meir uvanlege former (tresidige haugar) styrkar verdien ytterlegare. Trass i tidlegare inngrep og slitasje framstår gravfeltet framleis som ein tydeleg heilskap i landskapet, med klar topografisk plassering og intern struktur. Det at inngrep og innhoggingar no blir vurderte som del av feltets historie, styrkar forståinga av kulturminnet sin kontinuitet. Dei fleste gravminna er framleis intakte, men fleire er skadde. Særleg haug fk. 1/13 er sterkt råka av masseuttak og står i fare for kollaps. Samstundes er feltet som heilskap vurdert å liggje i mykje god stand, og er dokumentert og kontrollert i nyare tid. Gravfeltet skil seg positivt ut i regional

samanheng ved storleik, variasjon og landskapsplassing, og representerer eit kulturmiljø med høg forklarings- og formidlingsverdi. Det er ikkje eitt enkelt gravminne, men heilskapen som gir feltet høg verdi og med bakgrunn i dette er delområde 2 vurdert å ha **stor verdi**.



### 12.4.3 Delområde 3: Bygnings- og gardsmiljø - Høylandsbygd



Delområde 3 omfattar del av jordbruks- og bustadområda i Høylandsbygd. Her finn ein eit utprega jordbrukslandskap der det med åra er bygd ein del bustadhus, og ein god del av desse er Sefrak-registrert. I Området har difor ein blanda karakter, men der opne jordbruksareal framleis er ein hovudkarakter. 27 av bygga er meldepliktige, 54 er ikkje meldepliktige og 27 er registrert som ruin eller fjerna objekt.

Tabell 16: SEFRAK- registrerte bygg innanfor delområde 3. Kjelde: Askeladden.

SEFRAK nr.	Schildring	Alder	Vernestatus
12240037003	Hus for dyr/landbr.lager/silo	1900-talet, andre kvartal	Anna SEFRAK-bygg
12240037004	Naust, båthus, sjøbu	1800-talet, fjerde kvartal	Ruin/fjerna objekt
12240037002	Hus for dyr/landbr.lager/silo	1900-talet, andre kvartal	Anna SEFRAK-bygg
12240037001	Einebustad	1900-talet, tredje kvartal	Anna SEFRAK-bygg
12240037053	Einebustad	1900-talet, andre kvartal	Anna SEFRAK-bygg
12240037005	Hus for dyr/landbr.lager/silo	1800-talet, fjerde kvartal	Anna SEFRAK-bygg
12240037013	Annan landbruksbygning	1800-talet, andre kvartal	Meldepliktig
12240037020	Våningshus	1800-talet, fjerde kvartal	Anna SEFRAK-bygg
12240037006	Våningshus	1800-talet, fjerde kvartal	Ruin/fjerna objekt
12240037014	Einebustad	1900-talet, andre kvartal	Anna SEFRAK-bygg
12240037015	Annan industribygning	-	Anna SEFRAK-bygg
12240037007	Naust, båthus, sjøbu	-	Anna SEFRAK-bygg
12240037008	Naust, båthus, sjøbu	1800-talet, fjerde kvartal	Ruin/fjerna objekt
12240037009	Naust, båthus, sjøbu	1800-talet	Meldepliktig
12240037010	Naust, båthus, sjøbu	1800-talet	Meldepliktig

12240037054	Einebustad	-	Ruin/fjerna objekt
12240037021	Fritidsbygg/hytter/sommarhus	1800-talet	Ruin/fjerna objekt
12240026104	Hus for dyr/landbr.lager/silo	1900-talet, andre kvartal	Ruin/fjerna objekt
12240026102	Einebustad	1900-talet, andre kvartal	Anna SEFRAK-bygg
12240026103	Hus for dyr/landbr.lager/silo	1900-talet, andre kvartal	Anna SEFRAK-bygg
12240026106	Hus for dyr/landbr.lager/silo	1800-talet	Meldepliktig
12240026105	Våningshus, benytta som fritidsbustad	1900-talet, første kvartal	Anna SEFRAK-bygg
12240026107	Garasje/uthus/anneks til bustad	1900-talet, andre kvartal	Ruin/fjerna objekt
12240026108	Hus for dyr/landbr.lager/silo	1900-talet, første kvartal	Anna SEFRAK-bygg
12240026117	Einebustad	1800-talet	Meldepliktig
12240026118	Hus for dyr/landbr.lager/silo	1800-talet, andre kvartal	Ruin/fjerna objekt
12240026122	Einebustad	1800-talet	Meldepliktig
12240026123	Garasje/uthus/anneks til bustad	1800-talet	Meldepliktig
12240026124	Garasje/uthus/anneks til bustad	1800-talet	Meldepliktig
12240026125	Einebustad	1900-talet, første kvartal	Anna SEFRAK-bygg
12240026126	Garasje/uthus/anneks til bustad	1900-talet, første kvartal	Anna SEFRAK-bygg
12240026127	Våningshus	1900-talet, første kvartal	Ruin/fjerna objekt
12240026151	Garasje/uthus/anneks til bustad	1900-talet, andre kvartal	Anna SEFRAK-bygg
12240026121	Garasje/uthus/anneks til bustad	1900-talet, andre kvartal	Ruin/fjerna objekt
12240026120	Einebustad	1800-talet, tredje kvartal	Ruin/fjerna objekt
12240026119	Garasje/uthus/anneks til bustad	1800-talet, fjerde kvartal	Anna SEFRAK-bygg
12240026111	Annan landbruksbygning	1800-talet	Meldepliktig
12240026112	Annan landbruksbygning	1900-talet, første kvartal	Anna SEFRAK-bygg
12240026109	Annan landbruksbygning	1800-talet	Ruin/fjerna objekt
12240026101	Våningshus	1800-talet	Meldepliktig
12240026114	Hus for dyr/landbr.lager/silo	1800-talet, fjerde kvartal	Anna SEFRAK-bygg
12240026115	Våningshus	1800-talet, tredje kvartal	Anna SEFRAK-bygg
12240026113	Garasje/uthus/anneks til fritidsbustad	1800-talet, fjerde kvartal	Ruin/fjerna objekt
12240026110	Hus for dyr/landbr.lager/silo	1900-talet, fjerde kvartal	Anna SEFRAK-bygg
12240026136	Einebustad	1800-talet, andre kvartal	Ruin/fjerna objekt
12240026137	Hus for dyr/landbr.lager/silo	1800-talet, andre kvartal	Meldepliktig
12240026138	Annan landbruksbygning	1800-talet, andre kvartal	Meldepliktig
12240026139	Hus for dyr/landbr.lager/silo	1900-talet, første kvartal	Anna SEFRAK-bygg
12240026140	Einebustad	1800-talet	Ruin/fjerna objekt
12240026141	Garasjehus/anneks til bustad	1800-talet	Ruin/fjerna objekt
12240026142	Hus for dyr/landbr.lager/silo	1900-talet, første kvartal	Anna SEFRAK-bygg
12240026130	Einebustad	1900-talet, andre kvartal	Anna SEFRAK-bygg
12240026131	Annan landbruksbygning	1900-talet, andre kvartal	Ruin/fjerna objekt
12240026132	Einebustad	1900-talet, andre kvartal	Anna SEFRAK-bygg
12240026133	Garasjehus/anneks til bustad	1900-talet, første kvartal	Anna SEFRAK-bygg
12240026143	Hus for dyr/landbr.lager/silo	1800-talet	Meldepliktig
12240026144	Våningshus	1800-talet, andre kvartal	Ruin/fjerna objekt
12240026145	Einebustad	1800-talet	Meldepliktig
12240026146	Garasjehus/anneks til bustad	1800-talet	Meldepliktig
12240026147	Einebustad	1900-talet, første kvartal	Anna SEFRAK-bygg
12240026148	Garasjehus/anneks til bustad	1900-talet, første kvartal	Anna SEFRAK-bygg
12240026134	Einebustad	1800-talet, fjerde kvartal	Anna SEFRAK-bygg

12240026135	Garasjehus/anneks til bustad	1900-talet, første kvartal	Ruin/fjerna objekt
12240026128	Einebustad	1900-talet, første kvartal	Anna SEFRAK-bygg
12240026129	Hus for dyr/landbr.lager/silo	1900-talet, andre kvartal	Ruin/fjerna objekt
12240026149	Barnehage	1900-talet, andre kvartal	Anna SEFRAK-bygg
12240026097	Einebustad	1900-talet, første kvartal	Anna SEFRAK-bygg
12240026098	Einebustad	1900-talet, andre kvartal	Anna SEFRAK-bygg
12240026099	Hus for dyr/landbr.lager/silo	1800-talet	Ruin/fjerna objekt
12240026100	Einebustad	-	Anna SEFRAK-bygg
12240037011	Einebustad	1900-talet, andre kvartal	Anna SEFRAK-bygg
12240037012	Garasjehus/anneks til bustad	1900-talet, andre kvartal	Anna SEFRAK-bygg
12240026084	Einebustad	1800-talet	Meldepliktig
12240026085	Hus for dyr/landbr.lager/silo	1800-talet	Meldepliktig
12240026086	Naust, båthus, sjøbu	1800-talet	Meldepliktig
12240026087	Naust, båthus, sjøbu	1800-talet	Meldepliktig
12240026088	Naust, båthus, sjøbu	1800-talet	Meldepliktig
12240026089	Naust, båthus, sjøbu	1700-talet	Meldepliktig
12240026090	Naust, båthus, sjøbu	1800-talet	Meldepliktig
12240026083	Bedehus, menighetshus	1900-talet, første kvartal	Anna SEFRAK-bygg
12240026095	Einebustad	1900-talet, første kvartal	Anna SEFRAK-bygg
12240026096	Verkstadbygning	1900-talet, andre kvartal	Ruin/fjerna objekt
12240026150	Einebustad	1900-talet, andre kvartal	Anna SEFRAK-bygg
12240026081	Annan lagerbygning	1900-talet, første kvartal	Ruin/fjerna objekt
12240026082	Naust, båthus, sjøbu	1800-talet	Meldepliktig
12240026079	Einebustad	1900-talet, første kvartal	Anna SEFRAK-bygg
12240026080	Garasjehus/anneks til bustad	1900-talet, første kvartal	Ruin/fjerna objekt
12240026077	Einebustad	1900-talet, første kvartal	Anna SEFRAK-bygg
12240026078	Garasjehus/anneks til bustad	1900-talet, første kvartal	Anna SEFRAK-bygg
12240026094	Naust, båthus, sjøbu	-	Anna SEFRAK-bygg
12240026091	Einebustad	1800-talet, fjerde kvartal	Anna SEFRAK-bygg
12240026092	Verkstadbygning	1800-talet, fjerde kvartal	Anna SEFRAK-bygg
12240026093	Garasjehus/anneks til bustad	1800-talet, fjerde kvartal	Anna SEFRAK-bygg
12240026094	Naust, båthus, sjøbu	-	Ruin/fjerna objekt
12240026075	Einebustad	1800-talet, andre kvartal	Meldepliktig
12240026076	Garasjehus/anneks til bustad	1900-talet, andre kvartal	Ruin/fjerna objekt
12240026027	Hus for dyr/landbr.lager/silo	1800-talet	Meldepliktig
12240026053	Våningshus	1900-talet, første kvartal	Anna SEFRAK-bygg
12240026054	Hus for dyr/landbr.lager/silo	1900-talet, første kvartal	Anna SEFRAK-bygg
12240026055	Hus for dyr/landbr.lager/silo	-	Anna SEFRAK-bygg
12240026056	Garasjehus/anneks til bustad	1900-talet, andre kvartal	Anna SEFRAK-bygg
12240026024	Hus for dyr/landbr.lager/silo	1800-talet	Meldepliktig
12240026025	Hus for dyr/landbr.lager/silo	1900-talet, fjerde kvartal	Anna SEFRAK-bygg
12240026022	Naust, båthus, sjøbu	1800-talet, fjerde kvartal	Anna SEFRAK-bygg
12240026023	Naust, båthus, sjøbu	1900-talet, andre kvartal	Anna SEFRAK-bygg
12240026019	Naust, båthus, sjøbu	1900-talet, første kvartal	Anna SEFRAK-bygg
12240026020	Hus for dyr/landbr.lager/silo	-	Ruin/fjerna objekt
12240026021	Einebustad	1700-talet	Meldepliktig



Figur 112: Naustmiljø med sefrak-registrerte naust (id. 12240037010, 12240037008, 12240037009, 12240037007) og skipsmåleri på sørsida av Hillestadvågen.

Delområdet omfattar vidare 8 registrerte kulturminne som ikkje har status som automatisk freda; sju lausfunn og eitt gravminne. Nedanfor følgjer ei skildring av dei registrerte kulturminna innanfor delområdet, henta frå Kulturminnesok.no.

- Id: 327055: Hauge - Fetts fk. 1 - B6717, Gravminne (ikkje automatisk freda):  
*Skildring: Funnkartet nr. 1. Johannes Tveiten, bnr. 7.*  
 1. Grav fanst 30-40 cm djupt i søkket mellom to store naturlege leirhaugar, litt ned i bakken mot sjøen, 10 m SV for stova i ei vassrøyrgroft. Grava var dekt av steinar under torva. Herfrå er B 6717 - Yja. ubrend mannsgrav frå fk. nr. 1/1. Her er sverd og øks. Tilv. i Oldt. V (1915).  
 Frå Bergen Museum - Arkeologisk tilvekst: Gravfund fra vikingetiden fra Hauge i Høilandsbygden, Holmedal sogn, Skaanevik pgd. Søndre Bergenhus amt.  
 a) Tveegget sverd med simple hjalt som Rygh fig. 489, yterst forrustet og knækket i mange stykker, men omtrent fullstendig tilstede.  
 b) Øks av typen Rygh fig. 554, meget forrustet, men nogenlunde hel, 17,5 cm. lang. Fundet ved rydning av en stenrøis; sakene laa 30-40 cm. under jordens overflate. De bærer ikke spor av at ha været i brand. (B6717).  
 Plasseringa ut frå teksten virkar å vere noko misvisande i høve til himmelretning. Kan sjå ut som SV skal vere SA. Plasseringa på kartet vert difor noko usikker.  
 Datering: Vikingtid  
 Art: Gravminne
- Id: 327057: Hauge - Fetts fk. 1/2 - Lausfunn - B6802, Funnsted (ikkje automatisk freda):  
*Skildring: HAUGE, gnr. 236*  
 Funnkartet nr. 1/2. Johannes Tveiten, bnr. 7.  
 2. Grav med B 6802 fanst på ein stad i nærleiken.  
 B 6802 - Yja. ubrend mannsgrav frå fk. nr. 1/2. Her er spjut, øks, kniv o. a. Tilv. i Oldt. VII (1918).  
 Frå Bergen Museum - Arkeologisk tilvekst: Gravfund fra vikingetiden fra Tveite i Høilandsbygden, Holmedal sogn, Skaanevik pgd., Søndre Bergenhus amt.  
 a) Brudstykker av en slank spydspiss.  
 b) Øks av typen Rygh fig. 555, skadet og defekt.  
 c) Andre brudstykker av jern, deriblandt av en kniv. Fundet sammen under flat mark, ved jorddyrkning. Stedet er smaakuperet med uregelmæssige hauger; da dyrkingen skulde begynde, blev det git melding til museet, og undersøkelse blev foretat ved konservator E. DE LANGE i 1914. Det viste sig at haugene var naturdannet, og fund blev ikke gjort. Det nu indsendte gravfund oplyses ogsaa at være truffet i marken utenfor haugene. (B6802).  
 Plassering på kartet er uviss, men skal visstnok ikkje vere så langt frå B6717 (Askeladden id. 327055).

Datering: Vikingtid

Art: Funnstad

- [Id: 327076: Hauge - Fetts fk. 2 - Lausfunn - B11501, Funnsted](#) (ikkje automatisk freda):  
*Skildring: HAUGE, gnr. 236*  
*Funnkartet nr. 2. Funnstad for B 11501 - Tosidig flintøks f. der bygdevegen no går, på ein sprengd knaus 50 m S for stova på bnr. 3, Tomas Hauge, 100 m V og opp for fk. nr. 1, 15 m o. h. Nr. 2 på funnkartet.*  
*Frå Bergen Museum - Arkeologisk tilvekst: Tosidig øks av grå flint med lyse spetter og markert tverregg. I frontsnitt som H. Gjessing: Rog. st. a. fig. 50. Egglinjen er meget svakt utbuet med skarpe egghjørner. Den er godt slipt ved eggen og noe slipt på bredsidene. Den ene smalsiden er lett avstrøket, den andre er uslipt og har mange store huggearr. 12 cm lang, 4,5 cm bred over eggen, inntil 12 cm tykk. Funnet på Hauge, Holmedal s., Skånevik p., Hordaland, gnr. 7, bnr. 3. Øksen lå på et berg som ble sprengt bort ved anlegg av bygdevegen, 50 m S for tunet, 100 m N for stedet hvor vikingetidsggravene med B 6717, B6802 ble funnet. Sml. Fett: Førhist. minne i Sunnhordland, Skånevik p, s. 3, funnkart nr. 1). Ca. 15 m.o.h. Gave fra Harald Hauge, Høylandsbygd ved Fett.*  
*Datering: Steinalder*  
*Art: Funnstad*
- [Id: 327052: Mehus - Lausfunn - Fetts fk. 1 - B11500, Funnsted](#) (ikkje automatisk freda):  
*Skildring: MEHUS, gnr. 237.*  
*Funnkartet nr. 1. Funnstad for B 11500.*  
*B 11500 - Tverrøks av grønstein, grønsteinsemne, f. i lag 100 m O for stova på bnr. 11, Sigurd Hillestad, plogdjupt i vestre kant av ei 50 m brei flate (myr?), 10 m o. h. Nr. 1 på funnkartet. (Funnstaden stemmer ikkje med funnstaden i tilveksten, sjå nedanfor. Plassering på kartet vert som tilveksten).*  
  
*B11500.*  
*a. Tverrøks av grønstein med lys vitringshud. Den har lite utpreget tverregg, er godt slipt over det hele, til dels i fasetter til uregelmessig ovalt tverrsnitt. Smalner fra egg til nakke. Enkelte arr på den ene kanten og i nakken. Eggen er skaret, og det ene egghjørnet mangler. 7,9 cm lang, 3 cm bred over eggen.*  
*b. Økseemne av grønstein med lys vitringshud. Tverrsnittet er rektangulært, og emnet smalner av mot nakken. Den ene bredsidene er en stor bruddflate. Eggpartiet er tvert avsluttet med påbegynt eggtilhogning. 13,4 cm langt, 4,9 cm bredt over eggpartiet. Funnet på Mehus, Holmedal s., Skånevik p., Hordaland, gnr. 8, bnr. 11, ved åkerrensing på nå dyrket myrlendt flate, ca. 200 m fra sjøen og 30 m ned for den nåværende låven på gården. Funnstykkene lå ca. 10 m fra hverandre. 10 m.o.h. Gave fra Halfdan Hillestad, Høylandsbygd v/Sunnhordland Folkemuseum.*  
*Datering: Yngre steinalder*  
*Art: Funnstad*
- [Id: 326945: Skata - lausfunn - Fetts fk. 1 - B9262, Funnsted](#) (ikkje automatisk freda):  
*Skildring: SKATO, gnr. 238.*  
*Funnkartet nr. 1. Funnstad for B 9262.*  
*B 9262 - Prikkhogd trinnøks f. 1 for djupt litt nede i bakken 100 m VNV for stova på bnr. 1, Olai Halvorsen. Bakken er nordvend og er 65 m o. h. Nr. 1 på funnkartet. Tilv. i B. M. Årbok 1942.*  
*Frå Bergen Museum - Arkeologisk tilvekst: Eggstykke av en prikkhogd trinnøks av finkornet stein. Prikkhoggingen har ikke jevnet ut alle ujevnheter, men dekker hele overflaten; tverrsnittet ved bruddflaten er således noe skjevt. Eggen er lett slipt, sånn at prikkhoggingen når helt ned ved egghjørnene. Egglinjen er ikke særlig sterkt buet og er uten skår. No 7,7 cm lang. Funnet på Skato,*

*Holmedal s., Skånevik p., Hordaland, gnr. 9, bnr. 1 (no gnr. 238, bnr. 1), 1 fot djupt i en bakke 65 m o. h. Gave fra OLAI HALVORSEN ved FETT.*

*Datering: Eldre jernalder*

*Art: Funnstad*

- **Id: 326946: Skata - lausfunn - Tapt, Funnsted** (ikkje automatisk freda):  
*Skildring: Tapt - Leirkrukke, gråbrend, med innkniping og utbretta hals og utan dekorasjon, skal vere funnen oppunder skogkanten. Ho gjekk sund og kom bort.  
Plassering på kartet er difor forholdsvis uviss.  
Datering: Eldre jernalder  
Art: Funnstad*
- **Id: 214143: Gravdal - Lausfunn, Funnsted** (ikkje automatisk freda):  
*Skildring: Truleg ein reimløpar til feste av belte, seletøy eller reimer av noko slag. Stilistisk forma som ein mann og ei kvinne som står med albogane utovervendt og hendene inn i sida. Hol for naglar/feste. Ser ut som bronse. Funnen i matjord kun 5-10 cm djupt.  
Datering: Førreformatorisk tid  
Art: Funnstad*
- **Id: 212442: Hestehovudnål / Hesthovudnål, Funnsted** (ikkje automatisk freda):  
*Skildring: Funn av øvre del av hestehovudnål i figurativ stil.  
Datering: Folkevandringstid  
Art: Funnstad*

I tillegg er det registrert eit kulturminne i kategorien *Bebyggelse-infrastuktur* innanfor delområdet:


- **Id: 284252: Guløy, Fartøy** (ikkje automatisk freda):  
*Skildring: Skøyta «Guløy» vart bygd hjå Georg Eide på Halsenøy i 1937 for fire brørne: Østen, Karl, Bernhard og Mandius Østensen frå Hiskjo. Fiskerinummeret ved levering H25B. Skøyta var oppkalla etter Guløyholmen vest av Hiskjo. Båten vart nytta til sildefiske sumar og vinter, frå Hustadvika i nord til Karmøy i sør. Båten vart og nytta på makrellfiske. Redskap var botnagarn, drivgarn og not. Mannskapet var seks vaksne karar og eit par unge gutar.  
Motoren har vore skifta ut to gonger. Ved levering i 1937 hadde fartøyet ein 16 hk Wichmann. Denne vart i 1946 bytt mot ein 20 hk Wichmann, som i 1956 vart bytt med noverande maskin, ein 40 hk eincylindra Wichmann type F. Opphaveleg lengde var 42-43 fot. I 1954 vart «Guløy» vart forlenga til 50 fot. I 1956 fekk båten auka høgde og nytt styrhus på Ådnanes Skipsbyggeri på Bømlo. I 1960 vart «Guløy» seld til Vibbrandsøy, og fekk fiskerinummer R 75 H, som vart endra til H 126B i 1962. Ved landligge låg båten for det meste til kai i Smedasundet på Risøy. Båten vart då nytta til makrelldriving og fraktefart med brisling, makrell og størje mellom Bømlo, Haugesund og Stavanger. Siste året «Guløy» var på sildefiske var i 1964. Båten gjekk ut av fiskefartøyregisteret 29.10.1973. I 1969 vart «Guløy» seid til Toftevågen på Halsnøy, og fekk fiskerinummer H44K. Båten vart nytta til sleping av livbåtar i Kvinnherad, ålefiske med teiner, turbåt (m .a. til Arendal). I 1989 vart båten seid til Liareid i Sveio. Her vart båten bygd om til fritidsbåt. Slippstad var Espevær Mek. Verksted. Båten vart forsøkt halden i original stand. Ny ruff vart ordna over lasterom. Lasterommet vart innreia til salong, bysse og toalett. I 2001 vart «Guløy» seld til Goddo. Her fekk fartøyet delvis ny hud i baugen hos Birkeland på Avaldsnes i 2003. I 2008 overtok Bømlo Kystlag båten. I 2016 overtok noverande eigar «Guløy». «Guløy» framstår som ein god representant for dei større fiskeskøytene som var vanlege på Vestlandet frå mellomkrigstida og fram mot tusenårsskiftet. Båten står i dag på land under tak på Halsnøy. Båten framstår som komplett, men med demontert styrehus og rigg.*

*Fartøyet framstår som i hovudsak uendra frå siste større ombygging i 1956 og fram til ho gjekk ut av vanleg bruk i 1989. Riksantikvaren finn det difor naturleg å leggje denne perioden til grunn for vernearbeidet.*


*Datering: 1900-talet, andre kvartal*

*Art: Fartøy*

Området dokumenterer langvarig bruk av landskapet gjennom lausfunn, gravfunn, historisk jordbruksdrift og SEFRAK-registrert busetnad, men kulturminna er noko spreidde og utan sterk innbyrdes samanheng. Jordbrukslandskapet utgjer framleis ein viktig hovudkarakter, men seinare bustadutbygging og inngrep har redusert heilskap og lesbarheit. Verdien er hovudsakleg lokal. Delområde 3 er på bakgrunn av dette vurdert å ha **middels verdi** som kulturmiljø.



#### 12.4.4 Delområde 4: Bygnings- og gardsmiljø – Sandvoll inkl. automatisk freda kulturminne Skarveland (id. 110772) og registrerte kulturminne (id. 326944, 327316 og 327264)



Delområde 4 omfattar del av jordbruks- og bustadområda ved Sandvoll, på austsida av Høylandssundet, på andre sida av sundet i forhold til planområdet. Her finn ein jordbrukslandskap der det med åra er bygd ein del bustadhus, og ein god del av desse er Sefrak-registrert. Området har difor ein blanda karakter, men der opne jordbruksareal framleis er ein hovudkarakter. 10 av bygga er meldepliktige, 8 er ikkje meldepliktige og 5 er registrert som ruin eller fjerna objekt.

Tabell 17: SEFRAK- registrerte bygg innanfor delområde 4. Kjelde: Askeladden.

SEFRAK nr.	Skildring	Alder	Vernestatus
12240027038	Hus for dyr/landbr.lager/silo	1900-talet, fjerde kvartal	Ruin/fjerna objekt
12240027031	Fritidsbygg/sommarhus	1800-talet	Meldepliktig
12240027033	Annan landbruksbygning	1800-talet, tredje kvartal	Anna SEFRAK-bygg
12240027021	Annan landbruksbygning	1800-talet, fjerde kvartal	Ruin/fjerna objekt

12240027019	Våningshus, benytta som fritidsbustad	1800-talet, fjerde kvartal	Anna SEFRAK-bygg
12240027020	Hus for dyr/landbr.lager/silo	1800-talet, fjerde kvartal	Ruin/fjerna objekt
12240027017	Våningshus	1800-talet	Meldepliktig
12240027018	Hus for dyr/landbr.lager/silo	1800-talet	Meldepliktig
12240027024	Garasje/uthus/anneks til bustad	1800-talet, første kvartal	Meldepliktig
12240027023	Fritidsbygg (hytter, sommarhus ol)	1800-talet, første kvartal	Meldepliktig
12240027025	Fritidsbygg (hytter, sommarhus ol)	1800-talet, første kvartal	Meldepliktig
12240027030	Einebustad	1800-talet	Meldepliktig
12240027028	Naust, båthus, sjøbu	-	Anna SEFRAK-bygg
12240027029	Naust, båthus, sjøbu	-	Anna SEFRAK-bygg
12240027027	Naust, båthus, sjøbu	-	Anna SEFRAK-bygg
12240027010	Hus for dyr/landbr.lager/silo	1800-talet, tredje kvartal	Anna SEFRAK-bygg
12240027011	Annan landbruksbygning	1500-talet, etterreformatorisk tid	Ruin/fjerna objekt
12240027013	Annan landbruksbygning	1500-talet, etterreformatorisk tid	Ruin/fjerna objekt
12240027015	Annan industribygning	1800-talet	Meldepliktig
12240033030	Våningshus, benytta som fritidsbustad	1800-talet, andre kvartal	Meldepliktig
12240033025	Einebustad	1800-talet, første kvartal	Meldepliktig
12240033026	Fritidsbygg (hytter, sommarhus ol)	1900-talet, første kvartal	Anna SEFRAK-bygg
12240033027	Naust, båthus, sjøbu	1900-talet, tredje kvartal	Anna SEFRAK-bygg

Delområdet omfattar eit automatisk freda kulturminne. Skildring av automatisk freda kulturminne innanfor delområdet:

- [Id: 110772: Skarveland - Kokegrop / Struktur 12-1, Bosetting-aktivitetsområde](#)  
*Skildring: Lokaliteten ligg på ein moreneterrasse ca. 50 m.o.h. Funna vart gjort i to av 9 sjakter på garden. Funna vart gjort i to nærliggande sjakter, og vert avgrensa i hovudsak av moderne vegar. I vest er lokaliteten avgrensa av grensa for planområdet.*  
*Datering: Romertid*  
*Art: Busetting-aktivitetsområde*



Figur 113: Skarveland kokegropområde. Kjelde: Kulturminnesøk.


Vidare omfattar delområdet tre lausfunn som er registrerte kulturminne som ikkje har status som automatisk freda. Nedanfor følgjer ei skildring av dei registrerte kulturminna innanfor delområdet, henta frå Kulturminnesok.no:

- [Id: 326944: Sandvoll - Lausfunn - Fetts fk. 1 - B8660, Funnsted \(ikkje automatisk freda\):](#)  
*Skildring: Funnkartet nr. 1. Funnstad for B 8660.*  
*B 8660 - Flintdolk funnen i sørhallet på Kolahaugen, halvhundre meter ONO for det nedlagte landhandleriet ved sjøen, 10 m o. h. på bnr. 40, Lars Sandvoll. Dolken låg ein halvmeter djupt i mold. Nr. 1 på funnkartet. Tilv. i B. M. Årbok 1935.*  
*Frå Bergen Museum - Arkeologisk tilvekst: Dolk av flint, omtrent som Gjessing: Rogalands Stenalder fig. 197-198, men med bredere skaftende. Tversnittet er eliptisk. Stykket er ganske fint forarbeidet og godt bevart, lengde 18,1 cm, største bredde 3,4 cm. Funnet på Sandvold, Holmedal s., Skånevik pgd., Hordaland, g.nr. 10, br.nr. 2 (no gnr. 239, bnr. 40). Dolken blev påtruffet i en bakke, "Kolahaugen", 60-70 m fra sjøen, 10-15 m o. h. Den lå i muldjord, ca. 1/2 m under overflaten.*  
*Datering: Yngre steinalder*  
*Art: Funnstad*
- [Id: 327316: Sandvoll - Lausfunn - B13285, Funnsted\(ikkje automatisk freda\):](#)  
*Skildring: B13285 - Sømglatter av sort glass av type R 446. Diam. 6,1 cm og høyde 2,9 cm. Et skår er slått av. Funne på Grønnestølen 7 m.o.h. og 50 meter frå sjøen i plogdybde med hest.*  
*Datering: Yngre jernalder*  
*Art: Funnstad*
- [Id: 327264: Sandvoll - Lausfunn - B11833, Funnsted \(ikkje automatisk freda\):](#)  
*Skildring: B11833 - Øks av grønnstein av Sigersvolltypen, sml. fig. 40-41 i H. Gjessing: Rog. st.a.. Den er slipt på eggen og på framstående punkter på kroppen, men har ellers grove hoggespor. I seinere tid er et lite stykke slått av eggen og nakken. Lengde 18,6 cm. Største bredde 4,3 cm. Funnet på Sandvoll, Holmedal s. Skånevik p., Hordaland, (gnr. 6, bnr. 2, 4 og 6) ved elveutløpet nær sjøkanten. Den lå synlig mellom andre steiner. Funnet av Henning Halvorsen i juli 1965, innlevert ved Adolf Lien. Nøyaktig plassering er ikkje nærare angitt.*  
*Datering: Steinalder*  
*Art: Funnstad*

Det automatisk freda kulturminnet innanfor delområdet er plassert på ei flate med fulldyrka jord, med utsikt til sjø og til planområdet. Lokaliteten ligg tett på område som er menneskeleg opparbeidd, like ved Skarvelandsvegen. Nærområdet er endra i høve til opphaveleg miljø, men likevel er lokaliteten ei kjelde til kunnskap om og forståing av fortida då den ligg intakt. Kulturminnet dokumenterer busetnad og aktivitet i romartid, ein periode der slike lokalitetar ikkje er svært talrike. Det er per i dag ingen bruk av lokaliteten i opplæringssamanheng, sjølv om minnet ligg lett tilgjengeleg for folk. Det er ikkje skilta eller opplyst om kulturminnet. Lausfunna frå steinalder, yngre steinalder og yngre jernalder indikerer langvarig og gjenteken bruk av området, særleg knytt til strandsona og gardslandskapet. Samla gir dette delområdet god innsikt i etablering og utvikling av jordbruks- og busetnadsmønster over svært lang tid. Delområdet har ein tydeleg landskapssamanheng, der topografi, jordbruksareal, gardsstruktur og plassering av kulturminne heng godt saman. Sjølv om moderne bustader er etablert, er hovudstrukturen i kulturlandskapet framleis lett lesbar. Dei fleste SEFRAK-registrerte bygningane er ståande, sjølv om nokre er ruinar eller fjerna. Lausfunna er tekne ut av kontekst, og nøyaktig lokalisering er delvis usikker. I regional samanheng framstår Sandvoll som eit viktig kulturhistorisk delområde, der kontinuiteten frå steinalder via romartid til historisk tid er godt dokumentert. Området har større verdi enn reine jordbruks- og bustadområde utan automatisk freda kulturminne. Delområde 4 er på bakgrunn av dette vurdert å ha **stor verdi** som kulturmiljø.



12.4.5 Delområde 5: Bygnings- og gardsmiljø – Ersland, inkl. registrerte kulturminne (id. 326942, 326943 og 328241)



Delområde 5 omfattar del av jordbruks- og bustadområda ved Ersland, på andre sida av Høylandssundet i forhold til planområdet. Her finn ein jordbrukslandskap der det med åra er bygd fleire bustadhus, og ein god del av desse er Sefrak-registrert. Området har difor ein blanda karakter, men der opne jordbruksareal framleis er ein hovudkarakter. 2 av bygga er meldepliktige, 5 er ikkje meldepliktige og 6 er registrert som ruin eller fjerna objekt.

Tabell 18: SEFRAK- registrerte bygg innanfor delområde 5. Kjelde: Askeladden.


SEFRAK nr.	Skildring	Alder	Vernestatus
12240027006	Naust, båthus, sjøbu	1800-talet, fjerde kvartal	Ruin/fjerna objekt
12240027035	Naust, båthus, sjøbu	1900-talet, andre kvartal	Ruin/fjerna objekt
12240027036	Naust, båthus, sjøbu	-	Ruin/fjerna objekt
12240027034	Våningshus	1900-talet, fjerde kvartal	Ruin/fjerna objekt
12240027004	Annan landbruksbygning	1800-talet, fjerde kvartal	Anna SEFRAK-bygg
12240027005	Hus for dyr/landbr.lager/silo	1800-talet, fjerde kvartal	Ruin/fjerna objekt
12240027037	Våningshus	-	Anna SEFRAK-bygg
12240027001	Hus for dyr/landbr.lager/silo	1800-talet, tredje kvartal	Anna SEFRAK-bygg
12240027002	Annan landbruksbygning	1800-talet	Meldepliktig
12240027003	Hus for dyr/landbr.lager/silo	1800-talet, fjerde kvartal	Anna SEFRAK-bygg
12240027009	Våningshus	1800-talet, andre kvartal	Ruin/fjerna objekt
12240027007	Våningshus	1800-talet, fjerde kvartal	Anna SEFRAK-bygg
12240027008	Annan landbruksbygning	1800-talet, andre kvartal	Meldepliktig

Vidare omfattar delområdet tre lausfunn som er registrerte kulturminne som ikkje har status som automatisk freda. Nedanfor følgjer ei skildring av dei registrerte kulturminna innanfor delområdet, henta frå Kulturminnesok.no:

- Id. 326943: Ersland - lausfunn Fetts fk. 1, Funnsted (ikkje automatisk freda)  
*Skildring: Funnkartet nr. 1. Funnstad for B 11422 og tapt sverd.  
 B 11422 - Kleberskål f. i ein åker på bnr. 3, Tørres Ersland. Nr. 1 på funnkartet. Tilv. i U. B. Årbok 1960.  
 Tapt - Sverd, av uviss form og frå uviss tid, f. N for stova på bnr. 2, Tørres Kaldestad.  
 Nøyaktigare plassering av funnstaden er ikkje mogleg ut frå eksisterande opplysingar.  
 Datering: Jernalder  
 Art: Funnstad*
- Id. 326942: Ersland - Lausfunn B11422, Funnsted (ikkje automatisk freda)  
*Skildring:  
 Frå Fetts funnkart nr. 1:  
 B11422 - Kleberskål funnen i ein åker på bnr. 3, Tørres Ersland. Nr. 1 på funnkartet. Tilv. i U. B. Årbok 1960.  
 Frå Bergen Museum - Arkeologisk tilvekst:  
 Stykke av en skål av kleberstein, noe mindre enn halvparten. Den har vært lav bolleformet, randen er avrundet i grove fasetter og lett innbøyd. Munningsdiameteren har vært ca. 15 cm, høyden ca. 6 cm. Største mål nå 14,0 cm. Funnet på Ersland, Holmedal s., Skånevik p., Hordaland, gnr. 12, bnr. 3 i en åker. Gave fra Tørres Ersland, Sandvoll, ved Fett.  
 Datering: Førreformatorisk tid  
 Art: Funnstad*
- Id. 328241: Lausfunn - B16539, Funnsted (ikkje automatisk freda)  
*Skildring: B16539 - Flateretusjert pilspiss av flint med konkav basis. Funnen laust oppå sanden 5-6 meter vest for naustet på gnr. 241, bnr. 57. Funnstaden er nedbygt med naust i dag.  
 Datering: Eldre bronsealder  
 Art: Funnstad*

Lausfunna dokumenterer sporadisk aktivitet i området frå bronsealder og jernalder, mellom anna gjennom pilspiss av flint og kleberskål. Funna gir indikasjon på bruk av landskapet, men manglar presis kontekst og representerer ikkje påviste, samanhengande lokalitetar. Det finst ingen automatisk freda kulturminne i delområdet. I lokal samanheng har delområdet ein viss kulturhistorisk interesse knytt til langvarig bruk av jordbrukslandskapet, men det skil seg ikkje ut regionalt. Verdien ligg primært i ein skilde element, ikkje i ei sterk eller samanhengande kulturmiljøstruktur. Delområde 5 er på bakgrunn av dette vurdert å ha **middels verdi** som kulturmiljø.





Figur 114 Delområda for kulturmiljø, med verdisetting.


## 12.5 Verknad av tiltaka

Planframlegget medfører arealbeslag og visuell verknad. Det er berre delområde 1 og deler av 3, som ligg innanfor planområdet og der planframlegget utgjer direkte arealbeslag og visuell nærverknad. Delområde 2, 4-5 ligg lengre vekk frå planområdet og ein vurderer difor berre den visuelle påverknaden. Alle delområda er sårbare for direkte arealinngrep og i ulik grad sårbar for visuell påverknad.

I det følgjande er påverknaden på dei ulike delområda vurdert. Vi har nytta Tabell 10-5: Påvirkningstabell for kulturmiljø i M-1941 for å vurdere påverknaden av planlagde tiltak på delområda. Det er berre permanente tiltak som er aktuelt i planforslaget, og som såleis er vurdert her. Påverknaden er vurdert i forhold til 0-alternativet, dagens situasjon.

### 12.5.1 Delområde 1: Automatisk freda kulturminne i planområdet (id. 324029)

Delområde	Verdi	Påverknad
1) Automatisk freda kulturminne i planområdet (id. 324029)	Middels verdi	<i>Direkte arealinngrep/arealbeslag</i> Kulturminnelokaliteten ligg innanfor planområdet. Eksisterande køyreveggar med sideareal er etablert innanfor sikringssona i dag.



I planframlegget er Slettanesvegen regulert for utbetring med fortau og etablering av kantstopp for buss på austsida. I området kring kulturminnet har ein ikkje gått lenger aust enn eksisterande vegareal med tilhøyrande sideareal i dag. Det er regulert at fortau og kantstopp på austsida av vegen vert lagt i grensa for vegarealet som er der i dag (innmålt situasjon). Planen opnar altså for at ein framleis kan nytte areal innanfor delar av sikringssona som overlappar med vegareal i dag til samferdsselføremål. På grunn av dette vert sjølve køyrevegen forskjøve noko lengre vestover enn dagens situasjon.

Eksisterande privat veg mot Hillestad ligg også innanfor sikringssona til kulturminnet. I planframlegget er det lagt opp til at denne delen av vegen skal sanerast og tilbakeførast til LNF-område. Ny tilkomstveg til Hillestad er regulert utanfor bandleggingssona til kulturminnet i nord. I utgangspunktet inneber dette ei reell arealmessig betring for delar av sikringssona, men det går fram av den arkeologiske rapporten at kulturminnet ikkje vart avgrensa skikkeleg mot nord gunna leidningar i bakken og i luft.

Planframlegget sikrar det automatisk freda kulturminnet med bandleggingssone som vernar det. Det er sikra at det ikkje kan utførast arealinngrep innanfor bandleggingssona som kan skade, øydeleggje, grave ut, flytte, endre, dekke til, skjula eller på anna vis utilbørleg skjemma kulturminnet eller framkalla fare for at det skjer gjennom reguleringsføresegnene. Føresegnene opnar likevel for at det kan gjevast løyve til inngrep i tråd med regulerte føremål og sanering av privat veg mot Hillestad i sikringssona innanfor område med føresegnområde i plankartet, utan vilkår om ytterlegare arkeologisk gransking. Før det kan gjevast igangsetjingsløyve for slike tiltak skal sikringssona og det automatisk freda kulturminnet med id. 324029 markerast i terreng av Vestland fylkeskommune. Det skal gå fram av rigg- og marsikringsplan korleis kulturminnet innanfor bandleggingssona skal sikrast i anleggsperioden. For ukjente kulturminne er det i føresegnene teke med at tiltakshavar har aktsemd - og meldeplikt, jf. kulturminnelova § 8, som seier at arbeidet skal stoppast og kulturvernmyndigheitene varslast dersom tiltakshavar under arbeidet oppdagar gjenstandar eller andre spor etter tidlegare menneskeleg aktivitet.

Kulturminnet er i dag prega av nærliggjande bygd situasjon. Samla sett medfører planframlegget ein forringa situasjon for tema direkte arealinngrep/arealbeslag. Dette fordi delar av sikringssona framleis vert nytta til vegformål. Samstundes regulerer planen mindre tiltak/inngrep i sikringssona enn dagens bygde situasjon då Hillestadvegen skal tilbakeførast til LNF-føremål.

*Nærverknader*

	<p>Kulturminnelokaliteten ligg innanfor planområdet og i direkte nærleik til eksisterande og planlagt vegareal. Trafikk, anleggsverksemd og ferdsel kan medføre nærverknader i form av støy, vibrasjonar og mellombels fysisk påverknad i anleggsperioden. Dette vert likevel avbøtt gjennom krav om rigg- og marsikringsplan, samt tydeleg merking av sikringssona og kulturminnet i terreng før igangsetjing. Planframlegget sikrar vidare at det ikkje kan gjennomførast tiltak som skadar eller utilbørleg skjemma kulturminnet, og sanering av privat veg innanfor sikringssona vil på sikt redusere nærverknader. For tema nærverknad og visuell fjernverknad inneber planframlegget ein noko forringa situasjon.</p> <p><i>Visuelle fjernverknadar og formgjeving</i></p> <p>Viser til Figur 41 og Figur 42. Sjølv næringsområdet er synleg frå delområdet i dag, og vil ikkje endre seg vesentleg som følge av utvidinga av næringsområdet. Tiltak som planframlegget opnar for har dominerande volumoppbygging. Planframlegget opnar for ei utviding av eit eksisterande industriområde, og endringa som planframlegget utgjer vil såleis ikkje medføre store endringar i høve til dagens situasjon. For at tiltaka ikkje skal framstå for dominant og avgrense fjernverknad er det sett krav til at det ikkje skal nyttast skinande/reflekterande materiale, med unntak av vindauge og/eller ev. solceller. Ein vurderer at planframlegget ikkje vil medføre utilbørleg skjemming av kulturminnet innanfor delområdet. Samla vurdering av visuelle fjernverknadar og formgjeving er ubetydeleg endring.</p> <p><i>Vidare bruk av kulturmiljøet</i></p> <p>Kulturminnet har avgrensa verdi for oppleving og bruk, då lokaliteten ligg under bakken. Planframlegget påverkar ikkje bruken av kulturminnet og tilgjenge vert ikkje påverka. Planen vil ha ubetydeleg endring for vidare bruk av kulturmiljøet.</p> 
--	--

### 12.5.2 Delområde 2: Automatisk freda kulturminne på Slettaneset - Gravfelt

Delområde	Verdi	Påverknad
2) Automatisk freda kulturminne på Slettaneset - Gravfelt	Stor verdi	<p><i>Direkte arealinngrep/arealbeslag</i></p> <p>Minste avstand mellom plangrensa og delområdet er ca. 120 meter, og til regulert næringsområde ca. 200 meter i luftlinje. Planframlegget medfører ingen direkte inngrep eller arealbeslag for det automatisk freda kulturminnet på Slettaneset. Samla for tema direkte arealinngrep/arealbeslag inneber planframlegget ei ubetydeleg endring.</p> <p><i>Nærverknader</i></p> <p>Påverknaden på delområdet er i form av visuell påverknad, og eventuell støy og støv. Delområdet består av eit nes som allereie er påverka av inngrep visuelt sett, og eksisterande industriverksemd innanfor planområdet utgjer allereie ei viss forstyrning med omsyn til opplevingsverdi for området sidan det er synleg frå delområdet. Føresegnene set avgrensingar ift. Støy og støv. Utvidinga av det eksisterande næringsområdet som planframlegget opnar for vil såleis ikkje medføre store endringar i høve til dagens situasjon. Samla for tema direkte nærverknader inneber planframlegget ein noko forringa situasjon.</p> <p><i>Visuelle fjernverknadar</i></p> <p>Det er naturleg å anta at intensjonen bak plasseringa av gravfeltet på Slettaneset var at dei skulle synast og ha fritt utsyn utover fjorden. Det er direkte utsikt frå</p>

delområdet til austleg del av planområdet og tiltaka der. Det er ingen eksisterande bygg innanfor den delen av næringsområdet som er synleg frå delområdet i dag, men eksisterande utfylt areal som i dag vert nytta m.a. til lagring er synleg frå delområdet. Utanfor dagens næringsområde i sjø ligg ein del flytande konstruksjonar som også er synleg frå delområdet.



Figur 115: Utsikt frå Slettaneset mot eksisterande næringsområde i dag (mars 2026).



Figur 116: Terrengprofil

Planframlegget omfattar tiltak på land og i sjø. Dei nye tiltaka vil vere større i høgde og volum enn dagens situasjon, og desse tiltaka vil delvis verta synleg frå Slettaneset og delområdet. Det er del av næringsområde NÆ6 som vil verta synleg frå delområdet, og her opnar planframlegget for oppføring av næringsbygg med byggjehøgder opp til maks. kote +20. Byggjegransa er trekt noko inn frå kaikanten og areala på land nærast Slettaneset er sett av til vegetasjonsskjerm i planen. Her veks det vegetasjon som avgrensar innsynet frå delområdet. Det er laga ein illustrasjon som viser utsikt frå delområdet mot planområdet med eit næringsbygg i maks. tillaten høgde plassert i byggjegransa innanfor NÆ6 for å synleggjera moglege verknader av planframlegget:



Figur 117: Illustrasjon som viser mogleg utforming av næringsområdet for utbyggingsalternativet, sett frå delområde 2. I denne illustrasjonen har ein også teke med eit bygg innanfor NÆ6 som er plassert heilt i byggjegransa mot sjø med maks. kotehøgde (kote +20).

Utsynet frå kulturmiljøet vil verta noko endra, men sidan det allereie er innsyn til eksisterande industriområde i dag og planforslaget ikkje opnar for etablering av høge bygg lengst ute på den delen av kaien som er mest eksponert frå delområdet, vurderer vi at for tema visuelle fjernverknader inneber planframlegget ein forringa situasjon.

#### Formgjeving

Tiltak som planframlegget opnar for har dominerande volumoppbygging, men det er lagt inn vegetasjonsskjerm og byggjegranser som hindrar etablering av høge bygg på næringsareal nærast delområdet. Planframlegget opnar for ei utviding av eit eksisterande industriområde, og endringa som planframlegget utgjer vil såleis ikkje medføre store endringar i høve til dagens situasjon. For at tiltaka ikkje skal framstå for dominant og avgrense fjernverknad er det sett krav til at det ikkje skal nyttast skinande/reflekterande materiale, med unntak av vindauge og/eller ev. solceller. Ein vurderer at planframlegget ikkje vil medføre utilbørleg skjemming av kulturminnet innanfor delområdet. Samla vurdering av formgjeving er noko forringa.



#### Vidare bruk av kulturmiljøet


Planframlegget påverkar ikkje bruken av kulturminna på Slettaneset og tilgjenge vert ikkje påverka. Planen vil ha ubetydeleg endring for vidare bruk av kulturmiljøet.

#### Samla vurdering



### 12.5.3 Delområde 3: Bygnings- og gardsmiljø - Høylandsbygd

Delområde	Verdi	Påverknad
3) Bygnings- og gardsmiljø - Høylandsbygd	Middels verdi	<p><i>Direkte arealinngrep/arealbeslag</i></p> <p>Delar av delområdet overlappar med den delen av planområdet som omfattar Slettanesvegen og krysset inn mot Høylandsbygdvegen. Planframlegget legg opp til at eksisterande tilkomstveg skal utvidast noko med fortau, men det er ikkje føreslått riving av eksisterande bustader i planframlegget som følgje av vegutvidinga. Tiltaket inneber elles ikkje direkte arealinngrep innanfor delområde 3. Det vert ikkje planlagt riving, fysiske inngrep eller terrengendringar som rår SEFRAK-registrerte bygningar, registrerte kulturminne eller som delar av jordbruksareala i kulturmiljøet. Kjende lausfunn og gravfunn ligg utanfor tiltaksområdet og vert ikkje fysisk påverka. Samla for tema direkte arealinngrep/arealbeslag inneber planframlegget ei ubetydeleg endring.</p> <p><i>Nærverknader</i></p> <p>Utvidinga av det eksisterande industriområdet vil medføre nærverknader i form av auka teknisk og industriell dominans i nærområdet. Tiltak som planframlegget opnar for vil vere synleg frå fleire gards- og bustadmiljø med SEFRAK-registrert busetnad, og vil kunne påverke opplevinga av kulturmiljøet si historiske ramme.</p>  <p><i>Figur 118: Utsikt frå SEFRAK-registrerte naust på gbnr. 202/1, 202/3 og 202/6 på sørsida av Hillestadvågen. 3d-kommunekart.</i></p>  <p><i>Figur 119: Illustrasjon som viser mogleg utforming av næringsområdet for utbyggingsalternativet, sett frå naustområdet sør for Hillestadvågen. På grunn av avgrensingar i modellen manglar noko bakgrunnslandskap.</i></p> <p>Utvidinga av det eksisterande næringsområdet som planframlegget opnar for er vurdert å ikkje medføre store endringar for delområdet i høve til dagens situasjon.</p>

		<p>Samla for tema direkte nærverknader inneber planframlegget ein noko forringa situasjon.</p> <p><i>Visuelle fjernverknadar</i> Tiltaket kan vere synleg frå delar av det opne jordbrukslandskapet og frå høgareliggjande bustader og tun innanfor delområdet. På grunn av eksisterande industriområde, topografi og vegetasjon vert fjernverknadene likevel vurdert som avgrensa. Tiltaket vil ikkje endre landskapet sitt overordna preg, men kan bidra til ei ytterlegare svekking av landskapleg samanheng og historisk lesbarheit. Samla vurdering av visuelle fjernverknadar er noko forringa situasjon.</p> <p><i>Formgjeving</i> Store bygningsvolum, høgder og industriprega uttrykk kan forsterke konflikten mot kulturmiljøet sitt småskala preg. Tiltak som planframlegget opnar for har dominerande volumoppbygging, men det er lagt inn vegetasjonsskjerm mot nære bustadområde. Planframlegget opnar for ei utviding av eit eksisterande industriområde, og endringa som planframlegget utgjer vil såleis ikkje medføre store endringar i høve til dagens situasjon. Den største utvidinga av næringsområdet skjer i retning vekk i frå delområdet. For at tiltaka ikkje skal framstå for dominant og avgrense fjernverknad er det sett krav til at det ikkje skal nyttast skinande/reflekterande materiale, med unntak av vindauge og/eller ev. solceller. Ein vurderer at planframlegget ikkje vil medføre utilbørleg skjemming av kulturmiljøet innanfor delområdet. Samla vurdering av formgjeving er noko forringa.</p> <p><i>Vidare bruk av kulturmiljøet</i> Planframlegget påverkar ikkje bruken av kulturmiljøet og tilgjenge vert ikkje påverka. Jordbruksdrift, bustadbruk og dagleg ferdsle kan halda fram som i dag. Den visuelle fjernverknaden kan i noko grad påverke opplevingskvaliteten for brukarar av området, men utan å påverke faktisk bruk eller forvaltning. Planen vil ha ubetydeleg endring for vidare bruk av kulturmiljøet.</p> <p><i>Samla vurdering</i></p> 
--	--	--

12.5.4 Delområde 4: Bygnings- og gardsmiljø – Sandvoll inkl. automatisk freda kulturminne Skarveland (id. 110772) og registrerte kulturminne (id. 326944, 327316 og 327264)

Delområde	Verdi	Påverknad
4)Bygnings- og gardsmiljø – Sandvoll inkl. automatisk freda kulturminne Skarveland (id. 110772) og registrerte kulturminne (id. 326944, 327316 og 327264)	Stor verdi	<p><i>Direkte arealinngrep/arealbeslag</i> Tiltaket inneber ingen direkte arealinngrep innanfor delområde 4. Det vert ikkje planlagt tiltak som rører ved SEFRAK-registrerte bygningar, jordbruksareal eller kjende kulturminne i området. Det automatisk freda kulturminnet ved Skarveland ligg utanfor tiltaksområdet og vert ikkje fysisk påverka. Samla for tema direkte arealinngrep/arealbeslag inneber planframlegget ei ubetydeleg endring.</p> <p><i>Nærverknader</i> Med ein minste avstand på om lag 1,8 km i luftlinje frå plangrensa og med Høylandssundet som fysisk skilje, vert nærverknadene av tiltaket svært avgrensa. Det planlagde næringsområdet vil ikkje endre dei nære omgjevnadene rundt gards- og kulturmiljøet på Sandvoll, og det vil ikkje påverke relasjonar mellom kulturminne, gardsstruktur og jordbruksareal innanfor delområdet. Nærverknaden av planframlegget er uendra. Samla for tema nærverknader inneber planframlegget ei ubetydeleg endring.</p>

	<p><i>Visuelle fjernverknadar</i></p> <p>Det automatisk freda kulturminnet og delar av jordbrukslandskapet på Sandvoll har utsyn mot sjøen og mot planområdet på motsett side av sundet. Avstanden, kombinert med topografi, eksisterande landskapselement og dagens tekniske inngrep i strandsona, gjer at utvidinga av industriområdet berre i avgrensa grad vil vere synleg. Tiltaket kan inngå som eit svakt element i fjernverknaden frå enkelte punkt, men vil ikkje dominere utsynet eller bryte den landskapslege samanhengen som kulturmiljøet på Sandvoll er ein del av. Samla vurdering av visuelle fjernverknadar er ubetydeleg/noko forringa.</p> <p><i>Formgjeving</i></p> <p>Tiltaket har dominerande volumoppbygging, men det er relativt lang avstand til delområdet. Planområdet ligg i eit storskala landskap og tiltaka bryt delvis med samanhengen i nærliggjande omgjevnad. Planframlegget omfattar tiltak på land og i sjø. Grunna avstandar vil verknaden for delområdet vera avgrensa. For at tiltaka ikkje skal framstå for dominant og avgrense fjernverknad er det sett krav til at det ikkje skal nyttast skinande/reflekterande materiale, med unntak av vindauge og/eller ev. solceller. Ein vurderer at planframlegget ikkje vil medføre utilbørleg skjemming av kulturmiljøet innanfor delområdet. Samla vurdering av formgjeving er ubetydeleg/noko forringa.</p> <p><i>Vidare bruk av kulturmiljøet</i></p> <p>Tiltaket medfører ingen avgrensingar for vidare bruk av kulturmiljøet i delområdet. Jordbruksdrift, bustadbruk og dagleg ferdsel kan halde fram uendra. Den visuelle fjernverknaden kan i noko grad påverke opplevingskvaliteten for brukarar av området, men utan å påverke faktisk bruk eller forvaltning. Planen vil ha ubetydeleg endring for vidare bruk av kulturmiljøet.</p> <p><i>Samla vurdering</i></p> 
--	--

12.5.5 Delområde 5: Bygnings- og gardsmiljø – Ersland, inkl. registrerte kulturminne (id. 326942, 326943 og 328241)

Delområde	Verdi	Påverknad
1)Nesheim	Middels verdi	<p><i>Direkte arealinngrep/arealbeslag</i></p> <p>Tiltaket inneber ingen direkte arealinngrep innanfor delområde 5. Det vert ikkje planlagt riving, terrenginngrep eller endra arealbruk som råkar SEFRAK-registrerte bygningar, jordbruksareal eller kjende kulturminne i området. Registrerte lausfunn ligg utanfor tiltaksområdet og vert ikkje fysisk påverka. Samla for tema direkte arealinngrep/arealbeslag inneber planframlegget ei ubetydeleg endring.</p> <p><i>Nærverknader</i></p> <p>Med ein avstand på om lag 1,1 km i luftlinje frå plangrensa (1,3 km frå næringsføremål) og Høylandssundet som skilje mellom planområdet og delområdet, vert nærverknadene vurderte som avgrensa. Tiltaket vil ikkje endre dei nære omgjevnadene rundt gards- og bustadmiljøa på Ersland, og vil ikkje påverke samanhengen mellom jordbruksareal, bygningar og landskapsstruktur innanfor delområdet. Nærverknaden av planframlegget er uendra. Samla for tema nærverknader inneber planframlegget ei ubetydeleg endring.</p>

	<p><i>Visuelle fjernverknadar</i></p> <p>Delar av jordbrukslandskapet og nokre SEFRAK-registrerte bygningar har direkte utsyn mot Høylandssundet og mot planområdet. Utvidinga av industriområdet vert synleg som eit element i fjernverknaden til delområdet. Avstanden, topografien og eksisterande landskapselement og vegetasjon gjer likevel at tiltaket ikkje vil framstå som meir dominerande i landskapsbiletet samanlikna med dagens situasjon. Samla vurdering av visuelle fjernverknadar er noko forringa.</p> <p><i>Formgjeving</i></p> <p>Tiltaket har dominerande volumoppbygging, men det er relativt lang avstand til delområdet. Planområdet ligg i eit storskala landskap og tiltaka bryt delvis med samanhengen i nærliggjande omgjevnad. Planframlegget omfattar tiltak på land og i sjø. Grunna avstandar vil verknaden for delområdet vera avgrensa. For at tiltaka ikkje skal framstå for dominant og avgrense fjernverknad er det sett krav til at det ikkje skal nyttast skinande/reflekterande materiale, med unntak av vindauge og/eller ev. solceller. Ein vurderer at planframlegget ikkje vil medføre utilbørleg skjemming av kulturmiljøet innanfor delområdet. Samla vurdering av formgjeving er ubetydeleg.</p> <p><i>Vidare bruk av kulturmiljøet</i></p> <p>Planframlegget påverkar ikkje bruken av kulturmiljøet og tilgjenge vert ikkje påverka. Jordbruksdrift, bustadbruk og dagleg ferdsle kan halda fram som i dag. Den visuelle fjernverknaden kan i noko grad påverke opplevingskvaliteten for brukarar av området, men utan å påverke faktisk bruk eller forvaltning. Planen vil ha ubetydeleg endring for vidare bruk av kulturmiljøet.</p> <p><i>Samla vurdering</i></p> 
--	---

## 12.6 Avbøtande tiltak

To av delområda overlappar delar av planområdet og planforslaget inneber tiltak innanfor sikringssona til automatisk freda kulturminne innanfor delområde 1. Elles er verknadane knytt til visuelle forhold i form av nærverknad og fjernverknad.

På bakgrunn av dette er det kjende registrerte kulturminnet (Askeladden id. 324029) innanfor planområdet sikra i reguleringsplanen med følgjande juridiske føringar:

- Kulturminna er synt som bandleggingssone etter kulturminnelova (H730), inkl. 5 meter sikringsssone. Tilhøyrande føresegn gir at det ikkje kan utførast noko arealinngrep som kan skada, øydeleggja, grava ut, flytta, endra, dekkja til, skjula eller på anna vis utilbørleg skjemma kulturminnet eller framkalla fare for at det skjer, jf. Kulturminnelova § 3. Området innanfor bandleggingssona vert forvalta av regional kulturminnemynde etter føresegnene til kulturminnelova.
- Det kan gjevast løyve til inngrep i tråd med regulert føremål og sanering av privat veg mot Hillestad i sikringsssone til automatisk freda kulturminne med id. 324029 innanfor område med føresegnområde #2\_4 og #2\_5 i plankartetet utan vilkår om ytterlegare arkeologisk gransking. Kulturminnet skal sikrast i anleggsfasen.
- Før det kan gjevast igangsetjingsløyve for grunnarbeid innanfor føresegnområde #2\_4 og #2\_5 skal sikringsssone H730\_1 og automatisk freda kulturminne med id. 324029 markerast i terreng av Vestland fylkeskommune. Rigg- og marksikringsplan for utbetring av o\_KV2 med tilhøyrande fortau (o\_FO4) og

kantstopp for buss (o\_KH2) skal syne korleis kulturminne med id. 324029 innanfor H730\_1 skal sikrast i anleggsfasen.

Planframlegget omfattar ei utviding av eit eksisterande næringsområde i strandsona med utfylling i sjø og tilgang til nye kaiar. Ut frå planlegging av området, og at det er ein føresetnad med næringsareal til sjø og kaiareal, er avbøtande tiltak for å avgrense negative verknadar få. Avbøtande tiltak som omfattar kulturminne og kulturmiljø er nært knytt opp mot både natur- og kulturlandskap. Avbøtande tiltak knytt til landskap vil difor i mange tilfelle også ha verknad for kulturminne og kulturmiljø innanfor det same landskapsrommet. Plankart og føresegner sett krav som medfører eit dempa inntrykk og verknad av planforslaget, desse er:


- Vegetasjonsskjerm i område som fungerer som skjerming mellom nye planerte areal/næringsområde og tilstøytande areal. Føresegnene gir at eksisterande vegetasjon skal takast vare på så langt det er mogleg, og flatehogst er ikkje tillate.
- Angitt min. planeringshøgde, og varierende maks. byggehøgde innanfor dei ulike delområda er vurdert og sett ut i frå m.a. nær- og bakanforliggjande bygg og terrengformer. Planframlegget har ei medviten differensiering av byggjehøgder innanfor næringsområda for å redusere visuell dominans og betre tilpasse utbygginga til omgjevnadene. Maksimal byggjehøgde varierer mellom næringsområda, og innanfor enkelte område er det fastsett juridisk bindande høgdelinjer som ytterlegare avgrensar byggjehøgda. Lågare byggjehøgder er fastsett i dei delane av planområdet som ligg nærast busetnad og friluftsområde/kulturminne. Dette gjeld særleg NÆ3 mot bustadane i Hillestadvågen og NÆ6 mot registrert friluftslivområde og registrerte kulturminne på Slettaneset. I NÆ6 er det vidare inntrekk byggjegrænse. Tiltaka reduserer nærverknad, skalaeffekt og eksponering frå sårbare område. Dei høgaste bygga (opp mot kote +37 innanfor avgrensa føresegningsområde i NÆ5) er lokaliserte til dei mest sentrale og robuste delane av næringsområdet, med større avstand til busetnad og med bakanforliggjande høgare terreng som reduserer silhuettverknad. Dette samlar dei største voluma i eit avgrensa område og hindrar ei meir spreidd og fragmentert høgdeutvikling.
- Føresegnene gir at fyllingar og terrenginngrep langs offentlege vegar, inkl. sideareal, skal tilbakeførast til jordbruksareal og/eller plantast til med vegetasjon naturleg for området.
- Det skal ikkje nyttast skinnande/reflekterande materiale, med unntak av vindauge og/eller ev. solceller.
- Lågare byggjehøgde for bygg nærast registrert friluftslivområde (NÆ6) og inntrekk byggjegrænse.
- Det er opna for relativt høge bygningskroppar innanfor næringsområda ved sjø som vil kunne medverke til å skjerme høge skjeringar.

For ukjente kulturminne er det i føresegnene teke med at tiltakshavar har aktsemd - og meldeplikt, jf. kulturminnelova § 8, som seier at arbeidet skal stoppast og kulturvernmyndigheitene varslast dersom tiltakshavar under arbeidet oppdagar gjenstandar eller andre spor etter tidlegare menneskeleg aktivitet. Ein har òg lagt inn i føresegnene at meldeplikta òg gjeld dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne, jf. kml. § 14, 3. ledd. Funn av marine kulturminne meldast til Bergen Sjøfartsmuseum.

Det er ikkje knytt usikkerheit til gjennomføring av avbøtande tiltak.

## 12.7 Konsekvens

- 1) Delområde 1: Noko negativ konsekvens (-)
- 2) Delområde 2: Negativ konsekvens (--)
- 3) Delområde 3: Noko negativ konsekvens (-)
- 4) Delområde 4: Ubetydeleg konsekvens (0)
- 5) Delområde 5: Ubetydeleg konsekvens (0)



Figur 120: Konsekvensvifte der delområda er plassert ut frå vurdering av verdi og påverknad i tidlegare kapittel.

#### Forholdet til 0-alternativet:

Planområdet på land overlappar i stor grad med eksisterande reguleringsplan for området (planID:20090008) frå 2010. Gjeldande reguleringsplan er gamal og stettar ikkje dagens krav til reguleringsplanar. Kvinnherad kommune har signalisert at planen bør opphevast/oppdaterast, og 0-alternativet vil dermed vere dagens situasjon i planområdet, med dei tiltaka som er etablert i området i dag. Samla vurdering av konsekvens for delområda dersom ein legg til grunn dagens situasjon er såleis ubetydeleg endring/konsekvens (0).

#### Forholdet til planalternativet

Delområde	Planalternativ
<b>Delområde 1</b>	Noko konsekvens (-)
<b>Delområde 2</b>	Negativ konsekvens (--)
<b>Delområde 3</b>	Noko konsekvens (-)
<b>Delområde 4</b>	Ubetydeleg konsekvens (0)
<b>Delområde 5</b>	Ubetydeleg konsekvens (0)
<b>Samla vurdering</b>	<b>Noko konsekvens (-)</b>
<b>Samla verknader</b>	Næringsområdet på Høylandsbygd har vore i bruk sidan 70-talet til ulike næringer og menneskeleg aktivitet, og landskapet i området er allereie vesentleg endra samanlikna med ein situasjon med urørt natur. Det har pågått ei gradvis utbygging i området, både på land og i sjø, og området er relativt sterkt påverka av denne aktiviteten i dag. Vidare utviding av næringsområdet vil medføre ytterlegare arealbeslag, og endra verknader, også for kulturminne og nærliggande kulturmiljø. Utbyggingsalternativet medfører inngrep i sikringssona til eit automatisk freda kulturminne innanfor planområdet (delområde 1). Samstundes er dette arealet i dag opparbeidd som vegareal. Sjølve kulturminnet er sikra gjennom plankart og føresegner. Det er vurdert at utbyggingsalternativet vil medføre negativ konsekvens for kulturminne og kulturmiljø for eitt av fem delområde og noko negativ konsekvens for kulturminne og kulturmiljø for to av fem delområde. Dagens

	situasjon har også ein forringande effekt på kulturmiljøa ved at nærmiljøet er moderert ifht. opphøveleg, men planframlegget gir ei meirbelastning.
<b>Grunngjeving for samla konsekvensgrad</b>	<p>Det er ingen av delområda som er meir vektlagt enn andre. Det er ikkje kjent at det er planlagt andre tiltak i nærområdet, slik at framtidig påverknad er avgrensa til planframlegget.</p> <p>Eitt delområde er vurdert å ha negativ konsekvens (--), to delområde er vurdert å ha noko negativ konsekvens (-), og to delområde er vurdert å ha ubetygeleg konsekvens (0). Samla konsekvensgrad vil difor vere <b>noko negativ</b> for utbyggingsalternativet.</p>

## 12.8 Usikkerheit

Det er gjennomført kartlegging av kulturminne i planområdet, og det skal såleis ikkje vera vesentleg usikkerheit knytt til automatisk freda kulturminne innanfor planområdet. Det kan vera ei viss usikkerheit kring fastsetting og verdivurdering av delområda.

### 13 Oppsummering konsekvensutgreiing

Planframlegget er ei detaljregulering med konsekvensutgreiing (KU) for land og sjøområde i Høylandsbygd i Kvinnherad kommune. Hovudføremålet med reguleringsplanen er å leggje til rette for næring i form av maritim industri. Det har vore aktiv industridrift på området sidan 1970-talet. Det er planar om å vidareføre dagens aktivitet på området, samt utvide og foredle anlegga og aktiviteten. Det er gjennomført konsekvensutgreiing for fleire tema. Konsekvensane ved nullalternativet og planalternativet er gjevne att i tabellen under. For detaljar kring dei ulike konsekvensutgreiingstema, og vurderingane som ligg til grunn for resultatet, sjå kvart delkapittel.

Alternativ		Null- alternativet	Planforslaget
Vurderingar av konsekvens			
Fagtema	Naturmangfald (land og sjø), vassmiljø	Dagens situasjon= Ubetydeleg	<p><b>Noko negativ konsekvens (-)</b></p> <p>Utdrag frå KU-rapport Biota: <i>Det er planlagt en stor utfylling i sjø nord for nåværende kai og influensområdet omfatter derfor større sjøområder. Det er avgrenset fem delområder for naturmangfold på land og i sjø. Det er i tillegg to delområder med verdi for vannmiljø.</i></p> <p><i>Tiltaket vil medføre permanente arealbeslag i sjøfjærsamfunnet i delområde 4, samt at nedslamming under anleggsarbeidet kan medføre langvarige skader på naturtypen nært utfyllingsområdet. Også i andre naturområder på land og i sjø (delområde 5) vil tiltaket føre til arealbeslag. Ellers er det vurdert å bli negative virkninger på naturmangfold på grunn av potensiell spredning av miljøgifter og økte tilførsler av miljøgifter fra driften på verftet, i tillegg til økt skipstrafikk. Det er vurdert at tiltaket vil medføre noe forringelse for naturtypene i sjø i delområde 2 og 4, og for vannforekomstene (delområde 5 og 6). Den samlede konsekvensen er vurdert til noe negativ konsekvens.</i></p> <p><i>Samlet belastning på økosystemet generelt vurderes ikke til å øke betydelig forutsatt at spredning av miljøgifter under utfylling blir hindret best mulig.</i></p>
	Naturressursar sjø (fiskeri)	Dagens situasjon= Ubetydeleg	<p><b>Ubetydeleg konsekvens (0)</b></p> <p>Utdrag frå KU-rapport Biota: <i>For fiskeri (naturressurser) er det avgrenset seks delområder, alle registrert fra før.</i></p> <p><i>Etablering av et nytt havneområde utenfor den nye kaien vil føre til arealbeslag i fiskeplassene i delområde C og D, samt at økt skipstrafikk kan påvirke fisket på fiskeplassene. Konsekvensgraden for delområdene vurderes til noe miljøskade. Samlet vurdering er ubetydelig konsekvens, siden tiltaket ellers vil medføre svært lite risiko for skade på fiskeri.</i></p>
	Naturressursar land: Jordbruk	Dagens situasjon= Ubetydeleg	<p><b>Noko negativ konsekvens (-)</b></p> <p>Næringsområdet på Høylandsbygd har vore i bruk sidan 70-talet til ulike næringar og menneskeleg aktivitet, og</p>

		<p>området har såleis allereie vore påverka av menneskeleg aktivitet og næringsverksemd i lang tid. Dette har også medført konsekvensar for naturressursar. Vidare utviding av næringsområdet vil medføre ytterlegare arealbeslag, og endra verknader, også for naturressursar området. Det er krav til utbetring av veg/fortau langs kommunale vegar som har påverknad for naturressursar, ikkje sjølve utvidinga av næringsområdet. Alle delområda ligg langs eksisterande tilkomstveggar og påverknad er knytt til arealbeslag av fulldyrka jord i samband med utviding av veg og etablering av nytt fortau og kantstopp for buss. Til saman vil planforslaget medføre arealbeslag av ca. 1,77 dekar fulldyrka jord (samferdselsføremål inkl. anna vegggrunn som utgjer om lag 0,99 dekar). Omlegging av Hillestadvegen er omtrentleg makebytte av ny veg med omdisponering av dyrka mark og potensial for nydyrking ved sanering av eksisterande veg.</p> <p>Samla konsekvens er fastsett etter kriteria for samla vurdering av ikkje-prisgitte tema i tabell 6-7 i rettleiar V712. For alle delområde er det vurdert at tiltaket vil medføre noko miljøskade (-). Samla konsekvensgrad vil difor vere noko negativ for utbyggingsalternativet.</p>
<b>Landskap</b>	Dagens situasjon= Ubetydeleg	<p><b>Noko negativ konsekvens (-)</b></p> <p>Planframlegget opnar for ytterlegare terrenginngrep og utfyllingar i sjø. Tre av delområda blir omfatta av direkte arealkonflikt, men i hovudsak er verknadane knytt til visuell nær- og fjernverknad. Planlagde inngrep og utbygging i planområdet vil gjere området meir synleg enn dagens situasjon. Ei utviding av eksisterande næringsområde vil medføre større arealbeslag, meir omfattande arealbruk og planen vil opne for høgare bygg enn dagens situasjon. Ettersom planområdet ligg på eit nes, er det innsyn til området frå alle kantar, men området er mest synleg frå større avstandar mot nord og aust. Med det omfanget av inngrep og utbygging som planen legg opp til, vil landskapskarakteren i området verta noko endra i høve til i dag. Ein vurderer likevel at ny utbygging i hovudsak ikkje vil kome i konflikt med eksisterande arealbruk og landskapskarakter.</p> <p>Fire delområde er vurdert å ha noko negativ konsekvens, eitt delområde er vurdert å ligge mellom middels og noko negativ konsekvens og eitt delområde er vurdert å ligge mellom noko negativ og ubetydeleg konsekvens. Samla konsekvensgrad vil difor vere noko negativ for utbyggingsalternativet.</p>
<b>Strandsone</b>	Dagens situasjon= Ubetydeleg	<p><b>Noko negativ konsekvens (-)</b></p> <p>Planforslaget legg til rette for ei utviding av eit eksisterande sjøbasert næringsområde innanfor 100-metersbeltet. Tiltaket medfører nedbygging av eit avgrensa areal innanfor</p>

		<p>kartlagd funksjonell strandsone, men arealet har avgrensa bruksverdi for allmenta og ligg i eit område som frå før er sterkt påverka av eksisterande industriverksemd. Samstundes sikrar planen delar av attverande ubyggd areal gjennom regulering til vegetasjonsskjerm. Utbygginga er konsentrert til eit etablert næringsområde og legg til rette for næringsverksemd med behov for sjøtilgang, i tråd med overordna føringar for strandsoneforvaltning. Samla sett vert konsekvensen for strandsona vurdert som noko negativ (-).</p>
<b>Friluftsliv</b>	Dagens situasjon= Ubetydeleg	<p><b>Noko negativ konsekvens (-)</b></p> <p>Næringsområdet på Høylandsbygd har vore i bruk sidan 70-talet til ulike næringar og menneskeleg aktivitet, og landskapet i området er allereie vesentleg endra samanlikna med ein situasjon med urørt natur. Det har pågått ei gradvis utbygging i området, både på land og i sjø, og området er relativt sterkt påverka av denne aktiviteten i dag. Dette har også medført konsekvensar for friluftsliv, ved at sjøve Hillestadneset ikkje har vore særleg attraktivt for slik aktivitet.</p> <p>Planframlegget opnar for ytterlegare terrenginngrep og utfyllingar i sjø. Eitt av delområda, nr. 1, blir omfatta av direkte arealkonflikt, men i hovudsak er verknadane for delområda knytt til visuell nær- og fjernverknad samt potensielt lydforureining. Eitt av delområda er vurdert å ha middels/noko negativ konsekvens for friluftslivet og eitt delområde er vurdert å ha noko negativ konsekvens. Samla sett vert konsekvensen for friluftsliv vurdert som noko negativ (-).</p>
<b>Transport - Vegtrafikk</b>	Dagens situasjon= Ubetydeleg	<p><b>Noko positiv konsekvens (+)</b></p> <p>Planframlegget medfører auka trafikk som følgje av utvida næringsverksemd, med noko auke i personbiltrafikk, auke i tungtransport og mellombels auka trafikk i anleggsfasen. Samstundes inneber planen fleire trafikktryggleiks-fremjande tiltak, mellom anna utbetring av kommunale vegar, betre kryssløysingar, etablering av samanhengande og utvida fortau, tryggare kollektivløysing og fjerning av ei uoversiktleg avkøyring. For mjuke trafikantar representerer dette ei klar forbetring samanlikna med dagens situasjon.</p> <p>Nesten all trafikk til planområdet går via fylkesveg 5048 Høylandsbygdvegen. Den berekna trafikkauken er moderat og vurdert å vere innanfor kapasiteten til veggen, men kan gi noko utfordringar med møteforhold på smalare parti. I anleggsfasen kan massetransport gi mellombels auka belastning på vegnettet, men dette vert avgrensa dersom ein stor del av transporten skjer sjøvegen.</p>

		Samla sett veg dei trafikktryggleiksfrømjande tiltaka opp for trafikkauken, og konsekvensen er vurdert som noko positiv (+).
<b>Transport - Ferdsl på sjø</b>	Dagens situasjon= Ubetydeleg	<p><b>Noko negativ konsekvens (-)</b></p> <p>Planframlegget legg til rette for utviding av eksisterande næringsområde på Røysaneset med tilhøyrande kaifasilitetar og hamneområde i sjø, og vidarefører eksisterande bruk av nærliggjande sjøareal til hamneføremål, fortøying og oppankring. Planen legg dessutan til rette for betre kaifasilitetar og styrking av maritim næringsaktivitet i området. Tiltaket medfører ei mindre innsnevring av farleier og passasjar i områda Hillestadvågen og Høylandssundet, samt ein avgrensa reduksjon av registrert ankringsområde ved Høylandsbygd. Hovudtrafikken i gjennomgåande farlei ligg likevel utanfor dei områda som vert direkte påverka, og planframlegget opnar ikkje for faste installasjonar som hindrar fri ferdsel. Føresegner og regulering av sjøområda sikrar passasje, trygg ferdsel og miljøkontroll, og stiller krav til godkjenning og sikker utforming av tiltak i sjø.</p> <p>Alle delområda er vurdert til noko negativ konsekvens. Samla sett vurderast planframlegget å ha noko negativ konsekvens for ferdsel på sjø, hovudsakleg knytt til avgrensa innsnevring av farvatn og auka aktivitet i randsona av hamneområda og farlei, men hovudfunksjonane til farlei, ankringsområde og småbåtpassasje vert oppretthalde.</p>
<b>Klimagass- utslepp</b>	Dagens situasjon= Ubetydeleg	<p><b>Stor negativ konsekvens (---)</b></p> <p>Det oppsummerte resultatet av klimagassberekningane viser eit samla utslepp på 53.094 CO<sub>2</sub>-ekv. Dei største utsleppa i tiltaket er knytt til grunnarbeid og infrastruktur, inkludert klimagassutslepp frå material til andre konstruksjonar, som i hovudsak omfattar kaikonstruksjon og dokkar. Sjølve grunnarbeidet (planering, massehandtering osv.) må sjølvstast sjåast i samanheng med dette, men klimagassutsleppa isolert sett er noko mindre. Deretter kjem utsleppa frå materialbruk til bygg og energibruk i drift.</p> <p>Tiltaket vil gi ein moderat auke i klimagassutslepp i Kvinnherad kommune, estimert til om lag 993 tonn CO<sub>2</sub>-ekv. årleg i utbyggingsperioden, tilsvarande rundt 0,34 % av kommunen sine totale utslepp. Dei direkte utsleppa frå tiltaket utgjør ein relativt liten del av dei totale utsleppa i kommunen, men det er usikkerheit knytt til indirekte utslepp, særleg frå transport. Desse indirekte utsleppa kan vere viktige i ein regional og nasjonal samanheng.</p> <p><i>«Tiltaket vil få en konsekvensgrad lik stor negativ konsekvens innenfor fagtemaet «klimagass-utslipp»</i></p>

	<p><b>Støy</b></p>	<p>Dagens situasjon= Ubetydeleg</p>	<p><b>Noko negativ konsekvens (-)</b></p> <p>Brekke &amp; Strand Akustikk AS: «Det er vurdert støy fra industriområdet, støy fra vegtrafikk på offentlig veg mellom Høylandsbygdvegen og industriområdet og bygge- og anleggsstøy. Støynivåer er vurdert mot grenseverdier i T-1442/2021. Konsekvens av støy er utført etter metodikk i M-1941.</p> <p><u>0-alternativ – ingen utbygging:</u></p> <p>To støyfølsomme bygninger (boliger) har beregnet støynivå ved fasade over nedre grenseverdi for gul støysone fra industri. Ingen støyfølsomme bygninger ligger i gul støysone fra vegtrafikk.</p> <p><u>Fremtidig situasjon med utbygging:</u></p> <p>Fire støyfølsomme bygninger (boliger og fritidsbolig) har beregnet støynivå ved fasade over nedre grenseverdi for gul støysone fra industri. En støyfølsom bygning (bolig) har beregnet støynivå ved fasade over nedre grenseverdi for gul støysone fra vegtrafikk.</p> <p>Bygge- og anleggsstøy:</p> <p>Innledende beregning av bygge- og anleggsstøy viser at tre boliger og en fritidsbolig kan få støynivå over anbefalt grenseverdi. Ved boring på høyde mot øst har bolig med adresse Slettanesvegen 50 beregnet støynivå LA,ekv 67 dB som er klart over anbefalt grenseverdi. Detaljberegninger bør utføres når endelig driftsituasjon er klarlagt.</p> <p><u>Konsekvens:</u></p> <p>To delområder har «noe negativ konsekvens» med merkbar økning i lydnivå. Et delområde får tre nye bygninger i gul støysone. Det er vurdert at utvidelse av industriområdet vil ha «noe negativ konsekvens» i området».</p>
	<p><b>Kulturminne og kulturmiljø</b></p>	<p>Dagens situasjon= Ubetydeleg</p>	<p><b>Noko negativ konsekvens (-)</b></p> <p>Utbyggingsalternativet medfører inngrep i sikringssona til eit automatisk freda kulturminne innanfor planområdet (delområde 1). Samstundes er dette arealet i dag opparbeidd som vegareal. Sjølve kulturminnet er sikra gjennom plankart og føresegner. Det er vurdert at utbyggingsalternativet vil medføre negativ konsekvens for kulturminne og kulturmiljø for eitt av fem delområde og noko negativ konsekvens for kulturminne og kulturmiljø for to av fem delområde. Dagens situasjon har også ein forringande effekt på kulturmiljøa ved at nærmiljøet er moderert ifht. opphøveleg, men planframlegget gir ei meirbelastning.</p> <p>Eitt delområde er vurdert å ha negativ konsekvens (--), to delområde er vurdert å ha noko negativ konsekvens (-), og to delområde er vurdert å ha ubetydeleg konsekvens (0).</p>

		Samla konsekvensgrad vil difor vere noko negativ for utbyggingsalternativet.
<b>Samla konsekvens</b>	<b>Samla konsekvens</b>	<b>Middels negativ konsekvens (--)</b>
	<b>Grunngjeving</b>	<p>Fagtema naturressursar i sjø (fiskeri) er vurdert til ubetydeleg konsekvens (0), medan fagtemaa naturmangfald og vassmiljø, naturressursar på land (jordbruk), landskap, strandsone, friluftsliv, ferdsel på sjø, støy og kulturminne og kulturmiljø er vurdert til å ha noko negativ konsekvens (-). Fagtema transport – vegtrafikk er vurdert til noko positiv konsekvens (+), medan klimagassutslepp er vurdert til stor negativ konsekvens (---).</p> <p>Planframlegget omfattar vidare utvikling av eit eksisterande sjøtilknytt næringsområde med tilhøyrande bygg, kai, utfylling i sjø og terrenginngrep. Store delar av området er allereie påverka av industriell aktivitet, men planen vil likevel medføre ytterlegare arealbeslag, landskapsendringar og auka aktivitet. Påverknaden på fleire av fagtemaa vil difor auke som følgje av nye planlagde tiltak i området. Utvidinga av næringsområdet medfører mellom anna inngrep i natur og strandsone, samt landskapsverknader knytt til høge skjeringar og utfylling i sjø, som også påverkar nærliggande kulturmiljø og strandsoneverdiar.</p> <p>Det er ei klar overvekt av fagtema som har noko negativ konsekvens, der fleire av verknadene er knytt til same type arealinngrep og landskapsendringar. Samstundes medfører dei berekna klimagassutsleppa at planframlegget gir stor negativ konsekvens for fagtema klimagassutslepp, noko som er tillagt vekt i vurderinga av samla konsekvens. Den positive verknaden for transport og vegtrafikk veg ikkje opp for desse samla negative effektane. På bakgrunn av dette er den samla konsekvensen vurdert til <b>middels negativ (--)</b>.</p>
	<b>Avbøtande tiltak</b>	For å avgrense dei negative konsekvensane er det lagt inn avbøtande tiltak i plankartet og føresegnene, men det er fleire forhold som det er ikkje er råd å avbøte om ein skal nå hovudmålet med planarbeidet.